

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
 Askedalen 2
 6863 LEIKANGER

Deres ref.: 059/10
 Vår ref.: 10994390

Dato: 17.09.2010

Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane. Høringsuttalelse.

BKK Nett er av NVE utnevnt som utredningsansvarlig for det regionale kraftsystemet i "BKK-området og Indre Hardanger" som omfatter det meste av Hordaland Fylke samt Gulen kommune i Sogn og Fjordane.

Videre er BKK Nett netteier av transmisjonsnettet i Gulen kommune.

Vi har ingen merknader til *Regional plan for vindkraft – høyringsframlegg vedteke av Fylkesutvalet sak nr 059/10.*

Vi ser at hensynene til overføringsnettet i vår region er ivaretatt. Som en forutsetning for vindkraftproduksjon i Gulen er det forutsatt at det må bygges en ny 300 kV ledning fra Modalen til Frøyset transformatorstasjon.

Med vennlig hilsen
 BKK NETT AS / Nettforvaltning Transmisjon

Øystein Berge
 Øystein Berge
 Seksjonssjef

Sonja M. Risser
 Sonja Marie Risser
 Spesialrådgiver



**NAUSTDAL KOMMUNE
RÅDMANNEN**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Sakshandsamar: Oddlaug Indrekvam dir tlf: 57 81 61 03
Vår ref. OI/07/281-9/K1-123 Dykkar ref:

Dato: 09.09.2010

**FYLKESDELPLAN - REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT OG
VASSKRAFT**

Vedlagt fylgjer sak 14/10 i komite for Landbruk, teknikk og miljø

Med helsing

Oddlaug Indrekvam
Aydelingsleiar

Dok.date 25.08.2010	Tittel FYLKESDELPLAN - REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT OG VASSKRAFT	Dok.ID 17902
-------------------------------	--	------------------------

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.
KOMITE FOR LANDBRUK -
TEKNIKK OG MILJØ

Møtedato
02.09.2010

Saksnr
014/10

Sakshands.
AHK

Saksansv.: Annlaug Kjelstad	Arkiv: K1-123 Objekt:	Arkivsaknr 07/281
		Avgjerd av:

FYLKESDELPLAN - REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT OG VASSKRAFT

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	07.05.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	OFFENTLEG ETTERSYN - FYLKESDELPLAN VASSKRAFTUTBYGGING OG VINDKRAFT
5	I	08.06.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	OFFENTLEG ETTERSYN - REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

- Regional plan for vindkraft på lenke
[http://www.sj.no/cmssff/cm.publish.nsf/\\$all/4EF5FA8E1BD2B7B4C125773C00483FB6?OpenDocument](http://www.sj.no/cmssff/cm.publish.nsf/$all/4EF5FA8E1BD2B7B4C125773C00483FB6?OpenDocument)
- Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging på lenke
[http://www.sj.no/cmssff/cm.publish.nsf/\(\\$All\)/20D5B04861791F15C125771C00246F16?OpenDocument](http://www.sj.no/cmssff/cm.publish.nsf/($All)/20D5B04861791F15C125771C00246F16?OpenDocument)

Saksopplysningar:

Til regional plan knytt til vindkraftutbygging:

Framlegg til regional plan med tema knytt til vindkraftutbygging ligg ute til offentleg ettersyn fram til 1. oktober d.å.

Det overordna målet i planen er: "Planen bør legge til trette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjonen av energi ved å utnytte vindkraft." Dei operative måla er fastsett slik:

- ”kartlegge ressursar og avklare arealbruk for produksjon av vindkraft i fylket. Vidare er målet å kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser
- Samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mulege utbyggingsområde, for deretter å fastsette retningsliner som sikrar at desse verdiane vert teke tilfredstilande omsyn til, ved handsaming av konsesjonssøknader. Dei retningslinene vi fastset skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturmilne og landskapsverdiar.”

Naustdal kommune er delvis omfatta av planframlegget. Det området av Naustdal som er omfatta av planframlegget går fram av figur 1.1 (s. 3). Planframlegget gjeld området frå sentrum og utover langs fjorden, til kommunegrensa til Flora. I den geografiske inndelinga som er gjort i planen er dette ein del av området ”Flora-Bremanger” og delområda kalla ”Seljevollfjellet” og delvis ”Håsteinen”, sjå kap 3.3. side 46-49 i faktadelen.

Kva politiske føringar som elles gjeld og kva retningsliner som vil verte lagt til grunn ved framtidige søknader/konsesjonshandsaming, går fram av kap. 4, sjå også spesielt kap. 4.1. om dei fylkeskommunale retningslinene for vindkraftutbygging.

Planretningslinene viser korleis fylket vil prioritere og kvifor dei ynskjer desse prioriteringane, dessutan kva omfang av samla utbyggings det skal leggast til rette for.

Til regional plan knytt til vasskraftutbygging:

Framlegg til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging ligg ute til offentleg ettersyn fram til 15.september d.å.

Fylket har vedteke følgjande mål for planen:

”Målet med planarbeidet er å samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mulige utbyggingsområde, for deretter å fastsetje retningsliner som sikrar at desse verdiane vert teke omsyn til, ved handsaming av utbyggingstiltak etter vassdragslovgjevinga og plan og bygningslova. Planarbeidet skal også på eit overordna nivå synleggjere dei positive verknadane av vasskraftutbygging. Aktuelle retningsliner skal medverke til p minimaliserer uheldige konsekvensar av vasskraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturmilne og landskapsverdiar.”

Naustdal kommune er delvis omfatta av planframlegget. Den delen av Naustdal som enten er verna vassdrag og nedslagsfelt eller som er verneområde er ikkje med i framlegg til plan. Det er spesielle forskrifter/rutinar for forvaltning av verna område/vassdrag, noko som i fig. Fylkeskommunen sitt planframlegg gjer det naturleg å halde desse områda utanfor, sjå også boks 4.1.1, side 80 om utbygging i verna vassdrag.

Det området av Naustdal som er omfatta av planframlegget går fram av figur 1.2.2 (s. 4).

Planframlegget gjeld området frå sentrum og utover langs fjorden, til kommunegrensa til Flora. I den geografiske inndelinga som er gjort i planen er dette ein del av området ”Dalsfjorden”, sjå kap 3.3. i faktadelen.

Kva politiske føringar som elles gjeld og kva retningsliner som vil verte lagt til grunn ved framtidige søknader/meldingar og eventuelle kommunal planhandsaming av utbyggingssaker, går fram av kap. 4, sjå også spesielt kap. 4.3. som viser dei fylkeskommunale retningslinene for vasskraftutbygging. I framtida meiner fylket at ved motstrid kan det gje grunnlag for motsegn frå fylket i plansaker i kommunen, viss kommunen fremjar planar i strid med fylkesdelplanen, og fylkesdelplanen skal vere retningsgjevande for kommunal verksemnd, og retningslinene som går fram av kap 4.3 ynskjer fylket å vedta med heimel i plan- og bygningslova 2008 § 8-2.

Planretningslinene gjev signal om korleis fylket vil prioritere og slik rådmannen forstår planframlegget, vil berre Redalsvassdraget i kommunen få første prioritet, men også vassdrag med første prioritet kan få konsesjon, viss avbøtande tiltak ivaretok interessene med eineståande verdi som finns der.

Vurdering:

Rådmannen kjem med ein samla vurdering og samla uttale som gjeld både vindkraft- og vasskraftplanen:

Rådmannen meiner det er ynskjeleg å peike på følgjande forhold og skilnader mellom 2 planar som gjeld fylket sine store ressursar, som begge også gjeld mogeleg utnytting av fornybar energi:

- I vindkraftplanen går det tydleg fram at vindkraft er ein fornybar ressurs som fylket ynskjer å nytte og utnytte. Blant anna kallast utbyggingsområde for "Vindpark" og utbygging som medfører "reduksjon i variasjon i landskapet", formuleringar som har ein heilt anna og meir positiv klang enn "kraftstasjon" og "inngrep i samband med små vasskraftverk" etc. Det kan lett forståast slik at vasskraftplanen har fokuset meir retta mot natur-, miljø- og verneverdiar og bevaring/berekraft og at vindkraftplanen er retta inn mot dei positive samfunnsmessige verdiane ved vindkraft og at planen kan vere prega av staten sitt ynskje om offensiv satsing på vindkraftutbygging.
- Planane kan framstå slik at det er ein skilnad i analysene sitt fokus på verdsetjing og vurderinga av landskap i dei 2 planane, og her då for områda utmed fjorden i Naustdal som er omfatta av begge planane.
 - I vindkraftplanen har områda i Naustdal kome i kategorien "representative/vanlig forekommende landskap"(grøn/"normal-verdi") for verdivurdering av landskapssamanhangar. For vindkraftutbygging vil jo eit av momenta som oftast kjem opp i debatten og utgreiingane vere den visuelle verknaden av vindmøllene og andre landskapsinngrep som følger av utbygging. Område "Seljevollfjellet" kjem samla ut med eit lite konfliktpotensial i analysen, samstundes som det ligg i nedre sjikt av vindressursane (noko over 7 m/s i årsmiddel).
 - I vasskraftplanen har områda ved fjorden i Naustdal fått verdi som fjordlandskap i kategorien "nasjonal/internasjonal verdi" ut frå ei eiga vurdering gjort av fylket, sjølv om planen seier at det ikkje ligg føre registreringar av fjordlandskap, men verdiane er grunngjeve med at fjordlandskapa i Sogn og fjordane er unike i internasjonal samanheng. Områda langs fjorden i Naustdal er ikkje vurderte samla, men kvar vasskraftutbyggingssak skal handsamast for seg. Sumverknad er omtala generelt i kap. 4.2.1, side 86, og dei statlege og fylkeskommunale retningslinene, til saman, utgjer eit komplisert bilet og eit mangfold av natur- og miljøomsyn som må takast og utgreiingar som må ligge føre for handsaming av den enkelte saka. Fylkeskommunen skriv likevel at dei i utgangspunktet er positive til utbygging av vasskraft og at det vert lagt vekt på "Å ta heile fylket i bruk ved å nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte."
- Plandokumenta har ein skilnad i metode, framstilling, vinkling/valør i ordbruken (miljø/natur kontra samfunn) av mogelege konsekvensar. T.d. viser oppsummeringane av sumverknader under faktadelen for landskap noko ulik vinkling og framstilling:
 - I vindkraftplanen, side 12, er sumverknad for landskap generelt skrive slik: " Utbygging av vindkraft kan potensielt føre til uheldige sumverknader innanfor tema landskap. Vi kan redusere variasjonen av landskap, dersom vi ikkje er medvitne kva typar landskap vi bygger ut.Det er også viktig å vere merksam på at andre arealbruksinteresser (enn vindkraft) kan knytast til aktuelle landskapstypar, og medverke til reduksjon i variasjon. Dette vil mellom anna kunne gjelde samferdslesektoren, ved vegbygging og liknande.";
 - I vasskraftplanen, side 15, er sumverknad for landskap beskrive slik: "Elvar og fossar er ofte viktige landskapselement og omfattande utnytting av vasskraftressursane vil kunne føre til dette elementet "forsvinn" frå landskapet."

I Naustdal kommune er ikkje naturverdiene utnytta i serleg stor grad og det meste av arealbruken er knytt til landbruket, vanleg busettning, nødvendige offentlege oppgåver/funksjonar og infrastruktur.

Debattane om utnytting av ressursane i kommunen har oftest hatt fokus på **vern**, områda som er verna (Nausta/nedslagsfeltet og landskapsvernområde Naustdal-Gjengedal) og konsekvensane av vernet.

Rådmannen tilrår at kommunen stiller seg positiv til hovudmåla og retningslinene i begge planframlegga, sidan dei i større grad enn i dag, konkretiserer kva mål og utvikling sylket ynskjer å ha i vass- og vindkraftsaker. Spesielt for utbygging av mindre vasskraftverk vert det lettare for kommunen å gje råd og rettleiing, og då også gje uttale eller også handsame sakene i kommunen. Vindkraftsaker vil ikkje verte handsama anna enn etter energilova, slik at alle anlegg knytt til vindkraftutbygging, er unnateke kommunal handsaming. Rådmannen meiner at det er svært viktig at den regionale planen for vindkraftutbygging i sterkare grad vert konkretisert i retningslinene og at desse legg vekt på å styrke kommunane si rolle og anerkjenne kommunane sin lokale kompetanse i desse sakene.

Når desse regionale planane evt. vert vedtekne, skal også retningslinene takast med i kommuneplanarbeidet. Ut frå omfanget av planframlegga gjeldande for kommunen, tilrår ikkje rådmannen å utarbeide eigne kommunedelplanar.

TILRÅDING:

Samla uttale til regionale planar for vindkraft- og vasskraftutbygging:

I Naustdal kommune er ikkje naturverdiane utnytta i serleg stor grad og det meste av arealbruken er knytt til landbruket, vanleg busetnad, nødvendige offentlege oppgåver/funksjonar og infrastruktur. Debattane om utnytting av ressursane i kommunen har oftest hatt fokus på **vern**, områda som er verna (Nausta/nedslagsfeltet og landskapsvernområde Naustdal-Gjengedal) og konsekvensane av vernet.

Kommunen stiller seg positiv til hovudmåla og retningslinene i begge planframlegga, sidan dei i større grad enn i dag, konkretiserer kva mål og utvikling sylket ynskjer å ha i vass- og vindkraftsaker. Naustdal kommune vil arbeide for berekraftig bruk og utnytting av fornybare ressursar.

Ut frå planframlegget og framlegg til retningsliner knytt til vasskraftutbygging, kan det ved utbygging av mindre vasskraftverk verte lettare for kommunen å gje råd og rettleiing, gje uttale eller handsame sakene i kommunen, sidan planen er meir konkret enn vindkraftplanen, men handsaming av sakene kan verte komplisert og langdryg også. Naustdal kommune peikar på at handsaminga kan verte relativt komplisert med mange krav til utgreiingar etc, sett i forhold til faktisk storleik av eventuelt tiltak og kor mykje areal som får endra bruk, kva omfang ein påverkar natur og miljø eller t.d. kor store landskapsrom som vert påverka.

Sidan vindkraftsaker handsamast etter energilova og dermed er unnateke kommunal handsaming er det svært viktig at regional plan styrker kommunen si rolle i slike saker. Naustdal kommune meiner at det er svært viktig at den regionale planen for vindkraftutbygging i sterkare grad vert konkretisert i retningslinene og at desse legg vekt på å styrke kommunane si rolle og anerkjenne kommunane sin lokale kompetanse i desse sakene.

Når desse regionale planane er vedtekne, skal også retningslinene takast med i kommuneplanarbeidet. Naustdal kommune utarbeider ikkje eigne kommunedelplanar for områda.

02.09.2010 KOMITE FOR LANDBRUK - TEKNIKK OG MILJØ

VEDTAK:

Tilrådinga vart samråystes vedteken.



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlende eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest Avdeling Sogn og Fjordane	Ann Kristin Nes - 57724019	2010/122231-002	07/1802-110	21.09.2010

Offentleg ettersyn – Uttale til Regional plan for vindkraft

Viser til motteken Regional plan for vindkraft datert 08.06.2010.

Planen oppfordrar om å nytte eksisterande infrastruktur (jfr. 4.1. punkt 5). Dette har vi ikke vesentlege merknadar til så lenge vegrar og avkjørsler vert bygd i samsvar med gjeldande vegrørnormalar. Alle kostnadars knytt til påkoppling på, eventuell utbygging av eksisterande veggnett, er det utbyggjar som må koste. Framføring av kablar/linjer på det søkjast om, og aktuelle tilkomstar må håndsamast gjennom ordinær planprosess.

Vi vil komme tilbake til konkrete saker der desse berører våre ansvarsområde.

Framtidige vindparkanlegg må elles avklaras i forhold til eventuelle framtidige vegprosjekt.

Utover dette har vi ingen vesentlege merknadar til planen eller dei fylkeskommunale retningslinjene.

Plan - og forvaltningsseksjonen
Med helsing

Vigdis Løbehz
Seksjonsleiar

Ann Kristin Nes

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telofon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Måløy 26.09.10

Kommentarer til Regional plan for vindkraft.

Først må jeg nevne at jeg ikke vet om det er anledning for privatpersoner å komme med noen betraktringer rundt Regional plan for vindkraft.

I utgangspunktet mener jeg at Sogn og Fjordane bidrar med sin del, og vel så det, av produksjon av formybar energi / ødelagt nok natur ved å bygge ned en rekke vassdrag. Selv om det ligger utenfor det som skal kommenteres vedr. planen så burde en heller ha sett på alternativer, som f.eks. brukt subsidiene til vindkraft på oppgradering av eksisterende kraftverk/ledningsnett og oppnådd en betydelig gevinst uten en omfattende nedbygging av natur slik det legges opp til i planen.

Jeg har følgende kommentarer til planen:

1. Vil Fylkeskommunen akseptere en sterk statlig styring av utbygging av vindkraft mot lokale myndigheters (kommuner) vilje? Slik som næringsinteressene er vektlagt i innledningen på planen kan en få inntrykk av at næringsinteresser står sterkt i en eventuell konsesjons-søknad.

2. Det står at vindkraftutbygging vil ha en positiv innvirkning på lokalsamfunnet, ma. i form av sysselsetting og skatteinntekter. Er dette veid opp mot den "skade" vindmøller måtte ha på f.eks. reiseliv?

Siden Mehuken er det eneste anlegget som er kommet i driftsfasen i Sogn og Fjordane, bør det være mulig å kvalitetssikre denne påstanden: hvor mange (lokale) årsverk er ansatt på/pga. aktiviteten på Mehuken? Er driftsorganisasjonen etablert? Hvor mye "tjener" Vågsøy kommune (altså innbyggerne) på anlegget?

Det står på side 8 at det for å driftet en park på 150MW størrelse trengs 4-6 årsverk i form av teknisk personell. Da virker det noe merkelig at Mehuken med en installert effekt på ca. 20MW sier de må ha en driftsorganisasjon på 2 årsverk (jeg vet ikke om "driftsorganisasjon" innbefatter teknisk personell).

3. De fleste anleggene er planlagt på land, bla. fordi dette gir billigere utbygginger. Har man kalkulert med en pris (i kroner og øre) på "urørt natur" i disse regnestykkene? Hva er urørt natur verdt?

4. I planen står det at innenfor avstander på opptil 6 km må en regne med at turbinene blir oppfattet som et fremtredende landskapslement. Hvem som har definert dette vites ikke. I et åpent kystlandskap som vi har i ytre Nordfjord vil jeg påstå at vindmøllene på Mehuken er fremtredende også fra Bremanger (± 2 mil).

5. Tankegangen bak oppdelingen av større areal gir rom for å "definere" hvorvidt et avgrenset areal har "lite"/"middels" eller "stort" konfliktpotensial.

Tenker en slik glemmer en at vindmøllene ikke påvirker et avgrenset område, men også områdene rundt. Dette gjelder bl.a. "Landskap", "Biologisk mangfold" og "Reiseliv" for å nevne noen.

Effekten av denne fragmenteringen av arealet kommer tydelig fram på Mehuken. Hvorfor har en fått bygge en vindpark like ved et naturreservat der det bla. ikke er tillatt å sette i verk tiltak som kan endre naturmiljøet (f.eks slå opp telt)? Når samtidig vindmøllene er plassert i grensen til reservatet der det til og med ligger et fuglefjell får det hele et komisk skjær over seg.

Ut fra samlet "poengsum" Mehuken har fått i tabellen for samlet konfliktpotensial ville potensialet trolig blitt definert som "lite". Dette har jeg vanskelig for å forstå. Når området likevel er frigitt til vindmøller (les politisk avklart) får en liten tiltro til hvordan dette poengsystemet skal fungere.

Mvh

Rune Eikeland
Gate 6C
6700 Måløy
mail: rune.eikeland@bakerhughes.com



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Saksbehandler: Kari Morvik
Telefon: 90734161
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 09/17050
Deres referanse: 07/1802-110
Vår dato: 28.09.2010
Deres dato: 08.06.2010

Att:

REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT I SOGN OG FJORDANE - OFFENTLEG ETTERSYN - UTTALE

Vi viser til høringsframlegg vedtatt av Fylkesutvalet i sak nr. 059/10.

Fiskeridirektoratet som sektormyndighet for fiskeri og akvakultur, har som oppgave å ivareta fiskeri- og akvakulturnæringene sine interesser i plansammenheng. Vi velger derfor i hovedsak å koncentrere vår høringsuttale til de kapitler som omhandler vindkraftutbygging i sjø.

Generelt

Høringsframlegget inneholder en omfattende analyse og vurdering av konfliktpotensiale på land. Tatt i betraktning at det foreligger konkrete planer om etablering av vindmølleanlegg i sjø i kystnære farvann, jfr. Kap 1.3.2., savner vi en grundig analyse i forhold til miljø og utøvelse av annen næring i sjøområdene.

Slik vi leser høringsutkastet burde dette vært tema.

Viser her til s2, Operative mål, første kulepunkt "kartlegge ressursar og avklare arealbruk for produksjon av vindkraft i fylke. Vidare er målet å kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser"

Under kap.1.2 Metode og føresetnader, første avsnitt, 3. setning, står følgende: "I tillegg har vi tatt med Sjøfart og fiskeri som eige fagtema."

Omtalen i kap. 2.8 med underkapitler, er det som er tatt med av fagtema sjøfart og fiskeri. Kap. 2.8 består i all hovedsak av et kart som viser registreringer av fiskeområder, gyeområder og farleder, samt sitat fra St.meld.nr. 51 (1997-98) "Perspektiver på utvikling av norsk fiskerinæring" og sitat fra St.mld.nr. 46 (1996 – 97) "Havner og infrastruktur for sjøtransport".

Innledningsvis sies det at en ønsker å legge til rette for satsing på offshore vindkraftproduksjon langs kysten av fylket og at en viktig forutsetning er at også arealbruksinteresser til havs blir kartlagt.

Dette er uttaler som vi langt på veg kan støtte, men mener at det er viktig at det blir foretatt en analyse av arealbrukskonflikter på dette området også. Arealbrukskonflikter bør avklares i forkant av videre planlegging. Det går fram av høringsutkastet at slikt arbeid ikke er foretatt.

Som et minimum må vi forvente at en plan inneholder en strategi for innhenting av manglende kunnskap samt en drøfting av mulig konfliktpotensiale.


Det hevdes til slutt at kunnskapsgrunnlaget er godt ved at det er laget oversikter over fiskeri- og sjøfartsinteresser, og det vises til www.kart.kystverket.no. Videre at kommunene langs kysten har laget kystsoneplaner, der arealbruken i "nokon grad er bestemt". Til det siste vil vi bemerke at ut fra vår erfaring har kommuneplaner på land trolig mer avklart arealbruk enn det som er tilfelle for sjøområdene.

Fiskeridirektoratet har i en årekke samlet opplysninger om fiskerinteresser innenfor grunnlinjen. Noen steder er det også gjort registreringer ut i havet som vist på kartet som ligger i høringsutkastet. Det er Fiskeridirektoratet som er eier av disse opplysningene og sist oppdaterte opplysninger offentliggjøres på www.fiskeridir.no under "Tjenester" og "Kartverktøy".

Det er fiskeridirektoratet region Vest som har registrert opplysninger om fiskeriaktivitet i Sogn og Fjordane. Disse opplysningene er ikke fullstendige og ikke tilstrekkelige til å vurdere konfliktpotensiale i forhold til vindmølleparkar i sjøområde. Særlig gjelder dette i områder utenfor grunnlinjen. Til dette vil det være behov for ny og grundig registrering i samarbeid med fiskerinæringen.

Etter vårt syn bør registrering av brukerinteresser og konfliktyurdering av mulig fremtidig establering av vindmølleparkar i sjøområdene inngå i "Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane"

Med hilsen


Gunvor Lødøen
seksjonssjef


Kari Morvik
seniorrådgiver



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
07/375-8/K1-123, K2-S, K1-//AHE
10/6606

Dykkar ref.

Dato:
23.09.2010

Fylkesdelplan for vindkraft

Formannskapet i Fjaler har i møte 21.09 vedteke samråystes høyringsuttale til fylkesdelplan for vindkraft:

Fjaler kommune ser at verda vil oppleve aukande behov for fornybar energi i åra som kjem. Kysten av Sogn og Fjordane har stort potensiale for dette gjennom stabilt med vind og rikeleg med tilgjengeleg areale.

Sogn og Fjordane stod igjen på perrongen då oljetoget gjekk. Sjølv om store deler av ressursane ligg rett utanfor kysten av fylket vårt har vi fått lite av verdiskapinga og sysselsetjinga samanlikna med fylka nord og sør for oss.

Mange spår vindkraft som den nye store næringa i Norge no når olje- og gassressursane ser ut til å gå mot slutten. Med den satsinga på vindkraft som vi ser no både til lands og havs meiner vi det er svært viktig å vere med på denne utviklinga frå starten og ikkje bli akterutsegla også denne gongen.

Ei slik satsing krev at vi er villige til å legge til rette areal for utbygging av vindkraft. I så måte helsar vi velkommen at ein no lagar ein plan som seier noko om i kva område vi skal legge til rette for utbygging.

Det å ha areale – både på land og til havs- der dei vert bygd ut vindkraft trur vi vil vere ein fordel når ein skal utvikle eit næringsliv som er konkurransedyktig som leverandør til vindindustrien.

Det er viktig at dei best eigna areala blir prioriterte. Det må takast omsyn til vindressurs, rasjonell utbygging, tilknyting til infrastruktur, og konfliktnivå.

Ein vindpark i seg sjølv gjer kanskje ikkje så mange direkte arbeidsplassar, men gjennom leverandørverksemd til denne industrien ligg det eit stort potensiale for fylket.

For kommunane vil det i tillegg vere store inntekter å hente gjennom eigedomsskatt. Berre den planlagde vindparken på Lutelandet vil gje Fjaler 5-7 millionar årleg i inntekter.


Samstundes som ein ser mulighetene, skal ein også ha respekt for at satsing på vindkraft er kontroversielt. Ein blir møtt med motstand som er grunngjeve med t.d frykt for støy, visuelle forhold og forholdet til biologisk mangfald.

Vi meiner planen jamt over tek godt omsyn til desse forholda og veg dei opp mot dei mulighetene denne næringa representerer for fylket.
Lokalt har vi opplevd lite bekymringar for den planlagde vindparken på Lutelandet, men dei motforestillingane som er komne har for ein stor del gått på frykt for støy og det visuelle rundt etablering av ein vindpark.

Vi trur det er viktig med ryddige prosessar og at folk føler dei blir tekne på alvor og får gode svar på dei spørsmåla dei reiser.

Samla sett meiner vi fylkesdelplan for vindkraft gjer eit godt grunnlag for å utvikle vindkraft som ei ny stor næring i Sogn og Fjordane, og vi anbefalar fylkestinget å vedta planen.

Med helsing



Arve Helle
ordførar

Direkte tlf: 57 738052



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakehandsamar: Tore Larsen
Telefon: 57 65 51 52
E-post: tla@fmsf.no

Vår dato
27.09.2010
Dykkar dato
08.08.2010

Vår referanse
2007/1993 - 421.2
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Uttale til regional plan for vindkraft - offentleg høyring

Vi viser til utlegging av Regional plan for vindkraft til offentleg ettersyn, utlyst av Sogn og Fjordane fylkeskommune i brev av 8.6.2010. Arbeidet med planen tok til i 2007, og skal legge grunnlaget for ei meir heilskapleg vurdering av konsekvensane av vindkraftutbygging i fylket. Fylkesmannen har delteke i den faggruppa som har arbeidd med grunnlagsmaterialet til planen.

Vindkraftanlegg fører med seg fysiske inngrep i form av sjølvé vindmøllene, med fundament og oppstillingsplass, Interne vegar og kablar mellom møllene, servicebygg, transformator, overføringsliner, og vegar inn i området. I mange tilfelle vil det også vere behov for å etablere nye kalanlegg for å ta i mot møllene. Fordi vindkraftanlegga såleis legg band på store landareal, kjem dei ofte i konflikt med andre viktige samfunnssyn, som landskapsverdiar, biologisk mangfald, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv. Vi ser derfor positivt på formuleringa i Innleiinga til Regional plan for vindkraft om at "mål om lågast mogleg miljø-/samfunnskostnad per kWh tilseier at vi bør konseptuere vindkraftutbygging til store anlegg der det er gode vindforhold, høveleg infrastruktur og akseptabelt konfliktnivå i forhold til andre samfunnssyn" (vår utheving).

Etter vårt syn er det nettopp det å kome fram til eit akseptabelt konfliktnivå i høve andre interesser som er den største verdien ved ein regional plan for vindkraft. Ein regional plan gir, i alle fall i teorien, høve til både å vurdere sumverknader av vindkraftutbygging og å lokalisere vindkraftanlegga til stader der vindressursane er gode nok, samtidig som anlegga er minst mogleg til skade for andre interesser. I utgangspunktet er dette også ein viktig del av grunnlaget for planen, slik det går fram av planprogrammet for Regional plan for vindkraft, som blei vedtatt av fylkesutvalet våren 2008:

Overordna mål:

Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.

Operative mål:

- kartlegge ressursar og avklare arealbruk for produksjon av vindkraft i fylket. Vidare er målet å kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser.
- samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mulege utbyggingsområde, for deretter å fastsette retningslinjer som sikrar at desse verdiane vert teke tilfredsstillande omsyn til, ved handsaming av konsesjonssøknader. Dei retningslinene vi fastset skal medverke til å minimalisere ueheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

Det blir i høyringsbrevet bede særskilt om innspel til planen sine retningslinjer i kapittel 4, og elles innspel om eventuelle feil eller manglar ved omtalen av arealinteresser i kapittel 2 og 3.

Kommentarar til dei ulike delane av Regional plan for vindkraft

Kapittel 1

Dette kapitlet er av orienterande art, med informasjon om regelverk, føresetnader og metodar som er brukt i arbeidet. Det er ut frå gitte kriterium avgrensa analyseområde (potensielt aktuelle for vindkraftutbygging) på om lag 2000 km². Av dette blir det oppgitt at det ut frå venta tilgang på nettkapasitet kan bli bygd ut 1500 MW vindkraft i fylket, noko som tilsvarer eit arealkrav på inntil 150-300 km², eller om lag ein tidel av aktuelt areal (Vindkraftforum Sogn og Fjordane, vedtatt skipa av fylkesutvalet med overordna mål "å sikre utbygging og drift av vindkraft på brei front i fylket", har bidrige med siste del av kapittel 1, der det er vurdert at det kan byggast ut 1750 MW vindkraft. Avviket er likevel ikkje så stort at det i særleg grad påverkar det rundt formulerte arealkravet på 150-300 km²).

Dei nemnte analyseareala har ein kome fram til ved å dele planområdet i mindre einingar, i praksis høgdedrag avgrensa av dalføre som naturleg set grenser for vindkraftutnytting. Krav til analyseområda er følgjande:

- A. Ein kjerne med vindressursar på minimum 7,0 m/s årsmiddelvind.
- B. Minimum 500 meter frå busetnad.
- C. Ikke del av verneområde (etter tidlegare naturvernlova, no områdevern etter naturmangfaldlova).
- D. minimum 10 km² samanhengande areal.

Det siste punktet betyr at ein har hatt ønske om å leggje seg på ei linje som tilseler å konsentrere vindkraftutbygging til eit mindre tal store anlegg framfor fleire små, i tråd med dei tidlegare nemnte formuleringane i innleininga til planen. Vi noterer dette, men har ikkje nokon klar meinling om kva som vil vere best, da både store og små vindkraftanlegg har sine føremoner og ulemper.

Del 1.2.2 skildrar kva skala ein har brukt for vurdering av samla konfliktpotensial i dei ulike analyseområda. I teksten er det berre opplyst kvar ein har valt å legge grensene mellom lite, middels og stort konfliktpotensial, utan at det er grunngitt nærmare kvifor ein har valt desse grensene. Dette er eit svært sentralt punkt i planen, og vi vil kome meir inn på dette i kommentarane til kapittel 4.

Kapittel 2

Denne delen av planen legg fram kunnskapsgrunnlaget for dei vurderingane som er gjort for å kome fram til konfliktnivå i dei ulike analyseområda. Det er lagt ned eit relativt omfattande arbeid med å vise til bakgrunnsmaterial i form av databasar, nasjonale retningslinjer og internasjonale konvensjonar for dei ulike tema som er drøfta, i tillegg til dei nasjonale retningslinjene for planlegging og lokalisering av vindkraftverk. Landskap, biologisk mangfald, Inngrepssfrie naturområde og kulturminne blir gjennomgått i størst detalj, mens friluftsliv, reiseliv, landbruk, sjøfart/fiskeri, støy og kommunikasjonsanlegg blir meir summarisk gjennomgått. Vi ser i utgangspunktet ikkje noko kritikkverdig i dette, da dei ulike tema har ulike føresetnader for både kartfesting, verdisetting og vurdering av konfliktpotensial.

Det bør likevel nemnast at det varierer mye frå tema til tema i kva grad det er mogleg å spore kva vurderingar som ligg til grunn for rangering av konfliktpotensial. For biologisk mangfald, Inngrepssfrie naturområde og friluftsliv er det skildra til dels svært konkret korleis ein reknar ut konfliktpotensial (sjølv om det også der blir opna for ein viss bruk av skjønn), mens ein når det gjeld kulturminne har vore nøydd til å gjere meir eller mindre subjektive vurderingar frå stad til stad ut frå kunnskap om førekomstar og potensial for funn. For landskap er det gjort eit spesialbestilt analysearbeid med inndeling i landskapstypar som skal gjøre det mogleg å gjøre vurderingar av kva som er vanlege landskap og kva som er sjeldne landskap. Om ein på denne måten har klart å gjøre landskapsvurderingar særleg meir objektive, er vi likevel i tvil om, i planen er det presentert eit kart der verdivurdering er basert på slike landskapssamanhangar, mens arbeidsgruppa som jobba med planen hadde tilgang på eit anna kart med vurderingar på meir detaljert nivå (mindre arealeiningar). Verdisettinga der er annleis, noko som i praksis betyr at landskapsverdiane er avhengige av kva skala landskapet blir vurdert i. Når det gjeld landbruk,

står det at "område der landbrukets kulturlandskap kan verte avgjerdande for næringsutvikling" har fått stort konfliktpotensial. Det går ikkje fram korleis ein i tabellane i kapittel 3 har kome fram til middels konfliktpotensial med landbruksinteresser. For reiseliv, sjøfart/fiskeri, støy og kommunikasjonsanlegg er det ikkje gjort konfliktvurderingar. Dels er dette dels heller ikkje særleg relevant for denne planen (sjøfart/fiskeri), dels metodisk svært vanskeleg (reiseliv). Del ulike metodane for rangering av konfliktpotensial bør likevel utdypast nærmare, slik at det går tydelegare fram korleis dette er vurdert for kvart tema.

Kapittel 3 og 4

Hér blir den kunnskapen som er omtalt i kapittel 2 presentert i detalj, og konfliktpotensial for dei ulike tema sett saman til ein samla verdi for konfliktpotensialet i kvart av dei 105 analyseområda som planområdet er delt inn i. Presentasjonen blir gitt regionvis, og gir eit greitt oversyn. Ein har tatt konsekvensen av at nokre tema er mindre relevante og/eller vanskelegare å gi meiningsfylte konfliktvurderingar av, og reiseliv, sjøfart/fiskeri, støy og kommunikasjonsanlegg er ikkje tatt med i tabellane som viser graderte konfliktpotensial. Sjølv om desse tema ikkje er med vidare, er det likevel av verdi at dei blir omtalte i kapittel 2, det viser for det første at ein har vurdert også desse tema, og for det andre illustrerer det dei metodiske problema ved kartlegging av samla konfliktpotensial.

Eitt av desse problema er vektning av dei ulike tema i ei samla vurdering. I denne planen er det ikkje gjort ei slik vektning, det vil seie at alle tema veger like mye. Vi er ikkje utan vidare einige i at dette er ein akseptabel framgangsmåte, særleg med tanke på at dei ulike tema er ulikt vanskelege å konfliktvurdere. Ei løysing er å gje ei høgare vektning til tema som har eit konkretisert datagrunnlag, og ein klar og mest mogleg objektiv metodikk for konfliktvurdering. Ein annan kan vere å fjerne dei tema som i størst grad manglar dette. Dette er likevel ikkje ein vesentleg innvending mot Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane, for stort sett ser det ut til at talverdiane for samla konfliktpotensial i tabellane i kapittel 3 er nokolunde representative for dei fagtema dei blir tatt utgangspunkt i.

Problemet ligg i kva grenseverdiar ein skal setje for stort, middels og lite konfliktpotensial i analyseområda. Dei fylkeskommunale retningslinjene i del 4.1 seier i punkt 2 at "Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite og middels konfliktpotensial", noko som i praksis betyr at val av grenseverdiane vil vege tungt når det gjeld kva område som kan byggjast ut. I planen blir denne forklaringa på val av grenseverdiar gitt (del 1.2.2 på side 6, og del 4 på side 63):


"Kvar fagtema kan enten ha lite konfliktpotensial som svarar til 1 poeng, middels konfliktpotensial som svarar til 3 poeng og stort konfliktpotensial som varar til 5 poeng. Det lågaste samla konfliktpotensialet eit analyseområde kan oppnå er følgjelag $6 \times 1 = 6$ poeng. Den høgaste konfliktpotensialet er tilsvarende $6 \times 5 = 30$ poeng. Vi har definert 6-10 poeng som lite konfliktpotensial, 11-18 poeng som middels konfliktpotensial og 18 – 30 poeng som stort konfliktpotensial."

Det ligg ikkje føre nokon form for fagleg grunnlegging for valet av grenseverdiar, og dette sparkar etter vårt syn beina under helle det faglege fundamentet planen er bygd på. Faktadelen av Regional plan for vindkraft er utarbeidd på grunnlag av innspeil frå fleire ulike fagfelt som kulturminne, biologi, landbruk m.m. Dei som har bidrøge her, har på fagleg grunnlag vurdert konfliktpotensialet i analyseområda innanfor sine fagfelt, men dei har ikkje fått gjennomslag for sitt syn på kvar grenseverdiane skal setjast for samla konfliktpotensial i analyseområda. Den vurderinga har fylkesutvalet gjort politisk, utan å grunngje det valet som er gjort.


Faggruppa som arbeidde med planen, la fram sitt første framlegg for fylkesutvalet 9. mars. Framlegget inkluderte eit kart over planområdet der samla konfliktpotensial for kvart av analyseområda var representert som lite, middels eller stort, ut frå vurderingar av konfliktpotensial for kvart einskilt fagtema. Fylkesutvalet bad om å få ein meir detaljert skala for samla konfliktpotensial, og eit nytt framlegg blei utarbeidd av faggruppa utover våren (inkludert fleire orienteringar til fylkesutvalet undervegs) og lagt fram 25. mai. Samla konfliktpotensial for

kvart enkelt analyseområde blei rekna om til ein poengskala, slik at det kom fram fleire gradar av konfliktpotensial. Dei to framlegga er framstilt på karta under.

Faggruppa sitt framlegg, 9. mars 2010



Faggruppa sitt framlegg 25. mai 2010



Poengskalaen i framlegget 25. mai gjorde det nødvendig å definere grenseverdiar for kva som skulle vere lite, middels eller stort konfliktpotensial i kvart analyseområde. Faggruppa definerte at analyseområde med 10 poeng eller mindre har lite konfliktpotensial, mens område med 11-12 poeng har middels, og dei med 13 eller meir har stort konfliktpotensial. Fordelinga mellom lite, middels eller stort konfliktpotensial liknar i store trekk på fordelinga frå 9. mars, men 16 analyseområde har fått samla konfliktpotensial endra frå stort til middels eller lite.

Framlegget mangla ein utførleg argumentasjon for valet av grenseverdiar, og den nye poengskalaen opna dermed for diskusjon om kvar grensene skal gå. **Fylkesutvalet bestemte på møtet 25. mai at den øvre grenseverdien for middels konfliktpotensial skulle flyttast frå 12 til 18 poeng, som vist på klippet til høgre. I høve til faggruppa sitt framlegg betyr dette at dei brune områda på kartet, 27 i talet, blei omdefinerte frå å ha stort konfliktpotensial i faggruppa sitt framlegg til å få middels konfliktpotensial i høyringsframlegget.**

Fagleg vurdering av framlegget til konfliktpotensial

Kartet som viser konfliktpotensialet med miljø og andre interesser vil i utgangspunktet vere ein sentral reiskap i utviklinga av vindkraftbasert industri i Sogn og Fjordane, da det "avklarar kor fylkeskommunen i utgangspunktet finn det akseptabelt at vindkraftanlegg blir etablert" (sitat frå høyringsbrevet).



Del 105 analyseområda fordeler seg slik med tanke på konfliktpotensial (verdi for konfliktpotensial øvst, og tal analyseområde med dette konfliktpotensialet under):

6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26
4	-	13	-	24	-	26	-	11	-	7	-	9	-	7	-	1	-	2	-	1

Etter faggruppa si inndeling har 41 analyseområde lite konfliktpotensial, 26 har middels og 38 har stort. Fylkesutvalet meiner at tala skal vere 41, 52 og 11, eller med andre ord at 93 område er definerte til å ha så lite konflikt med andre interesser at del etter retningslinene i del 4.1 er eigna for vindkraftanlegg, mens i 11 område skal vindkraftanlegg i utgangspunktet ikkje prioriterast.

Analyseområdet Håfjellet på Ytre Sula i Solund kommune kan brukast som døme. Området har ifølgje faggruppa som har arbeidd med Regional plan for vindkraft stort konfliktpotensial (18 poeng), mens fylkesutvalet har vedtatt at konfliktpotensialet her er middels. Ifølgje Fylkesmannen sin raudlistebase er det tre påviste og ein sannsynleg hekkeplass for havørn i analyseområdet, i tillegg til ein eldre hekkeplass for hubro (status i dag er uviss). Analyseområdet omfattar delar av aksjonsområdet for totalt åtte par kollisjonsutsatte raudliste- og ansvarsartar, det vil seie at desse åtte para hekkar i eller rundt området. For seks av desse er aksjonsområdet "vesentleg påverka". Området har dessutan inngrepssfrie naturområde (INON) som omfattar delar av kyststripa på Ytre Sula, og det ligg like på innsida av det nasjonalt prioriterte kulturlandskapet på Utvær. Etter retningslinjene for planlegging av vindkraftverk frå MD og OED, er det i dette analyseområdet svært stort konfliktpotensial i høve til landskap ("landskap sjeldne i nasjonal eller internasjonal samanheng" (den devonske konglomeratkysten i Sogn og Fjordane)), biologisk mangfold ("i leveområder til arter som er sterkt truet" og "i leveområdet til arter på Bonn-konvensjonens liste 1 og Bern-konvensjonens liste 2"), og INON ("INON-områder som går ubrukt fra fjord til fjell"). I tillegg ligg området mest truleg midt i hovudleia for fugletrekket langs kysten. Etter Fylkesmannen si mening er det ikkje fagleg forsvarleg at eit areal med slike kvalitetar blir klassifisert til å kome i første rekke blant område som kan opnast for vindkraftutbygging.

Analyseområdet Steinheia på Bremangerlandet har ifølgje del nasjonale retningslinjene for planlegging av vindkraftverk svært stort konfliktpotensial i høve dei same tema som nemnt over (i tillegg har det INON sone 1), men har berre 14 poeng på skalaen for samla konfliktpotensial. Faggruppa som har arbeidd med Regional plan for vindkraft har etter vårt syn vore temmeleg forsiktige i si klassifisering, og dette gjer at store natur- og miljøverdilar eksponerast for utbygging sjølv ved relativt små endringar av grenseverdiane.

Den endringa som fylkesutvalet har gjort med grenseverdiane er utan fagleg grunngjøving. Den kan etter vårt syn ikkje forsvarast ved argument om tilstrekkeleg spesierom for vindkraftindustrien. I framlegget frå faggruppa er det rekna ut at analyseområda med lite og middels konfliktpotensial har eit produksjonspotensial på 5000 MW. Ettersom det neppe er mogleg å bygge ut meir enn maksimalt 1500-1750 MW (tilsvarende ein dryg tidel av analysert areal i planen) sjølv etter ein vesentleg oppgradering av linjenettet i fylket, er det - med godt monn - ikkje behov for å opne område som faggruppa har definert til å ha stort konfliktpotensial. Del fylkeskommunale retningslinjene i punkt 4.1 legg opp til å byggle ut 1000 MW innan år 2025.

Den unødvendig ekspansive og fagleg ugrunna arealdelen av høyningsframleggget legg etter vårt syn opp til unødige konfliktar mellom vindkraftutbygging på den eine sida, og miljørelaterte interesser på den andre. Regional plan for vindkraft er, i den utgåva som er sendt på høyring, misvisande og til liten hjelp når det gjeld å peike på konfliktfylte utbyggingsområde.

Kommentarar til del fylkeskommunale retningslinjene

Del 4.1 listar opp 8 punkt som skal fungere som retningslinjer for ei vindkraftutbygging i Sogn og Fjordane. Punkt 2 seier at "Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite og middels konfliktpotensial", og punkt 3 at "Vindkraftanlegg som ligg i område med stort

konfliktpotensiale vert i utgangspunktet ikkje prioritert, men kan likevel verte vurdert som utbyggingsaktuelle dersom avbølgande tiltak er tilfredstilande, og dersom lokale styresmakter har positiv tilråding." Fordi høyingsframlegget avvik vesentleg frå det fagleg baserte utkastet til plan, er det etter vårt syn ikkje forsvarleg å opne for utbygging i område med middels konfliktpotensial. Ut frå den faglege tilrådinga har halvparten av desse områda stort konfliktpotensial, og punkt 2 bør derfor endrast til "Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite konfliktpotensial." Punkt 3 kan slettast, ettersom det berre vil vere 11 område i fylket med stort konfliktpotensial (å erstatte stort konfliktpotensial med middels konfliktpotensial i punkt 3 er ikkje forsvarleg, så lenge halvparten av analyseområda med såkalla middels konfliktpotensial fagleg sett i realiteten har stort konfliktpotensial).

Ein regional plan for vindkraftutbygging må ta utgangspunkt i den nasjonalt vedtekne politikken. Fylkesmannen kan ikkje sjå at høyingsframlegget ivaretok dette.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at framlegget til Regional plan for vindkraft har så store faglege manglar at det har liten verdi for høyingsinstansane å gå nærmere inn i detaljane i planen. Det er etter vårt syn ueheldig at det all i høyingsframlegget er gjort så omfattande politiske val at det faglege grunnlaget i praksis er sett til side. Framlegget bryt vesentleg med dei faglege tilrådingane som ligg føre frå gruppa som har arbeidd med planen, og har ingen grunngjeving for dei val som er gjort når det gjeld grenseverdiar mellom område med lite, middels og stort konfliktpotensial.

Fylkesmannen registrerer at det i framlegget frå faggruppa er rekna ut at analyseområda med lite og middels konfliktpotensial har eit produksjonspotensial på 5000 MW. Endringane i høve faggruppa si tilråding synest såleis å vere heilt unødvendige for å gje tilstrekkeleg spelerom for vindkraftindustrien i fylket.

I si noverande form vil planen ikkje føre til mindre konflikt mellom vindkraftutbygging og miljøverdiar, slik utgangspunktet bør vere, men vil snarare føre til ei eskalering av konfliktnivået fordi faglege vurderingar er sett til side.

Fylkesmannen rår til at det vert arbeidd vidare med det utkastet som faggruppa har gått inn for, men med klare, fagleg grunngitte argument for val av grenseverdiar mellom område med lite, middels og stort konfliktpotensial. Ein bør leggja seg på ei meir konservativ vurdering når ein definerer lite, middels og stort konfliktpotensial, slik at ein ikkje opnar areal for utbygging som er vesentleg mye større enn det som trengst for å nå målet om 1000 MW vindkraft. Kystområda i Sogn og Fjordane er for verdfulle til at dei bør opnast for utbygging utan at behovet for å nytte akkurat desse areaala er til stades. Utbygging bør derfor starte i område med lite konfliktnivå, og først bevege seg inn i område med middels konfliktnivå dersom det ut frå lokale tilhøve blir behov for det. Område med stort konfliktpotensial bør ikkje byggjast ut.

Med helsing

Anne Karin Hamre
Anne Karin Hamre
assisterande fylkesmann

Nils Erling Yndesdal
Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef



FORTIDSMINNEFORENINGA

The Society for the Preservation of Norwegian Ancient Monuments

Sogn og Fjordane avd., Postboks 437, N-6853 Sogndal

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Lærdal 28.09.10

REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT

Styret i Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane har på møte 21. sept 2010, sak 32-10, handsama "Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane." Styret er samla i motstanden sin mot all utbygging av vindkraft på kysten av Sogn og Fjordane.

Argumentasjonen til styret kan samlast etter ulike tema, og som følgjande strekpunkt:

Kraftsituasjonen

- Norge har overskot av kraft og har ikke bruk for vindkrafta til eigen bruk. Det vil ikke vere forsvarleg å byggje ned kysten vår med vindkraftverk, der krafta utelukkande vil gå til eksport. Det finst heller ingen garantiar for at vindkraft frå Norge vil erstatte kolkraft, atomkraft eller andre ikke-fornybare energiformer i andre land.
- Norge har frå før ein svært stor del av energiforsyninga si frå vasskrafta, og ligg såleis over dei fleste land i andel fornybar kraft.
- Det er svært stort potensiale i å spare energi, som ikke er prøvd ut i tilstrekkeleg grad. Stikkord her er betre isolasjon og andre ENØK-tiltak, pristiltak, mindre sløsing, og ved å stille strengare krav til storforbruk i industrien.
- Det er stort potensiale i å auke kraftproduksjonen ved å modernisere eksisterande vasskraftproduksjon, utan nye, skjemmande naturinngrep.

Vindkraft generelt

- Vindkraftverk er store og svært skjemmande naturinngrep, som er synlege i på svært lang avstand. Dei skapar stor visuell ureining.
- Vindkraftverk er ofta plassert på fjelltoppar og fjellryggar, som gjer dei synlege frå ekstra stor avstand.
- Vindturbinane er i bevegelse og skapar uro og mykje støy.
- Utbygging av vindkraft krev svært store inngrep i naturen, både for å kunne setje opp vindturbinar, og for å byggje dei tilførslivegar og kraftlinjer som trengs.
- Vindkrafta krev stor statleg subsidiering. Det er ikke rett bruk av offentlege midlar å rasere norsk natur for at kraftselskap skal kunne eksportere meir kraft.
- Ordet "vindmøllepark" er svært misvisande. Dette har ingenting med park å gjøre, men det er snakk om industriutbygging på fjelltoppar.

Vindkraft i Sogn og Fjordane

- Sogn og Fjordane har ein fantastisk og sårbar kyst med mykje inngrepsfri natur. Denne har vi ansvar for å ta vare på, både til seinare generasjonar, og som ein del av verdsarven, i og med at norskekysten er eineståande i verdssamanheng. Eit kvart vindkraftprosjekt på kysten vår vil vere ei rasering av eit av verdas flottast kystlandskap.

- Fylkesutvalet hevder at det er lite konflikt knytta til vindkraftutbygginga. Det stemmer ikkje. Det er stor lokal motstand i alle kommunane det gjeld.
- Det er også uforståeleg for dei fleste at styresmaktene oftast nektar bygging i strandsona, sjølv om inngrepa er svært små, medan styresmaktene ofte ikkje har innvendingar mot industrianlegg på fjellet rett bakom. Dette aukar den lokale motstanden mot inngrep som berre har ulemper, og ikkje fordelar.
- Kommunane får svært lite att for dei store inngrepa. Det er snakk om marginale inntekter og nesten ingen arbeidsplassar.

Konflikt mellom vindkraft og kulturminne

Alle kommunane på kysten av Sogn og Fjordane har viktige kulturminne. Mange av kulturminna er eineståande i nasjonal samanheng, og her kan nemnast:

- kulturlandskapet på Stad
- fjellplatået Vestkapp
- krigsminne på Stad
- kristningsstaden Dragseidet på Stad
- klosteret på Selja
- fyrstasjonane i Vågsøy
- handelsstaden på Vågsberget
- steinalderbusetjing ved Skatestrauenn
- helleristingsfeltet i Vingen
- fiskeværet Kalvåg
- gravrøysene i Botnane
- Kinn og Kinnakyrkja
- Bulandet og Værlandet, "Nordens Venezia"
- steinkrossen i Korssund
- kvernsteinsbrota i Hyllestad
- Utvær fyr
- Gulatingsstaden, tusenårsstad i Sogn og Fjordane

Dette er berre eit lite utval av viktige kulturminne, og mange fleire kunne nemnast. Det er svært tett mellom kulturminna på kysten av Sogn og Fjordane. Riksantikvaren sin database for kulturminne, Askeladden, viser følgjande tal kulturminne i kommunane på kysten (og lista er langt frå uttømmande). Dei fleste av desse er automatisk freda:

Selje	87
Vågsøy	43
Bremanger	174
Flora	265
Askvoll	110
Fjaler	75
Hyllestad	45
Solund	38
Gulen	39
Ialt	876

Dette er eit svært høgt tal med kulturminne, og det seier seg sjølv at kulturminna ligg så tett at det er uråd å byggje vindkraftanlegg som ikkje kjem i konflikt med kulturminne.

Det er den visuelle ureininga og dei store fysiske inngrepa ved vindkrafta som er det dominerande problemet med vindkraftutbygging på kysten av Sogn og Fjordane. Alle vindkraftprosjekt vil vere i konflikt med kulturminne i nærleiken, og med dei tilførslevegane og kraftlinjene som vil vere nødvendige for vindkraftanlegga.

Kulturminna våre er også mellom dei viktigaste reisemåla og attraksjonane i reiselivet. Reiselivet er ei av dei viktigaste næringane i fylket og ei av næringane med størst potensiale i framtida. Mange granskingar viser at vindkraftprosjekta vil vere svært negative for reiselivet.

Dei indre fjordstroka i fylket vårt, indre Nordfjord og særleg indre Sogn med verdsarvparken i Nærøyfjorden, er mellom dei fremste fjordlandskap i verda. Dei mange som kjem sjøvegen til fjordane våre må segle langs kysten for å kome til fjordmunningane.


Kysten av Sogn og Fjordane er også del av "verdas vakraste sjøreise", Hurtigruta, som er ein av dei største attraksjonane landet vårt har å by på. Vindkraftutbygging på kysten vil forringe opplevelingen vesentleg for alle båt-reisande, både på Hurtigruta, i cruisefarten og andre båtturistar.

I utkastet til vindkraftplan er konfliktnivået mellom reiselivet og kulturminne stort sett sett opp som "liten konflikt". Argumentasjonen over vise at dette er meiningslaust. Det er stor konflikt mellom ei kvar vindkraftutbygging og reiselivet på kysten av Sogn og Fjordane.

Konklusjon

Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane seier nei til ei kvar utbygging av vindkraft på kysten vår. Alle vindkraftprosjekt vil kome i sterkt konflikt med viktige kulturminne på kysten, og med reiselivet. Inngrepa på kysten vår vil vere mykje større enn dei omstridde inngrepa med kraftlinja i Hardanger, som har møtt massiv motstand. Motstanden mot vindkraftprosjekta på kysten vår bør vere minst like stor. Vi seier eit klart NEI til "monstermøller" på kysten av Sogn og Fjordane.

Beste helsing


Hallvard Trohaug
styreleiar



Norsk Ornitolgisisk Forening

Solund lokallag Foreining for fuglevern

Norsk Ornitolgisisk Forening
Solund lokallag, foreining for fuglevern
v/Nils Chr. Bjørge
6924 Hardbakke

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Uttale til regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane.

Innleiing

Vi viser til fylkeskommunen sitt framlegg til regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane, heretter kalla framlegget.

Solund lokallag for Norsk Ornitolgisisk Forening, er eit lokallag med hovudfokus på vern av fuglane sine interesser. Lokallaget vart stifta i år 2002 og vi har kring 10 medlemar. Fleire av medlemene har budd i Solund i mange tiår og har følgt med på fuglelivet der i ei årrekke. Vi har tidlegare gjennomført arbeid på kongeørn for fylkesmannen og i 1995 vart det av ein av medlemene gjort eit arbeid med å finne og oppdatere hekkeplassar for hubro, registrert av Fredrik Willgoths på 50-, 60- og 70 talet.

Vi legg ikkje skjul på at vi er sterkt i mot vindkraft langs heile kysten. Kysten er motorvegen for trekkande fugl kvar haust og vår. Kunnskap om korleis vindkraftanlegg langs kysten vil påverke trekkrutene og dei ulike bestandane er langt frå god nok.

Det er likevel heilt klart at effekten av ei utbygging i tråd med målsetjinga i framlegget med tilhøyrande kraftleidningar i regionen, vil medføre store konsekvensar for bestanden av enkelte fuglearistar regionalt og nasjonalt.

Dei samla konsekvensane i framlegget ser vi som så usikre, men samtidige så kritiske, at dei burde inngått i konsekvensutgreiinga.

I framlegget saknar vi også ei vurdering av dei samla miljøfaglege verdiene i regionen opp mot nasjonale miljømål og internasjonale forpliktingar.

Det vert i framlegget etterlyst ei kartlegging av fugletrekka langs heile kysten frå sentralt hald. Det er eit prisverdig ønske og viser at ein pr. i dag ikkje har god nok oversikt over konsekvensane og at difor vedtaksgrunnlaget er for dårleg.

Solund kommune – geologi, landskap og biologisk mangfald

Store delar av Solund kommune vert vurdert lite konfliktfylt i eit vindkraftperspektiv. Interessene som kjem fram er med få unnatak av regional interesse, står det skrive. Vi set store spørsmålsteikn ved denne vurderinga. Solund er eit særskilt øyrike av devonsk konglomerat. Dette i seg sjølv er spesielt i nasjonal samanheng. Landskapet er i tillegg særdeles kupert og oppreve, ein finn ikkje make i Noreg. Truleg finn ein heller ikkje make utanom Noreg sine grenser.

Det kuperte landskapet har dalar, skar, fjordar og sund – alle i retning sør – nord. Mellom desse går høgdedrag og bratte fjell som ofte endar i loddrette veggjar mot nord og vest. Dette er landskap det er svært krevjande å føre fram vegar i. Kvar meter må skytast og planerast og skjeringane vil bli svært høge. Det er lite vegetasjon og lausmassar, så tilbakeføring av landskapet er praktisk umogleg. Det er totalt irreversible inngrep vi talar om.

Turistar som kjem til Solund let seg fascinere, nettopp av landskapet. Mantraet er at dei aldri har sett noko liknande, og det har dei heller ikkje.

Når det gjeld biologisk mangfald står det å lese i framlegget:

"Med unntak av enkeltområde lengst nord i fylket, har Solund dei tettaste førekomenstane av hekkande, kollisjonsutsette raudlistefuglar i Sogn og Fjordane. Dette gjeld særleg i midtre og vestlege delar av området, men dels også inn i Liffjorden. Prioriterte naturtypar er ikkje godt kartlagde i høgareliggende område, men generelt finst det viktige skogområde aust i Solund og kystlynghei og naturbeitemark lenger vest. Desse ligg stort sett ut mot kysten."

Det faktum at Solund har tettast førekomst av kollisjonsutsette raudlisteartar i fylket er etter vår mening ikkje tillagt tilstrekkeleg vekt i framlegget. Det går ikkje fram av kartet som viser konfliktpotensialet i kommunen. Vi veit i tillegg at ei rekke artar av sjøfugl har gått dramatisk attende i fylket vårt, så også i Solund.

Utbygging av vindkraftverk vil svært sannsynleg bli tunga på vektskåla for fleire artar i kommunen:

- Hubro er ein art som er nært knytt til sjøfuglkoloniane og har tradisjonelt hatt ein god bestand i Solund. Den er no nesten borte. Sidan -90 talet er det ikkje registrert hekkande hubro i kommunen, men den vert sporadisk registrert ropande.
- Solund har hekkande ca. 20 par havørn, 1 par kongeørn og fleire par med vandrefalk.
- Dvergfalk og smålom er karakterartar her ute med mange hekkande par. Tårfalk hekkar også regelmessig.
- Det er i dag ein svært god bestand av gråspett i Solund. Dette er ein raudlisteart og det vert hevda at dette er ein art som er lite utsett for kollisjon med kraftliner og anna. Våren 2010 gjorde vi eit funn av 1 stk. avliden gråspett etter kollisjon med ein 22 kV line her ute i Solund.
- Vi har gode bestandar av stare, bergirisk og steinskvett i Solund, artar som også er oppført i som raudlisteartar.

Konfliktpotensiale – irreversible interesser.

I framlegget står det å lese:

"I vår vurdering av konfliktpotensial ser vi på kva som er registrert av nasjonale og regionale verdiar (som kan verte påverka av vindkraftutbygging) knytt til fagtema Landskap, Kulturmiljø og -miljø, Inngrepsfrie naturområde (INON), Friluftsliv, Biologisk mangfold og Landbruk. Måten ulike interesser vert påverka av vindkraftutbygging vil variere. Nokre effektar av vindkraftstanlegg kan vere irreversible medan andre effektar kan opphøyre den dagen anlegget eventuelt vert fjerna.

Dersom det hadde vore stort konfliktpotensial knytt til det meste av planområdet, kunne det vore aktuelt å tillegge dei interessene som blir irreversibelt påverka større vekt enn dei andre. Det er vanskeleg å definere kva interesser som vert irreversibelt påverka, og det hadde følgjeleg ikkje vore beinkløyvd å gjennomføre ei slik avveging."

Dette er etter vår mening ikkje godt nok. Fordi det her vert lagt opp til irreversible inngrep, er utgreiing av nytteverdi i høve til tap av andre verdiar essensielt å vurdere. I framlegget er det ikkje sett ei pris på dei verdiane som vil bli borte ved ei eventuell utbygging. Det er rett nok gjort ei vurdering av konfliktpotensial i høve til visse faktorar, men ei fullstendig kostnad/nyttevurdering med perspektiv på at inngrepa vert irreversible er ikkje gjort.

I fylkeskommunen sine eigne retningsliner punkt 5 kan vi lese;

"Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.)."


Vi vil hevde at planane som ligg føre i Ytre Solund harmonerer därleg med dette punktet, både med omsyn til trond for vegbygging og behov for nye liner på tvers av heile Solund og inn til fastlandet.

Oppsummert; Vår høyringsutale har peikt på mangelfull konsekvensutgreiing, særleg med omsyn til trekkruter som ikkje er kartlagt. Dette er kritisk i høve det å gje eit fagleg forsvarleg grunnlag for vedtak i saka. Likevel vil vi, på basis av vårt mangeårige systematiske arbeidet med fugleværn i Solund, klart hevde at vindkraftutbygging vil få alvorlege konsekvensar for allereie truga fuglearistar i Solund spesielt og for vestlandskysten generelt. Sett i lys av Solund sitt særmerka landskap, vil vi på det sterkeste rå i frå vindkraftutbygging i kommunen. Inngrepa vil vere irreversible for både landskap og artsmangfold.

Hardbakke den 25.09- 2010


Med helsing

Norsk Ornitologisk Forening
Solund lokallag, foreining for fugleværn

V/leiar Nils Chr. Bjørge


Kopi til: Solund kommune
Norsk Ornitologisk Forening

Fråsegn til Regional plan for vindkraft



Vi ser Eitrenipa og Øvre Fosseidalen i tidleg sommarsol.

Vindkraftplanen inneholder mange paradoks. Sitat *"Regional plan for vindkraft vert å leggje til grunn for fylkeskommunal verksemnd og er retningsgjevande både for kommunal og statleg planlegging og verksemnd i fylket. Planen vil vere eit viktig grunnlag for NVE si handsaming av enkeltprosjekt"*.

Samtidig seier planen at dei fleste lokalitetane er ufullstendig kartlagde. Etter å ha studerte planen nærmere tykkjест det som om fagfolk ikkje har vitja somme av dei nemnde fjellområda i det heile teke. Dette vil med andre ord seie at skulle planen bli godteken slik den no ligg føre, er det på sviktande grunnlag. Ja, nærmast i form av synsing i politisk ånd.

Når ein i tillegg ser at mykje av konfliktpotensialet knytt til dei ulike fagtema er sett til lågt, når områda er mangelfullt undersøkte eller ikkje undersøkte i det heile, er planen misvisande. Og som retningsgjevande middel for vidare vindkraftsatsing, er dette altfor därleg!

LITEN TILLIT

Prosessen rundt "Regional plan for vindkraft", har skapt manglende tillit til dette arbeidet. Planen som no ligg ute til høyring vart først handsama i Fylkesutvalet 09.03.2010, lagd fram av ei breitt samansett prosjektgruppa, og utsett. Deretter vart den handsama i Fylkesutvalet 28.04.10. I møtet 28.04.2010 vart det gjort omfattande endringar i konfliktvurderingane. Fylkesutvalet tok i stor grad omsyn til Vindkraftforum Sogn og Fjordane sitt innspel i brev av 25.04.2010. Mange område vart på dette grunnlag klassifiserte ned til å ha **mindre konfliktpotensiale enn kva faglege råd tilsa**. Dette er kritikkverdig.

Det smakar i tillegg særslig dårlig at fleire av fylkespolitikarane som har handsama "Regional plan for vindkraft" har dobbeltroller i Vindkraftforum og i energiselskap.

NY RAUDLISTE

I kontakt med NOF (Norsk Ornitologisk Foreining) får ein opplyst av det vil føreligge ny raudliste for fugl hausten 2010. Den eksisterande lista frå 2006 er pr i dag ikkje utfyllande. Fleire artar som ikkje Vindkraftplanen tek omsyn til, vil kome til på den nye lista som utsette eller truga. Difor bør godkjenninga av planen utsetjast til etter at den nye raudlista kjem til i haust.

ASKVOLL

Våtmark/ferskvatn/fjell er spesielt lite undersøkte i kommunen. Når det gjeld hekkelokalitetar for kollisjonsutsette raudlistefugl seier Vindkraftplanen: *"Det er relativt mange hekkeplassar for kollisjonsutsette raudlista fugleartar, særleg i vest, men også i fjellet heilt i aust"*. Likevel er fjella Moldura, Hekkelfjellet, Indrevågefjellet, Portafjellet, Gjelsvikefjellet og Eitrenipa klassifiserte til å ha lite konfliktpotensiale til dette. Det verkar besynderleg. Og i utgangspunktet sjølv sagt for lågt rangert. Når ein så kan gå ut i frå at den nye raudlista inneheld fleire nye fugleartar enn den gamle, blir dette ekstra gale.

Som lokalkjend i fjellheimen i Askvoll og medlem av NOF i mange år, har eg fått utarbeidd eiga artsliste for fugl i kommunen. Lista er å finne på <http://home.no/nofsf/index.htm> og kommunevises artslister (lista er ikkje uttømmande). Dei siste åra er òg observasjonar lagt inn på <http://artsobservasjoner.no/fugler/>.

BIOLOGISK MANGFALD

Miljøfaglig Utredning A/S har i grove trekk kartlagt det biologiske mangfaldet i kommunen etter synfaringar i 2003. Men med avgrensa midlar er det ikkje gjennomført ei systematisk kartlegging av naturtypar eller område. Når det gjeld rangering av ulike funn, er desse gjennomgåande sett på som **lokalt viktige/viktige og veldig mange særsviktige**. Rapporten konkluderer med at det er enkelt å finne viktige lokalitetar for biologisk mangfald, og at det er store naturverdiar knytt til kulturlandskap, skog og rasmak/berg. M.a. bør ein systematiske kartlegge kystblåstjerne, karplanter, sopp, rik edellauvskog, lind, alm, gammal lauvskog, lavlandsmyrar og rikmyrar etc. etc *"Nye kartleggingar bør derfor prioriteres hoyt. Inntil slike er foretatt, bør kommunen være varsom med å tillate potensielt skadelige naturinngrep uten forutgående kartlegginger"*.

Elles er det å påpeike at rapporten til Miljøfaglig Utredning i 2004 ikkje omhandlar fugl eller karplanter i det heile teke.


GEOLOGI

Som vi veit er berggrunnsgeologien i Askvoll kommune landskjend og veldig variert. Mellom Stongfjorden og Dalsfjorden finn ein grunnfjellsbergartar. Og vi har Håsteins- og Kvamshestens devonfelt som er ei veksling av fossilførande konglomerat og sandstein. Mellom Gjelsvika og Løvika finn vi dei eldste bergartane som eklogitt og amfibolitt intrudert i granitt. Vi har grønstein og grønskifer, og kalkstein m.a på Brurastakken. Det alpine fjellandskapet går fleire stadar heilt frå høgfjellet til fjorden.

LOKALITETAR I VINDKRAFTPLANEN

MOLDURA/HEKKELFJELLET

kan sjåast på som ein lokalitet. Moldura med sine 837 moh er det høgste fjellet på Askvollhalvøya vest om Eitrenipa.



Utsikt frå Moldura til Lutelandet, Askvoll, Atløyripa og Alden. Foto 26/09-10.



Utsikt frå Moldura mot Alden, Tvibyrgje, Heggøy, Smelvær og Staveneset. Nyksvatna t.h. 26/9-10

Moldura er truleg det fjellområdet i kommunen som har størst populasjon av fjellrype og lirype. Her er også stadbunden orrfugl i bjørkebeltet både på sør- og nordsida. På nord- og vestsida er det faste

hekkeplassar for heilo. Steinskvett finn du sporadisk i heile lokaliteten. Likeeins rovfuglar som fjellvåk, dvergfalk, tåmfalk og kongeørn. Her er òg observert grønstilk og raudstilk på nordsida i Fanafjell-området. Alle desse observasjonane er loggført på artsobservasjoner.

1 orrhane, eit tjuetals fjellryper, 1 raudstilk, 4 snøsporvar, 1 kongeørn og mange heipiplerker, vart observert seinast 26/9-10. Det kan òg nemnast at i same lokalitet vart det observert "ein sverm" med alaskasnipe på trekk hausten for to år sidan (trueleg frå Øst-Sibir). Mange andre fugleartar trekker òg gjennom området frå aust til kysten, artar som sniper, spover, ender, lom og gjess. Desse fugletypane er veldig utsette for kollisjonar med vindturbinar og (nye) kraftleidningar. Smålomen overvintrar på kysten og "sjekkar" ofte snø- og isforholda lenger aust med overflygingar om våren. Her er dessutan aukande populasjonar av havørn som òg er sær utsette for kollisjonar med turbinar og kraftleidningar jmfr. Smøla og fugletap. Sjølv om arten er teken ut av raudlista, har ein eit internasjonalt ansvar for å ta vare på havørna.


Etter underteikna sitt syn er det difor feil å klassifisere nemnde lokalitet som **lite utsett** for kollisjonar med raudlista fugleartar og annan fugl. Det er faktisk i heilt andre enden av skalaen....

LANDBRUK


Når det gjeld landbruk er Moldura/Hekkelfjellet igjen rangert til å ha lite konfliktpotensiale. Etter kva ein kjenner til er det (minst) 4 besetningar med sau gåande her, der 2 er frå Stongfjorden-sida. På sørsida er det utmarksbeite for storfe på Hålandstølen og Vikastølen. Om ein reknar hjortejakta inn under landbruk blir denne sjølvsagt også påvirka av ei eventuell utbygging der viltet finn nye trekkuter og store område blir bandlagde for jakt og ferdsel.

I Svelia rett aust for Hekkelfjellet er det stort, inngjerda utmarksbeite for vèr og storfe for heile kommunen og nabokommunen Fjaler. Besetningane her vil bli sterkt uroa av sprengningar, helikoptertrafikk o.a ved etablering av industriområde for vindkraft i nærleiken.

Igjen er konfliktpotensialet for lokaliteten sett altfor lågt.



Sauensking ved Moldura 26/09-10. Blåfellsåta i Holmedal i bakgrunnen



Sauesanking ved Moldura 26/9-10


FRILUFTSLIV

Felles for alle fjella som er tekne med i Vindkraftplanen i Askvoll, er at dei inngår som postar i den årlege fjelltrimmen. Fjella har truleg eit par tusen registrerte namn kvar sesong. Postane blir rullert kvart år, og same fjella kjem igjen i 7-årsbolkar.

For Moldura sin del går det merka sti frå vassverket i Holmedal, forbi austsida av Nyksvatnet og opp sørvestsida. Det er òg sti frå Hålandsstølen og opp same vegen. I tillegg er det sti opp frå Størdal, frå Stafsnes og aust i frå Hekkelfjellområdet. Desse stiane er mykje nytta, både for tilkomst til småviltjakt, bærplukking og anna friluftsliv. Siklabergvatna og Langevatnet er gode fiskevætn.

Det går i tillegg merka DNT-rute frå Stongfjorden, opp Gjerdedalen og austover. Denne passerer kanten på Hekkelfjellet på nordsida. Moldura er ofte nytta som turmål av Indre Sunnfjord Turlag.

At Moldura/Hekkelfjellet er plassert under lite konfliktpotensiale knytt til friluftsliv er ei gåte!



Utsikt mot Moldura/Fanafjellet frå ruta forbi Hekkelfjellet

KULTURMINNE

Sitat frå planen: *"Det må elles påpeikast at det ikkje er gjennomført noko systematisk registrering av kulturminne. Det samanhengande fjellområda har potensiale for aktivitetsstader og buplassar frå steinalder i tillegg til spor av utmarksressursar"*. Likevel har planen, som skal vere retningsgjevande, plassert Moldura/Hekkelfjellet som å ha lite konfliktpotensiale ikring temaet.

Som vi veit er Hålandsstolen på sørsida av Moldura og vestsida av Hekkelfjellet teken inn under Verneplan for bygg i høgste vernekasse (A).

LANDSKAP/INON

Lokaliteten er plassert i middels kategori under begge kriteria. Dette tykkjest òg for lågt. Det er få inngrepssfrie område igjen på Askvoll-halvøya. Området ved Moldura/Hekkelfjellet er eitt av dei siste. Eit industriområde her vil utarme heile kommunen.

I landskapsmessig samanheng er det klårt at vindturbinar vil ha enorme konsekvensar reint estetisk. Dei vil få ei svær influensona. Moldura er sær synbar frå alle himmelretningane pga høgda i forhold til nærliggjande toppar. Det er god innsikt hit frå skipsleia. I tillegg ser du fjellet frå Holmedal og Askvoll. Turbinane vil dessutan bli synbare frå Stongfjorden-sida i nord. Under visse vilkår vil ein òg få refleksblink og skuggekasteffektar frå turbinane på nordsida av fjorden på Yndestad og vestover mot Mjåset.



Utsyn frå oppstigninga til Moldura frå Størdalen. Stavenesodden og Mjåset i bakgrunnen.


BIOLOGISK MANGFALD

Heller ikkje under dette temaet blir fjella i området sett til gode. Igjen klassifisert til å ha lite konfliktpotensiale. Men korleis ein kan kome til denne konklusjonen når det ikkje er føreteke dokumenterte undersøkingar av godkjent personell, spesielt i fjella, kan ein berre lure på.

Frå oppstigninga på DNT-løypa gjennom Gjerdedalen i Stongfjorden til nemnde område, er det mykje gamalskog med urskogpreg. I ospeskogen her er det registrert den raudlista kvitryggspetten i tillegg til mykje spanande mose, lav og sopp. Gjerdedalen er rik på kantarellar og steinsopp og mange plukkar sopp her. Det vil undre ein mykje om det ikkje kan registrerast fleire raudlista artar her.

SAMLA

Akkumulert sett kjem Moldura/Hekkelfjellet ut med **lite konfliktpotensiale** i "Regional plan for Vindkraft". For oss som kjenner området, er dette ikkje berre misvisande, det er ei direkte hån mot dette fantastiske fjellområdet.



Utsyn frå Siklabergvatna ved Hekkelfjellet til Moldura.

TOREHEIA

Fjellet på 713 moh er det høgste på nordsida av Stongfjorden, og grensar til Førdefjorden/Stavfjorden i nord, og til Stavenesodden i vest. Busetnaden på Stavestranda ligg nord om fjellet. Som tabell 3.4.2 seier, ligg Toreheia innanfor eit INON-område som strekkjer seg frå fjord til fjell. Det har som einaste område i kommunen, utanom Atløy, fått klassifisert konfliktnivået til stort innanfor dette temaet. Nyleg fekk ein grunneigar avslag frå Fylkesmannen om å sette opp jakthytte på vestsida ved Krikavatnet pga av nemnde årsak.

FUGL

I forhold til dette temaet er det å legge merke til at avstanden til Moldura/Hekkelfjellet er kort i luftavstand. Det er difor truleg at fleire av rovfuglartane på sørsida av Stongfjorden også jaktar i Toreheia-traktene og omvendt. Det same må kunne seiast om områda i aust rundt Indrevågefjellet/Gjelsvikfjellet og til søraust ved Portafjellet. Det nye her er at kongeorn er observert fleire gonger.

I tillegg til observasjonar av dei same artane som nemnt under Moldura/Hekkelfjellet, kan ein slå fast at heilo hekkar over store område mot vest til Blåfjellet/Skylefjellet og til Toreheia og aust til Ytrevågefjellet. Ved sjølvsyn var det sett ein stor flokk snøsporv (sjeldan på våre traktar) i våren 2010. Desse er registrert på artsobservasjonar.no. Truleg trekker dessutan store mengder kollisjonsutsett fugl over fjella her frå aust.

Toreheia har fått middels konfliktpotensiale når det gjeld hekkelokalitetar for kollisjonsutsett raudlistefugl. Det burde vere stort.



Snøsporv på Toreheia våren 2010

LANDSKAP

Det er sjølvsagt stort influensområde ikring Toreheia sidan det er høgste fjellet på halvøya. Området er særskilt utsatt i alle himmelretningene. Og frå toppen ser du til Florø, Nordfjord, Ålfoten, inn Førdefjorden, fjella i aust og sør. Vindturbinar vil såleis vere synlege frå lange avstandar i same kva retning vi snakkar om. Det vil totalt bryte med det opne og relativt slake topartiet her.

Svanøy som ligg i Førdefjorden rett nord om fjellet vil truleg oppleve både refleksblink, skyggekast og mekanisk- og pulserande støy frå vindturbinane. Det same på Stavestranda. Ny infrastruktur som vegar og kraftlinjer vil sjølvsagt også redusere dette unike kystlandskapet totalt i verdi. Området grensar dessutan opp til Staveneset med alle sine kulturminner.

FRILUFTSLIV

Toreheia var post på fjelltrimmen 2009/10. Posten har i dette tidsrommet vore besøkt i eit antal på fleire hundre. Det er gode og merka stiar frå Yndestad/Krikavatnet og opp. Og frå austsida på Osland. INON-området er dessutan nytta heile året rundt, også til skiuftfart. Igjen seier Vindkraftplanen at det er lite konfliktpotensiale til friluftslivet. Dette er nok ein gong positivt feil, og for lite vektlagt.

Toreheia og området ikring er det viktigaste utfartsområdet for folk i Stongfjorden, og elles turistar, hytteeigarar og andre, både i og utanfor kommunen. Det kan òg nemnast at DNT har hatt årlege turar til denne toppen frå Grimelia i vest til Osland i aust (eller omvendt).



På skitur til Toreheia vinteren 2010. Foto rett vest for toppen. Vi ser mot Alden og Stavenesodden.

SAMLA

Toreheia kjem ut med karakteren middels konfliktpotensiale og får same score som Atløy (18). Etter alle sole merker burde dette vore oppjustert til (særs)stort. For ordens skull kjem Steinheia ut med **scoren 14 og stort konfliktpotensiale...!**?


INDREVÅGEFJELLET/PORTAFJELLET

Desse to fjella eller fjellpartia ligg kloss opp i ein annan, berre skilde av det djupe dalsøkket, Norddalens som går aust/vest frå Skjerlia. Fjella er dei høgste rett aust for Stongfjorden.

LANDSKAP/INON

Vindturbinar vil ikkje berre vere synlege frå bygda, men òg frå FV609. Og sjølvsagt frå andre toppar i aust. Også DNT-hytta Nipebu, og merka stiar omkring området, vil ha influenssone til ei utbygging på Portafjellet. Begge fjellpartia ligg innanfor ei samanhangande bot av INON område i Askvoll. Fjella ligg langt frå eksisterande infrastruktur som vegar og kraftlinjer. Utbyggingar her vil difor skjere langt inn i urørt natur. Det er dessutan bratt opp frå alle retningar til desse fjella. Vegar og kraftliner vil skjemme totalt.

I denne samanheng bør konfliktnivået aukast opp frå middels til stort.



Utsikt frå Indrevågefjellet til Portafjellet (N&S)

KULTURMINNE

Som før er konfliktpotensialet til kulturminne automatisk sett til lite, sjølv om området ikkje er undersøkt av fagfolk. Eit slikt utgangspunkt blir feil. I Porten er det restar av gamle steinmurar.

LANDBRUK

Konfliktpotensialet til landbruk er òg sett til lite. Det er relativt store besetningar av sau og geit i dette området. Spesielt på vestsida av Indrevågefjellet mot Osland. På austsida mot Skjerlia er det store besetningar av geit. Området ved Indrevågefjellet grensar òg mot Flokeneset og busetnaden her. I Svelia, ikkje langt frå Portafjellet, er det inngjerda store beiteområde for vèr og storfe, som kan bli påverka av støy og sprengningar (sjå punkt Moldura/Hekkelfjellet).

FRILUFTSLIV

Indrevågefjellet, Middagsnipa (nabofjellet) og Stordalsfjellet (nabofjellet til Portafjellet) inngår i fjellrimmen. Området og fleire av fjella her, er difor hyppig nytta som turmål. Til Indrevågefjellet og Middagsnipa går det merka sti frå FV609 og Osland. Det går òg merka sti aust frå Skjerlia. Til Portafjellet og Stordalsfjellet går det merka sti frå Oslandsbotnen til Botnastølen og opp austover. Denne ruta er òg fin å nytte som tilkomst til DNT-hytta Nipebu, sjølv om stien ikkje er DNT-merka. Det går òg sti vidare austover til Stordalen og Stordalsvatnet. Og som vi ser er heile dette ubrotne INON-område unikt i sin samanheng. **Indrevågefjellet og Portafjellet ligg såleis innanfor Fylkesdelplan for regionalt viktig friluftsområde.**

Området rett vest for Portafjellet er mykje nytta til bærplukking. Spesielt dalen ned mot Botnastølen. Skuleklassar og barnehagen i Stongfjorden nytta dessutan stølen her rett vest for Portafjellet til ekskursjonar, og vatnet til fisking. Konfliktpotensialet for friluftsliv er difor stort.



Utsikt vestover fra Portafjellet. Vi ser Skålefjellet, Stavenesodden, Stongfjorden og Toreheia t.h.



Portafjellet fra oppstigninga til Vardeheia. Portavatnet t.h. og vidare mot Nipebu. Stien går opp Portaskaret t.v og i framkant på fjellet og sør aust- over.

BIOLOGISK MANGFALD

I planen er konfliktpotensialet sett til lite, sjølv om det ikke er undersøkt. Området er rikt på lirype og fjellrype. Rett nok litt varierende fra år til år. Denne er kollisjonsutsatt for vindturbinar og kraftleidningar. I liene er det orrfugl. Denne er stadbunden, og sær utsett for kollisjonar med vindturbinar. Her er hekkande heilo, og det er observert hekkande snøsporv. Også hekkande raudstik er å finne. I tillegg er det fleire par hekkande steinskvett, som truleg kjem på den nye raudlista i haust.

Ved Botnastølen er det strandsnipe og fossekall. Begge i sterk tilbakegang, og også truleg på den nye raudlista som kjem i haust. Som før nemnt under punkt Toreheia er det rovfugl som nyttar alle nærliggjande fjell til næringssøk, så også her. Industriområda har dessutan negativ effekt på næringssdyr til rovfugl. Tårfalken hekkar ved Portafjellet. I Flokenesmarka rett nord om var det tidleg vår 2009 hørt hubro frå lyttepost i regi av NOF.


Indrevågefjellet/Portafjellet og området her er dessutan trekkområde for fleire par hekkande smålom ved Nipebu-/Stordalstraktene. Fuglane trekker som før nemnt til kysten om hausten saman med andre vadefuglar. Desse er særskilt kollisjonsutsatte for vindturbinar og nye kraftleidningar. Konfliktpotensialet på Indrevågefjellet/Portafjellet når det gjeld biologisk mangfald er difor sett for lågt.

SAMLA

Desse fjella har fått scoren 12 og **middels potensiale** for konfliktar med omgjevnadane. Det er for lågt. Det skulle vore stort.

EITRENIPA

Fjellet er det det høgste på Askvollhalvøya med sine 856 moh. Det har ei karakteristisk form, og er lett gjenkjenneleg frå alle himmelretningane. Du ser fjellet fint heilt nord frå Florøtraktene. Og frå Dalsfjord-sida. Etter underteikna sitt syn har dette fjellet totalt sett den beste utsikta over Askvollhalvøya.



Eitrenipa sett frå utløpet av Leknesvatna

Av ein eller annan grunn har Indrevågefjellet, Portafjellet og Eitrenipa fått akkurat same klassifiseringa på alle analyseområda, og like låg score. Dette virkar snodig. Eller kanskje er det ein viss porsjon synsing med i biletet...!?

LANDSKAP/INON

Som sagt vil ei utbyggjing av vindturbinar på Eitrenipa ha eit enormt stort influensområde. Turbinane vil vere synlege både frå Førdefjordsida og heilt til Florø. Samtidig har Dalsfjordsida og Dale òg innsyn til Eitrenipa. Også frå Blegja/Synste Stauren/Blåegga i aust vil vindturbinar prege utsikta vestover mot horisonten og havet. Og sjølvsagt også frå fjella i vest, som alle har innsyn til Eitrenipa. Fjellet er også synleg frå FV609.

Eitrenipa ligg djupt inne i INON-landskap med lange avstandar til infrastruktur som kraftleidningar og veg. Ei eventuell utbyggjing vil skape djupe spor og sår i landskapet. Ikkje minst pga høgda fjellet ligg over havet.

I landskapssamanheng vil dette difor ha stort potensiale for konflikt.



Frå Blegja ser vi Eitrenipa midt i bildet, i tillegg til fleire av dei andre analysetoppene i vest

KULTURMINNE

Som med dei andre fjella er dette heller ikkje undersøkt , og har fått karakteren lite konfliktfylt.

Som vi veit ligg dei gamle grunnane og steinmurane igjen på Leknesstølane rett under Eitrenipa. Desse har stort potensiale for å bli tekne hand om på ein god måte. Og er eit flott minne om tidlegare stølsdrift.


Ved det nærliggjande Krokavatnet vart det i si tid funne ei gammal steinøks under ein stor hellar som det var sagt stamma frå steinalderen. Det seiest at det har budd folk her i uminnelege tider. Influenssona til Eitrenipa omfattar dette området òg.

Stien som går sør/nord vest om Eitrenipa, var i eldre tider den mest nytta ferdavegen frå Dalsfjorden til Førdefjord- sida då den låg lågast i lendetsør/nord. Den har òg kortast avstand til folket mellom fjordane. Her ligg m.a. fleire store steinhellarar som var nytta til oppbevaringsstad av utmarkshøy om vinteren for folket i Øvre Fosseidalen, og bruket på Krokvassstølen.

Desse stølane er i dag godt ivaretakne. Kva kulturminne som elles er knytt til desse brukta og utmarka bør undersøkjast. Konfliktpotensialet for kulturminne er difor **svært stort og ikkje lite...**

LANDBRUK

Det går (minst) 2 besetningar med sau ved Eitrenipa. Den eine heimehøyrande på Laukeland ved Dalsfjorden, og den andre er frå Kvammen ved Førdefjorden. Gjelsvikestølen og Selvikestølen i nord ligg òg i influenssona. Her går det òg sau. Stølane er mykje nytta i høve friluftsliv, hjortejakt, bærplukking, fiske etc.



Soloppgang ved Eitrenipa. Vi ser Svanøy, Kinn, Reksta, Skorpa og Storebatalden

FRILUFTSLIV

Ein vil påpeike at Eitrenipa er eit sær populært fjell for turgåing m.a. for si flotte utsikt. Fjellet er også nytta som post på fjelltrimmen. Det går merka sti frå Markavatnet langs nordsida av Leknesvatna og opp skaret på nordvest-sida. I tillegg går den merka DNT-ruta frå Nipebu til Massbu opp Eitreskaret rett på sørsida av fjellet. Frå denne går òg den merka avstikkaren opp skaret på sørsida . Dette er òg stien som folk frå Dalsfjord-sida nytta. Frå toppen av Eitreskaret, rett aust for toppen, går den vardemerka vegen vidare austover Blåegga til Bleja. Området er fantastisk i tursamanheng og ligg innanfor Fylkesdelsplanen for viktige friluftsområde!


Ein vil dessutan påpeike at Leknesvatna, Krokkvatnet, Tobbedalsvatnet, som ligg kloss opp i Eitrenipa, er gode fiskevatn og blir nytta i friluft samanheng. Eitrenipa burde difor vore flytta opp på **stort konfliktpotensiale** vedr. Friluftsliv.

BIOLOGISK MANGFALD

Som med 6 av dei 9 andre analyseområda er Eitrenipa sett opp til å ha lite konfliktpotensiale når det gjeld biologisk mangfold, trass i manglende undersøkingar.

Leknesvatna har årlege innslag av smålom. For eit par år sidan hekka her storlom (det er ikkje stadfesta hekking i fjar eller i år). Begge raudlista på den gamle lista. Elles samsvarar fuglelivet mykje med kva ein finn litt lenger vest. Og kollisjonsfaren med turbinar og nye kreftleidningar er stor, også når det kjem til trekkande vadefuglar o.a.

Elles er her bra innslag med stadbunden hare på og ved Eitrenipa. Det sørvende Eitreskaret med sine fjelloverheng, har potensiale for mange spanande artar pga av si gode solinnstrøyming og vatn frå fjellet.



Vi ser frå Eitrenipa, Fossedalshengenipa i midten fremst og i horisonten mot høgre: Dokka, Moldura, Skålefjellet, og Toreheia I framkant Krokavatnet og i midten bak Langevatnet ved Nipebu. Stordalen og Portaffjellet/Indrevågefjellet mot høgre.

SAMLA

Frå middels score på 12 burde Eitrenipa ha vore flytta opp på ei ganske anna vurdering.
Konfliktpotensialet bør minst vere stort.


GENERELT

INON

8 av 9 analyseområde i Askvoll ligg innanfor INON-område. Det er eit nasjonalt mål å sikre at dei attverande naturområda med urørt preg blir tekne vare på. I følgje ”Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg”, er det **svært stort** konfliktpotensiale knytt til etablering av vindkraftanlegg i:

- INON-områder som går ubrote frå fjord til fjell
- INON-områder i regionar som har svært lite igjen av slike

Som vi ser av Direktoratet for naturforvaltning sine INON-kart minkar desse områda med stor fart i fylket og i Askvoll. Det er særskilt viktig at desse restane blir tekne vare på. Spesielt når områda er kombinert med andre viktige miljøkvalitetar som t.d. biologisk mangfald og friluftsliv.



Haustmotiv ved Krikavatnet rett vest av Toreheia.

NY INFRASTRUKTUR

Ein direkte konsekvens av ovannemnde, er at ved ei eventuell etablering av industriområde for vindkraft i kommunen, må det byggjast ut nye tilkomstvegar, tilslutningsnett og kraftoverføringsnett.

Tregrensa er som vi veit særskilt låg ved kysten, og det meste av ny infrastruktur vil måtte gå i urørt landskap over tregrensa og mykje i alpinprega fjellandskap. Dette vil skape irreversible inngrep og djupe sår i naturen.

Det er også å nemne at analyseområda er dei høgaste toppane i kommunen, frå 663 – 856 moh. Den visuelle dominanssona vil såleis bli svært stor ved ei utbygging.

RISIKI

Alle analyseområda i Askvoll ligg innanfor sona på 35 km til flyplassane i Florø og Førde. Det er **svært stort** konfliktpotensiale knytt til vindkraftanlegg som ligg :

- i nærleiken av flyplassar, spesielt i nærleiken av dei større flyplassane, der vindkraftutbygging inneber ein risiko for flytryggleiken
- der vindkraftutbygging vil påvirke radaranlegg
- der vindkraftutbygging vil påvirke navigasjonsanlegg
- der vindkraftutbygging vil påvirke kommunikasjonsanlegg

Det er dessutan forbunde med fare å opphalde seg/gå tur i industriområde for vindturbinar m.a. på grunn av mogeleg iskast.

UREINING

Anleggsarbeid med sprengingar, masseforflytting, massedeponering og etablering av vegar og interne vegar kan forureine brønner med knust fjell, stein, sand, humus og finmateriale av betong. Fundamentering kan dessutan punktere aurheller og påverke grunnvatnet. (Botnastølsvatnet i samanheng med Stongstølsvatnet er drikkevasskjelde i Stongfjorden. I tillegg er her mange private brønner). Nitrogentilførsel pga av sprengingar kan dessutan bli ført med nedstrøms elvar, i tillegg til skadelegegifter som injeksjonskjemikaliar og betongherdarar. Avløp frå sanitæranlegg og sør av drivstoff og olje påverkar miljøet og kan også skade vasskjelder.

ARBEIDSPLASSAR

Det er få arbeidsplassar på slike vindkraftanlegg etter anleggsperioden. Turbinane er nærmest vedlikehaldsfrie i si levetid på ca 20 år. Styring og overvaking av produksjon og drift er integrert i sentrale driftssentralar. Kompetansen på vindkraftutbyggingar er ikkje lokalt forankra.

INNSYN

Ein kan nemne at alle dei undersøkte lokalitetane i Askvoll har visuelt innsyn til kvarandre. Også til det politisk vedtekne industriområdet for vindturbinar på Lutelandet. Den visuelle dominansona til turbinane vil dessutan gjelde frå skipsleia.

TURISME

Det er fleire utleigehytter i områda, i tillegg til sjøveigar hytter. Spesielt hjortejakta har dei seinare åra initiert utkome og auka aktivitet i bygdelaga. Bandlegging av areal og bygging av ny infrastruktur i hove industriområda, vil påverke jakt og ferdsel i negativ lei. Hjorten finn seg også nye trekkuter ved ei eventuell utbyggjing. Lyssetting av turbinane pga innflygingskorridor til flyplassar, vil også virke inn på dyreliv/hjortejakt/estetikk. Det er dessutan utstrekkt bruk av fjellområda i turistsamanheng. Framtidig satsing på turisme bør oppmuntrast og vektleggast i staden for å bandlegge areal og øyde natur ved vindkraft.

FUGLELIV

- Vindturbinar er rekna til å ha eit influensområde på 2 kilometer for stadbundne rovfuglar.
- Amerikanske styresmakter har føreslege ei buffersone opp mot 4,8 kilometer for bygningar og konstruksjonar rundt hekkande rovfuglartar.
- Nye kraftleidningar – nye dødsårsaker
- Rovfugl sensitive for støy i hekketida
- Habitatforringelse/arealtap
- Negativ påverknad på byttedyr
- Ungfugl spesielt utsatt for kollisjonar med turbinar/kraftleidningar
- Områda er trekk-korridorar for tusental av fugl på trekk

- Jmfr. Bernkonvensjonen liste 1 og 2 og Bonnkonvensjonen om trekkande artar og enkeltbestandar av fugl.

DIVERSE

Ein er elles oppteken av negative konsekvensar av industriområde for vindturbinar som skuggekast, refleksblink, støy, ureining og utbygging av strandsona (djupvasskaiar). Dessutan stråling frå nye kraftleidningiar.

TURISME


Askvoll kommune har stort potensiale for auka satsing på turisme. Som fleire rapportar peikar på har kommunen eit særskilt variert landskap frå sør boreal til alpin vegetasjon, frå marine grenser ved havet til høgfjell og spanande uutforska ferskvasslokalitetar. Også når det gjeld båtliv, kulturminne, geologi og fugleliv er kommunen spanande jmfr. Fuglereservat og senteret for sjøfugl på Værlandet. Det er difor særskilt mange kvalitetar å byggje vidare på i turistsamanheng. *Kvalitetar som blir skadelidande av nye industriområde for vindturbinar.*

FRILUFTSLIV

Miljøpolitikken vår skal byggje på **føre-var** prinsippet som seier at tvilen skal kome naturen til gode. Ålmenta si tilgang til naturopplevelingar er utgangspunkt for mange si naturglede og miljøengasjement. Friluftsliv er kjelde til livskvalitet, rekreasjon og betre folkehelse. Det er såleis viktig å sikre allemannsretten til fjella og friluftsområda.



Familietur på Eitrenipa.



Alle foto Gustav Skaar. Sign: Gustav Skaar

TRIVSELSFYLKET I VINDEN.

Kommentar til regional plan for vindkraft,høyningsframlegg vedteke av fylkesutvalet sak nr.059/10

Av Jarle Nordgulen,grunneigar og aktiv gardbrukar i Nordgulfjorden,Gulen kommune.

Heimbygda mi er omkransa av fjell som energiselskap har stor interesse for. Det er planar for etablering av vindparkar nesten komasset rundt. Eg har engasjert meg forholdsvis sterkt fordi eg meiner inngrepa i fjellet kan bli altfor store.

Eg har med stor interesse lese regional plan for vindkraft.Det mest vesentlege i heile planen finn ein i det overordna målet for planarbeidet:

Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.

Ein har altså vedteke at det skal satsast på vindkraft, og at det skal byggjast ut mykje.

Planen deler kommunane inn i analyseområde og vurderer konfliktpotensialet for kvar lokalitet for 6 fagtema:Landskap,Kulturminne og –miljø,inngrepstilfelle(naturområde)(INON),friluftsliv,biologisk mangfald og landbruk.Konfliktpotensialet er differensiert slik: Lite,middels,stort.Til slutt blir det utrekna ei samla vurdering av analyseområda.

Det vert presisert i planen at dei eksisterande registreringane er ufullstendige,og det ber dei oppsette tabellane preg av.Det er etter mi meining ei ganske alvorleg feilkjelde at slike tabellar vert laga utan eit grunnleggjande feltarbeid,for desse vurderingane kan forme meininger om kva område som er aktuelle for utbygging.

I Gulen har alle dei 20 aktuelle analyseområda fått konfliktpotensiale 1 (lite) når fagtema landskap. Eg finn det underleg at det i heile Gulen ikkje skal finnast eit einaste fjellområde som ikkje ein gong har eit middels interessant eller konfliktfylt terren. Då får ein vel takksam for ein har hatt eit rikt liv i denne einsformige og traurige fjellheimen.

Samla konfliktpotensiale er lite eller middels for dei 20 analyseområda i Gulen,og dermed er heile kommunen potensielt utbyggingsområde for vindkraft.Det må seiast å stemme godt med det overordna målet for planarbeidet.I politisk del står det at det kan verte tilgjengeleg ein nettkapasitet på inntil 900 MW i kommunen.Det tilsvavarar 300 vindturbinar på 3 MW,300 tårn som med propellen på topp er like høge som fjernsynsmasta på Brosviksåta.

Reiseliv.

I sommar var eg saman med mange andre gulingar på toppen av fjellet Portevarden (817 moh) aust for Instefjord.Derfrå har ein panoramautsikt over heile ytre Sognefjorden og fjella i Gulen,Solund og Hyllestad.Med dette biletet på netthinna tykkjест det meg underleg at fjordlandskapet skal ha så liten verdi nær kysten,medan det har verdsarvstatus når fjella vert høgare og fjorden trongare lengre inne.Sognefjorden er ein heilskap frå kyst til innland,og difor må det ikkje etablerast vindkraftanlegg som er synlege frå skipsleia.5 km er ikkje nok.Sognefjorden er eit ikon i reiselivssamanhang.

Eg har ein merknad til kartet "reiseliv Gulen" som følgde med planen.Her er det avmerka ikkje mindre enn 7 rastepllassar,men suksessbedrifa Gulen dykkesenter med adresse Nyborg,5960 Dalsøyra,er ikkje med. Gulen dykkesenter er det einaste heilårsopne i Nord-Europa,og har kvart år gjestar frå over 40 ulike nasjonar.Eigarane Ørjan Sandnes og Monica Bakkeli marknadsfører rein natur frå havbotn til fjell og er sterkt mot utbygging av vindkraft i Gulen.

Gulen har eit stort potensiale på området småskala naturbasert turisme, og planen nemner at storstilt vindkraftutbygging kan vere ei ulempe for slik verksemد.

Friluftsliv.

"Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, triveselsskapande og miljøvennlig aktivitet i nærmiljøet og naturen elles". Dette er eit strategisk mål for friluftslivet slik det er formulert i ei stortingsmelding frå 2000-2001.

I Gulen har idrettslaget organisert fjelltrim i snart 30 år. Lokal fjelltrim er god og miljøvennlig trening. Dessutan er det førebyggjande helsearbeid utan offentleg kostnad. No kan ein få etablering av vindturbinanlegg i mykje brukte turområde, blant anna turar som er med i boka OPPTUR. Lågt folketal i Gulen vil reitt matematisk gje forholdsvis få turvandrarar i kvart fjellområde. Dermed kan ein utan vidare setje konfliktpotensiale "lite" på store deler av kommunen. Det har vore lagt ned mykje arbeid i rydding, restaurering av stølsvegar/stiar og merking mange stader. Difor er det provoserande at det er kjøtvekta som skal telje.

Utbygging av vindturbinar i over 10 kvadratkilometer store fjellområde vil føre til omfattande naturinngrep til vegar, omstillingsplassar og linjeframføring. Særleg skjemmande blir det når ein skal opp i over 600 meters høgde i kupert og krevende terrenget slik det er planar om i Gulen.

Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning skriv følgjande om landskapsverdiar: "Landskap er en ressurs for opplevelse og livskvalitet og bidrar til stedstilknytning og følelse av identitet og tilhørighet". Dette er kloke ord, og det er uroa for tapet av desse verdiene som gjer at eg og andre friluftsfolk vil kjempe mot vindturbinparkar i fjellet. Inngrepa vil totalt dominere synsintrykket og ta fra oss den gode kjensla ein har i urørt natur.

Miljøkamp.

Her er det to positive miljøsaker som står mot kvarandre. Produksjon av rein fornybar energi mot vern av inngrepsfri natur. Eg vil be fylkesutvalet lage eit livsløpsrekneskap for energiforbruk og CO₂ for ein vindturbin. Når møllene står i terrenget, produserer dei rein energi, og alt er berre velstand. Men drifta krever vedlikehald og tilsyn, og dermed må det folk til fjells med køyretøy kvar dag. Anleggsperioden vil kreve eit enormt forbruk av diesel og sprengstoff, og denne tida vil nærmiljøet bli utsett for mykje ureining og CO₂. Produksjonen av møllene er også svært energikrevande, så før møllene er i produksjon, føregår det fleire tiltak som er negative for miljøet. For meg kan ikkje dei positive sidene ved vindkraftproduksjon på nokon måte vege opp for dei store naturinngrepa.

Sats offshore.

Eg meiner utbygging på land i Sogn og Fjordane må avgrensast til Mehuken og Lutelandet. All anna satsing på vindkraft må komme offshore. Det vil det innovative miljøet i Måløy nytte godt av, og ein kan få ei positiv næringsutvikling i verftsindustrien i både Florø og Måløy. Det kan vere teknologisk utvikling, bygging, drift og vedlikehald.

Landbasert utbygging vil skje med vindturbinarar frå det store danske selskapet Vestas. Anbodet på anleggsarbeidet må utlysast i heile EU/EØS-området, og mest truleg vil det gå til store entreprenørar. Lokale aktørar har nok likevel gode sjansar til å utføre deler av anleggsarbeidet. Det vert ganske få arbeidsplassar innan drift og vedlikehald når turbinane blir tekne i bruk. Eg har litra tru på noko boom innan næringsutvikling.

Motvind.

I Teknisk Ukeblad 18.03.10 uttrykkjer olje- og energiminister Terje Riis-Johansen uro over kostnadsnivået på norsk vindkraft. "De aktuelle prosjektene er mye dyrere enn vi hadde håpet. Det er rett og slett en utfordring for vindkraften at det koster så mye mer å utløse vindkraft enn å utløse resultater på andre områder, som varmeproduksjon og energieffektivisering".

I september 2010 kunngjorde Dong Energy(Dansk olje og naturgas) at dei droppar vindmøllparkar på land. Presserådgivar Andreas Krog sa då følgjande til bladet Teknikeren:"Det er dog ikke udelukkende vrede borgere der har fået Dong Energy til å droppe vindmøllerne på land.Det er også bedre økonomi i havvindmøller". Han seier vidare at det er dyrare å setje opp havvindmøller, men effektiviteten er langt betre.

Eg legg merke til at Krog nemner vrede borgere.Danskane er altså vore sinte på vindmøllene.Det har visst energiselskapa gløymt å fortelje oss.

Kostnad.

Eg tek med eit døme frå Høg-Jæren energipark som fekk støtte frå Enova i juni 2010. Parken har 32 vindturbinar og kosta 1,2 milliardar kr.

Støtte frå Enova: 512 millionar kr (42,58%).

Støtte pr. utbygd kWh: 2,22 kr.

Støtte pr. vindturbin: 16 millionar kr.

Alternativ til vindkraft.

1. Fornying av gamle vasskraftverk.
2. Småkraftverk.
3. Varmeproduksjon med basis i havvarme(varmepumper).
4. Varmeproduksjon med bioenergi.

Fylket har stort potensiale både under punkt 2 og 3.Varmeproduksjon treng eit industribygg ved havet og eit visst anlegg ute i sjøen, men det krev ikkje så store areal.Teknologien er kjend og kan brukast både av næringsliv og private.Enova støtta fleire prosjekt innan varmeproduksjon i 2009.

Forbruk og tiltak.

Nordmenn brukar svært mykje energi, og det kan sparast med enkle tiltak.ENØK-tiltak som etterisolering, innkjøp av isolerglas og utfasing av gamle glødepærer kan gjennomførast til ein overkommeleg kostnad. Det står på altfor mykje lys i både private heimar og i det offentlige rom. Gamle lyskasterar, som omset 90% av energien til varme, er i bruk på kyrkjegardar og i parkar.

Store mengder energi går med til å lyse opp både bygd og by om natta.Dersom vi set i verk tiltak, kan vi spare naturressursane våre for stadig press.

Luksus.

Vi har fått betre råd og meir fritid. Det fører til større forbruk av straum og drivstoff. OL på Lillehammer sette i gang rush etter hytter i fjellet. Resultatet er ein enorm helgetrafikk i det sentrale austlandsområdet.Og bergensarane kjem til Gulen. Rike, vellukka menneske reiser på to lange flyferiar og mange weekend-feriar kvart år, og flytrafikken er ein versting når det gjeld CO₂. Stortinget løyer altfor lite pengar til jernbaner,som er eit mykje betre miljøalternativ.

Moralpreik.

Eg er irritert over at eg og andre forholdsvis nøkterne menneske må gjere bot for storforbrukarane. 7 av 10 bergensarar er kanskje for vindkraft, men eg vil tru berre 7 av 1000 er for å byggje ut byfjella.Men folk i tettbygde strøk kan berre ta det med ro, det er vi som må ta støtten.Eg er mot utbygging av landbasert vindkraft på grunn av dei store naturinngrepa. Dei kommande generasjonane har rett til å stå på den høgste nut og sjå Ålfotbreen,Grovabreen og Jostefonn slik eg gjer i dag.Og dei skal gjere det utan skjemmande framandelement rundt seg.Vi treng ikkje byggje ut heller,for det finst alternativ, også offshore vindkraft.Landet vårt klarer å oppfylle fornybardirektivet med målretta arbeid og gode vedtak, men det vil koste pengar.

Eg vil be fylkesutvalet om å ha ein vidare horisont i arbeidet sitt.Tenk alternativt.Det vil løne seg.Hugs at vi rår berre i vår tid.

Merknad til Fylkesdelplan for Sogn og Fjordane fylke.

"Vind"

Viser til fremlegg av plan i januar 2010, og mars 2010 og endelig utkast juni 2010.
I utgangspunktet er planutkastene greie med gode vurderinger på konsekvenser.
Hvor anleggene med lite konfliktnivå stor sett er trukket inn på land og har god avstand til
bebyggelse.

I følge NVE sine internett sider er det allerede nå meldt inn anlegg på over 1000MW i
Sogn og Fjordane fylke. Bare de 2 store anleggene i Solund er på 290MW.

Vil minne på at det er gitt konsesjon til anlegg i Norge på over 3575MW, som ikke er satt i
drift, og da kan man jo spørre seg om hvorfor det er slik? (Vedlegg 1)
Med andre ord, vi kan bygge ut de områdene som har aller laveste konfliktnivå først. Når
disse er kommet i drift og det viser seg at det er behov for flere lokaliteter kan man ta en ny
runde, etter at man har fått erfaring med de anleggene som er i drift.
Har også forstått det slik at det er Miljødepartementet som skal endelig godkjenne planen?

Når en utbygger tar en sjanse, og begynner å planlegge vindkraft før fylkesdelplanen er
ferdigbehandlet, for å komme først i støttekøen, så er det utbygger som må ta risikoen.
Planen bør ikke justeres for å passe inn ønsker når dette kommer i konflikt med
retningslinjene laget av Miljødepartementet (vedlegg 2) og Fylkeskommunen (vedlegg 3).

Merknad punktvise:

- 1 og 2 Det skulle være mer enn nok område med lite konfliktnivå til å bygge
1000MW, uten at man trenger å ødelegge landskap i middels- og stort- konfliktnivå
områder. Vurdering av nettkapasitet fra NVE (vedlegg 4) tilsier ikke så stor utbygging
i Sogn og Fjordane
- 3 Lokale styresmakter bør ikke ha mulighet til å gi en slik tillatelse, når dette
kommer i konflikt med andre retningslinjer. Dette er ødeleggelser av landskap og
natur for alltid, på grunn av anlegg som har en levetid på 25 år.
- 4 og 5 At man samlokaliserer industrianlegg er samfunnsnyttig, da får man bedre
utnyttelse av infrastrukturen som trenges, veier, strømnett, kaier osv.
6. Lokalsamfunnene som blir berørt, bør få god informasjon.
- 7 og 8 Lovpålagt krav. Gitt konsesjon bør ikke stå uvirksom lengre enn 3 år og så for
utbygger 3 år på å bygge ferdig. Samme regler som for en privat utbygger. Ikke som
i dag hvor det blir gitt konsesjon og byggingen blir utsatt på ubestemt tid, pga
manglene statsstøtte.
Det er statsstøtten og grønn sertifikater som gjør at dette kan bli lønnsomt.
Det viser seg også at anlegg som er i drift i Norge bare har en driftstid på ca 25 %.
Viser til rapport fra NVE. Og da er jo spørsmålet hvor mye klima redder vi med
produksjon hver 4. dag? (Vedlegg 5)

Med vennlig hilsen

Øyvind Bratland
Øyvind Bratland

Hardbakke, Solund

Ingunn Sanden
Ingunn Sanden

28/9 - 2010

Vedlegg 1:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vindkraft/>

Vedlegg 2:

[http://www.nve.no/Global/Konsesjoner/Vindkraft/Rapporter%20og%20veiledere/Retningslinjer%20\(T-1458\).pdf](http://www.nve.no/Global/Konsesjoner/Vindkraft/Rapporter%20og%20veiledere/Retningslinjer%20(T-1458).pdf)

Vedlegg 3:

"Fylkeskommunen har laga desse retningslinene for vindkraftarbeid i fylket:

1. Sogn og Fjordane skal legge til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (svasar til ca. 3 TWh i årsproduksjon), innan år 2025.
2. Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite og middels konfliktpotensial.
3. Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale vert i utgangspunktet ikkje prioritert, men kan likevel verte vurdert som utbyggingsaktuelle dersom avbøtande tiltak er tilfredstillande, og dersom lokale styrresmakter har positiv tilråding.
4. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt.
5. Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.).
6. Kommunane bør utforme kommuneplanar som er i tråd med desse retningslinene.
7. Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar si undersøkingsplikt, jfr §9 i Lov om kulturminne, heilt eller delvis blir gjennomført i samband med utarbeiding av konsekvensutgreiing, for å gje tiltakshavar naudsynt informasjon og vurderingsgrunnlag.
8. Retningslinene gjeld ikkje anlegg som allereie har fått konsesjon eller som, fylkeskommunen allereie har gjeve endeleg uttale til."

Vedlegg 4:

<http://www.nve.no/Global/Publikasjoner/Publikasjoner%202008/Rapport%202008/rapport18-08.pdf>

Region 5: Sør for Klæbu til nord for Fardal

Ledig kapasitet i sentralnettet i 2015 anslås til å være 2300 MW. Summen av konsesjonssøknader og -meldinger, i tillegg til prosjekter som er tildelt konsesjon, men ikke bygget eller er til klagebehandling, har en installert effekt på 566 MW vannkraft og 2940 MW vindkraft. Av disse er det gitt konsesjon til 86 MW vannkraft og 18 MW vindkraft, i tillegg til 156 MW vindkraft som er til klagebehandling i OED. Igjen forutsettes det at vannkraft bygges ut før vindkraft, og fordelingen av ny kraftproduksjon anslås til å være 550 MW vannkraft og 1750 MW vindkraft.

Vedlegg 5:

http://www.nve.no/PageFiles/5580/NVEprod_stat2007vindkraft.pdf



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Deres ref.:

Vår ref.:
ORom

Dato:
30. september 2010

Høringsuttalelse til Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane fra Zephyr AS, Kvalheim Kraft DA og Guleslettene vindkraft AS

Zephyr AS, Kvalheim Kraft DA og Guleslettene vindkraft AS er tre vindkraftselskap som har flere vindkraftprosjekt i Sogn og Fjordane. Selskapene sender her inn felles høringsuttalelse til Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane også kalt Fylkesdelplan for vindkraft.

Selskapenes nåværende aktivitet innen vindkraft i Sogn og Fjordane er:

- Zephyr eier 50 % i Guleslettene vindkraft AS og har i tillegg meldt Kyrkjestein vindkraftverk i Flora og Naustdal kommuner.
- Kvalheim Kraft eier og driver Mehuken I og Mehuken II i Vågsøy kommune og har meldt Vågsvåg vindkraftverk i samme kommune.
- Guleslettene vindkraft er et prosjektselskap som utvikler vindkraftverket på Guleslettene i Bremanger og Flora kommuner. Guleslettene vindkraft AS er også eid 50 % av Norsk Grønnkraft AS.

Her er våre felles kommentarer til Fylkesdelplanen for vindkraft:

Punkt 1.3.2 - første avsnitt:

Det står nå: "Tilsvarende tal for Mehuken II er 8 møller, 16 MW og 48 GWh."

Det riktige er: " Tilsvarende tal for Mehuken II er 8 møller, 18,4 MW og 53 GWh."

Punkt 2.1 Landskap

Det bør nevnes her at påvirkningen en vindpark har på landskapet i svært stor grad er reversibel. Når konsesjonsperioden på 25 år er over skal vindturbinene demonteres og fjernes. Det er viktig at det settes krav til utformingen av vindparkene slik at man unngår store skjæringer og fyllinger som i stor grad er irreversible inngrep. På den måten kan vi sikre at landskapskvaliteten kan gjenvinnes etter at konsesjonen utløper og vindparken er sanert.

ZEPHYR AS

Postadresse:
Postboks 17, N-1701 Sarpsborg
Internett: www.zephyr.no
E-post:

Besøksadresse:
Glengsgata 19
Telefon: 69 11 25 00
Telefaks: 69 15 65 12

FNR:
NO 989 649 825 MVA

Punkt 2.2.4 – andre avsnitt

Her skrives det "...med anlegg på rekke og rad langs kysten vil begge desse artane ...". Det er ikke snakk om en slik utbygging i Norge. NVE har vist i rapport "Mulighetsstudie for landbasert vindkraft 2015 og 2025" at det er plass til 5.000-7.000 MW i Norge. Det vil si 2.000-3.000 vindturbiner. I Danmark står det ca. 5.000 vindturbiner i dag på et areal som er 13 % av Norges areal. Dette kan derfor med fordel omskrives.

Side 18 – andre avsnitt

Det bør presiseres at havørn ikke er rødlistet og ikke på noen måte en truet fugleart i Norge, men at Norge har et spesielt ansvar for denne arten.

Figur 2.8 – side 25

Vi forstår ikke hvorfor området for nasjonalt viktig kulturminner/kulturmiljø i Bremanger/Botnane/Flora går langt opp på fjellet ovenfor Botnane. Vi mener dette er en unøyaktighet i GIS arbeidet som er gjort ved registreringen av kulturminner/kulturmiljø. Vi ser at dette får konsekvenser for konfliktpotensialet for Skudalsnipa og Tverrdalsnipa. Det kan ikke være meningen at en slik unøyaktighet i GIS verktøyet skal få konsekvenser for disse analyseområdene.

Side 29 – andre avsnitt

Hovedgrunnen til at det er lagt opp til registrering av automatisk fredede kulturminner på detaljplan i vindkraftprosjektet er ikke først og fremst av hensyn til tiltakshavers økonomi, men fordi det ikke er praktisk å gjennomføre det før man vet nøyaktig hvor veier og plasser blir bygd. Dette vet man ikke før etter at konsesjon er gitt og detaljplanlegging avsluttet. Dette bør derfor skrives om.

Side 29 – siste avsnitt

Ordlyden her bør endres fra "øydelagde" til "visuelt påvirket".

Punkt 2.5.3 Sumverknader

Sumvirkninger bør være et relevant begrep for vanlige friluftsaktiviteter også. Ikke bare for spesialiserte friluftsaktiviteter.

Det bør komme frem i teksten at erfaring med etablerte vindparker viser at vindparkene øker tilgjengeligheten for nye grupper til områdene, noe som gjør at områdene blir mer benyttet til friluftsliv.

Punkt 2.6.3 – Sumvirkninger reiseliv

Det er oppsiktstvekkende at man her ikke har noen referanser til erfaringer reiselivet har ifm etablering av vindparker i Norge. Det er høstet flere erfaringer med reiseliv og vindkraft fra vindparkene på Smøla, Hitra og Kjøllefjord som viser at det lokale reiselivet har hatt til dels svært stor positiv effekt av vindparkene. Dette bør komme frem i Fylkesdelplanen.

Vestlandsforskning har utført en studie av vindkraft og reiseliv "Vindkraft, reiseliv og miljø – en konfliktanalyse" 2009. Det er underlig at det ikke refereres til denne i dette kapitlet og at konklusjonene gjengis.

Det er utført en rekke spørreundersøkelser av turister om deres holdninger til fremtidige vindkraftetableringer i Norge. Disse viser at utenlandske turister ikke ser negativt på en etablering av vindkraft i Norge. Resultatene fra disse bør være med i Fylkesdelplanen.

Punkt 3.3.2 – Konfliktpotensial for Flora-Bremanger

For analyseområde Skudalsnipa og Tverrdalsnipa mener vi det ikke er grunnlag for et stort konfliktpotensial for kulturminner. Det er ikke aktuelt å sette opp vindturbiner nede langs kysten der kulturminnene er. Det er ikke registrert kulturminner oppe på fjellet der vindturbinene er aktuelle. Eventuelle vindturbiner oppe på fjellet vil være svært lite synlige fra Botnane-siden fordi de skjules av fjellet. Konfliktpotensialet bør derfor reduseres.

For de samme analyseområdene – Skudalsnipa og Tverrdalsnipa – er det middels konfliktpotensial for friluftslivet. Området øst for disse områdene Mullieggga, Dyrifjellet og Slettevarden benyttes relativt mye som friluftsområder, men områdene vest for disse er svært lite benyttet som friluftsområder. Dette kan kjentfolk i området bekrefte. Konfliktpotensialet for friluftsliv i disse områdene bør derfor reduseres.

Politisk del

Det er nyttig at det settes et mål for etablering av vindkraft i Sogn og Fjordane frem mot 2025. Det er særlig gode forhold for vindkraft i Sogn og Fjordane. Vindforhold er svært gode. Befolkningsstetthet er relativt lav. Det er planer om forsterkning av sentralnettet flere steder som vil gjøre det mulig å mate inn 1500 MW ny fornybar energi. Derfor er det også naturlig at det settes et ambisiøst mål for vindkraft i fylket. Målsetningene for vindkraft i Sogn og Fjordane bør derfor ikke være noe lavere enn 1000 MW slik det nå er satt.

Generelle kommentarer til planen:

Reversible og irreversible konsekvenser

Ideelt sett burde man i denne planen skille mellom reversible og irreversible konsekvenser. De aller fleste konsekvenser av en vindpark er reversible. Den visuelle effekten vindturbinene har på landskap, friluftsliv, kulturmiljø og reiseliv forsvinner helt når vindturbinene fjernes etter endt konsesjonsperiode. Avhengig av utforming og eventuell revegtering av veier og plasser vil disse ha en viss visuell effekt etter at vindturbinene er fjernet, men denne er begrenset i forhold til effekten av vindturbinene.

Effekten vindparken har på rødlistede arter (for eksempel rødlistede fuglearter) kan være irreversible. Der det er kollisjonsfare for rødlistede fuglearter bør dette markeres med et større konfliktpotensial enn for de konsekvensene som er reversible.

Det er en god diskusjon av dette på side 65 i planen og vi har forståelse for at det er vanskelig å veie noen fagtema tyngre enn andre.

Konsesjonssøknader for vindparker

Det vil i tiden fremover bli behandlet en rekke konsesjonssøknader for vindkraft i Sogn og Fjordane. Når man lager en konsesjonssøknad er det krav til at man gjør en rekke konsekvensutredninger for alle de fagtemaene som er nevnt i Fylkesdelplanen for vindkraft. Disse fagutredningene vil sannsynligvis avdekke både feil og mangler i datagrunnlaget som er benyttet til konfliktpotensialstudiene i Fylkesdelplanen. Det bør presiseres i planen at Fylkeskommunen ønsker å ta en kritisk gjennomgang av underlaget og konklusjonene for konfliktpotensial når man skal gi sin høringsuttalelse til det enkelte vindkraftprosjekt. Dette bør man gjøre ved å sammenligne datagrunnlag og konklusjoner i Fylkesdelplanen med det datagrunnlaget og konklusjoner man har i konsesjonssøknaden.

Ref. punkt 2.2.2 gjelder dette spesielt biologisk mangfold hvor datagrunnlaget er dårlig. Det er derfor viktig for dette temaet at det gjøres en sammenligning av datagrunnlaget i konsesjonssøknadene med datagrunnlaget i Fylkesdelplanen.

Konklusjon

Det har vært kjørt en åpen prosess rundt etableringen av planen med blant annet et åpent seminar i oktober 2009. Dette har medført at det har vært mulig å få innsikt i arbeidet med planen samt at det har vært mulig å komme med innspill underveis. Dette har vært verdifullt.

Det foreliggende høringsutkast er et godt grunnlag for utvikling av vindkraft i Sogn og Fjordane. Med de justeringene som er foreslått her vil Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane kunne fungere som en god veileder for vindkraftaktører som ønsker å etablere vindkraftverk i Sogn og Fjordane.

Med vennlig hilsen

Zephyr AS, Kvalheim Kraft DA, Guleslettene vindkraft AS



Olav Rommetveit
Daglig leder

**SOGN OG FJORDANE
BONDELAG**


Sogn og Fjordane Fylkeskommune
postmottak.sentraladm@sfi.no

Vår sakshandsamar
 Merete Støfting
 Tlf. 57 83 70 80

Vår dato
 2010-09-30
 Dykkar dato

Vår referanse 2008/00207/007
 Arkiv: -D11
 Dykkar referanse

Regional plan for vindkraft - høyringssvar

Vi syner til mottekne dokument i sak som vedkjem regional plan for vindkraft med høyningsfrist 1. oktober 2010. Vi har sendt saka til våre lokallaga i dei delane av fylket der problemstillingar knytt til vindkraft på land er mest reelle. Tilbakemeldingane frå lokallaga syner at dette er saker der grunnlaget for konflikt kan vere stort. Det vil vere uråd for oss å gå konkret inn i dei ulike geografiske områda med sikte på å kome med konkrete endringar og justeringar av grenser for konfliktpotensiale. Vi går ut frå at ordinære konsesjonsrunde med tilhøyrande konsekvensutgreiingar vil avklare desse spørsmåla.

Slik vi ser det er planen som no vert sendt på høyring ein maksimumsplas der den politiske handsaminga i førekant har hatt til føremål å legge fram ein plan som i størst mogleg grad ikkje skal avgrense område der det kan vere aktuelt med vindmøller. Dette med bakgrunn i at fylkesutvalet ser vindmøller som eit grunnlag for auke verdiskaping i fylket. Det kan vere grunn til å stille spørsmål ved om politikarane i sterk nok grad har teke omsyn til det faglege grunnlaget ved å justere skalaene slik som er gjort før saka vart sendt på høyring. Konsekvensutgreiingar ved konkrete utbyggingsprosjekt vil i neste omgong kunne synleggjere dette. Vi registrerer til dømes at det ikkje i denne planen er teke omsyn til verknader på konfliktståande av naudsynt trond for utbygging av linennett og liknande.

Verdiskapinga må ligge att lokalt

Vi ser det som avgjerande at utbygging av vindmøller må gje grunnlag for årleg inntekter til grunneigarane skal det vere mogleg å få realisert. I kva grad prosjekt vil la seg realisere vil også henge saman med tronden for andre inngrep i tilknyting til prosjektet samt plassering i høve til eksisterande busetnad. Når det gjeld dei reine landbruksinteressene kan utbygging av vindmøller vere både positive og negative, og det er vel også årsaka til at vi registrerer stor debatt og usemje mellom våre medlemer i desse spørsmåla. Naturleg nok vil dei som augnar håp om verdiauke på det som i dag i beste fall er dårleg beite høgt til fjells vere meir positive enn dei som får vindmøllene og kraftleidningar nært inn på seg utan å hauste av dette i form av betre økonomi for sin eigen del eller betre velferdstilbod i kommunen. Ein treng nok ikkje vere stor spåmann for å seie at debatten kring vindmøllene vil gå heftig etterkvar som dei konkrete prosjekta kjem på bordet.

Kommentar til punkt 2.7 Landbruk

Det står i planen at det normalt vert gjort greie for verknadene for landbruket i den ordinære konsesjonshandsaminga. Vi tek det som ein føresetnad at landbruksinteresser vert grundig handsama seinare, der dette må mellom anna omhandle utfordringa for beitehald og gjerdehald for storfe og småfe, skogsdrift, vilt spesielt hjortevilt, auka ferdsel, støy og trafikk i utmark- og turområde, og avgrensing på utnytting av landbruksarealet for til dømes nydyrkning. Og at dette vert teke opp i full bredde både med utgangspunkt i tradisjonell landbruksdrift og for landbruket sine tilleggsnæringer som landbruksbasert reiseliv. Det er også viktig at bønder og bygdefolket finn trivel i å bu i bygda. Og dersom vindmøller gjev ei negativ oppleving i form av støy og anna ureining og forstyrrende element må dette også med som eit kriterium i høyringa for at folk vil bu og drifte ei landbruksnæring.

4.1. Fylkeskommunale retningslinjer

De skriv i høyringsbrevet at de særleg ynskjer innspel på avsnittet som vedkjem fylkeskommunale retningslinjer. Vi stiller spørsmål ved om det vil vere realistisk med utbygging av vindkraft på land i den storlek som er skissert? Dersom fylkeskommunen ynskjer å nå dette målet trur vi det vil vere avgjerande å spele på lag med lokale interesser. Grunneigarane sin tillit er avgjerande for å kunne få bygt ut mange av prosjekta. Skal ein lukkast må det vere eit krav til utbyggjar at ein synleggjer dei positive verknadene av vindmølleutbygginga.

Vi saknar også omtale av småskala vindkraft i denne planen. Dersom rammevilkåra for denne næringa endrar seg kan vi ikkje utelukke at det kan vere økonomi i produksjon av vindkraft frå mindre anlegg lenger inne i landet. Vi gjer framlegg om følgjande punkt i retningslinene:

- *Der det ligg til rette for det skal det opnast opp for vindkraftutbygging i mindre skala knytt til næringseigedommar med potensiale for slik energiproduksjon.*

Med helsing

Per Hilleren



Merete Støfrang



**BREMANGER KOMMUNE
PLAN OG IKT**

postmottak.sentraladm@sfj.no

Vår ref.
10/1032-3/K2-S01//IH

Dykkar ref.

Dato:
30.09.2010

Bremanger kommune, oversending av fråsegn til regional plan for vindkraft

Bremanger kommunestyre har i møte den 28.09.10 handsama regional plan for vindkraft, Sak K-057/10. Vi sender over møtebokutskrifta, som er vår fråsegn til planframlegget.

Med helsing

Inger Hilde
arealplanleggjar

vedlegg K-057/10



BREMANGER KOMMUNE

«SOA_NAVN»

Kontoradresse:
«Soa_Adr2»
«Soa_Postnr» «Soa_Poststed»

Postadresse:
«Soa_Adr»
«Soa_Postnr» «Sse_Poststed»

Telefon / telefaks:
«Sbr_Tlf»
«Soa_Fax»

E-post / web:
«Sbr_Email»
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	28.09.2010	057/10	IH
Avgjerd av: Saksansv.: Kåre Olav Svarstad		Arkiv: K2-S01	Arkivsaknr.: 10/1032

Offentleg ettersyn - Regional plan for vindkraft, fråsegn frå kommunen

Dokumentliste:

Nr.	T.	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	08.06.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Offentleg ettersyn - Regional plan for vindkraft

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: Plan- og bygningslova §§ 8-1 – 8-5.

Kva saka gjeld: Handsaming av regional plan, fylkesdelplan, for vindkraft, som er til ettersyn fram til 1. oktober.

Bakgrunn for saka:

Regjeringa har i 2006 fastsett nytt mål om 30 TWh i auka fornybar energiproduksjon og energieffektivisering innan 2016, med utgongspunkt i 2001. Noreg er eitt av landa i Europa med best vindkraftressursar. Utnytting av desse vil utvikle norsk energikompetanse og næringsutvikling, ved sida av å bidra med styrka energiforsyning.

Sogn og Fjordane har eitt vindkraftanlegg, på Mehuken i Vågsøy. Det er meldt 12 andre anlegg. Konsesjonar ligg ikkje føre endå. Ein studie ved NVE/ENOVA av tekniske føresetnader for landbasert vindkraft (2008) viser at Sogn og Fjordane ligg i nettområdet med størst realiserbart vindkraftpotensiale. Dette føreset at lina Ørskog-Fardal er på plass i 2015, og går ut frå 550MW vasskraft og 1750MW vindkraft innan ein femtenårsperiode.

Fylkesdelplan for klima og energi har som mål å opne for produksjon av vindkraft i område med eigna vindforhold og avklara arealbruk. Fylkesutvalet vedtok våren 2007 å utarbeide regional plan for vindkraft. Planprogram vart vedteke våren 2008.

Målet med planarbeidet er at det ”bør leggje til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.” Dette skal gjerast ved å samle kunnskap om ressursar og arealbruk for vindkraft. Det skal kartleggjast regionale/nasjonale verdiar i mogelege utbyggingsområde og fastleggjast retningslinjer som sikrar ivaretaking av desse ved konsesjonshandsamingar.

Tema som er utgreidde i planen er landskap, biologisk mangfald, INON (inngrepstilfelle), kulturminne/-miljø, friluftsliv, reiseliv, landbruk, sjøfart/fiskeri, støy, kommunikasjons- og overvakingsanlegg. Sjøfart og fiskeri er aktuelt av di det også kan bli tale om vindkraft til havs.

Fylkesdelplassen skal etter vedtak leggjast til grunn for fylkeskommunal verksemd, og blir retningsgjevande for kommunal og statleg verksemd.

Saksutgreiing:

Planområde – kriteriar

Planarbeidet omfattar kystområde, sidan det er her vindressursane er eigna og tilgjengelege. Planområdet er delt i sonar, der Bremanger inngår i to: Bremanger-Ålfoten og Flora-Bremanger. Innanfor planområdet er det sett følgjande kriteriar for om arealet er vurdert som aktuelle for vindkraft i regionalt perspektiv:

- Ein kjerne med vindressursar på min 7,0 m/s årsmiddelvind
- Min 500m frå busetnad
- Ikkje del av verneområde
- Min 10 km² samanhengande areal

Sjølve vindkraftanlegga inneber bygging av tilkomstvegar og plassar. Vegane har særlege krav til bereevne, breidde og kurvatur, sidan det skal transporterast store element med opptil kring 45m lengde. Til vindkraftanlegga må det byggjast straumnett i luftspenn eller kabel. Vindturbinane i dag er vanlegvis på opptil 3MW med totalhøgde inntil ca 135m. Desse kan bli vesentleg større i framtida. Turbinane produserer i vindstyrkesona 4m - 25m/sek.

Planframlegget vurderer konfliktpotensiale, og dette framgår av kart. Der det er registrert lokale verdiar er konfliktpotensialet vurdert som lite. Middels konfliktpotensiale refererer seg til regionale verdiar, medan nasjonale verdiar gjev stort konfliktpotensiale. Registreringar av verdiar er ufullstendige. For fleire fagtema/vurderingstema er det difor konfliktpotensiale ukjent. Konfliktpotensiale er ikkje vurdert i høve nye overføringsliner.

Vurdering av fagtema

Landskap er eit viktig fagtema i høve vindkraft. Det er nasjonale mål om bevaring av variasjon av landskap. Det er gjort registreringar av landskap, og kunnskapsgrunnlaget blir sett på som godt for dette temaet. Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg for verdivurdering av mogelege inngrep, då oppfatting av landskap også er viktig. Det er difor utarbeidd ein rettleiar hos NVE for framstilling av visuelle verknader av vindkraftanlegg. Landskapet i Bremanger sorterer i planen under regional verdi og ”vanleg forekommande landskap”. I Selje er det landskap av nasjonal verdi.

For biologisk mangfald er kunnskapsgrunnlaget mangelfullt. Det er gjort registreringar, men desse har hatt fokus på lågareliggjande område nær busetnad. M.a. er kollisjonsfare

fugl/vindturbin viktig i vurdering av verknader for biologisk mangfald. Vestlandskysten er viktig for fugletrekks, som går heilt nord til m.a. Russland og Svalbard. Ein reiknar med hovudruta for fugletrekka passerer gjennom dei mest aktuelle vindkraftområda. Dette vil også gje konflikt med samlings- og beiteområde for fugl.

Det er vanskeleg å utpeike større, samanhengande, intakte økosystem. Ein nyttar difor avstand til nærmeste inngrep som mål på visse kvalitetar ved naturområde. Områda er delte i sonar med 1, 3 og 5 km til nærmeste ”tyngre tekniske inngrep”. På ytste delen av Bremangerlandet finn ein område med meir enn 5 km frå store inngrep. Dette ligg i aktuelt vindkraftområde.

Riksantikvaren har utarbeidd ein rapport (2005) med fokus på kulturminneverdiar og vindkraft i kystfylka. Det ligg ikkje føre systematisk registrering av kulturminne-/miljøverdiar i fylket, og det kan difor i finnast ukjende nasjonale/regionale slike verdiar. Område i Botnane/Frøyalandet og Rugsund er i Riksantikvaren sin rapport sett på som nasjonalt viktige kulturmiljø.

Også innanfor fagtema friluftsliv er det behov for nye registreringar. Område ved Hornelen og Ålfotbreen er i planen kategoriserte som friluftsområde av nasjonal verdi.

Planen viser ei samanstilling av registrerte verdiar i tabellform for dei 6 utvalde fagtemaene. Dette er også framstilt på kart, og viser kva geografiske område som har lite, middels og stort konfliktpotensiale.

Ei berekning av areal med eigna stigningsforhold for vindkraftanlegg innanfor analyseområdet, utan vurdering av om vegframføring er råd, viser eit produksjonspotensiale på til saman 7500 MW installert effekt /årleg produksjon 22 TWh.

Politisk del

Retningslinene (s 68) viser til eit høveleg mål for vindkraft på 1000 MW installert effekt /ca 3 TWh årsproduksjon innan 2025. Dette baserer seg på forventa nettkapasitet innan komande 10 – 15 åra.

Den politiske delen har retningsliner som byggjer m.a. på dei utarbeidde karta som viser konfliktpotensiale i ulike delområde i analyseområdet. Det heiter at vindkraft skal vurderast i område med lite/middels konfliktpotensiale, medan område med stort konfliktpotensiale i utgangspunktet ikkje skal prioriterast.

Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje slik at behov for infrastruktur vert minimalisert, og gjerne i tilknyting til andre inngrep som t.d. industri.

Kommunane bør utarbeide kommunedelplanar i tråd med retningslinene i fylkesdelplan for vindkraft.

Planen viser til ynskjemål for statlege rammevilkår: Staten må syte for systematisk kartlegging av miljø- og naturverdiar for alt landareal. Fugletrekks bør registrerast for heile kysten.

Staten bør sikre konsesjonstildeling for flytande vindkraftverk til havs utanfor Sogn og Fjordane, med størst mogeleg tilknytt verdiskaping og teknologiutvikling innanfor fylket.

Vurdering:

Planen viser registrerte verdiar innanfor 6 utvalde tema. Med bakgrunn i dette munnar planen ut i kart for konfliktpotensiale og retningsliner som byggjer på desse konfliktregistreringane. Planen viser til at det er relevante tema som ikkje er tekne med i vurderinga, og for fleire av dei utvalde temaene er kunnskapsgrunnlaget mangelfullt. Dette gjer at konfliktpotensalet vert misvisande, og at det kan vere ueheldig å gje retningsliner med dette som grunnlag.

Planen viser til at ved konsekvensutgreiing av konkrete vindkraftprosjekt kan det i område med ”lite/middels konfliktpotensiale” bli avdekka viktige verdiar som gjer at området ikkje bør byggjast ut. Omvendt kan utgreiing av planområde med ”stort konfliktpotensiale” vise seg å ha mindre konfliktnivå ved utgreiing, og såleis bli aktuelle å byggje ut likevel.

Ein kjenner m.a. til vesentlege verdiar for landbruk, biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv for Husefjellet, som i planen er vist med ”lite konfliktpotensiale”. Det er difor viktig at det slik planen seier blir løyvt midlar til systematisk registrering av verdiar i heile analyseområdet for planen. Registrering av fugletrekk, som er nemnt i planen, må difor også omfatte heile analyseområdet.

Ein del registrerte verdiar ligg i låglandet/ strandsona. Utbyggjing av vindkraft tilliggjande fjellområde treng ikkje, ved rett lokalisering av anlegg, vere konfliktfylt.

Slik planen er framstilt får lokale verdiar lite fokus. Eit viktig mål med vindkraftutbyggjing er lokal næringsutvikling – som vil styrke busetnaden. I dette perspektivet vil verdiar av lokal betydning kunne spele ei viktig rolle for ivaretaking av bukvalitetar som t.d. landskap og friluftsliv, som også er viktig for busetnaden.

Det bør vurderast, slik planen peikar på, å innarbeide retningsliner for bevaring av verdiar for busetnad.

Tabellane og karta som viser verdiar og mogeleg konfliktnivå er iaugefallande i planen. Det bør difor vurderast korleis desse kan framstillast slik at manglane ved grunnlag og konklusjonar kjem klårt fram. Som døme kan nemnast tabell s 47, der det kan sjå ut som område utan registrert verdi har ingen verdi. Her kunne det stå ”ukjent” verdi i tabellen.

Planen seier at kommunedelplanar bør utarbeidast i tråd med retningslinene. Kommunedelplanar bør byggje på retningslinene saman med systematiske registreringar av verdiar i områda med eigna vindressursar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Det bør vurderast å innarbeide føresegner om mål for lokal verdiskaping og ivaretaking av miljøverdiar for lokal busetnad.

2 Det bør vurderast korleis manglar i kunnskapsgrunnlaget for planen klårare kan framgå av illustrasjonar i plandokumentet.

3 Kommunestyret bed Formannskapet om å vurdere planoppstart for eigen kommunedelplan for vindkraft..

.....

28.09.2010 Kommunestyret

KST-057/10 Vedtak:

- 1 Det bør innarbeidast føresegner om mål for lokal verdiskaping og ivaretaking av miljøverdiar for lokal busetnad.**
- 2 Det bør vurderast korleis manglar i kunnskapsgrunnlaget for planen klårare kan framgå av illustrasjonar i plandokumentet.**
- 3 Kommunestyret ber Formannskapet om å vurdere planoppstart for eigen kommunedelplan for vindkraft.**



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset
6863 Leikanger

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
07/1802-110	08.06.2010	30089/2010/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	27.09.2010

Regional plan for vindkraft - vindkraftutbygging i Sogn og Fjordane - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgjande merknad:

Vi har ikkje lagt planforslaget fram for politisk handsaming. I Møre og Romsdal er gjeldande vedtak at ein ikkje skal ha regional plan for vindkraft.

Vi merkar oss at planforslaget konkluderer med at Stadlandet har stor regional og nasjonal identitetsverdi reint landskapsmessig. Vi har ikkje gjort del same fagleg funderte analysene av landskapet. Vi har likevel i samband med andre saker, gjort eigne vurderingar av same type vedrørande landskapet kring Stad. Tilsvarande argumentasjon vart så vidt vi kjenner til også nytta av OED då det vart gitt avslag på ein konkret søknad om vindkraft på Stadlandet.

Vi merkar oss elles at konfliktpotensialet på Stad er høgt også langt utover dei vurderingane som omhandlar landskap åleine, og at det ut frå dette ikkje vert tilrådd å byggje ut vindkraft (kap 4.1.2). Dette er i samsvar med vedtak fylkesutvalet i Møre og Romsdal gjorde i tilknyting til fråsegn om "tematiske konfliktvurderingar" i sak U-64/06 (eitt av fleire punkt):

"4. Strekningane frå Smøla/Grip sørover til Sandøy, samt frå Stad nordover til Breisundet bør vere utan inngrep i form av vindmøller."

Vi har ikkje merknader utover dette.

Med helsing


Ottar Brage Guttelvik

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesrådmann

Ole Helge Haugen
Fylkesplanseier

Kopl:

Fiskeridirektoratet - Region Vest, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Vest, Serviceboks 2, 6025 Ålesund
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane


Regional plan for vindkraft – høyringssvar

Dokumentet inneholder tre hovuddelar. Ein del er utgrelingar for ulike fagtema og ein del gjer greie for konfliktsituasjonen i delområde av fylket. Den tredje delen er i det vesentlege forslag til fylkeskommunale retningsliner for vindkraftutbygging. Kommentarane gjeld nokre utvalde delar av teksten som først og fremst gjeld artar, naturtypar og landskap.

1. Biologisk mangfald

Kunnskapen på dette feltet er, opplyser rapporten, mangelfullt – eit svakt ord i denne samanhengen. Lite kunnskap om eit område inneber mangelfulle opplysningar om kva for artar og naturtypar som finst der. Der er meir å finne for den som leitar. Dette fører igjen til ei undervurdering av konfliktane og skadane som nye inngrep vil føre til. Eit godt døme er situasjonen på Smøla, der påstanden før utbygginga var at fuglelivet ville ikkje ta skade. Etterpå har fakta vist noko anna. Vindturbinar og kraftlinene som følgjer med, er truleg verst for nettopp fuglelivet. Sjøfugl og rovfuglar er på lange trekk for å skaffe seg næring. Ei sakleg mening om verknadene må bygge på kjennskap til kva for artar som finst, kvar dei trekkjer, og altså kor store areal som er deira leveområde. Store inngrep eller installasjonar, som vindturbinsamlingar og kraftlinjer, fragmenterer leveområda. Dette den viktigaste årsaka til at dyrelivet går tilbake. Samanhengen er nemnd i rapporten, men den tilgjengelege kunnskapen er ikkje god nok til å seie noko kvalifisert om kor store konfliktar nye tiltak fører med seg.

Kysten har truleg den mest varierte naturen i vårt land. I møtet mellom landskap med vekslande topografi og den varme Golfstraumen har vi fått mange ulike biotopar og artar. Klimaet gjev grunnlag for høg produktivitet, særleg i låglandet.



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Kysten er utsett fordi svært lite landareal er verna frå før. Sjøfuglreservata dekkjer delar av livsviktige funksjonar for mange artar, men fuglane har langt større funksjonsområde gjennom året enn det arealet som er verna. Dei samla konfliktane er, viser planen, gjennomgåande størst i dei ytre kyststroka.

Det ser ut til å vere ein klar og sikker samanheng mellom karakteristikken lite konfliktpotensial for biologisk mangfald og lite kjennskap til kva for artar som finst i området. Planen avslører at opplysningane er mangelfulle på fleire punkt:


- truga og sårbare artar
- artar som Noreg har plikt til å sikre etter Bern-konvensjonen
- område med svært viktige naturtypelokalitetar

På andre punkt er det verre, opplysningar manglar stort sett:

- terrengdekkande myrar og andre sterkt truga myrtypar
- kystlynghei, som er sterkt truga
- viktige viltområde
- viktige ferskvasslokalitetar

Summen av desse manglane inneber at det grunnlaget er svært spinkelt for å seie noko som helst påliteleg om konfliktnivået som gjeld dyr, planter og deira leveområde i store delar av dei kyststroka som har vore til vurdering. Det kan godt hende, og det er jamvel sannsynleg, at fleire av områda med små konfliktar på papiret i planen, i realiteten vil ha middels konfliktar eller større.

Noko av denne skavanken kunne vore dempa ved å legge inn føre var-omsyn i planen, men vi kan ikkje sjå at det er gjort.



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane


For større rovfuglar – ørn, hubro og vandrefalk – finst det ein del opplysningar om hekkeplassar. I planen er det lagt til eit visst leveområde rundt reiret. Dette er eit framsteg samanlikna med det som har vore hevda i ein del konsesjonssaker, at så lenge sjølve reirstaden ikkje blir bygd ned, er ikkje reiret noko innvending mot prosjektet.

Om sjøfugl er opplysningane meir magre. Nyare radarobservasjonar har vist at fleire av desse artane flyg svært langt for å hente mat til seg og sine. Desse rutene, og sesongtrekka, følgjer faste trasear, sjølv om dei varierer med veret. Også i denne gruppa er fleire artar alvorleg truga, men dei har ikkje fått noko røyst når spørsmålet er etter konfliktar med vindturbinar.

Planen legg vekt på artar som Noreg etter internasjonal rett har plikt til å verne, og artar som i stor grad er truga på raudlista. Slike omsyn er viktige, men dei kan ikkje legitimere manglande omsyn til artar som ikkje står på raudlista. Lite omsyn til artar som ikkje i dag er sterkt truga, vil i neste omgang gje også desse artane ein plass på raudlista.

Metoden som ligg til grunn for faktadelen, er normalt godt brukande til å kvantifisere konfliktgraden, så sant det er kunnskap nok om kva som faktisk er å finne i marka. Metoden kunne føre fram til eit bilet av konsekvensane av å byggje vindturbinar i eit og eit område. Men effekten av å byggje ut mange område, kvar for seg med små konsekvensar, er ikkje små. Skalaen fangar ikkje opp summen av effektar. Når det er opplyst at i område med lite konfliktnivå er det plass til 10 TWh vindkraft, er ikkje konfliktnivået lenger lite om omfanget av vindturbinar nærmar seg 10 TWh. Utan å legge dette aspektet inn i planen, til dømes gjennom ei grense for det samla omfanget av vindkraft, kan planen lett gje eit misvisande inntrykk av konfliktnivået.

Naturvernforbundet har ikkje noko grunnlag for å vurdere delar av eller det samla konfliktnivået i kvart av dei delfelta som planen gjer greie for. Det er også vår oppfatning at konfliktnivået er stort der dette går fram av kartet på side 62. Dette er areal der kunnskapsgrunnlaget for planen ser ut til å vere gjennomgåande godt.



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane


Spørsmålet er om det er sant at konfliktane er små der dette går fram av kartet, på delområde der kunnskapen om artar og biotopar er langt mindre. Dette vil seie at planen har kartfesta nokre område som for framtidia bør vere utan vindturbinar, men at det ikkje er grunnlag for tillit til at planen viser kva for område som har små konfliktar.

Det er ikkje på nokon måte dokumentert at utbygging i delområde med lite eller middels konfliktpotensiale er mogeleg utan å komme i konflikt med det nasjonale miljømålet om å unngå inngrep i truga naturtypar og å halde oppe viktige økologiske funksjonar i naturtypar som krev spesielle omsyn. Mykje av kyststroka er frå før sterkt prega av det moderne samfunnet. Dei samla effektane på naturen er store frå før. Vindkraftutbygging kjem i tillegg til all annan aktivitet som er negativ for livet i landskapet. Når vindkraftindustrien pressar på, kan ikkje forvaltninga og ansvarlege politikarar tenkje med det utgangspunktet at når det er få turbinar frå før, er det plass til mange fleire.

2. Den politiske delen

Dokumentet er ein utbyggingsplan. Eit overordna mål er, referert på side 2, at Sogn og Fjordane skal bli eit pilotfylke for utvinning av vindkraft. Motivet er omsynet til næringsinntekter og sysselsetting. Utbygginga skal, etter programmet for planen, ta "tilfredsstillande omsyn" til viktige regionale og nasjonale verdiar. Ikke ein gong alle nasjonale verdiar skal vere sikra; berre dei som er viktige, altså større enn andre.

Ei storstila vindkraftutbygging kan aldri bli økologisk berekraftig. Det er ein klar konflikt mellom å levere store mengder vindkraft og det operative målet som går ut på å minimalisere dei uehildige konsekvensane. Å redusere slike følgjer gjennom optimal tilpassing av utbyggingane er berre delvis mogeleg, og så lenge det er snakk om få vindturbinsamlingar. Når dei blir mange, gjer dei negative sumeffektane seg sterkt gjeldande, sjølv om det skulle vere tilfelle at dei negative sidene ved anlegga kvar for seg er moderate.




Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Planen fortel at i område med lite konfliktpotensiale er det plass til 3000 MW effekt, som med rundt 3000 driftstimar kan utgjere ein årleg produksjon på bortimot 10 TWh. I delar med middels konfliktgrad er potensialet vurdert til 11 TWh. 3000 MW effekt krev nedbygging av rundt 300 km², og ei visuelt samanhengande belte av vindturbinar frå Gulen til Vågsøy. Dersom også område med middels konfliktar skal bli mark med roterande venger, er store delar av ytre strok i fylket okkupert. I tillegg til sjølve industriareala med turbinane, vil ei omfemnande utbygging krevje milevis med nye kraftlinjer, utanom dei store overføringane Ørskog-Fardal, Modalen-Mongstad og Lutelandet-Moskog. På kort tid vil dette bli nedbygging i eit tempo og eit omfang som vi tidlegare ikkje har sett i Sogn og Fjordane.

I utkastet til fylkeskommunale retningsliner vil fylkesutvalet legge til rette for 3 TWh fram til 2025. Likevel vil fylkesutvalet at område med både lite og middels konfliktpotensiale, og eit teoretisk potensiale på over 20 TWh, skal vere disponibele for å plassere turbinane.

Dette er ikkje eit opplegg som går ut på å styre utbygginga dit konfliktane er små, eller å avgrense omfanget av omsyn til konsekvensane. Ei forklaring på denne romslege viljen til å komme sokjarane i møte, er kanskje at søknadene som ligg føre, i stor grad gjeld landskap med store konfliktar. Fylkesutvalet har formulert ambisjonar om å gjere skadane små, men vil ikkje styre sokjarane dit faktadelen seler at skadane er små. Her er ingen samanheng mellom mål og middel.

Planen gjev ikkje sakleg grunnlag for å vite at 3 TWh vindkraft er gjennomførleg utan store skadar på natur og landskap. Fylkestinget bør stryke dette målet og la planen vere ei avgrensing av eventuell utbygging til areal med små konfliktar. Så får konsesjonsprosessen gje meir kunnskap om dei einskilde prosjekta.




Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

3. Det ugilde fylkesutvalet

Den 20. august 2010 kunne Bergens Tidende fortelje at før saka vart send på høyring, fekk Vindkraftforum møte fylkesutvalet og levere sitt syn på utkastet frå arbeidsgruppa som hadde laga planen. Vindkraftforum er ein kamporganisasjon for fleire vindturbinar i Sogn og Fjordane, skipa av fylkesutvalet i 2009. Seks av ni medlemer i fylkesutvalet, som vedtok å opne for utbygging i område med middels konfliktar, har styreverv i kraftselskap som har levert sine konsesjonssøknader. Dei har ikkje sjanse til å argumentere vekk mistanken om at kraftselskapa er dei utvalde føringsoffiserane for fleirtalet i det fylkeskommunale planorganet. Fleirtalet i fylkesutvalet har på førehand aktivt alliert seg med vindkraftindustrien, og på den måten avvikla tilliten til at dei er ute etter ein balansert plan. Ein dag sit dei rundt styrebordet i kraftselskapa, neste dag sit dei i fylkesutvalet og lagar politiske råmer for kraftselskapa. Dersom dette er lovleg, er det fordi regelverket er mangelfullt. Denne mangelen er fjerna ved at reglane er endra, med verknad frå 1. november 2011.

Tillitvekkjande kan fleirtalet i fylkesutvalet aldri bli for andre enn vindkraftindustrien. Dei har gjort seg til advokat for ein sektorbransje, den eine parten i ei sak som utvalet veit er full av interessemotsetningar. Resultatet – planutkastet – legg til rette for at fylkesutvalet seier ja til det meste som måtte komme av søknader i Sogn og Fjordane. Planen som er på høyring, er vel eigna til å etterkomme alle ønske frå vindkraftindustrien, men ueigna som ein balansert plan, ein plan i tråd med ambisjonane i Plan- og bygningslova.




Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

4. Samandrag og konklusjonar

1. Kunnskapen om plante- og dyrelivet i storparten av planområdet er så mangefull at dersom konfliktpotensialet for den levande naturen er lite og middels der kartet viser det, er dette meir tilfeldig enn basert på faktiske opplysningar.
2. Fylkestinget bør stryke målet om 3 TWh vindkraft innan 2025 og la planen vere ei avgrensing av eventuell utbygging til areal med små konfliktar. Så får konsesjonsprosessen gje meir kunnskap om dei einskilde prosjekta.
3. Eventuell utbygging må vere avgrensa til område med små konfliktar, ikkje middels eller større. Areal med små konfliktar har, i følgje planen, eit energipotensiale på 10 TWh.
4. Fleirtalet i fylkesutvalet har, med sine styreverv i fleire kraftselskap, gjort seg til advokatar for vindkraftbransjen. Planutkastet går ikkje ut på å styre det som måtte komme av vindturbinar til avgrensa område for å etterkomme målet om å gjere konfliktane så små som det er mogeleg.

Med helsing


Hans-Chr Hansen
Hans-Christian Hansen

leiar

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
 Askedalen 2
 6863 Leikanger

30.09.10

Høyringsuttale til Regional plan for Vindkraft i Sogn og Fjordane.

Forhandlingsutvalet for Guleslettene vindmøllepark er eit grunneigarutval. Utvalet representerer grunneigarane i område Guleslettene i Flora og Bremanger kommune vedrørande saker om vindkraft.

Vår uttale vedrørande Fylkesdelplanen for vindkraft:

Punkt 2.2.5 Biologisk mangfald og vindkraft

Under punkt 2.2.5 Biologisk mangfald er havørna omtalt. Havørna er i sterk auke langs heile kysten og såleis ikkje ein truga art. Den er heller ikkje raudlista.

Punkt 2.4 Kulturminne –og miljø.

På kartoversikta er et skravert inn eit område med nasjonal verdi som går langt inn på fjellet aust for Botnane. Vi reknar med at det er gravhaugane i Botnane som er kulturminne i dette området. Desse ligg heilt nede med sjøen, og vi kan ikkje sjå nokon grunn til at eit så stort område innover fjellet skal bandleggast av den grunn. Dersom ein skal sjå vindmøllene frå gravhaugane, må dei stå heilt vest på fjellkanten. Ved å trekke dei tilbake frå fjellkanten slik at dei ikkje vert synlege frå Botnane vil ein likevel vere langt vest i det skraverte området slik det no er på kartet. Vi meinar at mykje av det skraverte området i aust ikkje kjem i berøring med kulturminnemiljø.

Punkt 2.5.3 Sumverknadar vedr. friluftsliv.

Ein må her få med at på grunn av vegar som vert bygde i eit vindkraftområde, så vert området lettare tilgjengeleg. Det medfører at det opnar seg ein mogelegheit for nye brukargrupper å kome seg inn i området. Vi tenkjer her på brukarar som ikkje klarar eller likar å bevege seg i meir eller mindre vanskeleg terren. Vi meinar at sumverknaden vert at dei som ikkje likar å sjå vindmøller ikkje vil bruke området lenger, men at desse vil bli erstatta av dei som synes det er interessant å sjå på vindmøller og dei som treng eller ynskjer ein lettare tilkomst for å kome seg inn i området. Erfaringar frå utbygde vindparkområder viser at total fritidsbruk av området vert auka etter utbygging av vindkraft (ref. Mehuken).

Punkt 3.3.2 Konfliktpotensial Flora- Bremanger

På kartet er området Skudalsnipa eit konfliktpotensial på 16 (lys brun) og Tverrdalsnipa eit konfliktpotensial på 18 (mørk brun). For Skudalsnipa og Tverrdalsnipa meinar vi at kulturminnedelen er lagt inn for eit altfor stort område, då det ikkje er kjende kulturminne på fjellet. Friluftsdele meinar vi og har fått for høg verdi for desse områda. Det aller meste av friluftsaktiviteten har utgangspunkt frå Fv. 614 som ligg heilt i austenden av vindmølleparkområdet for Guleslettene.

Med vennlig helsing

Forhandlingsutvalet for Guleslettene vindmøllepark
Øyvind Heimtun
Leiar

Losna 30.9.2010

Innspill til fylkesdelsplan for vindkraft I Sogn og Fjordane.

Vi ber om at følgende bekymringer legges merke til:

1. De planlagte vindmøllene er tenkt oppsatt i verdens vakreste natur. De er svære installasjoner som både bråker og krever utbygging i form av infrastruktur. Videre vil de kreve oppgradering av ledningsnettet. Dersom de blir satt opp, vil *monstervindmøllene* i svært lang tid, for mange generasjoner, skjemme et verneverdig miljø. Hardangermastene er 40 m høye, vindmøllene er ikke lavere! 140 meter?
2. Det er gjort kjent at Vindkraftforum i Sogn og Fjordane har påvirket fylkesplanen før alle andre. Konfliktnivået i planen ble drastisk endret på et tidspunkt i vår, - og det har vært snakk om habilitetsproblematikk. Dette smaker ikke godt, og vil ikke se pent ut i historiebøkene! Vi ber i det minste om at det blir den *første* planen som legges til grunn for videre behandling!
3. Det er langt mer fornuftig å legge vindmøller til områder der det fra før er industri, der det er nærhet til kraftbehovet. Her vil det heller ikke skjemme slik som i den vakre urørte Sognnaturen. Windmøller på Mongstad?
4. Helt siden Alta- utbyggingens dager, har man visst at norske ledningsnett kan/bør opprustes og slik spare masse energi. Hvorfor ikke heller ta et tak her, i stedet for å ødelegge for generasjoner.
5. Er virkelig vindkraft lønnsom, *på sikt*? Eller er den bare lønnsom med statlige overføringer for utbyggere i utbyggingsfasen, -fordi vi nå er forpliktet internasjonalt til å satse på miljøvennlig energi, og utbyggerne på alle måter har politisk medvind? Hvor mye gevinst er tilbake når utbyggingen er over?

Vi ber om at man ikke forhaster seg her! Inngrepene i natur er svære og vanskelig reverserbare. I det minste oppfordrer vi til *skrinlegging* av planer om bygging av vindmøller på ALLE områder som i *første* planen var merket med middels eller høyt konfliktnivå.

Vennlig hilsen
Carl- Erik Arnesen og Kristin Sandberg
Losna
6926 Krakhella

Sula Kraft AS
Boks 123
6801 Førde

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Førde, 1. oktober 2010

Høyringssvar på utkast til regional plan for vindkraft

Viser til høyringsframlegg vedteke av Fylkesutvalet sak nr. 059/10 (25. mai 2010) der Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 1. oktober 2010. Vedlagt følgjer Sula Kraft AS sine innspel til planen.

Sula Kraft AS er stifta for å satse på vindkraft i Solund kommune. Selskapet er eigd av Sunnfjord Energi, Vestavind Kraft og Vardar AS. Selskapet har sterkt forankring i Sogn og Fjordane og Vestlandet. Sunnfjord Energi er eigd av Solund kommune og seks andre kommunar i Sogn og Fjordane, samt BKK. Vestavind Kraft, som er lokalisert på Sandane, er eit vindkraftselskap eigd av Sunnfjord Energi og seks andre kraftselskap på Vestlandet. Vardar AS er eit energiselskap med sete i Drammen, og er mellom anna medeigar i vindkraftverket på Mehukn i Vågsøy kommune.

I høyringsframlegget står det: *"Regional plan for vindkraft vert å leggje til grunn for fylkeskommunal verksemnd og er retningsgjevande både for kommunal og statleg planlegging og verksemnd i fylket. Planen vil vere eit viktig grunnlag for NVE si handsaming av enkeltprosjekt"* (s.3). Sula Kraft AS vil påpeike at det er viktig at einskildprosjekt også vert vurdert ut frå den omfattande konsekvensutgreiinga som blir gjort i samband med konsesjonsprosessen.

For Sula Kraft sin del har vi brukt omfattande ressursar for å undersøke konsekvensane av vindkraft på Ytre Sula, gjennom eksterne konsekvensutgreilingar av ei rekke tema. Arbeidet med konsekvensutgreiinga for Ytre Sula vindkraftverk er no i sluttfasen og vert sendt ut på høyring saman med konsesjonssøknaden, som er venta levert inn i årsskiftet 2010/2011. I dette arbeidet er det henta inn ny kunnskap til dømes gjennom befaringer i felt. Det betyr at vår konsekvensutgreiing kan seie noko om *reelt* konfliktnivå for vindkraft på Ytre Sula, medan fylkesdelplanen for vindkraft i hovudsak har sett på *potensiale* for konflikt gjennom å samanstille eksisterande kunnskap.

Sula Kraft ser det difor som avgjerande at presiseringa på side 6 vert ståande: *"I samband med vindkraftprosjekt skal det utarbeidast konsekvensutgreilingar som før. Våre vurderinger knytt til konfliktpotensial må sjåast på som førebelse, utifra det vi kjenner til av registreringar per i dag. Konsekvensutgreilingar vil til slutt dokumentere reelle konfliktar betre."*

Ut over dette kjem ikkje Sula Kraft til å kommentere metodikk og generelle delar av utkastet til plan, då vi ser at denne rolla er ivaretatt av Vindkraftforum i Sogn og Fjordane. Vi vil i det følgjande konsentrere oss om den vurderinga som er gjort av konfliktpotensiale på Ytre Sula i Solund kommune sidan det er der Sula Kraft AS har konkrete utbyggingsplanar.

I høyringsframlegget frå Fylkesutvalet er Ytre Sula delt inn i to område: Sperrefjellet og Håfjellet, og konfliktpotensialet i dei to områda vert vurdert på følgjande måte:

Analyseområde	Landskap	Kulturminne	INON	Friluftsliv	Bio.mangfald	Landbruk	Samla
Sperrefjellet	Middels - 3	Middels – 3	Middels - 3	Lite - 1	Middels - 3	Lite - 1	Middels -14
Håfjellet	Middels - 3	Middels – 3	Middels - 3	Middels - 3	Middels - 3	Middels - 3	Middels -18

I fylkesdelplanen vert konfliktpotensialet mellom vindkraft og landbruk i området Håfjellet vurdert som middels. Utkast til delutgreiling for same tema når det gjeld Ytre Sula vindkraftverk konkluderer derimot med: "*Konsekvensen for landbruks- og skogbruksinteressene i driftsfasen vurderes som liten/ubetydelig*". Det er for så vidt ikkje oppsiktsvekkande at fylkesdelplanen og ei konsekvensutgreiling vil kome fram til ulike konklusjonar, sidan den første vurderer potensiale for konflikt, medan sistnemnte vurderer reell konflikt. Likevel finn vi det rett å påpeike at med den kunnskapen vi som potensiell utbyggar har om Ytre Sula, framstår det urimeleg at Håfjellet skal få middels konfliktpotensiale på landbruk. Vi saknar ei grunngjeving for ei slik vurdering av konfliktpotensiale.

Når det gjeld området Håfjellet meiner vi at konfliktpotensialet for friluftsliv bør endrast frå middels til lite. Den einaste grunngjevinga planen gjev for å vurdere konfliktpotensialet friluftsliv og vindkraft til middels, er at det er etablert nordsjøløyper mellom Kolgrov og Ørnehaug. Sula Kraft vurderer det slik at eit vindkraftverk i seg sjølv ikkje treng føre til auke i konfliktpotensialet med omsyn til friluftsliv. Ei vindkraftutbygging vil kunne telje positivt fordi det opnar opp nye områder for friluftsliv og dermed kan auke bruken av området. Dette vil kunne vere tilfelle for landskapet på Ytre Sula, som til dels er utilgjengeleg for rekreasjon slik det er i dag. Ei tilnærming der ein også vurderer positive konsekvensar kan vi ikkje sjå at framlegget til Regional plan for vindkraft gjer.

INON: Sula Kraft er usamd med planutkastet. For begge områda (Sperrefjellet og Håfjellet) er konfliktpotensialet sett til middels på grunn av forekomst av "INON frå fjord til fjell." For Sperrefjellet sin del er denne forekomsten ikkje openberr. For Håfjellet sin del vil eksisterande prosjekt berre berøre ein del av "fjord til fjell"-forekomsten. Vi vurderer det difor slik at Sula Kraft berre i mindre grad går utover den inngrepssfrie naturen.

Figur 2.8 i framlegget til plan viser at det ikkje er registrert kulturmiljø med regional eller nasjonal verdi i Solund. På bakgrunn av dette bør konfliktpotensialet reduserast til lite. Etter vår mening bør ikkje moglegheita for å finne kulturminne i seg sjølv føre til at eit område automatisk får stort konfliktpotensiale all den tid moglege negative konsekvensar ofte kan møtast med avbøtande tiltak.

Dette er Sula Kraft AS sine høyringssvar til Regional plan for vindkraft. Vi vonar at målsetjingane i planen kan nåast, nemleg at planarbeidet skal legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å nytte vindkraft. Sula Kraft ønskjer å bidra til denne målsetjinga ved å utvikle eit godt vindkraftprosjekt på Ytre Sula.

Med venleg helsing

For Sula Kraft AS


Olav Osvoll

Dagleg leiar

Til
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Hardbakke 1.10.2010.

UTTALE ANG. HØYRING AV REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT

Solund Senterparti meiner at vindkraft kan vere eit viktig bidrag til produksjon av fornybar energi.

Ei utbygging av fornybar energi må likevel vurderast opp mot andre kvalitetar som også er viktige for ei bærekraftig utvikling.

Ei god fagleg vurdering må difor leggjast stor vekt på ved ei endeleg avgjerd.

Vi er difor usamd i dei politiske føringane som endrar konfliktgraden i områda, og meiner at planen må byggjast på faglege vurderinger.

Kartlegginga av kunnskapsgrunnlaget i denne planen er på fleire område noko mangefull .

Konsekvensutgreiingar ved søknad om konsesjon vil difor vere avgjeraande for å danne det endelege biletet av verdien til eit mogeleg utbyggingsområde.

Ved slike konsekvensutgreiingar må også moment som m.a. identitetskjensle vurderast.

Dei områda som har fått status som regionale og nasjonale verdifulle område må også få den status dei fortjener, dersom dei vert vurderte som uaktuelle for utbygging.

Helsing
Solund Senterparti
v/leiar Anne-Marie G. Færøy
6924 Hardbakke

Fra: Unni Eltvik Hovden [Unni.Eltvik.Hovden@selje.kommune.no]
 Sendt: 4. oktober 2010 08:34
 Til: Postmottak Sentraladm
 Kopi: Gunn Helgesen; Svein Barmen
 Emne: Korrigert Høyringsuttale frå Selje kommune - Regional plan for vindkraft

Viktighet: Høy
 Følsomhet: Personlig

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
 v/Svein Arne Skuggen Hoff

Korrigert Høyringsuttale frå Selje kommune – Regional plan for vindkraft
Uttalen vår var ikke heilt rett sifert, så her kjem rett uttale.

Viser til Dykkar brev, dat. 08.06.10: Offentleg ettersyn – Regional plan for vindkraft
 Frist for høyringsuttale 1. oktober -10.

Når møteboka for møtet er ferdig vert saksutgreiing med vedtak ettersendt. Selje kommune si høyringsuttale fylgjer nedanfor:

Mvh
 Selje Servicekontor
 Unni Eltvik Hovden
 Sekretær

Selje kommunestyre handsama framleget i sak 048/10 i møte 29.09.10 og det vart gjort fylgjande vedtak:

KS-048/10 VEDTAK

1. Selje kommune meiner at kartgrunnlaget for Selje framstiller konfliktpotensialet som misvisande, og at det kan vere uheldig for vår kommune at det vert utarbeidd retningslinjer på dette grunnlaget. Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for Okla vindpark (på nordsida av Stadlandet) har vore handsama av kommunestyret. Det er ikke samsvar mellom det svært låge lokale konfliktnivået og det som er framstilt i planen (alle grunneigarane i vindparken ynskjer utbygging, og handsaming i kommunestyret var 16 for – 1 mot).
2. Selje kommune har røynsler frå handsaming av konsesjonssøknader og konsekvensutgreiinger for vindkraftutbygging. Det at utbyggjar har tilpassa sine planer etter kommunen og grunneigarane sine krav og innspel, har gitt gode resultat og svært lavt konfliktnivå.
3. Selje kommune ynskjer å bidra til ei framtidig utbygging av vindkraft på land og sjø. Dette syner også positivt vedtak for testområdet Stad (testturbin for offshore vindpark Stadvind).
4. Selje kommune har område av nasjonal verdi: Sørvestsida av Stadlandet, Hoddevik – Liset. Dette området bør også omfatte Ervik.

5. For å nå målet om å vere eit pilotfylke og bidragsytar til ny fornybar energiproduksjon og næringsutvikling, meiner Selje kommune at det er viktig at kommunen sine innspel dannar grunnlag for handsaming av det vidare planarbeidet.



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Joar Helgheim
Askedalen 2,
6863 Leikanger

01.10.2010

Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane – høringsuttalelse fra NHO Reiseliv Vest Norge

I planen på side 32 er Reiseliv omtalt. Det går her klart fram at vindkraftutbygging kan ha store negative konsekvenser for reiselivsnæringen. Likevel står det anført avslutningsvis:

"Det eksisterer likevel ikke andre konkrete nasjonale mål som direkte gjeve føringer for kva omsyn vi skal take til reiselivet, ved prosjektering og sakshandsaming av vindkraftanlegg. Vi legg til grunn at det vert lagt til rette for at reiselivsnæringa skal kunne engasjere seg og kome med innspel når det vert planlagt vindkraftanlegg."

Vi vil gjøre oppmerksam på at det fins slike konkrete nasjonale mål som gjev føringer i forhold til reiseliv og vindkraftutbygging:

I Olje- og energidepartementets "Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg" er reiseliv omtalt i punkt 3.10 på side 21.

Her står det at "det skal tas hensyn til eventuelle negative virkninger for reiselivsinteressene ved planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg."

"Svært stort konfliktpotensial:

I områder som er vesentlige for ivaretakelsen av det norske reiselivsproduktet, og nasjonalt viktige reiselivsdestinasjoner hvor landskapet eller naturen er en viktig del av attraksjonen."

I Sogn og Fjordane er det utvilsamt mange reiselivsområde som er vesentlige for ivaretakelsen av det norske reiselivsprodukt.

Vi anmorder på det sterkeste at dette vert tatt inn i fylkesplanen slik at det ikke berre vert opp til reiselivsnæringa sjølv å reagere og argumentere i kvar enkelt utbyggingssak, men at lokale og regionale myndigheter tar slikt omsyn til reiselivsnæringa som myndighetene krever når framtidige søknader vert behandla.

Med venleg helsing

Wenche Salthera
Bransjesjef NHO

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Askedalen 2
 6863 Leikanger

Gåsvær 1.10.2010.

ANG. HØYRING AV REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT

Kommentarar til:

Punkt 2.1.1. Landskap med stor regional verdi .(Solund)

Kva med samanhengen med innløpet til Sognefjorden med verdsarv status?

Kven definerar grensene til dette området som då bør ha nasjonal verdi, i høve planlagt utbygging av vindkraft?

Verneområder for sjøfugl, er det ikkje definerte områder med nasjonal verdi ?

Punkt 2.6.2. Reiseliv er mellom dei raskast veksande næringane på verdsbasis.

Strategi:"Natur-og kulturlandskapet utgjør en viktig del av det norske reiselivet og må ivaretas på en god måte".

Det er for lite grunnlagstal i høve reiseliv. Det er tradisjon for småskala reiseliv i kystkommunane, der bruk av naturen og nære sjøområder er viktigaste rekreasjonsaktivitet. Det burde vore innhenta meir registrering frå kommunane (Stiftinga Jensbua/Fjordkysten).

Misvisande kart ang. reiseliv s.33 i høve vedlegg 8. fagtema-kart. Manglar overnatting definert som hotell på Hardbakke. Stor overnatningsbedrift også i Hjønnevåg.

Del 4.1. s.68.

Punkt 2. Bør endrast til "Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite konfliktpotensial"

Punkt 3. Bør gå ut.

Om ein skal vise til kommunale planer for vindkraft, kan dei finnast i kommuneplan som avsett mogeleg areal til vindkraft. Med endringar i regelverket der det ikkje lenger treng vedtakast reguleringsplanar for slike anlegg, vil ein kommuneplan ikkje vere lovleg å bruke. Då kan man som grunneigar (som alt har gjort avtaler med utbyggingsselskap innan vindkraft), vere med å stemme over å avsette sitt eige areal til vindkraft. D.v.s. man bryt forvaltningslova.

Side 66. Siste avsnitt.

"Planen baserer seg på dagens kunnskap og teknologi."

Den skal vel òg vere basert på hensyn til ”naturverdiar”, og burde då i første omgang hatt eit strengare innhald og ei klarare prioritering. Ved rullering vil man sjå kor utviklinga av ny teknologi har gått og om samfunnet krev meir utbygging. Då unngår man irreversible inngrep i dei mest konfliktfyllte områda.

Generellt:

Det gjev ein lite truverdig plan for vindkraft når den i så stor grad har vorte tilpassa vindkraft-industrien sine planar som føreligg.

Man kan spørje seg om også andre fylke sine planar for vindkraft vert handsama på same måte? Då vert det næringsinteressene som vinn alltid.

Som politikar har man eit heilheitleg ansvar.

Helsing

Anne-Marie Gåsvær Færøy

6924 Hardbakke

Innspel til "Regional plan for vindkraft" med høyringsfrist 01.10.2010.

Regional plan for vindkraft utgreiar i liten grad omsynet til busetnad nær påtenkte vindkraftområde. Dette er sterkt å beklage då det finnes ein god del internatonal erfaring og dokumentasjon som tilseier at naboar til vindkraftanlegg opplever sterke fysiske plagar av lyd og lysflimmer. Nyare forsking viser at vedvarande lågfrekvent lyd er direkte helsekadeleg og påskyndar utvikling av ein rekke alvorlege helsetilstandar.

Erfaringar frå Europa er at etter kvart som eldre og mindre vindmøller vert erstatta av større anlegg, 2MW – 5MW, aukar også problemstillinga med støy monaleg. Støy og andre ulemper har ført til at fleire nasjonar sluttar å byggje landbasert vindkraft. Ein vel i staden å utvikle vindparkar til havs trass om lag dobling av kraftkostnaden. Sett i lys av desse kjennsgjerningane er det underleg at politikarane i Sogn og Fjordane satsar sterkt og ukritisk på bygging av landbasert vindkraft langs kysten. Ei kyststripe som i denne samanheng har relativt tett busetnad og der utbygging av vindkraft difor vil medføre store ulemper for mange menneske.

Vind er mange milliardars industri, og framstiller seg sjølv som rein, fornybar og grøn. Ute i verda diskuterar ein likevel den skitne løyndom til denne industrien – akustisk forsøpling av nærområde. Lågfrekvent lyd er energirik og veldig vanskeleg å skjerme seg mot, sjølv innandørs. Folk som må flytte fordi dei ikkje lenger orkar støybilde får av same grunn därleg betalt for husa sine. Dette er negative konsekvensar av vindkraftutbygging som derimot resulterer i alvorlege lokale skadeverknader for menneske og biologisk mangfald?

<http://windturbinesyndrome.com>

Vi stiller spørsmål ved hastverket det politiske Sogn og Fjordane har i denne kompliserte og store saka. Det var ikkje dei bøndene som selde fossane sine først som vart dei økonomiske vinnarane då vasskraft vart bygd ut. Å samanlikne med manglande deltaking i oljeindustrien vert meiningslaust. Oljeindustrien har ingen primær interesse av landareal i fylket vårt og er dessutan ikkje tufta på statlege subsidiar. Kva skjer med den offentleg støtta når ein innser at vindmøller ikkje har den forventa globale miljøeffekten, men derimot resulterer i alvorlege lokale skadeverknader for menneske og biologisk mangfald?

Lutelandet er eit godt døme på politisk hastverk og overkjøring av fagmiljø. Fylkesmannen kategoriserer Lutelandet som sterkt konfliktfylt. Fylkespolitikarane omtalar Lutelandet i Regional plan for vindkraft som politisk klarert. Dette gjer dei utan at vedteken plan har vore ute på høyring i Fjaler kommune. I støysonekart vedlagt utgreiinga for Lutelandet er opplista mange fastbuande og fritidsbustader. Likevel informerer ikkje planen om helsekonsekvensar og verditap på eigedom.

Aalborg Universitet i Danmark har i rapporten "Lavfrekvent støy fra store vindmøller" påvist monaleg auke i lågfrekvent støy frå vindmøller over 2,3 MW. Aktuelle storleikar på vindmøller i våre områder er frå 2,3MW – 6 MW. Vindkraftindustrien føretrekk enno større vindmøller når teknikken tillet det, og i følgje Aalborg Universitet må ein då forvente enno større problem med støy.

http://www.es.aau.dk/sections/acoustics/press/lavfrekvent_stoej_fra_vindmoeller/

http://www.es.aau.dk/fileadmin/sections/acoustics/Documents/rp/Moeller_og_Pedersen_-Lavfrekvent_stoej_fra_store_vindmoeller.pdf

Konklusjon:

Vi oppfordrar politikarane i Sogn og Fjordane til å ta omsyn til busetnad når dei vurderar kva areal som skal frigjevast til vindkraftindustri. Det er viktig å vere klar over at areal i eit belte av 2-3 km rundt ein vindmøllepark er ueigna til bustadføremål. Ansvarlege politikarar informerer innbyggjarane i planområda for vindkraft om helsekonsekvensar og tap av eigedomsværdi.

Vi opplever at mange kommunepolitikarar ser seg blinde på lauslege lovnader om eigedomskatt og vagt funderte vyar om storstilt utvikling av arbeidsplassar. Ingen vågar lenger å stille kritiske spørsmål til vindkrafthypen som er finansiert og båre fram av subsidiekåt storindustri. Så kan ein sjølvsagt fundere på om det er meir realistisk at distriktskommunar i dag evnar å utvikle varig leverandørindustri til vindkraft enn det vasskraftkommunane klarte å utvikle av leverandørindustri til vasskraftutbyggina?

Dale, 30.09.2010

Ove Myklebust

Jarl-Egil Haugsbø

Roald Skår

Idar Skår

Arild Feet

Nettverk mot vindmøller i Gulen (NMVIG)
 v/Leiv Henriksbø, leiar
 Henriksbø 89
 5966 Eivindvik

den 30/9-10

Sogn og Fjordane fylkeskommune
 v/prosjektleiar Roar Helgheim
 Askedalen 2
 6863 Leikanger


INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT I SOGN OG FJORDANE

Først vil vi gjerne gi prosjektgruppa honnør for eit svært godt arbeid ut ifrå det datagrunnlaget som er tilgjengeleg. Berre synd at Vindkraftforum fekk høve til å rote det heile til før planen vart sendt ut på høyring. For Solund kommune har planen, ut ifrå eit reiselivs- og friluftslivssynspunkt, dverre gått i frå å vere ei velsigning til å bli nærmast ei katastrofe. (Vi har også medlemmar i denne kommunen.)

For Gulen sin del synest vi, at vi kom vel därleg ut i det første forslaget til fylkesplan også. Det verka nesten som om vår vesle utkantkommune skulle ofrast for å få meir vern av resten av fylket.

Mogelege feil.


Fylkesplanen for vindkraft har gitt ein del merkelege utslag for Gulen kommune.



Bilete 1: Nordre Dingeneset med Sognesjøen og Solund med Ulvegreina i bakgrunnen.

Nordre Dingeneset er ein del av det området som blir kalla Riseheiane. Her går ein arm av vindkraftområdet, i fylgje oversiktskartet, heilt ut i fjærsteinane. Har ikkje fylket respekt for vernesona langs med strandlina når det gjeld vindkraft? Her vil vi gjere oppmerksam på, at i tillegg til ei gravrøys ifrå vikingtida, er det bygt ut eit stort hyttefelt på dette neset.

Vi vil påpeike at heile strandområdet ifrå Sollibotn til Sygnefest er eit meir eller mindre samanhengande hytteområde. Her er det også eit stort potensiale for vidare utbygging.




Bilete 2: Dette er toppen av eitt av tre hyttefelt i Fallebø hyttegrend på vestsida av Riseheia.

Omtrent midt i mellom Dingja og Sygnefest er det tre hyttefelt med til saman om lag 50 hytter/fritidshus: Fallebø hyttegrend. Eit av desse hyttefelta på om lag 15 hytter går nesten opp til toppen av Riseheia. Bak fotografen er det to hytter som det dverre ikkje var råd å få med på biletet, i og med at dei står ytterst på ein bratt fjellskrent. Lengst i bakgrunnen kan ein skimte Brosviksåta med Gulensendaren.

Riseheiane vil i stor grad vere friluftsområde for hyttefolket i dette området, men det vil også gjelde for dei store vatna i området (Dinge- og Brosvikvatnet) og fjella i bakgrunnen (Brosviksåta og Kvitebergnova). Vi synest at det er svært upassande med vindmøller i dette området, både ut ifrå eit reiselivs- og friluftslivperspektiv. **Såleis ber vi om at dette området blir oppgradert til minst middels konflikt, men helst stor konflikt.**

Neste bilete er teke ifrå ”amfiet” på Tusenårsstaden på Flolid i retning mot Dalsfjellet i søraust. Avstanden ifrå Tusenårsstaden til det nærmaste fjellet her er faktisk mindre enn til Setenesfjellet. Her vil vi gjerne gjere oppmerksam på, at ein av dei viktigaste grunnane til at Gulen kommunestyre gjekk i mot vindkraft på Setenesfjellet, var at det ville vere svært uheldig for satsing på reiseliv i samband med Tusenårsstaden Gulatinget. Då må det vere endå meir uheldig med vindkraft på Dalsfjellet.



Bilete 3: Dalsfjellet sett ifrå "amfiet" på Tusenårsstaden Gulatinget på Flolid.

Viss det ikkje er kjent for prosjektgruppa, noko som det kan tyde på i planforslaget, så er Gulatinget og Tusenårsstaden to forskjellege "ting." Det er historisk vitneprov på at det gamle Gulatinget låg i sentrum av Eivindvik i om lag 4- til 5-hundre år. Om det så vart flytta til Flolid i ein femtiårsperiode er heilt uvisst. Det er dei som hevdar at det vart flytta til Kyrkjeøyna i Rutletangane. Der har det i fylgje folkeminne i alle fall stått ei kyrkje, noko som har vore eit krav til eit så stort ting. Det gjer at Tusenårsstaden Gulatinget såleis eigentleg er å rekne som ein minnepark for det eigentlege Gulatinget i Eivindvik. Difor meiner vi at tingstaden i Eivindvik må oppgraderast ifrå arkeologisk funnstad til også å vere eit kulturminne.

Av denne grunn meiner vi at desse to tingstadane må sjåast på som eit samla samanhengande historisk område. Dei som kom til Gulatinget i svært gamle dagar, hadde med seg mykje folk som slo seg ned på mindre plassar rundt om i området. Det var berre med ein liten hovudstyrke at stormennene reiste inn til sjølve tinget. Difor meiner vi at det meste av Gulafjordane må reknast med til dette historisk området, ifrå Stemnebø, via Nyhamar, Dingja, Nordgulen, Haveland, Oppdal og til Eidsbotn.

Det skal også nemnast, at det har vore fire veter som ein del av leidangen rundt det gamle Gulatinget. Det er på Svabergfjellet, Nevdalsfjellet, Stemnebøfjellet på Hisarøy og eit fjell rett ovanfor Midtun i Eivindvik. Når det gjeld den siste veten, vil den vestlegaste vindmølla til SAE-Energi bli plassert berre om lag 100 m lengre aust, viss det skulle gå så ille at det blir noko av dette prosjektet.

Det står i fylkesplanen at Tusenårsstaden er av nasjonal verdi. No har prosjektleiaren for Tusenårsstaden, Anne-Karin Misje, som også er vår talsperson på kulturbasert reiseliv, på

oppdrag ifrå både kommune og fylke i fleire år jobba med å få til eit samarbeid med dei andre norrøne tingstadane rundt det som tidlegare vart kalla vesterveg. Dette gjeld tingstadane på Færøyane, Island, Skottland, Shetland, Orknøyane, Isle of Man og Grønland. Sjå: [Nordatlantisk Tingstadnettverk](#) på heimesida til Tusenårsstaden Gulatinget.

Sjå også heimesida: Thingproject (www.thingproject.eu/). Dette er eit EU-prosjekt som er finansiert av EU. Det tek sikte på å få dei nemnde tingstadene i fellesskap inn på Unescos verdsarvliste. Då skal det helst ikkje vere synlege vindmøller i området.

Difor ber vi i NMVIG om at Tusenårsstaden Gulatinget i fylkesplanen blir oppdatert til å vere av internasjonal verdi, og at det må oppretta ei absolutt vernesone rundt denne med ein radius på 10 km fri for vindmøller.

Ville islendingane ha bygd vindkraftanlegg rundt Thingvellir?

Kulturminne og kulturmiljø.

Omtalt ovanfor.

Friluftsliv.

Dette området heng sterkt i saman med reiseliv, og er i vår kommune ein viktig føresetnad for ei vellykka reiselivssatsing.

Ser på kartet at området mellom Flolid, Folefoten og Nyhamar er avmerka som nasjonal verdi når det gjeld båtfarts-, bade-, fiske, og turområde. Dette kan like godt gjelde heile kystområdet og fjordane innafor. Grunnen til dette er, at vi har svært spreidd busetting i kommunen, og det er fritidshus nesten over alt. Pr i dag er det om lag like mange fritidshus i kommunen som det er bustadhus, - om lag eitt tusen av quart.

Det som får folk til å flytte til Gulen er først og fremst den vakre og varierte naturen vår og mulighetene til friluftsliv. Det er ingen som flytter hit og slår seg ned her for å gå på kino, i teater eller konserter. Den delvis urørde naturen vår er i så måte det største aktivitetet vi har når det gjeld både innflytting og reiseliv, og vi vil gjerne halde den fri for store prangande tekniske installasjonar, som industrielle vindkraftanlegg vil vere.

Dette gjeld også i stor grad Solund kommune, og truleg også resten av kysten i Sogn og Fjordane, i alle fall i område som er relativt tynt busett.

Difor ber vi om at det blir lagt langt meir vekt på konfliktpotensialet når det gjeld friluftsliv.

På 60-talet då det framleis var kalde og snørike vintrar, var det stor utfart til Kjellbju og Wergelandshøgda for å gå på ski, spesielt i påsken. På Kjellbju vart området på begge sider av dalen brukt til skaktivitetar, både vest mot Dalsøyra og aust mot Transdalen. På Wergelandshøgda gjekk dei fleste austover på ski.

No har vi hatt relativt varme vintrar i ein 30- til 40-årsperiode. Men det er ting som tyder på at dette no er i ferd med å snu. IPCC og klimaalarmistane har enno ikkje klart å komme opp med det endelige vitneprovet på at det er ein samanheng mellom auke i CO₂-mengda i atmosfæren

og eit varmare klima. Derimot ser det ut til at det no er klimaskeptikarane som er på offensiven, og det ser også ut til at dei har ein del å fare med.

Klimaskeptikarane har dei siste åra fått støtte ifrå solforskarene, som har funne ut at det eigentleg er sola som styrer klimaet på jorda. Til mindre solflekkar, til kaldare klima. Her må den danske solforskaren Henrik Svensmark nemnast spesielt. Den norske seniorrådgivaren innan solforsking, Pål Brekke, er i stor grad samd med han. Vi kan få ei global nedkjøling over ein 30- til 60-årsperiode som i verste fall kan bli like ille som den vesle istida på siste halvdel av 1600-talet. Sjå: [Henrik Svensmark on Global Warming](#) på Youtube. Sjå også: [Klimarealistene.com](#). Faktisk kan det sjå ut til at denne globale nedkjølinga alt har begynt siste vinter med kaldare og meir snørik vinter.

Av den grunn ber vi om at Dalsfjellet og Flatfjellet vest for Transdalen og Kløvtveitvatnet blir oppgradert i konflikt for å bevare området for framtidige friluftsliv om vinteren. Det same gjeld også Bleikebrekkfjellet aust for vegen og Vardane. Rett nok har vi eit skisenter i Stordalen i Masfjorden, men det tek om lag halvannan time å køyre dit ifrå Eivindvik.

Det har vore hevdta, at vi må vere føre var når det gjeld global oppvarming, men då bør ein vel også vere føre var når det gjeld global nedkjøling.

Desse nye teoriane til solforskarene sår tvil om det eigentleg er nødvendig å øydeleggje så mykje urørd natur på kysten med industrielle vindkraftanlegg for å berge verda ifrå ei global oppvarmingskatastrofe.

Reiseliv.

På dette området har både Gulen og Solund eit stort potensiale. Dette ikkje minst på grunn av Skjerjehamn med kongestatuen, Tusenårsstaden og Utvær som marknadsmessige fyrtårn i denne samanhengen. I dag har vi om sommaren faste turar med ribbåt i skjergarden både i Gulen og Solund. Vidare har vi muligkeit for cruise med havfiske. I framtida kan ein rekne med minicruise/dagsturar med turistar ifrå Bergen til f.eks Skjerjehamn, Tusenårsstaden og Utvær, der turistane om kvelden bordar sine respektive turistskip når dei er på veg inn Sognefjorden. Eigentleg er det berre fantasien som set grenser.

Fylgjande er ført i pennen av Ørjan Sandnes som driv Gulen Dykkesenter på Nyborg nær Dalsøyra i Gulen. Han er vår ekspert og talsmann på natur-, opplevings- og temabasert reiseliv:

Arbeidet med å få turistskipa til Gulen og Solund er allerede i gang, så dette er høgst aktuelt.

Temabasert reiseliv er satsingsområdet til Innovasjon Norge og Fjord Noreg regionen, og der Gulen er sterkt representert ved Gulen Dive Resort, som driver opplevings basert reiseliv med blant anna dykking som aktivitetssområde. Vi hadde allein ca. 2500 turister med oss ut iøyene i perioden fra mai til september. (Vi er meir kjent utanfor Gulen enn i Gulen)

Fjord Norge er: **Verdens vakreste reisemål!**

Ekspertpanelet i National Geographic Traveler kårer Fjord Norge til verdens vakreste reisemål.

De sier blant annet:

I en omfattende undersøkelse gjennomført blant 437 eksperter av National Geographic Societies Center for Sustainable Destinations og National Geographic Traveler Magazine, har Fjord Norge-regionen fått topp karakter og øverste plassering som "verdens mest avholdte ikon-reisemål".

133 av verdens beste reisemål har vært med i undersøkelsen og alle har blitt evaluert opp mot evnen til å ivareta destinasjonen på en bærekraftig og autentisk måte, samt tilby unike kvaliteter som sikrer regionens integritet som reisemål. Fjord Norge fikk 85 av 85 mulige poeng. I 2004 ble Fjord Norge vinner av samme kåring, men den gangen fikk regionen 82 poeng.

Spesielt evnen til å ta vare på den spektakulære og unike naturen, samt sikre et levende fjordlandskap med bosetning og ekte kultur blir fremhevet som viktige grunner for seieren.

Se også her: NCE Tourism Fjord Norway, [Reiselivsutvikling for fremtiden](#).

Den viktigste driveren for å velge Norge som reiselivsmål er å oppleve naturen generelt og fjordene spesielt. Fjord Norge er den regionen som leverer best på dette markedsbehovet, og National Geographic Traveler Magazine har kåret regionen til verdens beste uberørte reisemål.

Vi i NMVIG er sterkt bekymra for, at blir Fylkesdelplanen for vindkraft endeleg vedteken slik som den no ligg føre, vil vi miste denne gratisrekklamen til fleire hundre millionar kroner i verdas beste reisemagasin. Den opphavlege planen var langt betre i denne samanhengen.

Av ovannemnde grunnar ber vi om at det i fylkesplanen blir lagt langt meir vekt på reiseliv.

Vi ber også om at prosjektgruppa innarbeider fylkeskommunen sin eigen plan for reiseliv på kysten i planen for vindkraft, nemleg [Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 til 2025](#), og [Fjordkysten](#). Sjå også: www.fjordkysten.no. Ser at prosjektgruppa gjerne vil vere i forkant når det gjeld vindkraft i fylket, men det er minst like viktig å vere i forkant når det gjeld reiselivet. Det er lite hjelpe i å oppdatere fylkesplanen for vindkraft med omsyn til verneinteressene kvart fjerde år viss gode friluftslivs- og reisemål i mellomtida har gått tapt til vindkraftbransjen. Det same gjeld for Reiselivsplanen.

Det er reiselivet, spesielt med bygging av fritidshus, som gir nye arbeidsplassar og folkeliv i bygdene. Det sysselset svært mange lokale entreprenørar og handverkarar.

Vindkraft har i så måte lite å tilby etter at anleggsfasen er ferdig

Biologisk mangfold.

Her har vi eit par korrigeringar: I fylgje lokalbefolkninga på Nese rett sør for Haveland, skal det vere eit hekkande havørnpar i den bratte fjellsida på nordsida av Dalsfjellet. Oppe på dette fjellet, nærmare bestemt i Skitnedalen, er det ei stor fjellmyr med ei lita kjønn i søre enden. Ber om at desse korrigeringane blir tekne med og at området blir oppdatert til meddels konflikt.

Vi vil også nemne at det går eit grågåstrekke over Ytre Gulen vest for Storsteinfjellet og sørover Eidsfjorden.

Avslutning/konklusjon.

- 1. Vi ber om at dei feila som er påvist i fylkesplanen for Gulen sitt vedkommande blir retta opp.**
- 2. Vidare ber vi om at både friluftsliv og reiseliv får generelt høgare konfliktsnivå. Dette gjeld spesielt i Gulen, i og med at vi kom litt dårlig ut også i det første utkastet til plan.**
- 3. Vi ber om at Tusenårsstaden Gulatinget på Flolid, som er fylket sin eigen Tusenårsstad, blir oppgradert til å vere av internasjonal verdi, og at det blir lagt ei absolutt vernesone med 10 km radius rundt denne.**
- 4. Vi i protesterer mot at Sogn og Fjordane skal vere leiande når det gjeld vindkraft på land. Vi bør heller bli leiande på reiseliv, også på kysten. Derimot synest vi det er greitt med vindmøller til havs, og ein treng ikkje først øydeleggje ein masse urørd natur på land for å skaffe seg erfaring til havs. Den beste måten å skaffe seg erfaring til havs, er å setje opp ei eller fleire testvindmølle til havs.**
- 5. Vi protesterer også mot at område med stor konflikt skal kunne byggjast ut dersom det lokale kommunestyret vil det, og det kan gjerast avbøtande tiltak. Praksis har vist, at det einaste avbøtande tiltaket som i realiteten verkar, er lett og slett å fjerne synlege vindmøller. På Setenesfjellet vart det føreslått mange avbøtande tiltak, men mange av desse var diverre innbyrdes i strid med kvarandre og såleis utan verdi. Forslag til avbøtande tiltak blir berre fint på papiret. Det bør vere absolutt freding av område med stor konflikt.**
- 6. Det er to svært positive tiltak i fylkesdelplanen for vindkraft som vi har lagt merke til. Det eine er freding i 5 km radius rundt større busetnader. Det andre er at det er føreslått freding av innløpet til Sognefjorden og Nordfjord i eit belte på 5 km på kvar side av leia. Vi synest denne fredinga bør gjerast permanent og slik at tilstøytande påtenkte vindkraftprosjekt ikkje kan overskride denne grensa. Dette bør visast på kartet.**
- 7. Derimot synest vi det er svært uheldig at Vindkraftforum i Sogn og Fjordane fekk påverke fylkesplanen med sine innvendingar før alle andre. Vi føreslår at prosjektgruppa går tilbake til den første planen og tek utgangspunkt i den. Den var langt betre. Så får heller innvendingane ifrå Vindkraftforum vurderast på lik linje med alle andre innspel.**
- 8. Vi synest også det er meiningslaust å ha ein inndelingsskala på heile 26 steg når datagrunnlaget er så tynt som det er både når det gjeld biologisk mangfold og kulturminne. Det bør greie seg med ein skala på seks steg, i alle fall ikkje meir enn ni.**
- 9. Vidare ber vi om at prosjektgruppa tek seg god tid med å behandle alle innvendingane mot Fylkesdelplanen for vindkraft i Sogn og Fjordane, slik at Fylkesutvalet ikkje kan få planen i hende før dei nye habilitetsreglane har vorte gyldige etter 1. november.**

10. I og med at fylkesplanen har vorte så politisert og omstridt som tilfelle er, hadde det vore best om den ikkje blir behandla i Fylkestinget før etter valet neste haust, og at den såleis kan bli eit tema i valkampen.

Med vennleg helsing
Nettverk mot vindmøller i Gulen (NMVIG)
v/ Leiv Henriksbø, leiar.

PS:

Nettverk mot vindmøller i Gulen har pr. dags dato 64 medlemmar, av desse er dei fleste reiselivsbedriftene i kommunen, 14 i alt.

Vi har som mål å drive opplysing om dei negative sidene ved vindkraft.

Vidare har vi som mål å prøve og verne den vestleg og nordleg delen av kommunen mot store tekniske inngrep som industriell vindkraft vil vere og bevare naturmiljøet mest intakt slik som det er i dag. Dette for å leggje tilhøva godt til rette for at det kan satsast maksimalt på ei reiselivsnæring som er både tema-, natur-, opplevings- og kulturbasert.

Innspelet vårt har vore ute på høyring hos medlemmane.

L.H.

Lokketodalen 01.10.2010

HØRINGSUTTALELSE TIL REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT – MED FOKUS PÅ SOLUND

1. Innledning

Reiseliv, turisme og fritidsboliger gir inntekt til hele spekteret av næringsvirksomhet i fylket. Etablering, drift og vedlikehold gir inntekter til lokale håndverkere. Sesongintekter i vare- og tjenestesektoren bidrar til å opprettholde et helårstilbud for fastboende og reise bidrar til å opprettholde kollektivtilbuddet for fastboende.

Solund har en skjærgård som er uhyre attraktiv og som har et enormt potensiale for rekreasjon om den ikke ødelegges. Naturen slik den er nå forsvarer tre timers reisetid fra Bergen. Hvis skjærgårdssidyllen i betydelig grad forstyrres av vindmøller, er "arvesølvet" solgt. På mer sentrale steder som for eksempel Bømlo og Fedje er landbaserte vindmølleplaner skrinlagt for å bevare rekreasjonsmiljøet. Den generelle trend er at havbaserte flytende vindmøller er til minst sjenanse. Hvorfor reise helt til Solund hvis skjærgårdssidyllen er bedre ivaretatt i mer sentrale strøk?

2. Kommentar til del 4

Etter mitt syn er viktige aspekter ved vindmøllers ulemper ikke tilstrekkelig vektlagt. Solunds største aktivum er skjærgården. Det er ekstra viktig å bevare skjærgårdssidyllen. Derfor bør vindmøller generelt ikke plasseres i skjærgården, og spesielt ikke i områder med eksisterende og planlagt utbygging for rekreasjonsformål. Størst ulempe gir vindmøller om de plasseres sør eller vest for bebyggelsen. Da vil rotorbladene kunne gi en blinkeeffekt når sollyset reflekteres i de roterende bladene eller når rotorbladene passerer solen og gir skygge i korte øyeblikk. Aller verst blir dette om sjøen også er sør eller vest for bebyggelsen slik at oppmerksomheten og utsikten fokuseres mot denne blinkeeffekten. Slik vil det være på strekningen Strembeneset – Hardbakke.

Eventuell vindmøllepark i Lindefjellet vil kunne gi slik blinkeeffekt i området fra Hardbakke til Strembeneset. På denne strekningen vil ulempene ved vindmøllepark trolig være større om den plasseres på Lindefjellet og ytterste halvdel av Ulvegreina, enn om den plasseres "bak" bebyggelsen vekk fra sjøen i Fonnaheia. Derfor er det paradoksalt at Lindefjellet og deler av Ulvegreina på kart på side 62 er markert med lavere konfliktnivå enn Fonnaheia.

På side 67 er markert buffersone for innseilingsleden til Sognefjorden. Denne omfatter hele området Lindefjellet og ytterste halvdel av området Ulvegreina. Innseilingsleden til Sognefjorden har betydning langt utover Solund kommune. For turisme og reiseliv har den betydning for kommuner innover fjorden så vel som for regionen og nasjonen. Viktigheten av denne buffersonen fremstår som undervurdert i forslaget.

For den del av området Lindefjellet som består av Nesøyna er det vel uansett lite aktuelt med vindmøllepark pga manglende infrastruktur, jf fylkeskommunale retningslinjer punkt 5.

3. Forslag til endring i del 4 Politisk del

I politisk vurdering av konfliktpotensiale i figur 4.1.1 på side 62 må Lindefjellet i sin helhet endres fra kategori middels konfliktpotensiale til stort konfliktpotensiale. I området Ulvegreina må i alle fall den mest sjønære delen endres fra middels til stort konfliktpotensiale. Den mest logiske er å markere den del av Ulvegreina som omfattes av buffersone for skipsleden på side 67 med stort konfliktnivå.

Med vennlig hilsen



Martin Søfteland
tomteeier på Strembeneset i Solund Kommune
LOKKETODALEN 19
5136 MÅLKERNEN

Vestavind Kraft

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Dykkar ref.

Vår ref. SMS

Dato 30.09.2010

Regional plan for vindkraft – høyringsfråsegn frå Vestavind Kraft AS

Vi syner til høyringsframlegg vedteke av Fylkesutvalet 25. mai 2010. Nedanfor finn de høyringsfråsegn frå Vestavind Kraft.

Kort om Vestavind Kraft

Vestavind Kraft er eigd av sju energiselskap på Vestlandet; BKK, Haugaland Kraft, SFE, Sognekraft, Sunnfjord Energi, SKL og Tafjord Kraft. I hovudtrekk er desse energiselskapene eigd av kommunar på Vestlandet.

Vestavind Kraft, som har hovudkontor på Sandane, er dei sju eigarselskapa si felles kompetansebase for utvikling og drift av vindkraft på land. Selskapet har sidan 2005 lagt ned betydelege ressursar i utvikling av vindkraftprosjekt langs Vestlandet og har opparbeidd betydeleg kunnskap om konsekvensane ved utvikling av vindkraft.

Vestavind Kraft er involvert i fem vindkraftprosjekt i Sogn og Fjordane som er under handsaming hjá energistyresmaktene.

Overordna vurdering

Som utbyggingsaktør og investor stiller Vestavind Kraft seg positiv til det overordna målet i Fylkesdelplanen om å: *'legge til rette for å sikre utbygging og drift av vindkraft i Sogn og Fjordane'*. Det vert i planen vist til eit mål om 1000 MW / 3 TWh vindkraft innan år 2025. Målet er ambisiøst og vil med dagens kostnadsnivå bety investeringar på over 10 mrd kr.

Vi meiner at målet om 1000 MW vindkraft i fylket berre kan verte nådd dersom det vert opna for vindkraft i område som planutkastet definerer med stort og middels konfliktpotensiale. Det er innanfor desse områda det bles best, over 8 meter per sekund (m/s), den vindstyrken som truleg må til for å få lønsemeld i norsk vindkraft dei komande 10 åra. På landsbasis finst ei rekke vindkraftprosjekt i vindkategorien over 8 m/s. Fylkesdelplanen analyserer område med årsmiddelvind over 7 m/s, noko som altså omfattar store areal som reint økonomisk er uinteressant for investorane og utbyggjarane av vindkraft i Noreg.

VESTAVIND KRAFT AS

Bukta, N-6823 Sandane, Norway

Telefon +47 57 88 37 02 Telefaks +47 57 88 37 01
<http://www.vestavindkraft.no> Org.nr. 989 074 687

1

Planutkastet opnar i teorien for utbygging av vindkraft i store område i Sogn og Fjordane. Kartskissene i planen kan difor skape eit inntrykk av at det kan kome vindturbinar 'over alt' i fylket. Det realistiske potensialet for lønsam utbygging er, slik vi ser det, langt mindre. Vi meiner det er eit poeng at vindkraftbransjen etter snart 15 år med identifikasjon av aktuelle område for vindkraft i fylket har kome opp med rundt 12 – 13 aktuelle vindkraftprosjekt. Desse prosjekta, som er offisielt melde inn til energistyresmaktene for handsaming, vil samla bety rundt 900 MW installert effekt og 2,6 TWh årleg kraftproduksjon.

Ingen seriøse aktørar har lansert vindkraftplanar i fylket som kjem i inngrep med verneområde, eller prosjekt som er i direkte konflikt med busetnad med omsyn til ulemper ved støy og skyggekast. Sett frå investorane og utbyggjarinteressene si side burde det med eit slikt utgangspunkt vere mogeleg å kunne realisere 12-15 vindkraftverk i fylket.

Dersom alle dei i dag kjende vindkraftplanane vert realiserte, vil desse etter vår vurdering legge direkte beslag på omlag 0,5 % av landarealet i Sogn og Fjordane. Avhengig av endeleg utforming av kvart vindkraftprosjekt vil ei realisering av rundt 1000 MW vindkraft kunne føre til ein reduksjon av den inngrepsfrie naturen (hovudsakleg INON sone 2) i fylket med omlag 3 %. Den villmarksprega delen av den inngrepsfrie naturen i fylket vert ikkje påverka av desse planane.

På overordna nivå meiner vi difor det bør vere plass til godt med vindkraft i fylket utan at dette går nemneverdig utover naturvern og relaterte brukarinteresser.

Generelle kommentarar til planutkastet

Vestavind Kraft har bidrøye aktivt i utarbeidning av høyringsfråsegna til organisasjonen Vindkraftforum. Vi viser til denne høyringsfråsegna og gjev vår fulle tilslutning til den. Det er i høve til fråsegna frå Vindkraftforum tre punkt vi spesielt ønskjer å trekke fram:

1. Vestavind Kraft meiner generelt at planutkastet er ubalansert når det gjeld vurdering av potensielle konflikter på eine sida og dei positive ringverknadene på andre sida. Vi opplever at det i liten grad er lagt vekt på å få fram mogelegheitene og dei positive sidene knytt til vindkraft.

Som eit eksempel er landbruk eitt av seks fagtema som vert vurdert i planen. Her vert det ikkje vurdert kva positive sider vindkraft kan ha for landbruket i form av styrka inntektsgrunnlag for grunneigarane/bønder og utløysing av vegar oppover dalar til høgareliggende område som kan bidra til landskapsskjøtsel i form av gjødsling og husdyrbeite, enklare tilgong til jaktområde osb. Knytt til tema landbruk har planen gjeve område der landbruks kulturlandskap kan verte avgjerande for næringsutvikling stort konfliktpotensiale. For eksempel vurderer planen at vindkraft på Stadlandet har stort konfliktpotensial for landbruket i området. Det aktuelle landbruket er i dette tilfelle husdyrbeite – ei bruksform som vi meiner har fordelar av vindkraftutbygging.

Løysing: Vestavind Kraft har bidrøye til Vindkraftforum si samanstilling av eit eige vedlegg som omtalar positive sider av vindkraft, eit vedlegg som Vindkraftforum legg ved si høyringsfråsegn. Vi ber om at dette materialet vert teke med i vurderinga av den endelige fylkesdelplanen.

2. Vestavind Kraft meiner det er ei svakheit ved planutkastet at dokumentasjonen av 'faktavurderingane' er mangelfulle og fleire stader manglar heilt. Vestavind Kraft opplever at det vert teikna eit for strengt og negativt bilet av konfliktpotensialet i planutkastet. Vi baserer denne påstanden på dei fagutgreilingane som er gjort for våre konkrete vindkraftprosjekt. Ved å samanlikne desse prosjektspesifikke utgreilingane med vurderingane gjort i planutkastet finn vi stadvis sprik mellom påstått (potensielt) høgt konfliktpotensial i planen og lågare faktiske konfliktpotensiale for områda der det er gjort konsekvensvurderingar av konkrete vindkraftprosjekt i dei same områda.

Løysing: Vestavind Kraft har nedanfor gjeve ei 'eigenvurdering' av konsekvensar i samband med våre vindkraftprosjekt, basert på dei utgreilingar som er gjort i samband med konsesjonsarbeidet som energistyremaktene koordinerer. Vurderingane står opp under at dei politiske retningslinene til planen må opne for å vurdere prosjekt også i område definert med stort konfliktpotensiale – med strenge krav til avbøtande tiltak.


3. Vestavind Kraft meiner at planutkastet sin bruk av INON (Inngrepssfri natur) som arealplanleggingsverktøy er misvisande. Bruken av INON inneber ei kartfesting av inngrepssfri natur, der inngrepssfrie område er definert som område ein kilometer eller meir frå tyngre tekniske inngrep.

Avstand i luftlinje heng ikkje alltid saman med topografiens i landskapet; ved å ta ein rundtur i fylket finn ein at eit slikt teoretisk verkty skjuler dei store variasjonane i naturkvalitet innafor langt kortare avstand til såkalla "tyngre tekniske inngrep".

Kriterium for kva som er med på lista over "tyngre tekniske inngrep" er også uklare. T.d. er ein skogsbiweg karakterisert som eit "tyngre teknisk inngrep" tillik med ein motorveg, medan turistforeiningshytter med tusenvis av gjester kvart år ikkje er det.

Illustrasjonen nedanfor gjev eit eksempel på bruken av INON i fylkesdelplanen. På Sætrefjellet har vi teke eit foto i retning Marafjellet. Anleggsarbeidet i framgrunnen er reelt og knytt til Bremanger Quarry sitt steinbrot. I bakgrunnen har vi lagt inn ein fotomontasje av dei planlagde 8 – 12 vindturbinane i Vestavind Kraft sitt planlagde prosjekt på Marafjellet. Avstanden mellom steinbrotet til vindkraftverket er om lag 1 km (på det kortaste). I fylkesdelplanen er det gjeve maks konfliktgrad (5 poeng) og 'stort konfliktpotensiale' når det gjeld vurdering av vindkraftverk på Marafjellet. Vi meiner bygging av vindturbinar på Marafjellet berre i liten grad fører til konflikt med inngrepssfri natur i området – fordi området er så sterkt prega av inngrep frå før. Vi meiner altså at bruken av INON verktyet i forvaltninga i mange tilfelle vert misvisande og synes illustrasjonen nedanfor står opp under den påstaden.

Fotomontasje av vindkraftverk på Marafjellet/Hennøy ved fotostandpunkt Sætrefjellet (3 MW vindturbinar med 84 meter navvhøgde).



Løysing: Fylkesdelplanen bør klarere areal til vindkraftformål ut frå behovet for å ivareta faktiske kvalitetar med omsyn til landskap/kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturminne og i dei tilfeller der slike kvalitetar må vike; stille krav til avbøtande tiltak.

Konsekvensvurdering av konkrete prosjekt

Dei konkrete vindkraftprosjekta som er under planlegging i fylket utgjer berre ein liten del av dei store områda som fylkesdelplanen vurderer. Det kan difor vere forskjell i konsekvensar av eit 'lite' vindkraftprosjekt samanlikna med planen si vurdering av potensielle konfliktar for eit større område.

Vestavind Kraft er involvert i fem vindkraftprosjekt i fylket som er til handsaming hjå energistyresmaktene. For to av prosjekta, Okla og Lutelandet, er det utført konsekvensutgreiling med tema som også vert drøfta i planutkastet, medan for to av dei andre prosjekta, Sula Kraft og Hennøy, er konsekvensutgreilinga i avsluttande fase. Nedanfor har vi gjort ei vurdering av Vestavind Kraft sine prosjekt vurdert opp mot planutkastet sine områdevurderingar av konfliktpotensial. Vindkraftverket på Lutelandet er definert som 'politisk klarert' i planutkastet. Vi har likevel inkludert ei vurdering av Lutelandet opp mot planutkastet sine områdevurderingar.

Vi understrekar at prosessen med å få fram ein vindkraftkonsesjon krev fagleg kompetente utgreilingar av konsekvensar. Ein konsesjonssøknad inneholder ei rekke fagrapporatar for ulike tema – normalt vert fagrappornane utarbeidd av uhilda fagmiljø / konsulentar.

Delområde Stad – Vågsøy

Planutkastet sitt delområdet Stad - Vågsøy omfattar området Eltvikhornet, som igjen omfattar eit område ovanfor Borgundvåg på Stadlandet der Vestavind Kraft har søkt om konsesjon for Okla vindkraftverk. Okla vindkraftverk er planlagd med inntil 9 stk vindturbinar med opp til 2,3 MW effekt (samla 20,7 MW). Utvikling av Okla prosjektet oppstod på initiativ frå Selje kommune, og prosjektet har full tilslutning frå grunneigarane. Okla er det einaste prosjektet som er under utvikling på Stadlandet og størrelsen på prosjektet er tilpassa kapasitet i eksisterande 22 kV kraftlinje frå Leikanger på Stadlandet og til Skorge ved Åheim. I samband med høyring av konsesjonssøknaden har Selje kommunestyre gjort vedtak der NVE blir oppmøda om å gi konsesjon til Okla vindkraftverk.

I utkastet til fylkesdelplan er området som Okla er innanfor (Eltvikhornet) gjeve verdien 24 av 30 'konfliktpoeng', som i sum vert vurdert som stort konfliktpotensiale - sjå tabell 1 nedanfor.

Tabell 1: Planutkastet si konfliktvurdering av analyseområde Stad - Vågsøy

Analyseområde	Landskap	Kulturm.	INON		Friulstsilv	Biologisk m.		Landbruk	Samia	
Steinknallane	Stort	5	Lite	1	Stort	5	Lite	1	Lite	1
Eltvikhornet	Stort	5	Stort	5	Stort	5	Lite	1	Stort	5
Langedalen	Stort	5	Stort	5	Stort	5	Lite	1	Stort	5
Skorlefjellet	Stort	5	Stort	5	Stort	5	Lite	1	Middels	3
Nausane Ø	Stort	5	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Stort	5
Kvamefjellet	Stort	5	Stort	5	Stort	5	Lite	1	Middels	3
St Synnevahornet	Stort	5	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Stort	5
Røysheida	Lite	1	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Lite	1
Blåfjellet	Lite	1	Stort	5	Stort	5	Lite	1	Stort	5
Mehuken	Lite	1	Lite	1	Lite	1	Stort	5	Lite	1
Nausane V	Stort	5	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Middels	3

Vestavind Kraft har eit anna syn på konfliktpotensialet for lokaliteten Okla vindkraftverk enn det som er skissert for området Eltvikhornet i planutkastet. Vi har difor gjort ei eiga konfliktvurdering etter same vurderingsmetode som i fylkesdelplanen. Verdien for kvart enkelt tema byggar dels på vår vurdering av INON og dels på den faktiske konsekvensutgreiinga som er gjort for Okla vindkraftverk.

Verdivurderinga og konfliktpotensialet vi har gjort for Okla vindkraftverk i tabellen nedanfor byggjer blant anna på konsekvensutgreiing med faktiske konfliktverdiar for Okla vindkraftverk vurdert av Sweco Grøner AS. I fagrappartane vert det angjeve forslag om avbøtande tiltak som ytterlegare kan redusere konfliktar knytt til enkelitema. Informasjon om prosjektet kan hentast på NVE eller Vestavind Kraft sine heimesider.

Tabell 2: Eigenvurdering av faktisk konflikt for Okla vindkraftverk

Prosjekt	Landskap		Kulturm.		INON		Friluftsliv		Biologisk		Landbruk		Samla	
Okla	Stort	5	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Stort	5	Lite	1	Middels	18

Som det går fram i tabell 2 meiner Vestavind Kraft at vindturbinane på Okla vil ha middels konfliktnivå (18 av 30 mogelege 'konfliktpoeng'):

- Landskap: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
 - Kulturminne: Vestavind Kraft er usamd med planutkastet. For Okla er det gjort tilpassingar av prosjektet med omsyn på å redusere og unngå konflikt med kjende kulturminne, blant anna vil ikkje vindturbinane vere synlege frå viktige kulturminne som Selje kloster, Dragseidet eller Ervik. I tillegg har tiltakshavar plikt til å undersøkje kulturminne etter plan og bygningslova, og utbyggingsplanane må ivareta omsynet til eventuelle funn av kulturminne.
 - INON: Vestavind Kraft er usamd med planutkastet som vurderer at Eltvikhornet/Okla har stort negativt konfliktpotensiale. Vår argumentasjon går i fremste rekke på at INON er eit dårleg og misvisande kriterium, slik vi har gjort reie for tidlegare i denne høyringsfråsegna. Det omsøkte vindkraftverket er svært kompakt og råkar eit avgrensa areal, i direkte berøring med ca 80 dekar. Arealet av innrepstilfrie naturområde (INON) 1 - 3 km frå nærmeste tekniske inngrep, vil verte redusert med om lag 5,1 km² dersom Okla vindkraftverk vert bygd. Vår vurdering er Okla har ein middels negativ påverknad på innrepstilfri

natur. Samanlikning av to områder på Stadlandet; Eltvikhornet og Langedalen, viser at Langedalen kjem langt 'verre' ut på INON-kartet enn Eltvikhornet. Men i den samla vurderinga kjem begge ut med maksimal konfliktpoeng når det gjeld INON, noko som illustrerer den grovsorteringa som planen sin konfliktkala legg til grunn.

- Friluftsliv: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- Biologisk mangfold: Vestavind Kraft er tilnærma samd med vurderinga i planutkastet, men meiner det kan gjerast tilpassing i endeleg vindkraftverk for å avgrense konfliktnivået for det biologiske mangfaldet.
- Landbruk: Vestavind Kraft er usamd med planutkastet og vurderer at Okla ikkje har noko konfliktpotensial for landbruk i området. Tvert imot kan inntekter for grunneigarane frå vindkraft, og utløysing av veg til området, betre tilgangen for husdyrbeite og skjøtsel av området. Ved å unngå gjengroing betrar ein også tilhøva for kystlyng som natur- og kulturlandskapstype.

Delområde Bremangerlandet – Ålfoten

Delområde Bremangerlandet – Ålfoten omfattar blant anna dei mindre delområda Marafjellet og Bukkefjellet/Såta der Vestavind Kraft AS har to prosjekt som er meldt og konsekvensutgreiing er starta. Dei to prosjekta er:

- Hennøy vindkraftverk: Lokalisert til området mellom Hennøystranda og Nesbø. Planlagt med mellom 8-12 vindturbinar og rundt 30 – 35 MW effekt.
- Bremangerlandet Windpark: Lokalisert til området aust for Steinfjellet mot Oldeide. Planlagt installasjon er 60 - 75 MW, med 20 - 25 turbinar.

Som vist i tabell 3 nedanfor er område Marafjellet (som omfatter Hennøy) gjeve verdien middels konfliktpotensiale, 12 av 30 'konfliktpoeng', i planutkastet. Område Bukkefjellet (som omfattar Bremangerlandet aust) er gjeve verdien middels konfliktnivå, 16 av 30 'konfliktpoeng'.

Tabell 3: Planutkastet si konfliktvurdering av analyseområde Bremanger - Ålfoten

NAVN	Landskap	Kulturm.	INON	Friluftsliv	Biologisk m.	Landbruk	Samla							
Skateheia	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	14				
Steinheia	Middels	3	Lite	1	Stort	5	Lite	1	Middels	14				
Bukkefjellet (Såta)	Middels	3	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Middels	16				
Langevasshom	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Stort	20				
Storehom	Middels	3	Lite	1	Stort	5	Lite	1	Lite	1	Middels	12		
Svarervassegga	Middels	3	Stort	5	Stort	5	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Stort	20
Freya	Middels	3	Stort	5	Stort	5	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Stort	22
Marafjellet	Lite	1	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Lite	1	Middels	12		
Vingeegga	Lite	1	Stort	5	Stort	5	Lite	1	Stort	5	Lite	1	Middels	18

Vestavind Kraft har eit litt anna syn på konfliktpotensialet for lokalitetane der våre to vindkraftverk er planlagde samanlikna med det som er skissert i planutkastet.

Ved å bruke tilsvarende metode og vurdering av konfliktpotensial som omtala for Okla vindkraftverk ovanfor, og i tråd med kjende konsekvensutgreilingar, får ein konfliktpotensial som vist i tabell 4 nedanfor.

Tabell 4: Eigenvurdering av faktisk konflikt for Vestavind Kraft sine to prosjekter i delområdet Bremanger-Ålfoten.

Prosjekt	Landskap		Kulturm.		INON		Friluftsliv		Biologisk		Landbruk		Samia	
Hennøy	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Lite	1	Lite	1	Lite	1	Lite	8
Bremanger-landet	Middels	3	Lite	1/3	Lite	1/3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	12-16

Hennøy/Marafjellet: Som det går fram i tabell 4 meiner Vestavind Kraft at dette vindkraftverket har lite konfliktpotensial (8 av 30 mogelege 'konfliktpoeng'):

- Landskap: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- Kulturminne: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- INON: Vestavind Kraft er sterkt usamd med planutkastet og vurderer at Hennøy vindkraftverk berre i liten eller ingen grad går utover den inngrepssfrie naturen. Vi reagerer her på at INON på Marafjellet vert gjeve 5 poeng i planutkastet og dermed stort konfliktpotensiale. Marafjellet er, etter vår oppfatning, sterkt prega av inngrep frå bergverksdrift / steinuttak.
- Friluftsliv: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- Biologisk mangfold: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- Landbruk: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.

Bremangerlandet: Som det går fram i tabell 4 meiner Vestavind Kraft at dette vindkraftverket har middels konfliktpotensial (12-16 av 30 mogelege 'konfliktpoeng'), omrent same nivå som vurderinga gjort i fylkesdelplanen. For dette prosjektet er det enno ikkje utført konsekvensutgreiling, og Vestavind Kraft har per i dag ikkje grunnlag for å verifisere vurderingane som er gjort i fylkesdelplanen.

Grunnlag for Vestavind Kraft si konfliktvurdering er ferske fagrapporter for Hennøy og eldre fagrapport frå 2001 utarbeidet av Asplan Viak for Bremanger Kraft AS.

Oppsummert er altså Vestavind Kraft si eigenvurdering identisk med vurderinga gjort i planutkastet – med eit viktig unntak: vurderinga som planutkastet har gjort når det gjeld tolking av inngrepssfri natur (INON).

Delområde Solund - Lifjord

Delområdet Solund - Lifjord omfattar dei mindre delområda Sperrefjellet og Håfjellet som tangerer eller omfattar vindkraftprosjektet på Ytre Sula. Dette prosjektet er eigd av Sula Kraft AS, der Vestavind Kraft og Sunnfjord Energi til saman eig 50 %. Det er utført konsekvensutgreilingar for prosjektet Ytre Sula, noko som gjev eit godt grunnlag for vurdering av faktiske konfliktar.

Tabell 5: Planutkastet si konfliktvurdering av analyseområde Solund - Lijfjord

Analyseområde	Landskap	Kulturm.	INON		Frialuftsliv		Biologisk m.		Landbruk		Samla			
Bråstadheia	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Lite	1	Lite	10		
Lifjell	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	1	Middels	16		
Høgeheia	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Middels	3	Middels	3	Lite	18		
Meifjellet	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Middels	3	Lite	16		
Hamnfjellet	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Stort	5	Lite	16		
Urdanipa	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lite	14		
Vetejfjellet	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Lite	1	Lite	14		
Ulvegreina	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lite	14		
Fonnaheia	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Stort	20
Lindefjellet	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Middels	16
Vardefjellet	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	18
Hornsappen	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Stort	20
Sperrefjellet	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lita	1	Middels	14
Håfjellet	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	18

Tabell 6: Eigenvurdering av faktisk konflikt for prosjektet på Ytre Sula (Sula Kraft AS).

Prosjekt	Landskap	Kulturm.	INON		Frialuftsliv		Biologisk		Landbruk		Samlet			
Ytre Sula	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Middels	12

Ytre Sula / Sula Kraft: Som det går fram i tabell 6 meiner Vestavind Kraft at dette vindkraftverket har middels konfliktpotensial (12 av 30 mogelege 'konfliktpoeng'):

- Landbruk: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet for Sperrefjellet (lågt konfliktpotensial), men usamd i vurderingane som er gjort for Håfjellet – vi meiner konfliktpotensialet også der er lågt.
- Kulturminne: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- INON: Vestavind Kraft er usamd med planutkastet. For begge områda (Sperrefjellet og Håfjellet) er konfliktpotensialet i fylkesdelplanen sett til middels på grunn av førekomst av "INON frå fjord til fjell." For Sperrefjellet sin del er denne førekomsten meir enn tvilsam. For Håfjellet sin del vil eksisterande prosjekt berre berøre ein del av "fjord til fjell"-førekomsten. Vestavind Kraft vurderer det difor slik at Sula Kraft berre i liten (uvesentleg) grad går utover den inngrepssfrie naturen.
- Frialuftsliv: Vestavind Kraft er usamd med vurderinga for Håfjellet i planutkastet. Den einaste grunngjevinga planen gjev for å vurdere konfliktpotensialet friluftsliv og vindkraft til middels, er at det er etablert nordsjøloyper mellom Kolgrov og Ørnehaug. Vi vurderer det slik at eit vindkraftverk i seg sjølv ikkje treng føre til auke i konfliktpotensialet med omsyn til friluftsliv. Ei vindkraftutbygging vil kunne telje positivt fordi det opnar opp nye områder for friluftsliv og dermed kan auke bruken av området.
- Biologisk mangfold: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- Landskap: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.

Delområde Fjaler - Åfjord

Delområdet Fjaler - Åfjord omfattar delområde Lutelandet, der StatOil og Vestavind Kraft i fellesskap har vindkraftprosjektet Lutelandet Energipark AS. Det er utført konsekvensutgreiingar for dette vindkraftprosjektet, noko som gjev eit godt grunnlag for vurdering av faktiske konfliktar.

Tabell 7: Planutkastet si konfliktvurdering av analyseområde Fjaler - Åfjord

Analyseområde	Landskap	Kulturm.	INON	Friluftsliv	Biologisk m.	Landbruk	Samla							
Lutelandet	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Poli. avkl.	18		
Bygdeheia Ø	Lite	1	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Lite	1	Lite	10		
Ramsgrsheia	Middels	3	Lite	1	Lite	1	Lite	1	Lite	1	Lite	8		
Drøvafjellet	Lite	1	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lite	10		
Smørheia	Middels	3	Lite	1	Stort	5	Lite	1	Lite	1	Middels	12		
Slettheia	Lite	1	Lite	1	Lite	1	Lite	1	Lite	1	Lite	8		
Skorahelia	Lite	1	Lite	1	Stort	5	Lite	1	Lite	1	Lite	10		
Austefjellet	Lite	1	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Middels	12		
Steinsetfjellet	Lite	1	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Middels	12		
Storudfjellet	Lite	1	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Middels	12		
Langeheia	Lite	1	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Middels	12		
Sundsheia	Lite	1	Lite	1	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Lite	10		
Taket	Lite	1	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Middels	12		
Styggeheia	Lite	1	Lite	1	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Middels	12		
Høgenova	Middels	3	Lite	1	Stort	5	Lite	1	Lite	1	Middels	12		
Bygdeheia V	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Middels	12
Bergsheia	Middels	3	Stort	5	Middels	3	Lite	1	Lite	1	Middels	14		

Tabell 3.5.3 Konfliktpotensial samla og for dei enkilde fagtema, utfrå kjende registreringar (og politiske vedtak sedd. Lutelandet); Fjaler-Åfjord

Tabell 8: Eigenvurdering av faktisk konflikt for vindkraftverket på Lutelandet.

Prosjekt	Landskap	Kulturm.	INON	Friluftsliv	Biologisk	Landbruk	Samlet	
Lutelandet Energipark	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	14

Lutelandet Energipark: Som det går fram i tabell 8 meiner Vestavind Kraft at dette vindkraftverket har middels konfliktpotensial (14 av 30 mogelege 'konfliktpoeng'):

- Landskap: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- Kulturminne: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- INON: Vestavind Kraft er usamd med planutkastet og vurderer at vindkraftverket på Lutelandet berre i liten eller ingen grad går utover den inngrepssfrie naturen. Lutelandet er regulert til industriføremål og er, etter vår oppfatning, i dag prega av inngrep frå industriområdet.
- Friluftsliv: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.
- Biologisk mangfold: Vestavind Kraft er usamd med planutkastet og syner til fagrapporatar som hevdar vindkraftverket har middels negativ konsekvens for det biologiske mangfaldet.
- Landbruk: Vestavind Kraft er samd med vurderinga i planutkastet.

Avsluttande merknad:

Vestavind Kraft er usamd i mange av dei vurderingar som er lagt fram i planutkastet – spesielt gjeld dette bruken av INON som planverktøy og handtering av konfliktpotensial for fagtema landbruk. Vi ser også at overordna potensiell konsekvensvurdering av store område ser ut til å gje ulike resultat samanlikna med dei faktiske konsekvensutgreiingane som er utført for dei mindre og konkrete lokalitetane vi har sett på for utbygging av vindkraftverk. Spesielt stort sprik finn vi for Okla vindkraftverk på Stadlandet, der fylkesdelplanen teiknar eit bilet av stort konfliktpotensiale medan konsekvensutgreiingane for Okla summerer seg opp eit middels konfliktpotensiale.

Vestavind Kraft er difor uroa for at fylkesdelplanen for vindkraft, på sviktande grunnlag, skal blokkere for utbygging av vindkraft i eigna område.

Det er difor opploftande at planutkastet inneheld politiske retningsliner som gjer det mogeleg å realisere gode vindkraftprosjekt også i område med stort konfliktpotensial. Vi siktar her til at vindkraftprosjekt i område med stort konfliktpotensial skal vurderast som utbyggingsaktuelle dersom avbøtande tiltak er tilfredstilende og det ligg føre positiv tilråding frå vertskommunen.

Vestavind Kraft har eigarinteresser i fem vindkraftverk under utvikling i Sogn og Fjordane. Prosjekta er lokalisert i områder med gode vindressursar og kan, etter vår oppfatning, realiserast med akseptable konsekvensar for andre interesser.

Med helsing
Vestavind Kraft AS

Stig M. Svalheim
Stig M. Svalheim
Administrerande direktør

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Joar Helgheim

Måløy, 01.10.2010

Regional plan for vindkraft: Høyringsmerknader frå Vindkraftforum Sogn og Fjordane

A. Innleiing

Vindkraftforum Sogn og Fjordane, som representerer eitt breitt utval av næringslivs- og offentlege aktørar i fylket som arbeider for størst mulig verdiskaping i fylket knytt til vindkraft, syner til høyringsframlegg vedteke i Fylkesutvalet 25. mai 2010.

Vindkraftforum ønskjer å framheve tre moment vi meiner må ligge til grunn for utforminga av planen, ut frå Fylkeskommunen sine vedtekne strategiar for fornybar energi og utvikling av fylket:

- Sikre utbygging og drift av vindkraft og vindkraftrelatert aktivitet på brei front i Sogn og Fjordane
- Synliggjere positive effektar på sysselsetting, kompetanse- og næringsutvikling av ei satsing på vindkraft i fylket
- Utmytte Sogn og Fjordane sine unike vindkraftressursar til å bli eit føregangs fylke på fornybar energi/vindkraft med fokus på samfunns- og næringsutvikling sett i ein nasjonale samanheng

Vindkraftforum vil i vårt høyringsinnspele påpeike ein del moment vi meiner bør endrast eller utdjupast i planen. Vi meiner likevel samla sett at dei politiske retningslinjene som ligg i høyringsframlegget, med unntak av punktet om tidspunkt for §9-undersøkingar s, gjer planen til eit tenleg verktøy for å nå dei målsettingane Fylkesutvalet har sett opp.

B. Samandrag av våre kommentarar

1. Målsetting

Arbeidet med planen har hatt som målsetting: *Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.*

Fylkestinget vedtok i desember 2009 "Strategien for satsinga på fornybar energi i Sogn og Fjordane". Energiproduksjon basert på vindkraft med tilhørende auka tal på arbeidsplassar og verdiskaping er her definert som ein hovedstrategi.

Vindkraftforum legg til grunn at satsing på vindkraft ut frå fylket sine unike naturgjevne fortrinn er Fylkeskommunen si målsetting, og at fylkesplanen for vindkraft skal støtte opp under dette.

2. Sysselsetting og andre positive samfunnsverknader av vindkraft

Ein rapport som er under utarbeidning av Vindkraftforum syner at vårt lokale næringsliv er kompetent og konkurransedyktig til å ta på seg oppdrag knytt til bygging av vindkraftanlegg i fylket. Foreløpige anslag gjort av Medhuken II utbygginga viser at nærmare 60 % av den nasjonale verdiskapringa gjekk til næringslivet i Sogn og Fjordane. Inntekter til kommunar og grunneigarar, samt inntekter og arbeidsplassar i drifts- og vedlikehaldsfasen, kjem i tillegg til dette.

I framtidige utbyggingar er det all grunn til å tru at dei regionale og lokale andelane av verdiskapinga vil vere endå høgare enn dette, etter som ein får auka kjennskap/røynsle til utbyggingar, og kommunane får klarare strategiar enn i dag på å legge til rette for og stille krav til lokal/regional deltaking i prosjekta.

Vi vil be om at det blir tatt eit nytt delkapittel i fylkesplanen som omtaler dei positive samfunnsverknadene av vindkraft med særleg vekt på sysselsetting og verdiskaping, ref vedlagt innspel til kap. 1.3

3. Dokumentasjon og fagleg grunnlag

Vindkraftforum finn at høyringsframlegget som ligg føre i all hovudsak er tufta på eit godt fagleg grunnlag, men vi er ikkje samde i alle dei meir subjektive vurderingane som er gjort ut frå dette grunnlaget.

Vi saknar i ein god del tilfelle tydelige, klare referanser i planen til kva for faktisk datagrunnlag dei faglige konfliktvurderingane er basert på. Særleg er det mangel på referansar knytt til vurderingene som er gjort i dei ulike delområda. Konkrete referansar for delområde må til for at planen skal bli eit mest mulig tenleg ”arbeidsdokument” for utbyggjarar av vindkraft framover – noko som er også i forvaltinga si interesse.

4. Framlegg til endring av pkt 7 i retningslinjene

Vi gjer framlegg om at Retningslinjene pkt. 7 blir endra til slik ordlyd:

“Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar, i samband med konsekvensutgreiing, gjer eit forsvarleg arbeid med å kartlegge potensialet for funn av kulturminner, jfr §9 i Lov om kulturminne.”

Etter gjeldande regelverk får ikkje tiltakshavar lov å starte bygging før undersøkingsplikta etter § 9 i Lov om kulturminne er oppfylt, sjølv om tiltakshavar har fått konsesjon. Dette bidreg allereie i dag til å sikre viktige kulturminne, samstundes som tiltakshavar ikkje vert pålagt store utgifter før han faktisk har reell utsikt til at prosjektet kan gjennomførast.

Vindkraftforum meiner denne praksis er rett å halde på. Formuleringa slik den er foreslått i planen går så langt i krav til førehandskartlegging av kulturminne at vi meiner det framstår som heilt urimeleg sett frå ein tiltakshavar sin ståstad. Vi er også sterkt i tvil om dette er praktisk mulig å gjennomføre, jmf at det i dag berre er éin aktør, Bergen Museum, som kan gjennomføre ei slik kartlegging.

Vi viser elles til vedlagde meir detaljerte merknader til ulike punkt i høyringsframlegget, samt til framlegg til delkapittel 1.3 om positive sider ved vindkraftutbygging.

Med helsing

Vindkraftforum Sogn og Fjordane

Alfred Bjørlo (sign)

Styreleiar

C. Vindkraftforum sine merknader til høyringsframlegget til Regional plan for vindkraft – punkt for punkt

Generelt

Definisjon av analyseområde

Vindkraftforum har tidlegare peika på at dei faglege vurderingane i mange tilfelle er påverka av korleis analyseområda er avgrensa. Det betyr at vurderinga av konfliktpotesialet vert påverka.

Dette gjer det heilt naudsynt at dei politiske retningslinene for vindkraftplanen gir tilstrekkeleg fleksibilitet til å gjere planen til ein eigna operativ reidskap.

Ved fastlegging av analyseområda har ein elles lagt til grunn ein lågaste årsvind på 7 m/s. Dette er langt lågare enn kva vindkraftbransjen reknar som realistisk med dei rammevilkår som eksisterer.

Einskildprosjekt vs. analyseområde

Det er heilt sentralt i samband med konkrete utbyggingssaker at det vert fokusert på reelle og ikkje potensielle konfliktar. Det betyr at det bør vere opning for å kunne vurdere prosjekt uavhengig av kva for konfliktpotensiale vindkraftplanen opererer med for eit område.

Men konsekvensvurderingane for eit prosjekt må sjølv sagt, i tillegg til det konsekvensutgreiingsprogrammet som vert fastsett av NVE, ta utgangspunkt i dei vurderingane av konfliktpotensiale som kjem fram i vindkraftplanen.

Dei faglege vurderingane i planutkastet samanlikna med gjennomførte konsekvensutgreiinger for eksisterande prosjekt.

For følgjande prosjekt i Sogn og Fjordane er det gjennomført konsekvensutgreiing og søkt konsesjon:

- Okla (Selje)
- Lutelandet (Fjaler)
- Ytre Sula (Solund)
- Setenesfjellet (Gulen)

I tillegg er det heilt eller delvis gjennomført konsekvensutgreiing for fleire av dei prosjekta som er førehandsmelde.

Faktiske konfliktar avdekka i desse konsekvensutgreiingane avviker til dels vesentleg frå det konfliktpotensialet som er vurdert i utkastet til vindkraftplan. Dette heng sjølv sagt saman med at ein i vindkraftplanen har sett på område og ikkje prosjekt.

Dette tilseier at dei politiske retningslinene for vindkraftplanen ikkje må vere for kategoriske, men gir tilstrekkeleg fleksibilitet til å gjere planen til ein eigna operativ reidskap.

Dokumentasjon

Dokumentasjonen i planutkastet er mangelfull. Dokumentasjon er viktig av min. to grunnar:

- Når planen skal rullerast, er det viktig å ha heilt klart kvifor analyseområda er avgrensa som dei er, kva for faktisk datagrunnlag dei faglege konfliktvurderingane er baserte på, samt referansar.
- Planen vil vere eit viktig referansedokument for planlegging og vurdering av framtidige vindkraftprosjekt. Verdien av planen som referansedokument er avhengig av at den kan etterprøvast fagleg.

Det er ein viktig svakheit i utkastet til vindkraftplan at dokumentasjonen av faktavurderingane er mangelfulle eller manglar heilt. Betre opplysing om kjelder ville styrkt planen fagleg.

Redaksjonelt

Vindkraftplanen skal vere eit dokument utgitt og autorisert av fylkeskommunen. Sjølv om planen er utarbeidd av ei prosjektgruppe, ser det difor mindre bra ut at "vi" er brukt i fleire avsnitt av planen.

Det er for øvrig registrert ein skrivefeil i avsnitt 1.2.2 6. avsnitt vedkomande skala for vurdering av konfliktpotensiale. Her er det operert med 6 poeng for høgste konfliktpotensiale, medan det i dokumentet elles og i alle vedlegg er operert med 5 poeng.

Landskap

Vindkraftplanen legg til grunn ein rapport frå Aurland Naturverkstad når det gjeld verdsetting av landskapstypar/område. Her er det to utfordringar:

For det første seier ein at stor landskapsverdi automatisk gir høgt konfliktpotensiale. Det er ingen klar referanse til kva for faktorar det er som gjev landskapet stor verdi og i kva grad eit vindkraftanlegg vil påverke/øydeleggje desse faktorane.

For det andre er verdsettinga til Aurland Naturverkstad gjennomført i to steg.

1. Først har ein identifisert kvart einskilt landskapsområde og verdsett desse i relasjon til den aktuelle landskapsregionen
 - a. Region 15 Lågfjellet i Sør-Norge
 - b. Region 20 Kystbygdene på Vestlandet
 - c. Region 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet
2. Deretter har ein sett fleire landskapsområde i samanheng (på bakgrunn av romlege og regionale samanhengar og relasjonar) og gjort ei ny (overordna) verdivurdering.

Vi har ikkje funne dokumentert nokon tydeleg samanheng mellom verdivurderingane i dei to stega.

Vi kan heller ikkje sjå at kriteriene for verdsetting er særleg eintydige og etterprøvbare:

A. **Landskap med (stor regional eller) nasjonal betyding og identitetsverdi**

Landskap med kvalitetar som er eineståande i regionen og som også har stor verdi ut over sin region. Område som har element eller kvalitetar som gjer at landskapet står fram med usedvanlig stort opplevingspotensial. Dette kan være ein uvanlig stor variasjon, intense/kontrastrike landskapskomponentar og/eller ein ubroten heilskap.

B. **Landskap av stor regional verdi**

Landskap med opplevingskvalitetar som ligg over gjennomsnittet i den aktuelle landskapsregionen. Landskapet kan vere ein sjeldan variant av landskapstype, eller eit spesielt heilskapleg og representativt landskapsområde som illustrerar landskapstypen på en svært god måte. Eller området kan innehalde unike element, prosesser eller samanhengar som sett preg på område og gjev det særlig stor opplevingsverdi

C. **Representative/vanlig førekommande landskap**

Landskap som er førekjem vanleg i landskapsregionen med gode opplevingskvalitetar. Til denne kategorien fører ein også landskap med evt. reduserte opplevingskvalitetar.

I vindkraftplanen er det tatt utgangspunkt i den verdivurderinga som er gjort når ein har sett fleire landskapsområde i samanheng. Det bør vere meir naturleg å nytte verdsettinga av dei einskilde landskapsområda til vurdering av einskildprosjekt.

Ved eventuell vurdering av sumverknader kan det vere meir naturleg å nytte ei verdsetting der ein ser fleire landskapsområde under eitt.

Biologisk mangfold

Under vurderinga av konfliktpotensialet for biologisk mangfold har ein lagt vekt på tre faktorar:

- Mangfaldet av genar og populasjon innan kvar art
- Mangfaldet av artar
- Mangfaldet av økosystem

Men det er ingen referanse til korleis ein har vekta dei tre faktorane i høve til kvarandre. Klargjering av den metodikken som er brukt vil vere en hjelp i framtidige konsekvensutgreiingar.

I den grad leveområde/økosystem er markerte, er dessutan arronderinga upresis.

Friluftsliv

Ved vurderinga av konfliktpotensialet for friluftsliv har ein tatt utgangspunkt i DN sine kriterier for verdsetting av friluftsområde (DN handbok frå 2004). Så seier ein at høg verdi automatisk gir stort konfliktpotensiale, noko som er i samsvar med retningslinjene frå MD/OED

Det spørst likevel om ikkje Vindkraftplanen burde nytte DN sin metodikk fullt ut. DN seier nemlig også at eit tiltak kan ha positiv eller negativ konsekvens for friluftsområdet. Det er først når friluftsområdet har stor verdi og eit eventuelt tiltak har negativ konsekvens at konfliktpotensialet vil vere størst. For eit område med stor verdi, men der eit eventuelt tiltak vil verke positivt (t.d. for tilgjenge gjennom vegbygging o.l.), vil konfliktpotensialet vere svært lite.

INON

Sjølv om INON i følge retningslinene frå MD/OED er eit tema som bør vurderast i samband også med utbygging av vindkraftanlegg, er det ein kjent sak at sjølve omgrepene INON og bruken av det i utbyggingssaker er omstridt.

I retningslinjene frå MD/OED står det:

Svært stort konfliktpotensial

- i store sammenhengende INON-områder, der en del også utgjør villmarkspregede områder
- i INON-områder som går ubrukt fra fjord til fjell
- i INON-områder i regioner som har svært lite igjen av slike

I denne vindkraftplanen bør ein som region rekne heile planområdet, ikkje berre den einskilde kommune eller dei markerte analyseområda. Planområdet utgjer etter våre berekningar om lag 3900 km² (analyserte område utgjer til samanlikning om lag 2000 km²).

Vidare står det i retningslinjene:

Vurdering av faktisk konfliktgrad

Innenfor disse områdene vil graden av konflikt knyttet til den enkelte utbygging bl.a. avhenge av utstrekningen på berørt INON-område, bortfallet av inngrepsfri sone 1 og villmarksprege områder, samt avstand til andre INON-områder.

I planområdet er det ifølge siste oppdaterte oversyn fra Direktoratet for naturforvaltning (frå 2008) registrert

Ca. 0,2 % (7 km^2) villmarksprege område ($> 5 \text{ km}$ frå tyngre tekniske inngrep)

Ca. 1,1 % (40 km^2) sone 1 ($3 - 5 \text{ km}$ frå tyngre tekniske inngrep)

Ca. 32,4 % (1260 km^2) sone 2 ($1 - 3 \text{ km}$ frå tyngre tekniske inngrep)

Bortfall av INON ved realisering av *alle* dei vindkraftprosjekt som er konsesjonssøkt eller førehandsmelde her i fylket, utgjere kring 92 km^2 , av dette vil kring $0,5 \text{ km}^2$ vere i sone 1, resten i sone 2. Til samanlikning utgjorde bortfall av INON i planområdet i perioden 1998 - 2008 ca. $0,7 \text{ km}^2$ i sone 1 og 36 km^2 i sone 2. Reduksjonen av inngrepsfrie naturområde som følge av vindkraftutbygging kan difor ikkje seiast å verte særleg stor.

Kulturminne/ miljø

Vurderingar frå Riksantikvaren er til ein viss grad lagt inn som basis for konfliktvurderingane for kulturminne/-miljø. Riksantikvaren har markert område med nasjonal verdi, men arronderinga av områda er upresis. Fordi Riksantikvaren sine områdeavgrensingar vert tatt bokstaveleg i vindkraftplanen, vil dette difor kunne påverke einskilde prosjektoråde på ein måte som det reelt sett ikkje er grunnlag for.

"Føre var" prinsippet er lagt inn i vurderinga av konfliktpotensialet når det gjeld kulturminne. Vindkraftplanen må ta utgangspunkt i kjent kunnskap, også for kulturminne.

I høyringsutkastet er det i framlegget til retningslinjer sagt følgjande om undersøkingsplikt for kulturminne (pkt.7):

"Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar si undersøkingsplikt, jfr. § 9 i Lov om kulturminne, heilt eller delvis blir gjennomført i samband med utarbeidning av konsekvensutgreiing, for å gje tiltakshavar naudsynt informasjon og vurderingsgrunnlag."

Denne formuleringa reiser to spørsmål:

1. Eksisterer det kapasitet til å gjennomføre undersøkingane dersom ein pålegg (?) utbyggjar å få desse gjort før det vert søkt konsesjon? Bergen Museum er i dag eineaktør for slike undersøkingar.
2. Er det for at tiltakshavar skal få naudsynt informasjon og vurderingsgrunnlag eller kan det vere andre grunnar til at ein tilrår denne formuleringa? Vil ikkje krav om å gjennomføre desse som del av konsekvensutgreiingane setje ein effektiv bremse for vurdering av nye prosjekt?

I gjeldande regelverk får ikkje tiltakshavar lov å starte bygging før undersøkingsplikta etter § 9 i Lov om kulturminne er oppfylt, sjølv om tiltakshavar har fått konsesjon. Dette bidrar til å sikre viktige kulturminne, samstundes som tiltakshavar ikkje vert pålagt store utgifter før han faktisk har reell utsikt til at prosjektet kan gjennomførast.

Vindkraftforum gjer framlegg om følgjande formulering av pkt. 7:

"Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar, i samband med konsekvensutgreiing, gjer eit forsvarleg arbeid med å kartlegge potensialet for funn av kulturminner, jfr §9 i Lov om kulturminne."

Reiseliv

I vindkraftplanen er det lagt til grunn at reiseliv ikkje vert vurdert særskilt som eige tema. Likevel er det i vedlegga som dokumenterer det faglege grunnlaget for konfliktvurderingane tatt med kart om reiseliv. Dette har då inga meinig.

Innspel til kapitel 1.3 Positive verkingar av vindkraft

Vi vil be om at følgjande tekst blir tatt inn i kapittel 1.3 i planen, Positive verknader av vindkraft:

"El-produksjon frå vindturbinar har i motsetnad til vasskraft ingen lang historie i Noreg. Dermed har heller ikkje dei regionale, økonomiske effektane av vindkraftutbygging tidligare vorte dokumenterte her til lands. Dette kjem også fram i planutkastet ved at dei økonomiske verknadane av vindkrafter tildelt liten plass.

1.3.1 Effektar på nasjonalt nivå

All røynsle viser at lokalt næringsliv blir engasjert i utbygginga så sant det er råd. Meir konkret har den nasjonale delen av verdiskapinga i utbyggingsprosjekta vore på mellom 21% og 26%. Med tanke på at turbinkostnader utgjer nærmere 75% av totalkostnaden for eit gjennomsnittleg utbyggingsprosjekt, vil det vere vanskeleg å få ein større nasjonal effekt utan produksjon av større vindturbinkomponentar her i landet.

Som tiltak for å auke den nasjonale delen av leveransane knytt til vindkraft, nemner ein difor oppstart av nasjonal produksjon av turbinar og auka produksjon av delar til vindkraftverk.

Måløy er såleis eit nasjonalt unnatak, ved at ein alt har industri som har hatt leveransar til internasjonale vindturbinprodusentar.

Særskilt viktig er det å merke seg er at ein relativt stor utbygging av vindkraft i Noreg over tid vil vere ein viktig faktor for å oppnå auka norske leveransar til vindkraftsektoren.

Røynslene på nasjonalt nivå stemmer godt med dei røynslene ein har gjort i Sogn og Fjordane. Vindkraftforum Sogn og Fjordane saman med Måløy Vekst og energiselskapa i regionen har fått utført fleire undersøkingar for å få betre lokalt datagrunnlag om de regionale og lokale effektane av vindkraftutbygging.

I Sogn og Fjordane er det berre i Vågsøy ein til no har fått bygd vindkraftanlegg. I Vågsøy/Ytre Nordfjord er det også lansert offshore vindkraftprosjekt gjennom melding av Stadtwind-prosjektet og konsesjonssøknaden for Testområde Stadt. Det er såleis først og fremst her ein har sett konkrete resultat av den satsinga som fylket har lagt opp til på vindkraft i Sogn og Fjordane.

1.3.2 Effektar i Sogn og Fjordane og Vågsøy

Industri

På oppdrag frå Vindkraftforum Sogn og Fjordane og Måløy Vekst har Multiconsult gjort ein analyse av vindkraftrelatert næringsutvikling i Vågsøy kommune. Frå 2007 til 2009 har talet verksemder med link til industri rundt vindkraft auka frå 1 til 8 og i 2009 kan noko over 20 % av deira totale omsetnad knytast til satsinga på vindkraft. Særleg EasyForm/ Best Mould har hatt ein markant auke i omsetnad etter at die starta satsinga si på vindkraft, totalt ca 35-40 %. Også talet tilsette har dobla seg, til

neverande ca 18 tilsette. Særleg interessant er det at om lag 80 % av kundane og leveransane er internasjonale, med hovedvekt på Danmark.

Også Måløy Verft har hatt ein markant auke inn mot vindkraftbransjen med avtale om leveranse av servicefartøy til offshore vindkraftanlegg. Verftet reknar med ein omsetnad i 2010 på ca NOK 55 mill, kor delen relatert til vindkraft utgjer ca NOK 44 mill.

Rapporten konkluderer med at satsinga på vindkraftmarknaden har gitt verksemndene stabilitet og, auka omsetnad og gitt verdiskaping til samfunnet. Det er berekna at dei kartlagde verksemndene vil meir enn doble sin totale omsetnad frå 2009 til 2010. Veksten er eit resultat av satsinga på vindkraft og vil medføre at vindkraft sin del av omsetnaden for dei kartlagde verksemndene aukar frå ca 20 % i 2009 til 65 % i 2010.

Rapporten synleggjer også det faktum at regionen har leverandørverksemder med solid kompetanse innafor utvikling av teknologi og produkt til offshore vindkraftanlegg.

Utbygging

I Vågsøy er det nå i to etappar totalt bygd ut ein produksjonskapasitet på 22,7 MW, berekna til å kunne produsere ca 65 GWh i eit normalår.

Mehuken II utbygginga som no er i avslutninga, er på 18,4 MW. I næringa generelt er det normalt å seie at 1 MW = NOK 10 -15 mill. Den nasjonale andelen er for Mehuken sin del berekna til ca 25% av totalt investering. Det er dokumentert at næringslivet i Sogn og Fjordane sikra seg i overkant av 56 % av den samla norske verdiskapinga, noko som viser at fylket har eit godt og konkurransedyktig næringsliv. I driftsfasen er det berekna at den norske del av verdiskapinga frå Mehuken I og II vil utgjere 69 % av 7 mill. NOK årleg.

Når det gjeld sysselsetting deler ein dette i to faser: utbygging og drift. Utbygginga av Mehuken I og II har nasjonalt generert 72 årsverk, av desse 36 regionalt. Når det gjelder drift er det rekna at drifta av Mehuken I og II vil gje 11,1 årsverk nasjonalt, av desse 8,3 regionalt i Sogn og Fjordane.“

Vi vil til slutt for ordens skuld presisere at fylkeskommunen sin representant i styret for Vindkraftforum ikke har deltatt i styrebehandlinga av saker knytt til Fylkesdelsplan for vindkraft og Vindkraftforum sitt innspel for denne.

Vi vil ettersende rapportar som dokumenterer verdiskapinga knytt til utbygging av vindkraft nasjonalt og regionalt så snart desse rapportane er ferdigstilte og klare for offentleggjering.

Med helsing

Vindkraftforum Sogn og Fjordane

Alfred Bjørlo (sign)
Styreleder

SAKSHANDSAMAR
Krísti Vindedal
VÅR REF.
08/00828-5
Ark. Forvaltning
852.1

DYKKAR REF
07/1802-110

INNVALSTELEFON
98202846
DYKKAR DATO
8.6./20.8.2010
VÅR DATO
1.10.2010

TELEFAX
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT I SOGN OG FJORDANE - HØYRINGSMERKNADER

Riksantikvaren viser til e-post frå fylkeskommunen 20.august 2010 om høyringsframlegg for regional plan for vindkraft med vedlegg lagt ut til offentleg ettersyn 8.juni d.å.

Riksantikvaren er som direktorat for kulturminneforvalting høyringsinstans for konsesjonssøknader for vindkraftverk. Saman med Direktoratet for naturforvaltning utarbeidar Riksantikvaren også tematiske konfliktvurderingar av vindkrafttiltak på tema naturmiljø, kulturminner og kulturmiljø og landskap. I samband med regionale planar har direktorata høve til å be Miljøverndepartementet kalle inn ein plan for å vurdere om han er i konflikt med nasjonale mål innan miljøforvalting.

I høyringsmerknadene til den regionale planen vil vi i tillegg til merknader til retningslinene også vurdere tema kulturminne og kulturmiljø og tema landskap.

Kort om planen

Sogn og Fjordane fylkekommune har sendt på høyring ein regional plan for vindkraft. Planen er avgrensa til kyst og kystnære område og omfattar ni kommunar og i tillegg ytre deler av to kommunar.

Fylkesutvalet har vedteke som det overordna målet for planen at Sogn og Fjordane skal bli eit pilotfylke i arbeidet med å auka produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.

Dei operative måla som vert lagde til grunn for planarbeidet peikar på at planen skal kartlegge ressursar og avklare arealbruk. Vidare er målet å kartlegge potensial og utfordringar for ulike næringsinteresser.

Planen skal også få fram kunnskap om regionale og nasjonale verdiar og fastsette retningslinjer som skal sikre at det vert teke tilfredsstillande omsyn til desse verdiiane i konsesjonshandsaminga. Planen skal medverke til å minimalisere uheldige

Postadresse:	Besøksadresser:	A:8960		
Riksantikvaren Dronningens gate 13 Postboks 8196 Dep 0034 Oslo Tlf. 22 94 04 00	Distriktskontor Øst Oslo Dronningens gate 13	Distriktskontor Svd Tønsberg Nedre Langgate 30 D	Distriktskontor Vest Bergen Dreggallhaugen 3	Distriktskontor Nord Trondheim Kjøpmannsgata 25

konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

Planen er strukturert med ein faktadel for fagtema der ein går gjennom ti fagtema, og ein faktadel for delområde der ein fastset konfliktpotensial for 105 analyseområde fordelt på sju delområde. Til sist er det ein politisk del med fylkeskommunale retningslinjer og innspel til statlege rammevilkår.

Planen tek føre seg dei store hovudtrekka og prøver å sjå tema i eit regionalt perspektiv. I følge planen må detaljerte vurderingar kome i kommunale planar og konsekvensutgreiingar. Riksantikvaren støttar ei slik tilnærming. Vi meiner òg det er viktig at fylkeskommunen legg opp til at ny kunnskap om fagtema skal innarbeidast ved ei enkel rullering kvart fjerde år. Det same gjeld at ein vil ta omsyn til usikker kunnskap ved at det er mogeleg å seie at eit område har uavklara konfliktpotensial inntil kunnskapen er forbetra.

Riksantikvaren sine overordna merknader

Riksantikvaren sitt inntrykk av regional plan for vindkraft er at det ut frå føresetnadene er lagt fram eit godt fagleg arbeid på tema kulturminne og kulturmiljø og tema landskap. Det er positivt at ein har fått utarbeidd ei eiga landskapskartlegging for planområdet.

Riksantikvaren har derimot store innvendingar mot opplegget for fastsetting av samla konfliktvurderingar og resultatet av desse. Samanhøde med dei fylkeskommunale retningslinene oppfyller ikkje planen målet sitt om å bidra til å minimalisere ueheldige konsekvensar av vindkraftutbygging for gitte miljøverdiar.

Bruk av konfliktscala

For kvart av dei 105 analyseområda er det konkludert med eit samla konfliktpotensial basert på seks fagtema. Desse fagtemaene er: landskap, kulturminne og kulturmiljø, inngrepsfrie naturområde, friluftsliv, biologisk mangfald og landbruk. Nasjonal verdi for eit fagtema gjev stort konfliktpotensial, regional verdi samsvarer med middels konfliktpotensial og lite konfliktpotensial tyder at det ikkje er registrert nasjonale eller regionale verdiar i området. Riksantikvaren har ikkje merknader til sjølve opplegget for konfliktvurdering av kvart einskild fagtema.

Derimot har direktoratet merknader til korleis ein kjem fram til eit samla konfliktpotensial og for kor ein har sett grensene mellom kategoriane stort, middels og lite konfliktpotensial. Det framgår av høyringsmaterialet at konfliktscalaen er endra undervegs i prosessen. I høyringsmaterialet ligg det ved eit utkast til regional plan frå 9.3.2010 med konfliktscalae utarbeidd av ei faggruppe. Etter det vi kan sjå er det i utkastet frå mars er det lagt opp til ei vektning av konfliktpotensialet slik at stor konflikt for eitt tema, eller middels konflikt for fleire får meir å seie for det samla konfliktpotensialet for delområdet. I høyringsutkastet er det derimot lagt til grunn ei rein summering av talverdiar for kvart fagfelt. I tillegg er grensene mellom middels og stort konfliktpotensial flytta slik at det skal større talverdi til i det enedelge høyringsutkastet enn i marsutkastet for at eit område får stort konfliktpotensial.

Kor grensene mellom konfliktkategoriane går, vert interessant fordi fylkeskommunen har som retningsline for planen at: "Utbygging av vindkraftverk skal vurderast i område med lite og middels konfliktpotensial."

Endringa som er gjort med konfliktskalaen har ført til at 27 analyseområde som i marsframlegget hadde stor konflikt, i høyningsframlegget har middels konflikt. Den kartmessige framstillinga er også meir uklar, med bruk av elleve ulike konfliktkategoriar. Alt i alt fører dette til ein plan med svak prioritering og til at konfliktpotensialet med nasjonale miljøverdiar som er framkome i det faglege grunnlaget vert underkommunisert.

Merknader til faktadel - fagtema

I denne delen vert kunnskapsgrunnlaget og opplegget for handsaming av alle fagtema gjennomgått. Riksantikvaren kommenterer her fagtema landskap og fagtema kulturminne og kulturmiljø.

Landskap

Fylkeskommunen har i samband med planarbeidet fått utført ei landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane. Riksantikvaren ser positivt på at ein har gjort eit slikt arbeid og trur dette kan vere eit nyttig verktøy i i høve til vindkraftutbygging, og også til bruk for anna regional og kommunal planlegging.

Kartlegginga har identifisert 393 landskapsområde. Desse er definerte som geografiske eininger der grensene mellom områda følger "naturlege skilje". Målsetjinga er at inndelinga skal vere passe detaljert for forvalting av landskap på lokalt nivå.

Kvart av dei 393 landskapsområda er verdivurderte. Det er også gjort verdivurderingar av 93 landskapssamanhangar. Landskapssamanhangane utgjer grupper av landskapsområde og er avgrensa utfrå felles karaktertrekk og naturleg romleg samanheng.

Riksantikvaren meiner det er eit godt grep å avgrense og verdisette større landskapssamanhangar i høve til vindkraftanlegg som har vid geografisk påverknad. Men det bør gjerast klart at verdisettinga først og fremst har ein funksjon i høve til slike vidtrekkjane tiltakstypar og at det innanfor dei ulike landskapsamanhangane vil vere område med høgare eller lågare verdi vurdert i ein meir detaljert skala. Om ein her har kome fram til rett nivå på landskapssamanhangar, er vi uvisse på, og dette er eit punkt som etter vårt syn bør etterprøvast og vurderast ved ei rullering av planen.

Vi saknar også ei tydelegare framstilling av landskapsverdi og bakgrunn for konfliktpotensial for kvart analyseområdet, på line med dei andre fagtema, t.d. vist med temakart.

Kulturminne og kulturmiljø

I fagkapitlet om kulturminne og kulturmiljø vert det gjort næye greie for kunnskapsstatus for kulturminne og kulturmiljø i fylket. Det vert synleggjort at kunnskapen er mangelfull, hovudsakleg fordi det ikkje er gjort ei systematisk kartlegging av kulturminne i alle kommunar i planområdet.

I planen har ein valt å avgrense større kulturmiljø med nasjonal og regional verdi. Dette er eit godt grep for å vise verdiar og konfliktpotensial i høve til vindkraftutbygging som har vid geografisk innverknad. Vi er nøgde med at ein i denne samanhengen har teke med områda frå Riksantikvaren sin rapport frå 2005 *Kulturminneinteresser og vindkraftutbygging*, slik det også er lagt til grunn i i MD og OEDs *Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg, 2007*. I Riksantikvaren sin rapport er det avgrensa område med høgt konfliktpotensial i høve til vindkraft langs kysten. Det er i regional plan også gjort klart at oversikten i Riksantikvaren sin rapport ikkje er fullstendig og at det godt kan finnast andre område med høg verdi og høgt konfliktpotensial. Det er difor godt at fylkeskommunen sjølv har trekt fram andre viktige kulturmiljø. På kartet er desse avmerka som regionalt verdifulle, men det er klart ut frå teksten og dels vår kunnskap, at det innanfor desse områda også vil vere miljø av nasjonal verdi, slik det mellom anna blir peikt på for kvernsteinsområdet i Fjaler og Hyllestad.


Temakarta for kulturminne og kulturmiljø inneheld i tillegg til avgrensa kulturmiljø, også markeringar av viktige kulturminne. Nokre av desse er omtala også i tekst, men finst ikkje alltid att på kartet, det gjeld t.d. førekomstar av kvernsteinbrot utanfor det avgrensa kulturmiljøet og det gjeld den Trondhjemske postveg mellom Leirvik og Dale.

Når det gjeld automatisk freda kulturminne peikar planen på at *Askeladden, databasen for kulturminner* gjev eit oversyn, men at enno er ein stor del av dei automatisk freda kulturminna ikkje er registrerte/kjende. Dette kan særleg gjelde område som er aktuelle for vindkraftutbygging, som kystnære utmarksområde. Det er viktig å vere merksam på dette, det er av dei forhold som i særleg grad gjer at ein kan rekne med at i nokre område vil ny kunnskap som kjem fram i samband med evt. konsesjonssak kunne føre til endra konfliktgrad.

Merknader til faktadel – delområde

Riksantikvaren vil ikkje kommentere landskaps- og kulturminnevurderingane som er gjorde i planen for dei ulike delområda, langt mindre for kvart analyseområde. Vi vil berre peike på at Riksantikvaren har gjeve fråsegn til fleire meldingar og søknader om vindkraftanlegg innanfor planområdet og at vi saman med Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd tematiske konfliktvurderinger for dei same prosjekta. Nokre av desse har fått høgaste og nest høgaste konfliktklassifisering (E og D) samla for våre fagtema. Dette gjeld Okla, Bremangerlandet, Ulvegreina, Lutelandet og Ytre Sula.

Beste helsing


Kristine Johansen (e.f.)
Fung. seksjonssjef


Kristi Vindedal
Seniorrådgjevar

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning, pb 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM

Miljøverndepartementet, Planavdelingen

Miljøverndepartementet, Kulturminneavdelingen

Askvoll Kommune
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

04.10.2010

UTTALE TIL PLAN FOR VINDKRAFT

Fylkespolitikarane har opna for utbygging av vindmøller både på nordsida og sørsida av Stongfjorden heilt ut mot havet t.o.m Staveneset i nord og Atløy i sør. Dersom dette blir sett i verk vil det innebære ei omringing av fjorden med vindmøller. I fylkesutvalet sitt framlegg er mange område klassifisert ned til å ha mindre konfliktpotensiale enn kva faglege råd tilsa. Dette gjeld både trussel mot biologisk mangfold, dyre- og fugleliv og friluftsliv/jakt. Dette er kritikkverdig og gir liten tillit til sakshandsaminga.


VISUELL FORUREINING

Stongfjordingane presenterer fjorden som den einaste i verda der du kan sjå frå fjordbotnen og ut i havgapet. Dette særpreget er avgjerande for Stongfjorden som naturattraksjon, både for fastbuande, feriefolk og turistar. Stongfjorden sitt andlet er vendt mot havgapet, det er Stongfjorden sitt utsyn, dit dei fleste stoveglas er vendt. Det er Stongfjorden sin viktigaste naturidentitet. Ved å plassere vindmøller på t.d Høgeheia og Atløy (sjå bilde) vil dette bli øydelagt for all framtid. Vindmøller på desse stadene vil dominere utsynet, mykje fordi fjella ikkje er høge (Høgeheia ca. 400 moh) i forhold til vindmøllene. Vindmøllene vil difor vere vere dominerande profilar i kontrast mot himmel og hav.

VERKNADER FOR BUSETNAD OG TURISME

Det er fleire utelegehütter i områda, i tillegg til sjølveigar hytter. Spesielt hjortejakta har dei seinare åra initiert utkome og auka aktivitet i bygdelaga. Bandlegging av areal og bygging av ny infrastruktur i høve industriområda, vil påverke jakt og ferdsel i negativ lei. Hjorten finn seg òg nye trekkruter ved ei eventuell utbygging. Lyssetting av turbinane pga innflygingskorridor til flyplassar, vil òg virke inn på dyreliv/hjortejakt/estetikk. Det er dessutan utstrekkt bruk av fjellområda rekreasjonsområde. Stongfjorden og Askvoll kommune elles har utfordringar med å få til ei positiv folketalsutvikling og det blir i skrivande stund gjort større forsøk på å få fleire til å busette seg i området. Det vi ser så langt er at naturopplevelingar står sentralt hos dei som vel å busette seg i område. Framtidig satsing på livskvalitet for fastbuande og turistar bør oppmuntrast og vektleggast i staden for å bandlegge areal og øyde natur ved vindkraft.


Med helsing
Stongfjorden Vel


Håvard Yndestad
-Leiar-

Vedlegg er støttes

fin i Start /exit

→ Sø JP. 162.



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2,
6863 Leikanger

Oslo 8. oktober 2010

Framlegg til Regional plan for vindkraft Sogn og Fjordane.

Ein syner til bekreftelse datert 30. september 2010 om utsetjing av frist til 8. oktober 2010.

Habilitet

Habilitet- innleiing

Utgangspunktet for problemstillinga er at 6 av 9 medlemmer i Fylkesutvalet har styreverv knytta til vindkraftinteresser; styret i Sunnfjord Energi, styret i Sogn og Fjordane Energi og styret i Vindkraftforum, jfr. vedlegg 3. NRK Sogn og Fjordane tok opp saka 22. juni 2010 der jusprofessor Eivind Smith konkluderte med at i allefall Fylkesordfører Nils R. Sandal som er styremedlem i lobbyorganisasjonen Vindkraftforum er inhabil, jfr. vedlegg 4. Konsekvensen av inhabilitet er at dei det gjeld ikkje kan utarbeide og handsame utkast til regional plan for vindkraft samstundes som dei sit i styret i selskap som har vindkraftinteresser. Resultatet er at politikarane må handsame planen på nytt. Spørsmålet er aktuelt blant anna sidan område som tidlegare har vore vurdert som svært konfliktfylte no vert opna for vindkraftutbyggjing. Ein av styremedlemmene i Sunnfjord Energi har i ettertid trekt seg, noko som i seg sjølv understrekar alvoret i saka, jfr. vedlegg 5.

Kommunal- og Regionaldepartementet tok deretter på eige initiativ spørsmålet om habilitet opp til vurdering. Saka vart deretter oversendt til Miljøverndepartementet og resulterte i brev til Sogn og Fjordane Fylkeskommune 6. august 2010, jfr. vedlegg 6. Det framgår av brevet at ein let være å lovlegkontrollere Fylkesutvalet sin habilitet sidan ein på det noverande tidspunkt er i ein pågående planprosess, og planen på ulike måtar kan ende hjå Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd. Det er imidlertid verd å merke seg følgjande sitat frå brevet:

"Miljøverndepartementet vil streke under at reglane om habilitet i forvaltningslova og kommunelova skal følgjast. Den merksemda som planen no har fått i media, kan tale for at folkevalde og administrasjon er særleg omhyggjeleg i prosessen fram mot den endelege fastsetjinga av planen.

Vi vil minne om at omsyna bak reglane om habilitet mellom anna er å sikre at avgjerdene blir materielt riktige. Dette gjeld alle reglar om sakshandsaming. I tillegg er habilitet heilt sentralt i det vi

kallar god forvaltingsskikk. Habilitetsreglane skal verke til at personar med særskilte interesser i ein sak ikkje får ha innverknad på utfallet av saka. Slik verkar reglane til å ta vare på tilliten til fylkeskommunale vedtak."

Habilitet – tilhøvet til Sula Kraft

Me vil i det følgjande nytte høvet til å kome med nye opplysningar i saka.

Ein kan få inntrykk av at dei omtala styremedlemmene har styreverv i selskap med vindkraftinteresser generelt. Det er imildertid slik at Sunnfjord Energi AS og Sogn og Fjordane Energi AS har direkte og indirekte eigarinteresser i selskapet Sula Kraft AS som har konkrete planar om vindkraftverket Ytre Sula Vindpark i Solund kommune, jfr. vedlegg 7 og 8.

Då Fylkesutvalet handsama utkastet til regionalplan for vindkraft fekk heile Solund nedjustert konfliktstatusen frå sterkt til middels ved hjelp av ein nykonstruert skala. Vedlegg 9 syner det samla konfliktpotensialet for området Solund – Lifjorden framlagt for Fylkesutvalet 9. mars 2010. Som det framgår av figur 3.6.2 har 13 av 14 analyseområde stort konfliktpotensiale. Vedlegg 10 syner det samla konfliktpotensialet for området Solund – Lifjorden framlagt for Fylkesutvalet 25. mai 2010. Også her har 13 av 14 analyseområde stort konfliktpotensiale. Vedlegg 11 syner det samla konfliktpotensialet for området Solund – Lifjorden slik det framgår av Høyringsframlegg til Regional plan for vindkraft vedteke av Fylkesutvalet 25. mai 2010. Som det framgår av figur 3.6.2 er det no berre 2 av 14 analyseområde som har stort konfliktpotensiale.

Underteikna er av den oppfatning at det som er gjort greie for i avsnitta ovanfor gjer saka endå meir alvorleg enn styreverv i vindkraftinteresser generelt.

Konklusjon – habilitet

Ein syner til notat frå Arntzen de Besche datert 7. oktober 2010 side 6, jfr. vedlegg 1.

Konklusjonen er at Nils R. Sandal, Harry Mowatt og Jenny Følling er inhabile til å vere med å handsame, herunder fatte vedtak om fylkesdelplan for vindkraft når denne vert handsama i Fylkestingert.

Vedtaket om å leggeRegional plan for vindkraft ut til offentleg ettersyn framgår av møteboka til Fylkesutvalet 25. mai 2010 side 3, jfr. vedlegg 12. Her framgår det også at område med stort konfliktpotensiale kan verte vurdert som utbyggjingsaktuelle dersom lokale styresmakter har positiv tilråding.

Som det framgår av vedlegg 13 var 5 av representantane inhabile då Solund kommune handsama kommuneplanen som inneheld forslag om 2 vindparkar. Vedtaket frå Fylkesutvalet kan difor ikkje få relevans for Solund.

Vindkraft forøvrig Solund kommune

Kraftline

Det framgår av Melding om planlegging av Ytre Sula Vindpark og nettøsing datert 3. juni 2008 side 18 at det vil bli ei ny kraftline på ca. 27 kilometer frå Ytre Steinsund til Leknessund. Kraftlinna er ca. 30 meter brei inkludert sperrebelte og er 12 – 18 meter høg. Dersom krafta vert transportert nordover til Lutelandet vil det verte felles kraftline frå Ulvegreina til Leknessund. Denne kraftline vil høgst sannsynlig verte stålmaast med 6 trådar.

Ei kraftline som beskriven i avsnittet over har dimensjonar som vil verte usedvanleg skjemmande i Solund – naturen, og er åleine grunn god nok til å ikkje byggje vindkraft i Solund.

Størrelsen på vindkraftanlegga

Solund kommune har et areal på 228 kvadratkilometer. Ytre Sula vindpark vil dekkje eit areal på ca. 12,5 kvadratkilometer og Ulvegreina vindpark vil dekkje eit areal på ca. 15,7 kvadratkilometer. Dei 2 vindparkana vil altså leggje beslag på ca. 12,4 % av kommunen sitt areal.

I tillegg kjem areal som vil verte beslaglagt til kraftlinna, transformatorstasjon, kaier og adkomstvegar for kvar av vindparkane.

Produksjonskapasitet

Sula Kraft AS anslår produksjon på Ytre Sula i 3.000 – 3.200 timer pr. år. Dette gjev ein utnyttelsesgrad på 34,2 – 36,5 %. Det er 8.760 timer i eit år utan skotår.

NVE har foreteke målingar av kapasitetsutnytting frå og med 1998. Utnyttingsgraden er for alle åra til og med 2009 lavare enn 30 %.

Sula Kraft har ikkje framlagt dokumentasjon som sannsynleggjer det store avviket.

I tillegg er det etter vårt skjønn ikkje noko som helst samsvar mellom størrelsen på naturinngrepet og den krafta som vert produsert, og som altså ikkje er godt nok dokumentert.

Utrydningsstrua artar

Det framgår av Fylkesmannen sin uttale til melding med framlegg til utgreivingsprogram at særleg anlegget på Ytre Sula vil leggje beslag på eit område med mykje havørn og andre rovfuglar. I tillegg er millionar av individ på veg til og frå hekkeplassar og overvintringsplassar.

I tillegg er det hekkeplassar for havørn, hubro og vandrefalk i og utanfor det planlagde vindkraftområdet.

Landskapet i Solund

Landskapet i Solund er unikt med rik forekomst av konglemorat. Det vil være nærmest umogeleg å setje vindparkområdet i stand att etter at konsesjonstida er over. Inngrepa i samband med vindkraftutbyggjing vil difor vere irreversible.

Fortidsminner

Bakgrunn for utredningsprogram frå NVE er datert 2. juli 2009. Riksantikvaren er av den oppfatning at vindkraftanlegget på Ytre Sula vil kome i konflikt med fleire kjende automatisk freda kulturminner, og frårår vidare planlegging av vindparkanlegget.

Støyproblem

Det framgår av utredningsprogrammet frå NVE at Norges Miljøvernforbund ber om at det planlagde vindkraftverket på Ulvegreina vert skrinlagt. Dette skuldast blant anna at ein må pårekne støyproblem for den nærmaste befolkninga.

Underteikna syner til undersøkjing av vindmøllesyndromet som er omtala mellom anna i "The Independent". Det vert her konkludert med støy og vibrasjonar frå store vindmøller gir auka risiko for hjartesjukdomar, migrane, panikkanfall og andre helseproblem.

Årsak til lidningane er forstyrningar i det indre øyra som følgje av den lavfrekvente støyen frå vindmøllene.

Undersøkjingar førettekne i Sverige syner at det å bu landleg med variert terreng, lav bakgrunnsstøy, samt å kunne sjå vindmøllene frå huset sitt er faktorar som sannsynlegvis aukar risikoen for å verte plaga av støy frå vindmøller.

Tilhøvet til landbruket

Også i Solund er hjortejakt vorten ein viktig del av inntektsgrunnlaget for landbruket. Agder Energi har bekrefta at det vil verte mindre hjort i anleggsfasen. Når vindparken kjem i drift vil kraftlinene og vindmøllene redusere beiteelandet for hjort. Hjorten som er i Solund kjem over frå fastlandet, og det er risiko for at hjorten sine trekkruter til Solund kan verte kraftig reduserte som følgje av vindparkane.

Inger Leirvåg
Inger Leirvåg
Ullevålsveien 102 B, B
0451 Oslo

Marte Helmdal Leirvåg
Marte Helmdal Leirvåg
6924 Hardbakke

- Vedlegg 1: Notat frå Arntzen de Besche
- Vedlegg 2: Underskriftsliste mot vindmøller i Solund
- Vedlegg 3: Roller Fylkesutvalet vs. Sula Kraft
- Vedlegg 4: Fylkesutvalet mogeleg inhabilitet juni 2010
- Vedlegg 5: Nye reglar om inhabilitet frå 1. november 2011
- Vedlegg 6: Miljøverndepartementet habilitet august 2010
- Vedlegg 7: Sula Kraft eigarstruktur
- Vedlegg 8: Ytre Sula vindpark
- Vedlegg 9, 10 og 11: Solund ~ Lifjorden – Endring konfliktpotensiale
- Vedlegg 12: Møtebok Fylkesutvalet 25. mai 2010 side 3
- Vedlegg 13: Inhabile politakarar i Solund



N O T A T

Til: Inger Leirvåg
Fra: Camilla Gjørtz
Kopi: Thomas Nordby
Ansvarlig advokat: Thomas Nordby
Dato: 07. oktober 2010 119022/54750
Vår ref: CGJ/cgj 707293

INHABILITET FOR MEDLEMMER AV FYLKESUTVALGET I SOGN OG FJORDANE

1 MANDAT

Arntzen de Besche Advokatfirma AS (Arntzen de Besche) er i telefonsamtale 16. september 2010 med Inger Leirvåg bedt om å vurdere mulig inhabilitet for personer i fylkesutvalget i Sogn og Fjordane.

Kjernespørsmålet er om enkelte medlemmer av fylkesutvalget var inhabile til å behandle utkast til fylkesdelplan for vindkraft for Sogn og Fjordane.

Utgangspunktet for problemstillingen er at flere av Fylkesutvalgets medlemmer har styreverv knyttet til vindkraftinteresser. Spørsmålet er om denne tilknytningen innebærer at de gjeldende personer var inhabil i forbindelse med behandling av utkast til fylkesdelplanen.

I det følgende vil vi i punkt 2 og 3 redegjøre for den faktiske og rettslige bakgrunnen, for så i punkt 4 foreta en vurdering av selve habilitetsspørsmålet.

OSLO STAVANGER TRONDHEIM

ARNTZEN de BESCHE ADVOKATFIRMA AS

OSLO - Bygdey allé 2 // P.O. Box 2234 Oslo // Tel: +47 23 89 40 00, Fax: +47 23 89 40 01 // oslo@adeb.no
STAVANGER - Jattavågveien 7 // P.O. Box 130, NO-4665 Stavanger // Tel: +47 52 87 45 00, Fax: +47 52 87 45 01 // stavanger@adeb.no
Org. nr: NO 982 409 705 EVA
www.adeb.no



2 FAKTISKE BAKGRUNN

Fylkesutvalget i Sogn og Fjordane vedtok 25. mai 2010 høringsframlegg for regional plan for vindkraft. Fylkesplanen åpner blant annet for vindkraftverk i Solund kommune. Utbygger av et eventuell vindkraftverket (Ytre Sula Vindpark) vil være Sula Kraft AS (heretter SK), jf vedlegg 8.

Sula Kraft AS er eid av henholdsvis Vardar med 50 %, Vestavind Kraft med 32,5 % og Sunnfjord Energi AS (heretter SE) med 17,5 %.

SE er et interkommunalt selskap, eid av 7 kommuner i Sunnfjord og ytre Sogn og BKK (Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap).

Styreleder i SE, Harry Mowatt (heretter Mowatt), er medlem i Fylkesutvalget. Jenny Følling (heretter Følling), styremedlem i SE, er også medlem av Fylkesutvalget. Spørsmålet er om denne tilknytningen til henholdsvis utbygger av vindkraftverket medfører at personene er inhabil når de har vært med på å behandle fylkesdelplanen.

Videre vil det også være et spørsmål om Nils R. Sandal, medlem i Fylkesutvalget og styremedlem i interesseorganisasjonen Vindkraftforum er inhabil.

3 RETTSLIGE BAKGRUNN

Det følger av lov om kommuner og fylkeskommuner av 25.sept 1992 nr. 107) § 40 nr. 3 (kommuneloven) at forvaltningslovens regler om saksbehandling kommer til anvendelse, jf lov om behandlingsmåter i forvaltningssaker av 10. feb 1967 (forvaltningsloven) § 1.

Forvaltningsloven (heretter fvl) kap. II gir nærmere regler om inhabilitet.

Habilitetsreglene gjelder for alle offentlige tjenestemenn og for ”..enhver annen som utfører tjeneste eller arbeid for et forvalningsorgan”, jf. fvl § 10 og vil gjelde for fylkesutvalgets medlemmer. Videre er det ikke tvil om at fylkesutvalgmedlemmene ved sin behandling av ufkastet til fylkesdelplan er med på å ”tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse”, jf fvl. § 6 første ledd. Forvaltningslovens regler om inhabilitet vil dermed få anvendelse.

Inhabilitet innebærer at det foreligger omstendigheter som er egnet til å svekke tilliten til en persons upartiskhet. Formålet med inhabilitetsreglene er først og fremst å hindre at forvaltingens avgjørelser blir uriktige fordi tjenestemannen tar usaklig hensyn ved forberedelsen eller avgjørelsen av saken. Like viktig er det at folk har tillit til at saksbehandlingen foretas av habile tjenestemenn.



4 HABILITETSSPØRSMÅLET

4.1 Kommer fvl. § 6 første ledd bokstav e til anvendelse?

Fvl § 6 første ledd har detaljregler for tilfeller av inhabilitet. Inntrer inhabilitet etter disse reglene behøver man ikke foreta en nærmere vurdering av forholdet.

I fvl § 6 bokstav e er det gjort unntak for inhabilitet for ledere og styremedlemmer i selskaper som helt ut eller delvis eies av stat eller kommune. Mowatt og Følling, som er styremedlemmer i det interkommunale selskapet SE, er dermed som utgangspunkt å anse som habile. Imidlertid er det vedtatt lovendring i fvl § 6 første ledd bokstav e som trer i kraft 1. november 2011. Endringen innebærer at unntaksregelen i forvaltningsloven § 6 første ledd bokstav e bortfaller. Dette betyr at folkevalgte og tjenestemenn blir inhabile og ikke kan behandle en sak i fylkeskommunen som gjelder et offentlig eid selskap der de selv har en ledende stilling eller sitter i styret eller bedriftsforsamlingen.

Å drøfte betydningen av denne lovendringen vil imidlertid ikke ha noen hensikt da unntaket kun gjelder for de tilfeller der selskapet er part i saken. Hvem som er part i en sak er definert i fvl § 2 bokstav e. Det vil bero på en konkret vurdering, ut fra hvilke spørsmål som er til behandling og hva slags avgjørelse det legges opp til, om et selskap er berørt i slik grad at det må sies å være part i saken.

Når det gjelder partsbegrepet har Kommunal- og regionaldepartementet i samråd med Justisdepartementets lovavdeling jobbet fram følgende prinsipielle avklaring ifm lovendringen; jf. Ot.prp. 50 (2008-2009):

"Departementet har lagt til grunn at det enkelte selskap ikke uten videre blir regnet som part etter § 6 første ledd bokstav e i overordnede saker som årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan. Det har særlig sammenheng med at slike overordnede saker som et utgangspunkt ikke har det enkelte selskapet som adressat. Fordi det i overordnede saker som årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan skal mye til å bli regnet som part, legger departementet til grunn at det sjeldent vil bli aktuelt med inhabilitet i forhold til slike saker etter forvaltningsloven § 6 første ledd. (...).

SE er etter dette ikke å anse som part og fvl § 6 første ledd bokstav e kommer ikke til anvendelse. En vurdering av om det foreligger inhabilitet må dermed gjøres etter fvl § 6 annet ledd.

4.2 Inabilitet etter fvl § 6 annet ledd

Selv om fylkesplanen er en overordnet plan der selskap sjeldent kan anses som part, vil det likevel kunne innstre inhabilitet etter den generelle regelen i fvl. § 6 annet ledd. Dette ble presisert i Ot. prp. 50 (2008-2009):



"(...) inhabilitet i behandlingen av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan likevel vil kunne inntre etter den generelle inhabilitetsregelen i forvaltningsloven § 6 annet ledd på samme måte som tidligere. Det kreves likevel en klar, konkret tilknytning for at inhabilitet vil inntrefte etter denne bestemmelsen, ved at det må påvises at det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til den folkevalgtes upartiskhet.".

Fvl. § 6 annet ledd gir anvisning på en konkret helhetsvurdering, og sentralt ved vurderingen vil være spørsmålet om det er grunn til å frykte usaklig begunstigelse.

Siden det stilles krav til såkalte *særegne forhold* vil ikke enhver, generell interesseltilknytning lede til inhabilitet. Forhold som svært mange er i, vil falle utenfor lovens område. Lovgiver har imidlertid til en viss grad gitt retningslinjer for hva som kan utgjøre slike *særegne forhold*. Ved vurderingen kan man blant annet legge vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære en *særlig fordel, tap eller ulempe* for den det gjelder. Har man en spesiell interesse i sakens utfall vil dette kunne begrunne inhabilitet. Det bemerkes at det må dreie seg om en særinteresse i avgjørelsen, alminnelige distriktsinteresser, grendeinteresser eller yrkes- eller næringsinteresser medfører ikke inhabilitet. Det må med andre ord foreligge ulemper eller fordeler som gjør seg særskilt gjeldende for tjenestemannen.

Også andre typer interesser kan komme inn – for eksempel der vedkommende i særlig grad har engasjert seg i en sak uten at det er tale om fordeler eller ulemper for ham eller henne.

Det må dermed foretas en vurdering av om den tilknytning henholdsvis Mowatt, Følling og Sandal har til saken er av en slik karakter det er egnet til å svekke tilliten til deres upartiskhet.

4.2.1 Inabilitet for Mowatt og Følling

a) Særegne forhold

Selv om fylkesplanen kun er en overordnet plan, er den likevel et viktig signal for at vedtak om bygging av vindkraftverk kan gjøres. Vedtas ikke fylkesdelplanen for vindkraft vil det være vanskeligere å få truffet vedtak om utbygging av vindkraftverk. Tidligere utbyggere har blant annet fått nei fra fylkesmannen på forespørsel om slik utbygging nettopp på grunn av mangel på slik plan.

Om det vedtas bygging av kraftverk i Ytre Sula vil SK være utbyggere, jf vedlegg 8. SK vil dermed ha store økonomiske interesser i at fylkesplanen åpner for at gjeldende område åpnes for slik utbygging. Siden SE er deleier av SK vil også de ha økonomisk interesse av at fylkesplanen åpner for slik regulering.

Når Mowatt og Følling sitter i styret til et selskap som har en slik potensielle økonomiske interesse i at fylkesplanen åpner for bygging av vindkraftverk er ikke dette lenger bare en generell interesseltilknytning. De har ikke bare en alminnelig interesse for vindkraft ved å sitte



i styret for et kraftselskap, men en særlig kommersiell interesse for at planen vedtas. En slik spesiell interesse i sakens utfall vil begrunne inhabilitet.

b) Er forholdene egnet til å svekke tilliten til deres upartiskhet

Sentralt ved vurderingen av inhabilitetsspørsmålet står som nevnt hensynet til allmennhetens tillit til forvaltningen, og om de særegne forhold påpekt ovenfor vil kunne være egnet til å svekke denne tilliten.

I den sammenheng må det blant annet tas hensyn til hva slags type avgjørelse er det tale om og sakens art.

Fylkesdelplanen for vindkraft vil være den viktigste saken når det gjelder vindkraftutbygging i Sogn og Fjordane da tidligere utbyggere som nevnt har fått nei fra fylkesmannen nettopp pga mangelen på slik plan. Blir planen godkjent vil store områder i fylket åpnes for vindkraftutbygging.

Vindmølleparkene som planlegges i Solund kommune vil blant annet oppa til sammen 12,4 % av kommunens samlede areal på 228 kvadratkilometer. I tillegg kommer ny kraftlinje med 30 meter sperrebelte, adkomstveier, transformatorstasjoner m.m. Det er på det rene at en slik utbygging vil ha stor betydning for kommunen og dens beboere.

Videre vil en eventuell utbygging skje i et område der det i utgangspunktet er stort konfliktpotensial. Også dette fordrer til ekstra varsomhet ved behandling av saken.

Når fylkesplanen foretar en avveining av så viktige og omfattende interesser som naturvernghensyn og vindkraft, er det særlig viktig at allmennheten – objektivt sett – har tillitt til at fylkesutvalget ikke tar usaklige hensyn ved avgjørelsen. I den sammenheng vises det også til brev av 6. august 2010 fra miljøverndepartementet til fylkeskommunen der departementet blant annet påpeker at den oppmerksomhet som planen for vindkraft har fått i media, kan tale for at folkevalgte og administrasjonen er særlig omhyggelige i prosessen fram mot den endelige vedtakelsen av planen, jf vedlegg 6.

Når Mowatt og Følling sitter i styret i SE som potensielt vil ha en økonomisk fordel av at fylkesdelplanen vedtas, er denne særlike tilknytningen et forhold som er egnet til å svekke tilliten til deres upartiskhet. Med tanke på sakens natur er det særlig viktig at man har tillit til at usaklige hensyn ikke er tatt med i vurderingen av fylkesdelplanen. Deres tilknytning til SE gjør at denne tilliten svekkes og de må derfor anses inhabil til å fatte vedtak om fylkesdelplan om vindkraft.

4.2.2 Inabilitet for fylkesordfører Nils R. Sandal

Sandal er i tillegg til å være fylkesordfører, styremedlem i interesseorganisasjonen Vindkraftforum. Å ha et alminnelig engasjement innenfor et felt vil ikke i seg selv kunne



begrunne inhabilitet, men har man en særinteresse i sakens utfall vil dette kunne stille seg annerledes.

Vindkraftforum har vært lobbyist i arbeidet med å få vindkraft til Sogn og Fjordane, og har videre vært svært aktive i planprosessen til fylkesdelplanen. Blant annet ble konfliktnivået for områdene for utbygging kraftig nedjustert etter en rekke innspill fra nettopp Vindkraftforum. Vindkraftforum har blant annet bedt fylkesutvalget endre måten fylkeskartet ble fargelagt på ved at i stedet for å bruke en skala på tre forskjellige farger ba de om en skala på ti. På den måten ville store deler av fylket havne i kategorien liten til middels konfliktfyldt.

I første utkast til fylkesdelplanen som ble fremlagt 9. mars var store deler av området Solund - Lifjorden avmerket på kartet som områder med stort konfliktpotensial, jf. vedlegg 9, 10 og 11. Etter at fylkespolitikerne hadde behandlet saken i mai var store deler av området nedgradert til middels konfliktpotensial, jf. vedlegg 9, 10 og 11.

Når Sandal sitter som fylkesordfører på den ene side og som styremedlem i Vindkraftforum på den andre kan det ikke være tvil om at dette skaper tvil om hans upartiskhet.

4.3 Lovlighetskontroll

At det foreligger inhabilitet medfører ikke at en avgjørelse automatisk må settes til side.

Imidlertid følger det av kommuneloven § 59 at tre eller flere medlemmer av fylkestinget kan bringe en avgjørelse inn for departementet til kontroll av avgjørelsens lovligitet. Det følger av bestemmelsens nr. 1 annet punktum at spørsmål om inhabilitet kan kontrolleres særskilt. Kompetansen til å få gyldigheten av et fylkeskommunalt vedtak lovligheitskontrollert er dermed betinget av at folkevalgte representanter ønsker slik prøving.

Departementet kan også på eget initiativ ta en avgjørelse opp til lovligheitskontroll, jf kommuneloven § 59 nr. 5. De har imidlertid ingen plikt til å gjøre dette.

Det skal også bemerkes at inhabilitet for Mowatt, Følling og Sandal medfører at de vil være inhabile til å være med å behandle, herunder fatte vedtak om fylkesdelplanen om vindkraft når denne behandles i fylkestinget.



[Velkommen, Marte Heimdal Leirvåg](#) | [Min side](#) | [Logg ut](#)

Forsiden - Start underskriftskampanje gratis - Øste stilt spørsmål - Hjelp til markedsføring - Søk - Leg din egen hjemmeside




Underskrifter for: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND! - side 1


Annonsør:	Gratis forslag	Dømme - Fra 125,-	Utværliging - Noen å snakke med?	Gratis e-post fra underskrift.no	Aksjon
					<input checked="" type="checkbox"/> Signer denne kampanjen <input type="checkbox"/> Vis signaturer <input type="checkbox"/> Tips en venn <input type="checkbox"/> Post på Facebook <input type="checkbox"/> Legg til på Nettbrett
Kategori	Politikk - Lokal			349 signaturer hittil	
Område / Fylke	Sogn og Fjordane				
Opprettet av	Marte Heimdal Leirvåg				
Les kampanjen: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND!					
1 2 3 4 5 Neste					
#	Navn			Postnummer (registrert i folkeregisteret)	Alder
1	Jarl-Egil Haugstad			6963	
2	Kristine Goucheron Straume			6387	21
3	Maria Cedile Haaland			5690	17
4	Anne Dorthea Birkeland			5009 Norheimsund	10
5	Hege Eriksen			5464	45
6	Jenny Lystholm Davlunes			6823	
7	Elen Ekevik			1555 Son	59
8	Merede Farøy Bergersen			5307	
9	Anne-Karin Eiken			6958	
10	Aud-T. Vége Haugstad			6964	57
11	Per Olav Kaldestad			5114	63
12	Charlotte Lillehøi			5161	
13	Solgunn Flaktveit			5095	
14	Stig Stropmen			5135	55
15	Torkjel Djupedal			6800	53
16	Elinn Vedeld			6779	66
17	Hedne Avdal			0268	
18	Grete Netteland			6856	
19	Andreas Heuch			0571	
20	gidske anderson			5010	
21	Astbjørn Iglesjan			6968 Helle	62
22	Astrid Kåstvåg			6800	55
23	Ashild Lerpold			0187	31
24	agnar ænes			6800	59
25	Lill Unnvik Thorsdalen			5119	38
26	Aud Håland			6963 Dale	57
27	Jørve Orvedal			6993	57
28	Ragnhild Thorp			1450	50
29	Maren Sundt Leirvåg			5174	10
30	Christer Jensen			5135	40
31	Anita Stremmen			5135	34
32	Nina Trovåg			5097	51
33	Helena Stremmen			5724	19



34	Terese Strommen	5554	24
35	Peggy Strommen	5260	85
36	Arthur Strommen	5269	
37	Trude Trøfjell	1362	31
38	Astid Færøy	5142	49
39	Magnhild Berntsen	6924	66
40	Olav Berntsen	6924	
41	Jan Magne Støndal	6800	
42	marit Lambrechts	0781	52
43	Jostein Danielsen	5314	
44	Frede Romarheim	6800	42
45	Janne Daalelsen	6800	
46	Hildegunn Steindal	6800	42
47	Børđ Støndal	6800	36
48	Børđ Ødegaard	4340	60
49	Sverre Ødegaard	4355	53
50	Uthni Wilson	4353	47
51	Bjerg Wege	5261	
52	Knut André Rodseth Kjosås	5243	20
53	Aina Catrine Henniem	7125	21
54	Rege Leirvag	4635	47
55	Svend Olav Leirvag	4635	47
56	Christian Sæther	6927	19
57	Anne Kristine Dyrdal	6928	39
58	Ernst Dutt	7550 Hommelvik	53
59	Erlend Forsund	1746	31
60	Sissel Jorunn Engevik	6800	42
61	Kari Engevik	6924	82
62	Margareth Forsund	6953	57
63	Eline Sunde Leirvåg	5174	13
64	Hans Ola Holanc Tisja	3706	29
65	Kenneth Heimdal	5145	
66	Astbjørn Amesen Sandberg	5019	14
67	Kristin Sandberg	5019	51
68	Hilde Berthelsen Indrebø	5057	25
69	Borgbald Leirvåg	6924	
70	Magnar Drange	5680	50
71	nina haga	5722 Dalekvam	
72	Magnhild Ønes	5912	
73	Trude Darsho Linda	7072 Heimdal	
74	Tonje Nilsen	7053	39
75	Anja Bruland	1176	40
76	Ane Haga	5725	
77	bernadette pohl	5073	23
78	Dag Brekke	5722 Dalekvam,	44
79	Pål Magnus Ryland	5264	
80	Tor Jacob Nordgulen	5390	39




[1](#) | [2](#) | [3](#) | [4](#) | [5](#) | [Neste](#)



[Velkommen, Marte Helmdal Leirvåg](#) [Min side i Logg ut](#)
[SØK](#)
[Forsiden](#) · [Start underskriftskampanje gratis](#) · [Gitt støtte spørsmål](#) · [Hjelp til markedsføring](#) · [Sek](#) · [Legg din egen hjemmeside](#)


Underskrifter for: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND! - side 2

Annonser:	Grens høyde	Datoene - Fra 125.-	Lisensering: Noen å slutte med?	Gratis online forretning	Aksjon
Kategori	Politikk - Lokal				<input checked="" type="checkbox"/> Signer denne kampanjen
Område / Fylke	Sogn og Fjordane			349 signaturer hittil	<input type="checkbox"/> Vis signaturer
Opprettet av	Marte Helmdal Leirvåg				<input type="checkbox"/> Tips en venn
» Les kampanjen: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND!					
Første	1	2	3	4	5
[Resta]					
#	Navn			Postnummer (registrert i folkeregisteret)	Alder
81	Trude Lien			5307	
82	Jan Georg Tangenes			5151	46
83	Mary S. Rørdal			5145	
84	Aite Randef			5145	46
85	Rita Stigenborg			5144	
86	Aridt Olsen			5911	46
87	Johnny Holdhus			5652	
88	Unn Helen Gjerland Nybø			6926	43
89	sonja Håland			5943	43
90	Raymon Oddeskaiv			6927	
91	May-Britt Tangenes			6926	35
92	Anne Lise Hop			6924	
93	stig-andré solheim			5300	23
94	Haakon H. Solheim			5300	
95	einar nisen			3028	52
96	Reidun Fazroy Bergstrøm			6968	
97	Aridt Bergstrøm			6968	
98	Randi Helene Olsen			6800 FØRDE	56
99	Leif Otto Olsen			6900 FØRDE	57
100	Vigdis Ravnay			6924	34
101	Jann Otto Olsen			6924	36
102	Helge Paul Indray			6924	55
103	Anne Neshelm			5310	48
104	Anna Neshelm Elde			6924	
105	Petter Krag			7020	31
106	Rune Kåre Indray			6924	49
107	Egil Roed			6924	
108	turid yrøy			barfim.12, 5142 fyllingsdalen	
109	Vilde Ingeraug Engen			3490	12
110	Ørjan Nikolaisen Trodøg			6924	14
111	Miriam Jacobsen			5151	
112	Anne Lepold			6924	
113	Karin Eklanson			5229	72



114	Synneve Vilsvik	5131	20
115	Merede Lambrechts	4109	20
116	Eivind Ingvaldsen	6924	
117	Helfrid Kalgreff Götzen	5361	48
118	Leiv Henriksø	5966	
119	Kjell Jørjan Hugøy	6809	51 år
120	Herborg Nybø	6926	
121	Kristin Cecilia arvesen	1362	17
122	Morten Vedvik	5216	
123	Jorunn Ingvaldsen	6924 Hardbakke	
124	Bjørn Dahl	5954	60
125	Britt Johnsen	5148	
126	Stig Arne Heimdal	5369	48
127	Henrik Ravnøy	6924	
128	Tora Eide	6924 Hardbakke	
129	Norunn Kalgreff	5160	45
130	Finn Ytreby	6924	32
131	Åshild Storset	5183	
132	Trude Sælen	5264	
133	PER GUNNAR TUV	5303	33
134	Ole Hennings Skåtevik	4235	
135	Frank Engdal	6926	
136	Audun Engdal	6926	
137	Raymond Engdal	6926	
138	Gerd Engdal	6926	
139	Evan kalgraft	5381	42
140	ODDNY KRISTIN STEDSVIK	6387 LÆRDAL	35
141	Torstein Mongstad	6921 Hardbakke	23
142	enja elien pollen engdal	6926	
143	Nina Kvætheim Engevik	6924 Hardbakke	
144	Kjetil Andre Lambrechts Hattem	6928	15
145	Walem Teunis Pranger	6924	45
146	yvonne rosken	6924	49
147	Bjarte Engevik	6924	44
148	Karen Helga Maurstig	6950	
149	nigmar helle dahl	5955	55
150	Kai Nave	6711	54
151	Jens-Erik Hissink	8255	
152	Evelyn Reed	5500 Norheimsund	16
153	Bjørn Magne Hansen	6924	48
154	Ulv Helene Hansen	6924	
155	Madmo J. Ask	6356 Sogndal	46
156	Hanne Marie Bjørge	6926	72
157	Robert Systad	6947	18
158	Alver Melvaer	6800	69
159	Ronnie Story	2827	
160	Jenny Ellingsen	5938	



Første | [1](#) | [2](#) | [3](#) | [4](#) | [5](#) | Neste |


[Velkommen, Marte Heimdal Leirvåg](#) [Hin side i Loga ut](#)

Forsiden · Start underskriftskampanje gratis · Ofte stille spørsmål · Hjelp til markedsføring · Søk · Leg din egen hjemmeside

Apple iMac
På gressauksjon!



budit.eu

Budabonnement:
Kr 140,- hver 15. dag

Underskrifter for: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND! - side 3

Annonser:	Gratis høyreklik	Demonstrasjons - Fra 125,-	Leveringstid - Noen dager senere med?	Gratis offisiell ferdselstresj	Aksjon
Kategori	Politikk - Lokal				<input checked="" type="checkbox"/> Signer denne kampanjen
Område / Fylke	Sogn og Fjordane			349 signaturer hittil!	<input type="checkbox"/> Vis signaturer
Opprettet av	Marte Heimdal Leirvåg				<input type="checkbox"/> Tips en venn
○ Les kampanjen: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND!					
Første	1	2	3	4	5
	Neste				
#	Navn			Postnummer (registerert i folkeregisteret)	Alder
161	Olav Størn			5179	13
162	Karl Ytrey			6955 Atley	
163	Annbjørn A Kuld			6856	49
164	Kjetil Kjefevold			5314	
165	Roar Moe			6924	54
166	Imrelin Nordstrand Sogstad			5184	
167	Michael Lundmark			6924	38
168	Steve Lerpold			6924	36
169	Øystein mangstad			5134	35
170	Magne Eliås			6955 SOGN DAL	
171	enne marit indroy			6924	45
172	Kaja Mari Aarsand			6924	
173	Elisabeth Dahle			6869 Hafslb	
174	Bjørg Eli Eide			5056	
175	Marion Svelingen Njæseth			6985	
176	Aud-Mari Haste			1430	
177	Jørgen Midtbø Bjørkedal			6723	19
178	Hanne			6927	
179	Linn Turid K. Svardal			6900 Floro	
180	Irene øga			6924	
181	Jostein Borgset			6795	22
182	Jens Vauten			0167	20
183	Jacob Nodseth			6900	
184	Terje Utålen			5953	52
185	Øystein Hasjedal			5101	29
186	rolv bjørge			6926	
187	Karoline Hiffersey			5161	
188	Iselin Nyba			6926	16
189	Anja Herland			5101	35+
190	Lena			6960	
191	Kristine Gjengedal			6829	19
192	Bent Ørjan Drengenes			6924	
193	Helen Sverstad			5067	


Apple iMac
På gressauksjon!



budit.eu

Budabonnement:
Kr 140,- hver 15. dag


184	Simon Lien	6847	18
195	Elisabeth Strand	5161	20
195	Tone Oddekalv	6950	
197	Merethe Lefdalshjelle	6939 Flord	
198	Kåre Fosse	6924	
199	Abe Fosse	6924	
209	Johnny Indroy	6924	
201	Madelen Fosse	6924	
202	Jorunn Fosse	6921	
203	Gunn Bjørkem Strømmen	5173	
204	Karstein Ehnes	5956	
205	Kristin Henna Larsen	5261	31
206	Karl Utulen	5953	50
207	Sigrunn	6968	
208	Linda Leirpoll	6968	15
209	Kristin Robberstad Vangen	5918	16
210	Anders Hervik	5955	25
211	Bjørte Lending	6950	
212	Per Morten Ellingsen	1659	35
213	Karen Backlund Nesssen	5052	23
214	Randi Stordy	6924	
215	Iars gjørn halton	6928	17
216	Kristin Lerpold	5096	32
217	Kristoffer Kalgraff	5381 Glesvær	21
218	Rodrigo Felipe Cordova	6903	
219	Ytreøy, Anne Evjenh	5970	54
220	Iren Ytøy	1107743244	
221	Finn Halvorsen	1263	
222	Synneve Kelgraff Golten	5525	
223	Torhild Kelgraff	5379	
224	Sian Bjøstøl	6900	20
225	Margrethe Kjellevold	5314	
226	Heldi Foay	5223	
227	Gjelstad, Victoria	1659	
228	Marlann Hanssen-Johannessen	5302	
229	Kristine Eide	6924	
230	Øyvind Trovåg Finrete	6924	
231	Marién Trovåg	6924	17
232	Ida Buene	5957	
233	Steiner Nybø	6926	
234	Aste Kalgraff	6924	16
235	Elin Kjellevold	5314	
236	Gjertrud Lambrechts Trovåg	6924	20
237	Birte Tisjø	3766	27
238	Ellen Story	3140	
239	Karl Stordal	6924	38
240	Frank Waage	5115	33



Forrige [1] 2 [3] 4 [5] Reste


[Velkommen, Marte Heimdal Leirvåg](#) [Min side](#) | [Logg ut](#)
SØK

Forsiden - Start underskriftskampanje gratis - Ofte stilte spørsmål - Hjelp til markedsføring - Sök - Leg din egen hjemmeside



Underskrifter for: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND! - side 4

Annonsør:	Grisa foretak	Dominio: Fra 125,-	Utværliging - Noen å snakke med?	Grisa online foretak	Aksjon
Kategori	Politikk - Lokal				<input checked="" type="checkbox"/> Signer denne kampanjen
Område / Fylke	Sogn og Fjordane			349 signaturer hittil!	<input checked="" type="checkbox"/> Vis signaturer
Opprettet av	Marte Heimdal Leirvåg				<input checked="" type="checkbox"/> Tips en venn
<input checked="" type="checkbox"/> Les kampanjen: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND!					
Første	1	2	3	4	5
	Neste				
#	Navn			Postnummer (registrert i folkeregisteret)	Alder
241	Erik Aas Andersen			1337	47
242	Oegmund Hafsvay			6987	22
243	Rolf Bjørne Sund			6900	
244	Jon Egil Wihelmsen			5955	48
245	Sjurð Bjørge			7510	46
246	Anne J. Eide			5148	
247	Horten Fuglum			5124	47
248	Maja Henriksen Kvalvik			8590	19
249	Mats Lambrechts Vaulen			6921	24
250	Tarjei Kalgraff			6924	23
251	Randi Kristine Bretland			5121	
252	Finn A. Bretland			5115	
253	Tordis Karla Bretland			5115	
254	Mats Christian Bjørge			6924	47
255	Ivar Løvik			6356 Sogndal	19
256	Karoline Lambrechts Trovåg			6924 Hardbakke	22
257	Kaj Strommen			5114	46
258	Frode Kalgraff			6924	50
259	Cathrine Kalgraff			6928	25
260	Magne Hamre			6924	
261	Astrid Haugland			5173	
262	Hafstein Stensund			6924	57
263	Ingeborg Krkás			6924	15
264	Turid Krkás			6924	20
265	Anders Mongstad			5355	56
266	Thea Lambrechts Vaulen			6924	15
267	Ingebjørg Kun			7030	53
268	Ådne Steinsey Kalgraff			6924	
269	Oddbjørg Sanden			6928	69
270	ARILD HOVE			6924	44
271	Guillaume Tenuaud			Frankrike	30
272	Aud Solvi Fosse Drengeanes			6924 Hardbakke	48
273	Klement Våge			5252	45



274	Irene Vaulen	6924	46
275	Idar Vedøen	6924	48
276	Terje Ellefson	5135	
277	Leif Gunnar Sagstad	5918	46
278	Tore Strom	6929	
279	Mary-Ann Hervik Strom	6929	
280	Ingrid Knutzen	5161	
281	Leif Martin Skjærstad	5829	53
282	doris steinsund	6924	
283	Heddi Sanden	6924	34
284	Lydia Moxland	5105	
285	Vidar Hop	6924	
286	Synne Ones	5912	23
287	Rune Mældeleiv	5918	35
288	Sara Marie Ytreby	6927	23
289	Ingunn Sanden	6924	44
290	Ragnhild Mongstad	6921	15
291	Bård L. Waage	5136	32
292	Christian Waage	5136	30
293	Ingunn Flesland Lundøy	5161	20
294	Leif Abrahamsen	5053	42
295	Ståle Andersen	5225	
296	Lene Steinsund	5977	18
297	Eva Cecile Eide	6900	24
298	Ingunn Oddskalv Brettåker	5268	54
299	Kent Inge Strand	6924	22
300	Stein Høgne Strand	6924	
301	Rune Lågøy Athammer	6924	15
302	Perte Brennseter	4150	16
303	Ronny Steinle	5600	20
304	André M Hape	5450	18
305	Erland Nessen	6924	21
306	Gustav Skær	6984	52
307	Kjell Mongstad	6921	49
308	Øyvind Bratland	6924	
309	Erik Mongstad	6921 Hardbakke	
310	Oskar Kenneth Bjørnstad	4283	
311	Borgny Leirvåg	6924	46
312	Kristian Heimdal Leirvåg	6924	15
313	Aina Therese Drengenes	6924	20
314	Toril Høgberg	5174	56
315	Melitas Vangnes Bjørø	6924	15
316	Magnus Vangnes Bjørø	6924 Hardbakke	18
317	May-Britt Johannessen	5136	55
318	Kjetil Edvardsdal	5300	
319	Ziva Gåsvær	6924	17
320	Laila Strømmen	5300	30



[Forrige](#) | [1](#) | [2](#) | [3](#) | [4](#) | [5](#) | [Neste](#)



Velkommen, Marte Heimdal Leirvåg [Min side](#) | [Logg ut](#)

SØK

Forsiden

[Start underskriftskampanje gratis](#)

- Ofte stilte
spørsmål

- Hjelp til
markedsføring

- Søk

- Lag din egen
hjemmeside

Apple iMac
på aresauksjon!

BID

bidit.eu

Budabonnement:
Kr 140,- hver 15. dag

Underskrifter for: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND! - side 5

Annonsør:	Gratis horoskop	Domene - Fra 125,-	Livsveiledning - Noen å snakke med?	Gratis online fargeterapi	Aksjon
Kategori	Politikk - Lokal				
Område / Fylke	Sogn og Fjordane				
Opprettet av	Marte Heimdal Leirvåg				
Les kampanjen: NEI TIL VINDMØLLER I SOLUND!	349 signaturer hittil!				
Førige	1	2	3	4	5
#	Navn	Postnummer (registrert i folkeregisteret)	Alder	Nyeste kampanjer Gi oss administratorrettighetene på skolepræene tilbake! Isabell Pettersen Vikan til Kongsbakken videregående skole ja til thoriumkraftverk i Norge Kristian Elias Eikum til Miljøbevegelsen Boreal Regnskog Even Svensen til Alle som bor i Norge norsk Next to normal cd Karoline Heldal-Lund til Det Norske Teatret Vi som vil fortsette å ha "Revolution" diskotek for ungdom i Skien! Cecilie Christensen til Skien Kommune Flere soppelkasser på Holmlia! Malin Rosa Mertens til Holmlia Alternativ behandling på frikortet! Tine Therese Berg til Helsedirektoratet NEI TIL PUKKVERK PÅ TORPO	
321	Randi Strømmen	5136	52		
322	Stig Strømmen	5136	55		
323	Idar Sunde	5174	45		
324	Morten Andreas Strømmen	5136	20		
325	Solveig Leirvåg	5174	44		
326	Geir Haugstvedt Olsen	5034 Bergen	38		
327	Jan Welde	4024	61		
328	Alexander helen aker	2319 hamar	19		
329	Inger Leirvåg	0451	50		
330	Jorunn Strømmen	5353	52		
331	Jan Strømmen	5353	52		
332	Øyvind Losnegard	6900	21		
333	Ove-André Hanssen-Johannessen	5302	24		
334	Stig Steinsund	6924	44		
335	vilde augustad	5610			
336	Stine Drengenes	6924	17		
337	Anne Helene Steinsund Furrevik	6924			
338	Erlend Lambrechts Trovåg	6924 hardbakke	26		
339	Anne Grethe Smestad	2827			

340	Kristoffer Lending	6927	15
341	Håvard Mongstad	6921	17
342	Ove Hjørnevåg	6924	21
343	Erlend Mongstad	5151	25
344	David Færøy Gåsvær	6924	20
345	Kristine Ytøy	6927	17
346	Carl Herland	5217	23
347	Andreas Færøy Gåsvær	6924	21
348	Marte Heimdal Leirvåg	6924	19
349	Daniel Røed	6924	19

Torunn Roer til Nel til pukkverk på

Torpo


1 sted for oss

Ingrid Haugenud til alle alternative
og åndelige personer i Fredrikstad
med ormen som ønsker ett sted å
møtes

Mot montering av GPS-utstyr i

Jernbaneverkets biler.

Sverre Kringstad til Jernbanverket




Forrige 1 2 3 4 5



NRK Sogn og Fjordane

22.06.2010

- Grov samrøre om vindkraft



Professor Eivind Smith meiner planen må handsamast på nytt.

Scanpix

- Fylkesordføraren er inhabil når han handsamar fylkesdelplan for vindkraft, seier ein av landets fremste jussekspertar professor, Eivind Smith.

ASGEIR REKSNES BRIT JORUNN SVANES
asgeir.reksnes@nrk.no brit.jorunn.svanes@nrk.no

Publisert i dag 10:57.

Seks av ni i fylkesutvalet har styreverv knytta til vindkraftinteresser. No har dei lagt ut ein fylkesdelplan for vindkraft på høyring som er svært offensiv. Smith meiner dette ser svært därleg ut.

– Eg tykkjer ikkje dette ser bra ut i det heile teke.

LES OGSA: Vil ha storutbygging av vindmøller

Meiner dei ikkje kan ta avgjerder

I kraftige ordelag går jussprofessor Eivind Smith til rette med Fylkesutvalet si handasming av fylkesdelplan for vindkraft.

Fem av utvalsmedlemmene har styreverv knytta til Sunnfjord Energi og Sogn og Fjordane Energi. Smith meiner dei burde ha vurdert habiliteten sin. Fylkesordførar Nils R. Sandal som sit i styret i lobbyorganisasjonen Vindkraftforum er inhabil, meiner Smith.

– Etter mitt skjønn er det mykje som talar for at dei faktisk ikkje kan ta avgjerder i denne type saker. Men her er det ein litt lengre veg før ein bastant kan seie at dei fem styremedlemlenner er inhabile, men at fylkesordføraren er det, oppfattar eg som klart.

Konfliktnivået kraftig nedjustert

Fylkesdelplanen for vindkraft som er lagt ut på høyring denne månaden, legg opp til ei storstila vindkraftutbygging i kystkommunane.

Fagfolk som har meint at utbygging kan vere svært konfliktfylte er sett til sides, i staden er ei rekkje innspel frå Vindkraftforum teke inn i planen og konfliktnivået kraftig nedjustert.

Meiner folk kan stole på utvalet

Fylkesordførar Nils R. Sandal sa til NRK at han meiner at folk kan stole på at Fylkesutvalet sorterer korta riktig.

– Eg kjenner integriteten til politikarane.

Men Eivind Smith meiner at denne saka er så grov at politikarane kan måtte handsame planen på nytt.

– Nettopp, noko meir er det ikkje å seie om det.

– Smith tek feil

Harry Mowatt som representerer Arbeidarpartiet i fylkesutvalet meiner at Smith tek feil. Han seier at dei tidlegare har fått kommunaldepartementet til å vurdere habiliteten i ei tilsvarande sak.

– Spørsmålet vart vurdert for tre år sidan då vi behandla fusjonen mellom SFE og Sunnfjord Energi. Dette vart behåndla av departementet som konkluderte med at vi var habile. Den gongen gjaldt det til og med ei enkeltsak der selskapa var involvert. No er det snakk om ein overordna plan som ein ikkje skal dramatiser betydninga av. Eg tykkjer at Smith må gå ein runde til med lovverket i denne saka.



Nils R. Sandal har meiner Integriteten er god hos politikarane.



Harry Mowatt er ikkje samd med professor Eivind Smith.

Foto: Brit Jorunn Svanes/NRK

Skriv din kommentar her.

Kommenter som ...

Sorter etter Nyeste først Abonner via e-post Abonner via RSS

slill 1 time siden

Kva er det som gjer at Nils R aldri forstår at han ikkje kan sitje på begge sider av bordet samtidig og rundt helle bordet med Fylkesutvalet når ein skal avgjerde saker med interessekonfliktar på det nivå som vindkraftutbygginga representerer.

Saka Tide sjø mot Fjord 1 med opp mot 100 million og kanskje meir i tap for Sogn og Fjordane (om ein ikkje blir redda av gongongen) er eit anna eksempel fordi Nils R kjenner integriteten til folk rundt seg.

Mowatt kjend frå m. a. styra i HF og Sunnfjord Energi (SE), er som vanleg ikkje samd med nokon som viser til fell som blir gjort i utval / styrer han set i. For folkevalde representantar er det dei ulike interesefelta som står mot kvarandre som skal avgjerast i politiske utvalet som kan skape habilitetsproblem. I fusjonssaka som det er vist til var det knapt motstrid / interessekonflikt i grunnlaget for fusjonen og dermed ikkje grunnlag for å vike sete av habilitetsgrunnar.

Når Mowatt no dreg inn dette som eksempel skjønar eg at han ikkje veit kva han snakkar om, verken her

eller der, fordi grunnlag for habilitetsvurdering alltid har utgangspunkt i kva det er i ei interessekonflikt som kan forfordele ein av interessene urettmessig.

Når Mowatt skjørnar at han skal representere dei han er valt av, vil han kanskje klare å markere seg i styret for SE. Til dømes får vi som straumkundar no auke i linjeleiga som følge av at vedlikehaldet har vore forsørt i nokre år. Pengar spart på dette er rett nok ført over til fellesskapet i form av høgare utbytte til eigarane – kommunane, men det blir villkårleg når SE - tilsette skal få vere i posisjon til å bestemme (faktisk skattlegging) kor store avgifter vi skal betale utan at Mowatt seler verken til eller frå i den saka.

Når Mowatt no deltek i å nedgradere konfliktnivået i dei forskjellige utbyggingsområda og bagatelliserer dette slik det kjem fram, er det ikkje dei han er valt for å representere han representerer og det kan ein tenke på ved neste korsveg.

Svein Lillebø

Liker Svar

Binga7300 4 timer siden

Hva er vitsen for oss vanlige Nordmenn med Vindkraft. Vi har nok kraft i Norge, Om vi Bygger ut Windkraft på 70 ganger 70 km²" vil det eneste vi som er folket i Norge få ut av dette være en utryddelse av Havørn mens Aker og el Haiene selger strømmen ut av landet, JA TIL VINDKRAFT = Lansforederi slik planene er i Dag. Magnet løftet enkelhus turbin er den eneste sanne og rrtmessig konkurransedyktige måte sammen med Solcelle. Ogdte må monteres pr Boenhet og være subsidiert av CO2 avgiften får å opnå økonomisk forsvarlig bo planlegging.

Liker Svar

pederk 4 timer siden

From Twitter via BackType

Vindkraftutbyggjarar i fylkesutvalet : <http://bit.ly/9IqLea>

NRKSF 5 timer siden

From Twitter via BackType

- Grov samrøre om vindkraft: - Fylkesordføraren er inhabil når han handsamar fylkesdelplan for vindkraft, seier ei... <http://bit.ly/det3FZ>

Trackback URL <http://disqus.com/forums/>

Kommentarsystemer er levert av DISQUS. NRK står ikke ansvarlig for misbruk av Disqus gjennom andre installasjoner enn på NRK.

Opphavsrett NRK © 2010
Nettsjef: Sindre Østgård

Ansvarlig redaktør: Hans-Tore Bjerkaas

Tips NRK

Kontakt NRK

Om NRK

Hjelp



NRK Sogn og Fjordane

22.06.2010

Vil ha storutbygging av vindmøller



Det kan bli eit stor utbygging av vindkraft langs kysten av Sogn og Fjordane.

Foto: Per Kristian Johansen/NRK

Fylkespolitikarane har sett fagleg råd til sides og vil ha storstila utbygging av vindmøller.

ASGEIR REKSNES BRIT JORUNN SVANES
asgeir.reksnes@nrk.no bnt.jorunn.svanes@nrk.no

Publisert 21.06.2010 13:38.

Seks av ni i Fylkesutvalet har verv i kraftselskap eller i interessestyrer for vindkraft. No har dei utforma eit planutkast der størstedelen av kysten vert opna opp for vindmøller.

Meiner det er tvilsamt

Leiar i naturvernuntnalet i Sogn og Fjordane turlag, Alvar Melvær, meiner det heile vert tvilsamt.

– Vi kan spørje kva slags rolle fylkespolitikarane har, om dei ivartek interessen til folk i fylket eller om ei opptrer som vindkraftbransjens forlenga av.

Fekk hakeslepp

Naturvernarnane har fått hakeslepp etter å ha sett planutkastet for vindkraft her i fylket som no ligg ute på høyring.

Ei prosjektgruppe nedsett av fylket har i lengre tid jobba med planen, i fyrste utkast som vart lagt fram for Fylkesutvalet 9. mars var store delar av kysten avmerka på kartet som områder med stort konfliktpotensiale til vindmøller.

Endra fargar på kartet

Men etter at fylkespolitikarane hadde handsama saka i juni vart store delar av dei raude felta fjerna og erstattet med gule og grøne fargar som betyr middels eller lite konfliktpotensiale.

– Eg er veldig kritisk til det. Dei endringane dei har gjort går altfor langt i å opne opp for veldig omfattande vindkraftutbygging på kysten av Sogn og Fjordane.

Fylkesdelplanen for vindkraft vil verte den viktigaste saka når det gjeld vindkraftutbygging i Sogn og Fjordane. Tidlegare har utbyggjarar fått motsegn frå Fylkesmannen nettopp på grunn av mangelen på ein slik plan. Vert planen godkjent vert store områder i fylket opna for vindkraftutbygging.

Områder som brått vart nedgraderte er mellom anna i Selje, Bremanger, Vågsøy, Flora, Gulen og Solund.

Styreverv knytt til vindkraft

Melvær meiner det er eit samrøre mellom politikarane sine roller i næringslivet og verva i Fylkesutvalet. 6 av ni representantar har styreverv knytta til vindkraft.

Tre sit i styret i Sunnfjord Energi, to er i Sogn og Fjordane Energi og fylkesordførar Nils R. Sandal er med i styret i Windkraftforum som lobbyerer for å få til vindkraft her i fylket.

Og nettopp Windkraftforum er svært aktive i planprosessen. NRK har fått tilgang til innspela der dei ber Fylkesutvalet om store endringar i måten fylkeskartet vart fargelagt

Utvida fargeskalaen

I ståden for ein skala på tre forskjellige fargar ba dei om ein skala på 10 fargar. Det ville medføre at store delar av fylket hamna i kategorien lite eller middels konfliktfylt. Og Windkraftforum fekk viljen sin.

Det fins også andre døme i planutkastet på at Windkraftforum har fått med nærmast direkte sitat frå sine brev til Fylkesutvalet. Fylkesordføraren sender altså på ein måte innspel til seg sjølv. Det gjer Melvær lite nøgd.

– Det virkar nokså tvilsamt etter mi meining.

Tek ikkje sjølvkritikk

Men fylkesordførar Nils R. Sandal vil ikkje ta sjølvkritikk, han vedgår at han visste om brevet som styreleiar Alfred Bjørlo i Windkraftforum sendte til Fylkesutvalet, men meiner han og dei åtte andre i utvalet greier å halde tunga beint i munnen.

– Eg forstår at det kan stillast spørsmål frå kritikarar frå dette. Men så godt eg kjenner det politiske miljøet, så er det ikkje det som ligg til grunn for haldninga hos politikarar. Eg trur dei er opptekne av det skal gjerast på ein bærekraftig måte. Det er ein balanse mellom å utnytte naturressursane og likevel ta vare på verdiane.

Fryktar for naturen

Vert det opp til fylkespolitikarane blir det ei svært omfattande bygging av vindmøller her i fylket. Politikarane har sett seg ei målsetjing åleine for Sogn og Fjordane som er like stor som den regjeringa hadde for heile Norge i 2010.

Men Sogn og Fjordane Turlag fryktar for naturen langs kysten og er redd at små interessegrupper får lite dei skulle sagt.

– Det blir veldig synleg og beslaglegg store område og vil prege kysten av Sogn og Fjordane.

Skriv din kommentar her.

Kommenter som ...

Sorter etter Nyeste først Abonner via e-post Abonner via RSS



nyheter 1 dag siden

From Twitter via BackType

Vil ha storutbygging av vindmøller <http://bit.ly/cCMx6I>

Trackback URL <http://disqus.com/forums/>

Kommentarsystemet er levert av DISQUS. NRK står ikke ansvarlig for misbruk av Disqus gjennom andre installasjoner enn på NRK.

Opphavsrett NRK © 2010

Nettsjef: Sindre Østgård

Ansvarlig redaktør: Hans-Tore Bjerkaas

Tips NRK

Kontakt NRK

Om NRK

Hjelp



NRK Sogn og Fjordane

18.08.2010

Nye reglar skjerpar habilitetskrava



Knut Henning Grepstad seler at det kjem nye reglar for habilitet neste år.

Foto: NRK

Frå neste haust blir politikarar inhabile i saker som gjeld offentlege selskap der dei er med i styre.

ELDGrim FOSSHEIM BRIT JORUNN SVANES
eldgrim.fossheim@nrk.no brit.jorunn.svanes@nrk.no

Publisert 17.08.2010 10:07.

I helga trekte frp-politikar Frank Willy Djuvik seg frå styret i Sunnfjord energi fordi han ikkje er konfortabel med å sitje i kommunestyre og fylkesting når dei behandlar saker som gjeld energiselskapet.

Knut Henning Grepstad i fylkeskommunen seler Djuvik ikkje er inhabil etter dagens reglar, men vil bli det når det kjem nye reglar frå 1. november neste år.

– Det er ein regelendring som gjer at det blir mindre grunnlag for å lure på om dei folkevalde er habile eller ikkje.

Heitt tema

Spørsmålet om politikarar sin habilitet har vore eit heitt tema mange gonger her i fylket. Fylkeskommunen eig eller er medeigar i to store selskap Fjord1 og Sogn og Fjordane energi.

Kommunane er eigrarar av energiselskap, billag og liknande. I styra for slike selskap sit det ofte politikarar som også er med i kommunestyre eller fylkesting.

Habile i dag

Etter dagens reglar er politikarar i hovudsak ikkje inhabile til å vere med på politiske vedtak som angår offentleg eigde selskap - sjølv om dei sit i



Frank Willy Djuvik har trekt seg frå styrevervet i Sunnfjord Energi.

Foto: Arne Stubhaug/NRK

styre eller bedriftsforsamling for dette selskapet.

– Fram til 1. november 2011 har det vore eit unntak i habilitetsreglane for styremedlemmar som er 100 prosent eigd av det offentlege.

Fleire kontroversielle saker

Men habilitetsspørsmålet for politikarar dukkar stadig opp i samband med kontroversielle saker. Det gjekk heilt til høgste juridiske hald då fusjon mellom SFE og Sunnfjord Energi var aktuelt tema.

I sommar kom tema tilbake med full styrke då Alvar Melvær i Sogn og Fjordane turlag var svært kritisk til fylkespolitikarane som laga ein fylkesplan for vindkraft. Seks av dei ni i fylkesutvalet hadde verv i kraftselskap eller i interessestyret for vindkraft.

– Feil å bli sitjande

Denne diskusjonen fekk frp-politikar Frank Willy Djuvik til å trekke seg frå styret i Sunnfjord Energi der han sit som representant for Førde kommune. Samtidig er han kommunepolitikar, fylkespolitikar og fylkesleiar i partiet.

– Så lenge er eg er både gruppeleiar og fylkesleiar, så har eg stor innverknad på politikken til Framstegspartiet i fylket. Då blir det feil at eg samstundes skal sitje med eit styreverv som det kan stillast spørsmål ved.

No er det berre i saker som konkret gjeld Sunnfjord Energi Frank Willy Djuvik blir inhabil etter dei nye reglane, og det er få av dei i fylketinget sidan fylkeskommunen ikkje er eigar i det selskapet.

Kjenner seg ukomfortabel

Men Djuvik trekker seg frå styrevervet fordi han kjenner seg lite komfortabel med å behandle også meir generelle kraftsaker når han er medlem av styret i eit energiselskap.

– Du kjem bort i veldig mange saker som har med kraftinteresser å gjere, og det er openberrt at det kan stillast spørsmål ved om dei vert tekne omsyn til at ein sit i eit slike styre.

– Større truverde

Grepstad innser at Djuvik kan ha eit poeng.

– Det ligg i dette at når han ikkje har eit verv i eit selskap som er interessert i bestemte resultat i ei sak, så vil han kunne seie at han står vesentleg friare. Dermed ligg det eit element av større truverde, seier han.

Kan bli færre politikarar i styre

Konsekvensen etter neste valg kan difor bli at langt færre politikarar også blir styremedlemmer.

– Det kan bli ei profesjonalisering, det vil seie at ein får inn representantar som er næringslivsorienterte. Men argumenta er sterke mellom politikarane for at det er folkevalde som sit der, for dei skal representere folket i selskap som er skipa for dei.



Skriv din kommentar her.

Kommenter som ...

Sorter etter: Nyeste først Abonner via e-post Abonner via RSS

still 1 måned siden

Elendig av Nrk og være mikrofonstativ for slikt tøv.

"Fram til 1. november 2011 har det vore eit unntak i habilitetsreglane for styremedlemmar som er 100 prosent eigd av det offentlege." hevdar Grepstad og held fram:

konsekvensen etter neste val kan difor bli at langt FÆRRE politikarar også blir styremedlemmer.

Det kjem ei regelendring som gjer at ikkje alle men langt FÆRRE politikarar.... Reglelending som skal forby kommunepolitikkarar å sitte i styret for offentlege selskap KAN FÅ DEN KONSEKVENS AT LANGT FÆRRE.... Kor mange er færre?

Ein kvar bør forstå at ei slik regelendring ikkje kan ha noko føre seg og utspelet frå Grepstad er berre tøv for å dekke over for feil i offentleg saksbehandling

Liker Svar

still 1 måned siden

Dette er FLAUT, Grepstad!

Utgangspunktet for saka er at Melvær meiner det er eit samrøre mellom politikarane sine roller i næringslivet og verva i fylkesutvalet. 6 av ni representantar har styreverv knyta til vindkraft.

Professor Eivind Smith slo ettertrykkeleg fast inhabilitet.

Del einaste som ikkje forstod dette var fem medlemmer av fylkesutvalet og Nils R som skulle sende saka til departementet til utgjeiring for å avlede skandalen i fylkesutvalet. Del ville ikkje forstå det heilt openbare, inhabilitet, umiddelbart.

Det juridiske miljøet i fylkeskommunen ville heller ikkje forstå at i denne saka ville det være seks av ni i fylkesutvalet som hell klart er inhabile, verken før eller etter saka kom opp.

No kjem Grepstad på bana med ei avleilingsmanøver med opplysning om NYE reglar for kven som kan sitte i styrer i offentleg eigde selskap, sitat: "Etter dagens reglar er politikarar i hovudsak ikkje inhabile til å vere med på politiske vedtak som angår offentleg eigde selskap - sjølv om dei sit i styre eller bedriftsforsamling for dette selskapet."

Vi er alle eigarar i offentlege selskap og som "generalforsamling" vel vi våre representantar. Men det er ikkje eigne val i generalforsamling til styreverv til t.d. SE eller SFE. Nei, vi vel kommunestyre.

Etter det som kjem fram skal dei vi har valt til kommunestyrerrepresentantane, ikkje ha tillit, etter lovendring, til å sitje i selskap vi alle er generalforsamling til og eigarar av. Vi skal overlate til våre representantar i kommunestyre, og som altså etter lovendringa ikkje skal ha tillit til styreverv, men likevel ha tillit til å velje blant oss andre i generalforsamling / eigarar til å sitte i styrer til offentleg eigde selskap.

"Fram til 1. november 2011 har det vore eit unntak i habilitetsreglane for styremedlemmar som er 100 prosent eigd av det offentlege." hevdar Grepstad.

Med dette er habilitetsproblemet løyst ein gong for all framtid? Etter meir enn tretti år med juridisk arbeid har eg aldri høyrð om eit slikt unntak.

Grunngjevinga for påstått regelendring er slik Grepstad ser det; "Det kan bli ei profesjonalisering, det vil seie at ein får inn representantar som er næringslivsorienterte."

Med andre ord vil ein spisskompetent næringslivsorientert kommunestyrerepresentant etter Grepstad sitt syn ikkje bli styremedlem i eit offentleg eigmeldt selskap etter at nemnde regelendring er trått i kraft.

Dette blir for dumt for meg.

Prof Smith og Melvær meiner dei av fylkesutvalet sine medlemmer sine næringsinteresser i private selskap gjer dei inhabile. Det skal no bli betre kontroll på habiliteten ved å dra inn "anonyme aktørar" frå næringslivet til styreverv og at desse samstundes vil tilføre selskapa våre meir profesjonalitet.

Det må tynge dei som er tilsette i offentleg eigde selskap at dei ikkje er gode nok, eller!!!

Svein Lillebø
170810

1 person likte denne.

Liker

Svar



nyheter 1 måned siden

From Twitter via BackType

Nye reglar skjerpar habilitetskrava <http://bit.ly/dero96>

Trackback URL: <http://disqus.com/forums/>

Kommentarsystemer er levert av **DISQUS**. NRK står ikke ansvarlig for misbruk av Disqus gjennom andre installasjoner enn på NRK.

Opphavsrett NRK © 2010

Nettsjef: Sindre Østgård

Ansvarlig redaktør: Hans-Tore Bjerkaas

Tips NRK

Kontakt NRK

Om NRK

Hjelp



HES

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Plan- og samfunnsavdelinga
Askedalen 2,
6863 Leikanger

Deres ref

Vår ref
201002485-/CBS

Dato 06 AUG 2010

SAK 0059/10 I FYLKESUTVALET: REVIDERT PLANUTKAST, REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT – OFFENTLEG ETTERSYN

Vi viser til omtale i media om at Kommunal- og regionaldepartementet ville lovlegkontrollere habiliteten under fylkesutvalet si handsaming av nemnde sak, sjå til dømes oppslag på nettsida til NRK Sogn og Fjordane.

Lovlegkontroll er heimla i kommunelova § 59. Lova gir departementet hove, men ikkje plikt, til å kontrollere einskildavgjerder som fylkeskommunane gjer. Etter ei lovendring i 2009 kan også spørsmålet om habilitet bli lovlegkontrollert særskilt, sjå kommunelova § 59 nr. 1 andre setning og Ot.prp. nr. 17 (2008-2009).

Det er dei einskilde departementa som har fullmakt til å lovlegkontrollere avgjelder etter regelverk dei forvaltar, sjå kgl.res. av 18. desember 1992 nr. 1079. Fylkesutvalet si avgjerd om å sende utkastet til regional plan for vindkraft på offentleg ettersyn, er fatta på bakgrunn av plandelen av plan- og bygningslova. Det er såleis Miljøvern-departementet som er rett mynde til eventuelt å lovlegkontrollere avgjerala.

Fylkesutvalet si avgjerd om å sende utkastet til regional plan for vindkraft på offentleg ettersyn er ei prosessledande avgjerd. I medhald av plan- og bygningslova § 8-4 er det fylkestinget, eventuelt Miljøverndepartementet, som vedtar planen med endeleg verknad.

Miljøverndepartementet er svært tilbakehalden med å gripe inn i ein pågåande planprosess, fordi planen på ulike måtar kan ende hos oss for endelege avgjerd.

Departementet viser til at det offentlege ettersynet inviterar til debatt. Det vises til nettsida til Sogn og Fjordane fylkeskommune, der det bes om innspel til planen, synspunkt på kva som er bra og därleg ved utkastet og eventuelt framlegg til alternative løysingar.

På denne bakgrunn vil ikkje Miljøverndepartementet lovlegkontrollere fylkesutvalets habilitet i dette tilfellet.

Miljøverndepartementet vil streke under at reglane om habilitet i forvalningslova og kommunelova skal følgjast. Den merksemda som planen for vindkraft no har fått i media, kan tale for at folkevalde og administrasjon er særleg omhyggjeleg i prosessen fram mot den endelege fastsetjinga av planen.

Vi vil minne om at omsyna bak reglane om habilitet mellom anna er å sikre at avgjerdene blir materielt riktige. Dette gjeld alle reglar om sakshandsaming. I tillegg er habilitet heilt sentralt i det vi kallar god forvaltingsskikk. Habilitetsreglane skal verke til at personar med særskilte interesser i ein sak ikkje får ha innverknad på utfallet av saka. Slik verkar reglane til å ta vare på tilliten til fylkeskommunale vedtak .


Med hilsen

Bjørn Casper Horgen (e.f.)
avdelingsdirektør

Celine B. Setsaas
Celine Bråthen Setsaas
rådgiver

Kopi: Kommunal- og regionaldepartementet

212





Vestavind Kraft




17,5%

32,5%

50%

Melding om planlegging av
Ytre Sula Vindpark
med nettloysing



Bildet syner typisk landskap i planområdet.

Sula Kraft AS
Juni 2008

Fremlegg til regionell plan for vindkraft franlegg for Tønsberg området 9/3-2010

Rørdalsfjorden som båtutfartsområde, Utvær som båtutfarts-, bade-, fiske- og turområde. Det er Nordsjøloyper på Utvær, Færøyna og Ytre Sula (mellan Kolgrov og Ørnhaug) og mellom Ytre Selvika, Stokkevåg, Slåttevika og Stranda (over Råkesundet).

Analyseområde	INON frå fjord til fjell	INON-areal under snittet	Meir enn 25% av arealet	INON sone 1 (>0,5 km ²)	Konfliktnivå
Håfjellet	x				Middels
Sperrefjellet	x				Middels
Horsnappen	x		x		Stort
Vardefjellet	x		x		Stort
Lindefjellet	x		x		Stort
Fonnaheia	x		x		Stort
Ulvegreina	x				Middels
Urdanipa	x				Middels
Vetefjellet	x		x		Stort
Hamnafjellet	x				Middels
Melfjellet	x	x	x		Stort
Høgeheia	x	x	x		Stort
Lifjellet	x	x			Middels
Bråstadheia	x	-			Middels

Tabell 3.6.2 Konfliktpotensial knytt til INON; Solund-Lifjord

Reiseliv

Reiselivsverksemnd er ei relativt viktig næring i heile området.

3.6.2 Konfliktpotensial

I tabell 3.6.3 og figur 3.6.1, nedanfor, viser vi samla konfliktpotensial for Solund-Lifjord.

Analyseområde	Landskap	Kulturm.	INON	Friluftsliv	Biologisk m.	Landbruk	Samla
Bråstadhela	Middels	Lite	Middels	Lite	Lite	Lite	Lite
Lifjell	Middels	Middels	Middels	Middels	Middels	Lite	Lite
Høgeheia	Middels	Middels	Stort	Middels	Middels	Lite	Stort
Melfjellet	Middels	Middels	Stort	Lite	Middels	Lite	Stort
Hamnafjellet	Middels	Middels	Middels	Lite	Stort	Lite	Stort
Urdanipa	Middels	Middels	Middels	Lite	Middels	Lite	Stort
Vetefjellet	Middels	Middels	Stort	Lite	Lite	Lite	Stort
Ulvegreina	Middels	Middels	Middels	Lite	Middels	Lite	Stort
Fonnaheia	Middels	Middels	Stort	Lite	Stort	Middels	Stort
Lindefjellet	Middels	Middels	Stort	Lite	Middels	Lite	Stort
Vardefjellet	Middels	Middels	Stort	Middels	Middels	Lite	Stort
Horsnappen	Middels	Middels	Stort	Lite	Stort	Middels	Stort
Sperrefjellet	Middels	Middels	Middels	Lite	Middels	Lite	Stort
Håfjellet	Middels	Middels	Middels	Middels	Middels	Middels	Stort

Tabell 3.6.3 Konfliktpotensial samla og for dei enkelte fagtema, utifra kjende registreringar; Solund-Lifjord

Fremlegg til regional plan for vindkraft fremlestet av Fylkesutvalget 25.7.2019

Rørdalsfjorden som båtutfartsområde, Utvær som båtutfarts-, bade-, fiske- og turområde. Det er Nordsjøløyper på Utvær, Færøyna og Ytre Sula (mellom Kolgrov og Ørnehaug) og mellom Ytre Selvika, Stokkevåg, Slåttevika og Stranda (over Råkesundet).

Analyseområde	INON frå fjord til fjell	INON-areal under snittet	Mei enn 25% av arealet	INON sone 1 (>0,5 km ²)	Konfliktnivå
Håfjellet	x				Middels
Sperrefjellet	x				Middels
Horsnappen	x		x		Stort
Vardefjellet	x		x		Stort
Lindefjellet	x		x		Stort
Fonnaheia	x		x		Stort
Ulvegreina	x				Middels
Urdanipa	x				Middels
Veteftjellet	x		x		Stort
Hamnafjellet	x				Middels
Melfjellet	x	x	x		Stort
Høgeheia	x	x	x		Stort
Lifjellet	x	x			Middels
Bråstadhæla	x	-			Middels

Tabell 3.6.2 Konfliktpotensial knytt til INON; Solund-Lifjord

Reiseliv

Reiselivsverksemnd er ei relativt viktig næring i heile området.

3.6.2 Konfliktpotensial

I tabell 3.6.3 og figur 3.6.1, nedanfor, viser vi samla konfliktpotensial for Solund-Lifjord.

Analyseområde	Landskap	Kulturm.	INON	Friluftsliv	Biologisk m.	Landbruk	Samla
Bråstadhæla	Middels	Lite	Middels	Lite	Lite	Lite	Lite
Lifjell	Middels	Middels	Middels	Middels	Middels	Lite	Stort
Høgeheia	Middels	Middels	Stort	Middels	Middels	Lite	Stort
Melfjellet	Middels	Middels	Stort	Lite	Middels	Lite	Stort
Hamnafjellet	Middels	Middels	Middels	Lite	Stort	Lite	Stort
Urdanipa	Middels	Middels	Middels	Lite	Middels	Lite	Stort
Veteftjellet	Middels	Middels	Stort	Lite	Lite	Lite	Stort
Ulvegreina	Middels	Middels	Middels	Lite	Middels	Lite	Stort
Fonnaheia	Middels	Middels	Stort	Lite	Stort	Middels	Stort
Lindefjellet	Middels	Middels	Stort	Lite	Middels	Lite	Stort
Vardefjellet	Middels	Middels	Stort	Middels	Middels	Lite	Stort
Horsnappen	Middels	Middels	Stort	Lite	Stort	Middels	Stort
Sperrefjellet	Middels	Middels	Middels	Lite	Middels	Lite	Stort
Håfjellet	Middels	Middels	Middels	Middels	Middels	Middels	Stort

Tabell 3.6.3 Konfliktpotensial samla og for dei enskilde fagtema, utifra kjende registreringar; Solund-Lifjord

Framlegg Regional plan for vindkraft side 58

Rørdalsfjorden som båtutfartsområde, Utvær som båtutfarts-, bade-, fiske- og turområde. Det er Nordsjøøyper på Utvær, Færøyna og Ytre Sula (mellan Kolgrov og Ørnehaug) og mellom Ytre Selvika, Stokkevåg, Slåttevika og Stranda (over Råkesundet).

Analyseområde	INON fra fjord til fjell	INON-areal under snittet	Mer enn 25% av arealet	INON sone 1 (>0,5 km ²)	Konfliktnivå
Håfjellet	x				Middels
Sperrefjellet	x				Middels
Horsnappen	x		x		Stort
Vardefjellet	x		x		Stort
Lindfjellet	x		x		Stort
Fonnaheia	x		x		Stort
Ulvegreina	x				Middels
Urdanipa	x				Middels
Vetejfjellet	x		x		Stort
Hamnafjellet	x				Middels
Melfjellet	x	x	x		Stort
Høgehela	x	x	x		Stort
Lifjellet	x	x			Middels
Bråstadheia		x	-		Middels

Tabell 3.6.2 Konfliktpotensial knytt til INON; Solund-Lifjord

Reiseliv

Reiselivsverksemd er ei relativt viktig næring i heile området.

3.6.2 Konfliktpotensial

I tabell 3.6.3 og figur 3.6.1, nedanfor, viser vi samla konfliktpotensial for Solund-Lifjord.

Analyseområde	Landskap	Kulturm.	INON		Friluftsliv		Biologisk m.		Landbruk		Samla	
Bråstadheia	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lite	1	Lite	1	Lite	10
Lifjell	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	16
Høgehela	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Middels	3	Middels	3	Middels	18
Melfjellet	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Middels	3	Lite	16
Hamnafjellet	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Stort	5	Lite	1
Urdanipa	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lite	1
Vetejfjellet	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Lite	1	Lite	14
Ulvegreina	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lite	14
Fonnaheia	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Stort	5	Middels	3
Lindfjellet	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Middels	3	Lite	16
Vardefjellet	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Middels	3	Middels	3	Lite	18
Horsnappen	Middels	3	Middels	3	Stort	5	Lite	1	Stort	5	Middels	3
Sperrefjellet	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Lite	1	Middels	3	Lite	14
Håfjellet	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	3	Middels	18

Tabell 3.6.3 Konfliktpotensial samla og for dei enkelte fagtema, utfrå kjende registreringar; Solund-Lifjord



Sogn og Fjordane fylkeskommune v. Joar Helgheim
Askedalen 2
6863 Leikanger

Vår dato: **07 OKT 2010**

Vår ref.: NVE 200802680-4 ke/gss

Arkiv: 511

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Gudmund Synnevåg Sydnæs

22 95 92 10

Fylkesdelplan - vindkraft i Sogn og Fjordane

Vi viser til brev av 8.6.10 fra plan- og samfunnsavdelinga avdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune, hvor det gjøres kjent at forslag til fylkesdelplan for vindkraft legges ut til offentlig ettersyn.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har vurdert planforslaget og konstaterer at det er gjort et grundig arbeid med planen. NVE er positive til at nettkapasitet er hensyntatt i planforslaget.

Det er et faktum at det er fremmet mange prosjekter i Sogn og Fjordane. Disse prosjektene representerer en installert ytelse som det ikke er mulig å mate inn i sentralnettet før en eventuell bygging av 420 kV ledningen mellom Ørskog og Fardal. NVE har gitt konsesjon til kraftlinjen og denne er nå til klagebehandling i Olje- og energidepartementet. NVE legger til grunn at kraftlinjen tidligst kan realiseres i 2014.

NVE ser det som en svakhet ved planen at vindressurser ikke i tilstrekkelig grad er hensyntatt i de foretatte vurderinger. I planforslaget legges det til grunn en brukstid ved merkeeffekt på 3000 timer pr. år. NVE ønsker å påpeke at det kun de aller mest effektive vindkraftverkene i Norge som kan vise til tilsvarende effektivitet. NVE mener derfor at man vanskelig kan legge til grunn 3000 timers brukstid ved merkeeffekt uten å hensynta den konkrete vindressursen i hvert enkelt område.

Videre ser NVE det som en svakhet ved utkastet til planen at den ikke tar utgangspunkt i de prosjekter som allerede er fremmet i fylket.

NVE konstaterer at Fylkesrådet ønsker at det skal gjennomføres undersøkelser i henhold til Lov om kulturminner (kulturminneloven) § 9 som en del av konsekvensutredninger i forbindelse med det enkelte prosjekt. NVE ser ikke behov for dette. De konsekvensutredningene som blir gjennomført i forbindelse med etablering av vindkraftverk i Norge hensyntar etter NVEs vurderinger forholdet til kulturminner på en hensiktsmessig måte. Å gjennomføre konsekvensutredninger er kostbare og tidkrevende og NVE ser det ikke som ønskelig å pålegge utbygger ytterligere kostnader før konsesjonsvedtak treffes. NVE vil



undersøkelsesplikten etter § 9 i kulturminneloven blir utført før eventuelt anleggsarbeid igangsettes. Dette sikres gjennom faste vilkår til den enkelte konsesjon.

De overordnede kriteriene som ligger til grunn for konfliktvurderingene har etter NVEs vurdering varierende detaljeringsgrad og representerer dermed ikke et tilstrekkelig grunnlag for NVE som konsesjonsmyndighet. NVE vil derfor, i det følgende, presisere hvordan vi som konsesjonsmyndighet vil forholde oss til den endelige fylkesdelplanen for vindkraft i Sogn og Fjordane.

Vedtatt fylkesdelplan for vindkraft vil inngå i beslutningsgrunnlaget for NVEs konsesjonsbehandling av enkeltprosjekter. I tilknytning til søknader om konkrete prosjekter, må det i konsesjonsbehandlingen alltid foretas ytterligere avklaringer, og en konkret vurdering av fordeler og ulemper knyttet til det enkelte prosjekt, herunder vurdering av tiltak som kan redusere konkrete ulemper. Endelige avklaringer skjer gjennom NVEs konsesjonsbehandling i medhold av energiloven.

I retningslinjene for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg er det pekt på at konsesjonssystemet er et sentralt virkemiddel for å oppnå nasjonale energipolitiske mål. Dette innebærer at NVE også må vektlegge andre forhold enn de hensyn som i fylkesplaner for vindkraft er vektlagt ut fra regionale vurderinger og prioriteringer. Videre er NVEs konsesjonsbehandling basert på mer detaljert og utfyllende kunnskap innhentet gjennom konsekvensutredninger og høring av konkrete prosjekter. I konsesjonsbehandlingen vil bla søknader om vindkraft- og nettutbygging bli vurdert samlet der dette vurderes som hensiktsmessig. I henhold til retningslinjene innebærer disse forholdene at konsesjonssøknader for prosjekter som ligger innenfor et område som i regionale planer er vurdert til å ha akseptable virkninger kan bli avslått, og at det kan bli gitt konsesjon til prosjekter som ligger i områder som er kategorisert som konfliktfylte.

NVE legger til grunn at fylkesdelplanen for vindkraft kan inngå som et nyttig redskap når NVE skal prioritere hvilke prosjekter som skal sluttbehandles først i Sogn og Fjordane. Denne prioriteringen tar NVE sikte på å gjennomføre innen utgangen av 2012, slik at konsesjonsvedtak kan foreligge før 420 kV linjen mellom Aurskog og Fardal eventuelt er på plass.

Rune Flatby
Rune Flatby
avdelingsdirektør

Arne Olsen
Arne Olsen
sekjonssjef



Botnane og Årebrot Grendalag
www.botnane.com
 Leiar Otto Ullevålseter
 Postadresse: Kjetil Nesthus, Årebrot 6723 Svelgen
 E-post : kj-nest@online.no

Årebrot 05.10.10

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
 Askedalen 2
 6863 Leikanger

Høyringsuttale til Regional plan for Vindkraft i Sogn og Fjordane frå Botnane og Årebrot Grendalag

Regionalplanen.

Vi ser at planen i stor grad omtaler graden av konflikter ved dei forskjellige vindkraft-prosjekta, men seier ingenting om den samfunnsmessige effekten desse prosjekta vil ha for lokalsamfunna og Sogn og Fjordane Fylke.

Positive konsekvensar som inntekter, leigeinntekter, arbeidsplassar, kjøp av varer og tenester, vekst i lokalsamfunn og fylkessentra, eller nasjonal betydning er totalt fråverande i denne planen. De beskriv kvar konfliktane er, men seier ingen ting om den positive effekten av utbyggingar.

Vi meiner at dette er ein stor svakheit ved planen, som må rettast opp.

Vindkraftutbygging på Guleslettene.

Botnane og Årebrot ligg i Bremanger og Flora kommunar lengst vest på halvøya der dette vindkraftfeltet ligg, og skipsleia går langs med desse to bygdene. Desse bygdene har hatt ein liten vekst dei siste 10 åra på grunn av tilflytting frå Nederland og Norwegian Sandstone Export AS's utbygging av Steinbrot på Seljestokken. Grendalaget har vore i aktivitet i om lag 20 år og arbeidd med velferd, samferdsel og utvikling på alle plan for desse 2 bygdene.

Når det gjeld den planlagde vindkraftparken på Guleslettene har vi nokre synspunkt eller innvendingar til plassering av turbinane. Men det likevel slik at i desse planane ser vi mange mogelegheiter for vidare vekst og utvikling for området vårt, og dei "vanlege" innvendingane til vindkraft bekymrar oss i mindre grad. Vi tenkjer at hurtigrute-trafikk, turisme, dyre- og fugleliv, nærliken til gravrøyser m m vil ikkje lide noko last med ein vindkraft-park som nabo. Vi trur at industriell verksemd, trafikk, folk og aktivitet er det som skal til for å utvikle desse to bygdene, og det same er tilfelle for heile Sogn og Fjordane. Det er levande samfunn som trengst.

Plassering av vindturbinane på fjellet.

Vi meiner at ein god plassering av vindturbinane i fjellområdet er svært viktig for det visuelle inntrykket av vindkraftfeltet. Då må turbinane trekkast tilbake frå fjellkantane som mange stader stuper bratt ned mot sjøen. Når ein betraktar eit slikt felt på avstand så vil det vere akseptabelt at ein anar eller kan skimte at det står vindmøller der, det er noko heilt anna å plassere dei på dei ytre fjellkantane som fyrtårn mot skipsleia. Vi har sett at mange store industriprosjekt, som også er inngrep i naturen, kan vere utruleg godt skjerma for innsyn frå områder der folk til vanleg ferdast.

Mogeleg utviklig for vårt område.

Arbeidsplassar. Ein slik vindpark vil i utbygging og drift ha arbeidsplassar, også generere leveransar og tenester samt transportbehov. Vi tenkjer oss at ved å bygge veg frå feltet ned til Botnane eller Årebrot, kan bygda få utbyte av ein slik ny aktivitet.

Lager og industriområde. Det bør anleggast næringsareal "nede ved sjøen" for lager, kontor og utandørs lagring, og plassert ved anleggsvegen opp til feltet. Dette kan generere arbeidsplassar, tenester og inntekter til lokalsamfunnet.

Transport. Botnane – Årebrot ligg nær vårt lokale trafikk-knutepunkt Villevika, der det trafikkerer bilførande båtar til Florø. Fylket er no i ferd med å ferdigstille ny ferjekai på Villevika med 10 min reisetid til Florø.

Auka trafikk her vil styrke det rutetilbodet vi har.

Hustomter og bustadhus. Grendalaget arbeider med klargjering av hustomter for sal og med utnytting av ledige bustader.

Kystvegen og kraftlinja Fardal – Ørskog. Vi er klar over at eit slikt vindkraftfelt vil påverke utbygging av kystvegen og denne kraftlinja. Vi vil i alle fall sei at eit ekstra trykk på vegbygginga i 45 min. regionen rundt Florø - Måløy vil isolert sett vere særs viktig for oss her ute, og for industristaden Svelgen.

Helsing
Botnane og Årebrot Grendalag

Otto Ullevålseter
(Sign.)
Leiar

Kjetil Nesthus
(Sign.)
Sekretær



SELJE KOMMUNE
Ordførar

Sakshandsamar:
Gunn R.V. Helgesen

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Svein Arne Skuggen Hoff
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Dykkar ref.

Vår ref.
10/608-3/FA-S82, TI-&13

Dato:
08.10.2010

Høyringsuttale - Regional plan for vindkraft

Viser til oversending av Selje kommune si høyringsuttale pr. e-post, dat. 01.10.10.

Vedlagt følgjer utskrift av sak PS 048/10, handsama 29.09.10 i Kommunestyret i Selje.

Med helsing

Gunn R.V. Helgesen
Ordførar

Unni Eltvik Hovden
sekretær Servicektr.

Kopi til:

Svein Barmen

Kommunehuset

6740 SELJE



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	15.09.2010	063/10
Kommunestyret	29.09.2010	048/10

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Gunn R.V. Helgesen	FA-S82, TI-&13	10/608

Høyringsuttale - Regional plan for vindkraft

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	08.06.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Offentleg ettersyn - Regional plan for vindkraft - høyringsfrist 01.10.2010

Vedlegg i saka

Dok.dat	Tittel	Dok.ID
23.09.2010	Off. ettersyn - Regional plan for vindkraft - høyringsfrist 01.10.2010	20778

Opplysningsar til saka

Regional plan for vindkraft ligg ute til høyring med høyringsfrist 1. okt. 2010.
Planen er å finne på heimesida til Selje kommune under "AKTUELTT", merka

"Kunngjeringar."

Det vert sett ned eit utval som skal utarbeide eit forslag til høyringsuttale frå Selje kommune.
Utvale vert samansett av 3 politikarar.

Svein Barmen vert sekretær for utvalet.
Høyringssvaret skal handsamast i kommunestyret 29/9 2010

Saksgang

Saka går vidare til Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Det vert sett ned eit utval som skal utarbeide eit forslag til høyringsuttale frå Selje kommune.
Utvalet vert samansett av 3 politikarar.
Svein Barmen vert sekretær for utvalet.
Høyringssvaret skal handsamast i kommunestyret 29/9 2010

Handsaming i Formannskapet - 15.09.2010

Formannskapet sitt forslag til utval:
Ordførar
Ottar Nygård
Nils-Per Sjåstad

Svein Barmen vert sekretær for utvalet

Formannskapet sitt forslag til utval vart samrøystes vedteke.
7 voterande

FS-063/10 FRAMLEGG

Det vert sett ned eit utval som skal utarbeide eit forslag til høyringsuttale frå Selje kommune.
Utvalet vert samansett av 3 politikarar:
Ordførar
Ottar Nygård
Nils-Per Sjåstad

Svein Barmen vert sekretær for utvalet.

Høyringssvaret skal handsamast i kommunestyret 29/9 2010

Samrøystes.

Utvalet har hatt møte 23.09.10 og legg fram fyljande saksutgreiing og tilråding:

Aktuelle lover forskrifter, avtaler m.m
Plan og bygningsloven §§ 8-1 – 8-5

Kva saka gjeld:

Handsaming av regional plan, fylkesdelplan som er til ettersyn fram til 01.oktober
Bakgrunn for saka:

Regjeringa har i 2006 fastsett nytt mål om 30TWh i auka fornybar energiproduksjon og energieffektivisering innan 2016, med utgangspunkt i 2001. Noreg er eitt av landa i Europa med best vindkraftressursar. Utnytting av desse vil utvikle norsk energikompetanse og næringsutvikling, ved sida av å styrke energiforsyninga.

Sogn og Fjordane har eitt vindkraftanlegg på Mehuken i Vågsøy. Det er melta 12 andre anlegg. Konsesjonar ligg ikkje føre ennå. Ein studie ved NVE/Enova av tekniske føresetnader for landbasert vindkraft (2008) viser at Sogn og Fjordane ligg i nettområdet med størst realiserbart vindkraftpotensiale. Dette føreset at lina Ørskog – Fardal er på plass i 2015, og går ut frå 550MW vasskraft og 1750MW vindkraft.

Fylkesdelplan for klima og energi har som mål å opne for produksjon av vindkraft i område med eigna vindforhold og avklara arealbruk. Fylkesutvalet vedtok våren 2007b å utarbeide regional plan for vindkraft. Planprogrammet vart vedteke våren 2008.

Målet med planprogrammet er at det ”bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.” Dette skal gjerast ved å samle kunnskap om ressursar og arealbruk for vindkraft. Det skal kartleggjast regionale/ nasjonale verdiar i mogelege utbyggingsområde og fastleggjast retningslinjer som sikrar ivaretaking av desse i konsesjonshandsamingar.

Tema som er utgreidde i planen er landskap, biologisk mangfald, INON (inngrepstilfelle), kulturminne/-miljø, friluftsliv, reiseliv, landbruk, sjøfart/fiskeri, støy, kommunikasjons- og overvakingsanlegg. Sjøfart og fiskeri er aktuelt av di det også kan bli tale om vindkraft til havs.

Fylkesdelplanen skal etter vedtak leggast til grunn for fylkeskommunal verksemd, og blir retningsgjevande for kommunal og statleg verksemd.

Saksutgreiing

Planområde-Kriteriar

Planarbeidet omfattar kystområde, sidan det er her vindressursane er eigna og tilgjengelege. Planområdet er delt i sonar, der Selje inngår i området Stad – Vågsøy. Innanfor planområdet er det sett følgjande kriteriar for om areala er vurderte som aktuelle for vindkraft i regionalt perspektiv:

- Ein kjerne med vindressursar på min 7,0 m/s årsmiddelvind
- Min 500m frå busetnad
- Ikkje del av verneområde
- Min 10 km² samanhengande areal

Sjølv vindkraftanlegga inneber bygging av tilkomstvegar og plassar. Vegane har særlege krav til bereevne, breidde og kurvatur, sidan det skal transporterast store element med opp til om lag 45m lengde. Til vindkraftanlegga må det byggjast straumnett i luftspenn eller kabel. Vindturbinane i dag er vanlegvis på opp til 3MW med ei totalhøgde på inntil ca 135m. Desse kan bli vesentleg større i framtida. Turbinane produserer i vindstyrkesona 4m/sek – 25m/sek. Planframlegget vurderer konfliktpotensiale, og dette går fram av kart. Der det er registrert lokale lokale verdiar er konfliktpotensialet vurdert som lite. Middels konfliktpotensiale refererer seg til regionale verdiar, medan nasjonale verdiar gjev stort konfliktpotensiale. Registreringar av verdiar er ufullstendige. For fleire fagtema/ vurderingstema er difor konfliktpotensialet ukjent. Konfliktpotensiale er ikkje vurdert i høve nye overføringslinjer.

Vurdering av fagtema.

Landskap er eit viktig fagtema i høve vindkraft. Det er nasjonale mål om bevaring av variasjon av landskap. Det er gjort registreringar av landskap, og kunnskapsgrunnlaget blir sett på som godt for dette temaet. Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg for verdivurdering av mogelege inngrep, då oppfatting av landskap også er viktig. Det er difor utarbeidd ein rettleiar

hos NVE for framstilling av visuelle verknader av vindkraftanlegg. I Selje er det landskap av nasjonal verdi.

For biologisk mangfald er kunnskapsgrunnlaget mangelfullt. Det er gjort registreringar, men desse har hatt fokus på lågareliggjande område nær busettnad. M.a. er kollisjonsfare fugl/vindturbin viktig i vurdering av verknader for biologisk mangfald. Vestlandskysten er viktig for fugletrekk, som går heilt nord til m.a. Russland og Svalbard. Ein reknar med at hovudrutta for fugletrekka passerer gjennom dei mest aktuelle vindkraftområda. Dette vil også gje konflikt med samlings- og beiteområde for fugl.

Det er vanskeleg å peike ut større, samanhengande, intakte økosystem (INON-område). Ein nyttar difor ofte avstand til nærmeste inngrep som mål på visse kvalitetar ved naturområde. Områda er delte inn i sonar med 1,3 og 5 km til nærmeste ”tyngre inngrep” Selje kommune har to slike område (Langedalen og Skorfjellet).

Innanfor fagtema friluftsliv er det behov for nye registreringar. Selja – Ersholmen er registret som båtfartsområde. Tettstaden Selje med omland er eit kjerneområde for reiseliv, med servicetilbod og attraksjonen Selje kloster.

Ei berekning av areal med eigna stigningsforhold innanfor analyseområdet, utan vurdering om vegframføring er råd, viser eit produksjonspotensiale på til saman 7500 MW installert effekt/årleg produksjon 22TWh.

Politisk del

Retningslinjene (s 68) viser til eit høveleg mål for vindkraft på 1000 MW effekt/ ca 3TWh årsproduksjon innan 2025. Dette baserer seg på forventa nettkapasitet innan komande 10 – 15 år.

Den politiske delen har retningsliner som byggjer m.a. på dei utarbeidde karta som viser konfliktpotensiale i ulike delområde i analyseområdet. Det heiter at vindkraft skal vurderast i område med lite/ middels konfliktpotensiale, medan område med stort konfliktpotensiale ikkje skal prioriterast.

Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje slik at behov for infrastruktur vert minimalisert, og gjerne i tilknyting til andre inngrep som t.d. industri.

Kommunane bør utarbeide kommunedelplanar i tråd med retningslinjene i fylkesplanen for vindkraft.

Planen viser ynskjemål for statlege rammevilkår: Staten må syte for systematisk kartlegging av miljø- og naturverdiar for alt landareal. Fugletrekk bør registrerast for heile kysten. Staten bør sikre konsesjonstildeling for flytande vindkraftverk til havs utanfor Sogn og Fjordane, med størst mulig tilknytt verdiskaping og teknologiutvikling innanfor fylket.

Vurdering:

Planen viser registrerte verdiar innanfor 6 utvalde tema. Med bakgrunn i dette munner planen ut i kart for konfliktpotensiale og retningslinjer som byggjer på desse konfliktregistreringane. Planen viser til at det er relevante tema som ikkje er tekne med i vurderinga, og for fleire av dei utvalde tema er kunnskapsgrunnlaget mangelfullt. Dette gjer at konfliktpotensialet vert misvisande, og at det kan vere uheldig å gje retningsliner med dette som grunnlag.

Planen viser til at ved konsekvensutgreiing av konkrete vindkraftprosjekt kan det i område med ”lite/ middels konfliktpotensiale” bli avdekka viktige verdiar som gjer at området ikkje bør byggjast ut. Omvent kan utgreiing av planområde med ”stort konfliktpotensiale” vise seg å ha mindre konfliktnivå ved utgreiing, og bli såleis aktuelle å bygge ut likevel.

Ein del registrerte verdiar ligg i låglandet/ strandsona. Utbygging av vindkraft i tilliggjande fjellområde treng ikkje ved rett lokalisering av anlegg vere konfliktfylt.

Det bør vurderast, slik planen peikar på, å innarbeide retningslinjer for bevaring av verdiar for busettnad.

Tabellane og karta som viser verdiar og mogeleg konfliktnivå er iaugefallande i planen. Det bør difor vurderast korleis desse kan framstillast slik at manglane ved grunnlag og

konklusjonar kjem klårt fram. Som til dømes kan tabell s 47, der det kan sjå ut som område utan registrert verdi har ingen verdi. Her kunne det stå ”ukjent” verdi i tabellen. Planen seier at kommunedelplanar bør ut utarbeidast i tråd med retningslinjene. Kommunedelplanar bør byggje på retningslinjene med same systematiske registreringar av verdiar i områda med eigna vindressursar.

Tilråding til vedtak

1. Selje kommune meiner at kartgrunnlaget for Selje framstiller konfliktpotensialet som misvisande, og at det kan vere uheldig for vår kommune at det vert utarbeidd retningslinjer på dette grunnlaget. Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for Okla vindpark (på nordsida av Stadlandet) har vore handsama av kommunestyret. Det er ikkje samsvar mellom det lokale konfliktnivået og det som er framstilt i planen (alle grunneigarane i vindparken ynskjer utbygging, og handsaming i kommunestyret var 16 – 1 for).
2. Selje kommune har røynsler frå handsaming av konsesjonssøknader og konsekvensutgreiingar for vindkraftutbygging. Det at utbyggjar har tilpassa sine planer etter kommunen og grunneigarane sine krav og innspel, har gitt gode resultat og svært lavt konfliktnivå.
3. Selje kommune ynskjer å bidra til ei framtidig utbygging av vindkraft på land og sjø. Dette syner også positivt vedtak for testområdet Stad (testturbin for offshore vindpark Stadvind).
4. Selje kommune har område av verneverdig nasjonal verdi: Sørvestsida av Stadlandet, Hoddevik – Liset. Dette området bør også omfatte Ervik.
5. For å nå målet om å vere eit pilotfylke og bidragsytar til ny fornybar energiproduksjon og næringsutvikling, meiner Selje kommune at det er viktig at kommunen sine innspel dannar grunnlag for handsaming av det vidare planarbeidet.

Handsaming i Kommunestyret - 29.09.2010

Høyringsutvalet si tilråding vart endra i pkt.1 linje 5:
” ikkje samsvar mellom det *svært låge* lokale konfliktnivået og det som er framstilt ”

Framlegg frå SP:

Pkt. 4:

Selje kommune har eit område med status som utvalgte kulturlandskap i landbruket og har ein stor nasjonal verdi. Området på sørvestsida av Stadlandet : Hoddevik – Drage –Liset.

Avrøysting: 14 voterande

Pkt. 1 i tilrådinga frå høyringsutvalet fekk 13 røyster for og 1 røyst mot.

Pkt. 2 i tilrådinga frå høyringsutvalet fekk 14 røyster for og 0 røyst mot.

Pkt. 3 i tilrådinga frå høyringsutvalet fekk 14 røyster for og 0 røyst mot.

Pkt. 4 – Framlegg frå SP: fekk 2 røyster for

Pkt. 4 i tilrådinga frå høyringsutvalet fekk 12 røyster for


Pkt. 5 i tilrådinga frå høyringsutvalet fekk 14 røyster for og 0 røyst mot.

KS-048/10 VEDTAK

1. Selje kommune meiner at kartgrunnlaget for Selje framstiller konfliktpotensialet som misvisande, og at det kan vere uheldig for vår kommune at det vert utarbeidd retningslinjer på dette grunnlaget. Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for Okla vindpark (på nordsida av Stadlandet) har vore handsama av kommunestyret. Det er ikkje samsvar mellom det svært låge lokale konfliktnivået og det som er framstilt i planen (alle grunneigarane i vindparken ynskjer utbygging, og handsaming i kommunestyret var 16 for – 1 mot).
2. Selje kommune har røynsler frå handsaming av konsesjonssøknader og konsekvensutgreiinger for vindkraftutbygging. Det at utbyggjar har tilpassa sine planer etter kommunen og grunneigarane sine krav og innspel, har gitt gode resultat og svært lavt konfliktnivå.
3. Selje kommune ynskjer å bidra til ei framtidig utbygging av vindkraft på land og sjø. Dette syner også positivt vedtak for testområdet Stad (testturbin for offshore vindpark Stadvind).
4. Selje kommune har område av nasjonal verdi: Sørvestsida av Stadlandet, Hoddevik – Liset. Dette området bør også omfatte Ervik.
5. For å nå målet om å vere eit pilotfylke og bidragsytar til ny fornybar energiproduksjon og næringsutvikling, meiner Selje kommune at det er viktig at kommunen sine innspel dannar grunnlag for handsaming av det vidare planarbeidet.

Utskrift til:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune , Askedalen 2, 6863 Leikanger.



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftsorganisasjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftsinteressene i aktuelle saker. FNF i Sogn og Fjordane har eit nettverk med 10 medlemsorganisasjonar på fylkesnivå med til saman over 14 000 medlemmar. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølv og kommande generasjonar. Friluftsliv er ein del av norsk kulturarv og ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

Viser til høringsbrev frå Fylkeskommunen om Regional plan for vindkraft lagt ut til offentleg ettersyn med høringsfrist sett til 01.10.2010 og til avtale med rådgjevar Joar Helgheim om utsetting av høringsfrist til 08.10.2010.

Fylkesutvalet vedtok våren 2007 å utarbeide ein regional plan for vindkraft og våren 2008 vart planprogrammet vedteke. Med bakgrunn i at regjeringa i 2006 fastsette eit nytt samla mål om auka produksjon av fornybar energi og energieffektivisering på 30 TWh innan 2016 og eit uttrykt ønske frå Vindkraftforum. Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet utarbeida i juni 2007 Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftverk som eit overordna verktøy for regional og kommunal planlegging. Retningslinjene vart utarbeidde avdi vindkraftanlegg er arealkrevjande og ofte kjem i konflikt med andre viktige miljø- og samfunnshensyn.

Hensyn til landskap, biologisk mangfald, kulturminner og kulturmiljø, reiseliv, samiske interesser, Forsvaret og landbruk er blant dei forhold som må avvegast i planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg.

Dei nasjonale overordna retningslinjene legg grunnlag for heilskapleg og og langsiktige vurderingar ved bruk av lovverket. Slik vert lokalisering og planlegging av vindkraftanlegg meir effektiv og forutsigbar for utbyggjarar, myndigheter og samfunnet forøvrig (MD & OED 2007, forord).

Sogn og Fjordane fylkeskommune seier i framlegget til regional plan for vindkraft at dei skal leggje til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (ca. 3 TWh i

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Dei nasjonale overordna retningslinjene legg grunnlag for heilskapleg og langsigktige vurderingar ved bruk av lovverket. Slik vert lokalisering og planlegging av vindkraftanlegg meir effektiv og forutsigbar for utbyggjarar, myndigheter og samfunnet førevrig (MD & OED 2007, forord).

Sogn og Fjordane fylkeskommune seier i framlegget til regional plan for vindkraft at dei skal leggje til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (ca. 3 TWh i årsproduksjon) innan år 2025 (4.1 Fylkeskommunale retningslinjer 1. pkt.). Dette er ei betydeleg utbygging som legitimerer trong for ein god, heilskapleg og langsigktig planlegging.

I Kap. 1 Bakgrunn og innleiing står målet med planarbeidet formulert med desse måla:

Overordna mål: å legge til rette for S & Fj som pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft

*Operative mål: - kartlegge ressurser og avklare arealbruk for produksjon av vindkraft i fylket
-kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser
-samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdier i mulege utbyggingsområder, for deretter å fastsette retningslinjer som sikrar at desse verdiane vert teke tilfredstilande omsyn til ved handsaming av konsesjonssøknader. Dei retningslinene vi fastset skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.*

Fylkeskommunen ber i høyringsbrevet om innspel til planen sine retningsliner (kap. 4) om dei er gode nok og eventuelle framlegg til andre / alternative retningsliner og om innspel og eventuelle feil eller manglar ved omtalen av ulike arealinteresser (kap. 2 og 3)

FNF i Sogn og Fjordane har følgande innspel til planen og planarbeidet.

Kapittel 1. Bakgrunn og innleiing

FNF noterer at ein har trekt inn mål frå Fylkesdelplan for klima og energi om vindkraft: "Opne for produksjon av vindkraft i område med eigna vindtilhøve og avklart arealbruk". (eiga utheving). Vidare vert det trekt fram at det ikkje er problemfritt å bygge ut store vindkraftanlegg, dei bandlegg store areal og kjem såleis lett i konflikt med andre arealinteresser og samfunnshensyn. Landbruk, biologisk mangfald, kulturminne / kulturmiljø, reiseliv og landbruk er mellom dei tema som vert vurdert i samband med planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg. Det vert og trekt fram mål om lågast mulig miljø / samfunnskostnad per kWh som tilseier at det bør konsentrerast vindkraftutbygging til store anlegg der det er gode vindforhold, høveleg infrastruktur og aksebtabelt konfliktnivå i forhold til andre samfunnsomsyn. Konsesjonar og løyve som vert gitt vil og innehalde vilkår om at anlegg skal fjernast etter endt konsesjonstid på 25 år.

Her vert det lagt opp til gode føringar for arbeidet med planen og med klare mål for kva planen skal ta stilling til og avklare. Retningslinene skal til slutt medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging. Kapittel 4 politisk del med fylkeskommunale retningsliner vert såleis svært viktig for korleis planen kan nyttast som overordna planverktøy.

1.1 Regelverk og handsaming av kraftsaker

Her vert det kort greidd ut korleis konsesjonssøknader skal utformast og vert handsama. NVE behandler og avgjer søknadene med OED som klageinstans. Siste avsnitt påpeikar at regional plan for vindkraft vil vere retningsgjevande for både kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket, samt at den skal vera eit viktig grunnlag for NVE si handsaming av enkelprosjekt.

Dette stiller igjen store krav til dei fylkeskommunale retningslinene som eit godt verktøy for å kunne velja ut dei minst konfliktfylte og gode prosjekta som det vil vera fornuftig å prioritera for konsesjonshandsaming hjå NVE, men dette kjem vi tilbake til seinare i samband med politisk del i kapittel 4.

1.2 Metode og føresetnader / innhald og utforming

Forklarar kva som ligg til grunn for utvelging av de ulike fagtema og kunnskapsgrunnlaget for desse i faktadelen. Planområdet vert inndelt i mindre analyseområde utifrå desse krava til eit vindkraftområde:

- A. Ein kjerne med vindressursar på minimum 7,0 m/s årsmedelvind*
- B. Minimum 500 m frå busetnad*
- C. Ikkje del av verneområde (etter naturvernlova)*
- D. Minimum 10 km² samanhengande areal*

Utifrå uttrykt mål om minst mulig miljø / samfunns-kostnad per kWh ber FNF om at det vert lagt til eit punkt:

E. Ikkje ha ein helningsgrad som overstig 12 %

Areal som skal nyttast til vindkraftanlegg med helningsgrad som overstig 12 % vert svært kostbare og krevjande å bygge ut. Vindkraftanlegg i brattare terrenget krev spesialtransport med store dimensjonar på opptil 45 m lengde og med høg trykksbelastning på opptil 220 tonn. Desse transportane stiller også svært store krav til svingradius og snuplassar, altså ein totalt svært krevjande infrastruktur, (Østfold Energi, Zephyr / D. Rommetveit).

Dette vert forklart nærmere i installasjonskrav frå Siemens, som Zephyr nyttar til sine vindkraftanlegg. (Sjå vedlegg 1, installasjon skrav frå Siemens)

Desse installasjonskrava seier mykje om kva grad av infrastruktur som trengst for å opparbeide eit vindkraftanlegg og korleis dette vil påvirke sårbarleie område. Når ein i tillegg vil satse på større anlegg over 10 km² i areal stiller det store krav til lokalisering av områda for å minimalisere uheldige effektar av vindkraftanlegg.

Innanfor avstandar på opptil 6 km (i følge planen mhp visuelle effekter) må ein iallefall rekne med at turbinane vert oppfatta som framtredande landskapselement. FNF vil påpeika at det ikkje berre er turbinane som vil verte oppfatta som framtredande landskapselement. Heile anlegget og ikkje minst infrastrukturen i seg sjølv spesielt på eksponerte lokaliteter. Visuelle effektar av vindkraftanlegg knytt til kulturminne og -miljø reknast som konfliktfylte når anlegget vert synleg innan ein radius på 10 km.

Fylkeskommunen ser føre seg at det vert utbygd 1500 MW i planperioden fram mot år 2025. Arealkravet for å realisere dette vert på 150 - 300 km². Ein forheld seg no til møller på 2 MW og 3 MW og dette tilseier totalt mellom 500 – 750 vindmøller som ein ønsker plassert langs kysten og kystnære strøk.

Dei norske fjordane er kåra til verdas vakraste, flottaste og mest spektakulære reisemål av National Geographic to gonger på få år, der 400 reiseekspertar har vurdert 133 stader i verden. "Fjordane i Noreg har eit mektig, utruleg landskap med velbevart dyreliv og natur som er teke vare på!", er blant grunngjevingane for ein slik pris. Slike uttaler er og med på å understreke betydninga av val av lokalisering av vindkraftanlegg med tanke på visuelle effekter og endring av landskapskvalitetane langs kysten og inn mot fjordane våre.

Vi har eit internasjonalt ansvar for å forvalte desse områda berekraftig. Dette er og tydeleg uttalt i Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane vedteken av Fylkestinget 08.06.2010 i visjon for utvikling fram mot 2025: "Berekraftige naturopplevingar i verdsklasse – Sogn og Fjordane skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet i møte med engasjerte menneske og unik fjordnatur – fjord, bre, fjell, fossar, kyst og hav – som skal styrke grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, trivsel og busetnad i heile fylket".

I følge St.meld.nr. 15 om lønsame og konkurransedyktige reiselivsnæringer er naturen og urørt landskap som fjordar, kyst, fjell og fossefall det som dannar basis for det ferie- og fritidsbaserte reiselivet i Norge.

1.2.2 Skala for vurdering av konfliktpotensial.

Det er utforma ein poengskala for vurdering av samla konfliktpotensial, som skal brukast for å kunne vurdere kor ein kan finna dei areala som i utgangspunktet gjev mest mogleg vindkraft til lågast mogleg miljøkostnad / -konflikt, og skalaen er utforma for å kunne tilpassast dette formålet.

I den nykonstruerte skalaen er det satt grenser mellom lite, middels og stort konfliktpotensial og det er angitt kvar grensene mellom ulike nivå går, men FNF saknar ein fagleg grunngjeving for verdisettinga i den nykonstruerte skalaen. Denne er særsviktig for korleis planen med retningslinjer kan verte eit reelt godt planverktøy i vidare planlegging, kommunalt og regionalt.

Dette vert og sentralt i vår uttale til kapittel 4 og den politiske delen.

Negative sider ved vindkraftutbygging

FNF saknar punkt om negative sider ved utbygging av vindkraft. Det er ikkje teke med som punkt under drøftinga av verknader av vindkraftutbygging. Dette er ein klar svakheit ved planen og gjev eit mindre nyansert bilet av arealkonfliktar knytt til andre næringsinteresser enn vindkraft. Ein medveten haldning og god kunnskap kring både positive og negative sider ved vindkraftutbygging ville og vere ein god reiskap for å avklare konflikter og såleis minimalisere dei ueheldige effektane av vindkraftutbygging gjennom planarbeidet.

Under dette saknar vi og ein del med utgreiing av reversible kontra irreversible inngrep ved bygging av vindkraftanlegg. For eventuell demontering og mogleg fjerning av anlegg der fornøya konsesjon ikkje vert gitt er dette eit vesentleg poeng.

Det er svært store skilnader på korleis dei no omsøkte / melde anlegga og kommande anlegg vil kunne reverserast eller i det heile revegeterast i ulike landskapstyper m.t.p. berggrunn, lausmassar og vegetasjon. Spor og sår i landskapet etter anlegging av vindkraft, spesielt i sårbare og eksponerte område, kan vise varigt for all framtid. Teknologien og samfunnsutviklinga er langt mindre varig, men i stadig endring.

FNF meinar difor at ein i første omgang /planperiode må bygge ut i område der inngrepa i størst mogleg grad kan vere reversible i landskapet og samstundes i område med lågt konfliktpotensial, som vi kjem attende til i uttalen av kap.3 og 4.

1.3.1 Sysselsetting

"*Vindkraftutbygging vil ha positiv verknad på lokalsamfunnet*" står det innleiingsvis til denne delen. Vi vil her påpeike at grunneigarinteresse ikkje er likestilt med lokalsamfunnets interesse. Førstnemde kan gjerne ha motstridande interesser med lokalsamfunnet sine og

andre næringsinteresser i området. Dei vil til dømes ofte vera motstridande med naturbaserte reiselivsinteresser, knytt til langt fleire grunneigarar / personar.

Kapittel 2 Faktadel – fagtema

Generelt er det her gjort eit godt og grundig arbeid med å legge fram kunnskapsgrunnlaget innan dei ulike fagtema for å gjere vurderingar av konfliktnivå for desse i dei ulike analyseområda. Bakgrunnsdata, nasjonale retningslinjer og internasjonale konvensjonar for dei ulike tema, samt dei nasjonale retningslinene for planlegging og lokalisering av kraftverk er teke med. Vi merkar oss at det er stor skilnad på korleis dei ulike tema er utgreidde, med bakgrunnsmateriale og referansar til nasjonale forvaltningsmål og korleis vurderingane for konfliktnivå vert sert eller ikkje. Det er berre for fagtema biologisk mangfald, inngrepstilfelle naturområder og reiseliv at verdivurdering av konfliktpotensial er blitt forklart utifra gitte kriterium. Der desse er forklarte er dei sett med verdi ulik dei kriteria som er gitt i nasjonale retningslinjer for lokalisering og planlegging av vindkraftanlegg og andre nasjonale forvaltningsmål.

Vi vil trekke fram noken fagtema til kommentarar.

Landskap: FNF ser det som svært positivt at fylkeskommunen har brukt ressursar på landskapskartlegging av kysten i fylket. Kunnskapsgrunnlaget er såleis godt og kvart enkelt landskapsområde er verdivurdert. Arbeidsgruppa som har jobba med planen har i tillegg hatt tilgang på eit anna kart med med vurderingar på meir detaljert nivå. Til liks med Fylkesmannen i sin uttale til planen stiller vi og spørsmål ved kor objektive kriteria for vurdering av landskap er.

Kunnskapsgrunnlaget for **biologisk mangfald** er mangelfullt. Lite kunnskap om eit område inneber som regel mangelfulle opplysningar om kva for artar og naturtyper som finst der. Dette fører igjen til ei undervurdering av konfliktane og skadane som nye inngrep vil føre til. Eit godt døme er situasjonen på Smøla, der påstanden før utbygginga var at fuglelivet ikkje ville ta skade. Vindturbinar og kraftlinjer som følgjer med er truleg verst for nettopp fuglelivet. Sjøfugl og rovfuglar har ofte lange trekk for å skaffe seg næring. Ei fagleg mening om verknadene må bygge på kjennskap til kva for artar som finst, kvar dei trekker og kor store areal som er deira leveområde. Store inngrep og installasjonar, som vindturbinsamlingar og kraftlinjer, er årsak til fragmentering av leveområda, ei av dei viktigaste årsakene til at dyrelivet og antall arter går tilbake (Gemini 2010). Dette fenomenet er nemnt i planen, men utan at kunnskapen er god nok til å seie noko kvalifisert om kor store konfliktar nye tiltak fører med seg.

Å legge føre-var-prinsippet til grunn (Naturmangfoldlova) for ei forsvarleg forvaltning når kunnskapen er mangefull, tilseier at konfliktgraden på feltet biologisk mangfald generelt burde vore sett høgre enn det som er gjort. Med den nykonstruerte skalen vil heller ikkje eit svært stort konfliktpotensial for eit tema syne att, dersom det ikkje er fleire tema som har stort konfliktpotensial i same analyseområde.

Planen legg vekt på artar som Noreg etter internasjonal rett har plikt til å verne, og artar som i stor grad er truga på raudelista. Slike omsyn er viktige, men dei kan ikkje legitimere manglande omsyn til artar som ikkje står på raudlista. Lite omsyn til artar som i dag ikkje er sterkt truga, kan i neste omgang gje også desse artane ein plass på raudlista.

INON og vindkraft – vurdering av konfliktpotensial

a) Samanhengande INON-område frå "fjord til fjell" blir her tolka som ubroten kontakt med kysten. Området treng ikkje å inkludere heile gradienten opp til høgfjellet, då INON-område med kystkontakt er relativt sjeldne i seg sjølv. Slike område blir rekna å vera av nasjonal verdi. Vi har gitt dei middels verdi uavhengig av INON-sone...

Dette er i strid med det som elles er vanlig etter nasjonal politikk og retningsliner for forvaltning, at når inngrep forstyrrar nasjonale naturverdiar, er konfliktgraden høg. Dette bør gjelde også i dette tilfellet.

Dei nasjonale retningslinene for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg MD og OED (2007) vist til på sida føre i planen set: Svært stort konfliktpotensial for

- Store samanhengande INON-område, der ein del også utgjer villmarksprega område
- INON-område som går ubrote frå fjord til fjell
- INON-område i regionar som har svært lite igjen av slike

FNF ber om at verdien for områda nemnt i punkt a) vert sett til svært stor verdi.

Det same gjeld for punkt

b) INON i kommunar med mindre INON-areal enn gjennomsnittet for planområdet gir automatisk regional verdi og middels konfliktpotensial. Dette gjeld Selje, Vågsøy, Fjaler og Hyllestad.

FNF ber om at verdien for områda i punkt b) vert sett til stor verdi, og at:

INON- soneforskyving - Områder der utbygging vil lage ein INON-soneforskyving av villmarksprega INON-område eller av INON-område frå fjord til fjell, eller vil redusere INON-område i regioner som har svært lite igjen av slike, bør få stor verdi.

Kapittel 3 og 4 Faktadel - delområde og konfliktpotensial / Politisk del

Her tek planen føre seg delområda og viktige verdiar som er knytt til desse. Dette gjeld registreringar knytt til dei fagtema brukt i vurderinga av samla konfliktpotensial, samt nokre vurderingar knytt til reiselivet. "Det samla konfliktpotensial vert vurdert utifra poengskala, som definert i kap 1.2.2."

Dette er det essensielle punktet for korleis planen no ligg føre og i kva grad den svarer på sine eigne målsetjingar. Den nykonstruerte poengskalaen som vert nytta til å vurdere konfliktpotensial og dei føreslegne fylkeskommunale retningslinene er ikkje lenger tufta på faglege vurderingar, men legg opp til at størst mogleg areal kan vere aktuelt for utbygging. Det undergreiv reellt konfliktpotensiale meir enn å avklare det, og vi kan ikkje sjå korleis dette samsvarar med måla om å medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

Det opprinnelege planutkastet som vart lagt fram frå prosjektgruppa til fylkesutvalet 09.03.2010 og det nye framlegget frå faggruppa lagt fram 25.05.2010 med konfliktpotensialet vist i ein poengskala, var tufta på faglege vurderingar. Konfliktnivået vart vurdert av fagfolk innan dei ulike fagmiljøa ut i frå nasjonale retningsliner for forvaltning og det kunnskapsgrunnlaget som låg føre. Den nykonstruerte skalaen som no ligg til grunn for vurdering av konfliktpotensial er eit resultat av politisk handsaming og eit ønske om størst mogleg areal tilgjengeleg for utbygging. Grunngjevinga for den nye skalaen står forklart slik:

Referat fra Møtebok Fylkesutvalet 28.04.2010. Sak 47/10 Planutkast; Regional plan for vindkraft - offentleg ettersyn

Endringsframlegg og vedtak:

A) 1. Den nykonstruerte skalaen (presentert for FU 22.mars 2010) vert innarbeidd før planen vert sendt på høyring. Denne skalaen syner ein betre balanse mellom kartlagde konflikter og ei fornustig vurdering av det samla konfliktnivået for områda.

FNF stiller seg svært kritiske til desse formuleringane "bettere balanse" og "fornustig vurdering" i forhold til kva for fagleg grunngjevne kriteria?

Etter dette vedtaket vart faggruppa bedt om å utarbeide ein ny skala knytt til konfliktpotensial med fleire nyanser der samla konfliktpotensial for kvart enkelt analyseområde blei rekna om til ein poengskala, slik at det kom fram fleire grader av konfliktpotensial. I ein poengskala må ein definera grenseverdier for lite, middels eller stort konfliktpotensial i kvart analyseområde. Desse grenseverdiane vart først sett av faggruppa. Endringane medførte at 16 analyseområde fekk samla konfliktpotensial endra frå stort til middels eller lite.

Fylkesutvalet hadde nytt møte 25.05 og gjorde då store endringar i konfliktvurderinane i tillegg til andre endringar, og følgjande vedtak vart gjort: Referat fra Møtebok fra Fylkesutvalet 25.05.2010 SAK 59/10 Revidert planutkast; Regional plan for vindkraft - offentleg ettersyn

1. *Regional plan for vindkraft vert, i samsvar med med Plan og bygningslova pgf 8-3, lagt ut til offentleg ettersyn, etter at det er gjort følgjande endringar:*

* Figur 4.1.1 - vurdering av konfliktpotensial (side 62): Grensa for middels konfliktpotensial vert flytta til etter 17 - 18. Endringar andre stader i planen som følgje av dette må gjerast før utsending.

** Punkt 4.1 - fylkeskommunale retningsliner (side 68) - punkt 3 vert endra til:
Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensial vert i utgangspunktet ikkje prioritert, men kan likevel verte vurdert som utbyggingsaktuelle dersom avbøtande tiltak er tilfredstillande, og dersom lokale styresmakter har positiv tilråding.*

Planutkastet vart vidare revidert og konsekvensane av endringane av poengskala førte til at større areal fell innunder lite konfliktpotensial. Dette er areal som i det opprinnelige planutkastet hadde middels og stort konfliktpotensial.

FNF meiner at framlegg til Regional plan for vindkraft ikkje svarar til måla som er sett for planarbeidet i planprogrammet slik den no ligg føre. Den svarar heller ikkje til overordna nasjonale målsetjingar og vedteken politikk.

FNF viser til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin uttale til Regional plan for vindkraft, kapittel 3 og 4. Vi sluttar oss og fullt ut til dei kommentarane og konklusjonen som er gjeve der!

Konklusjon

Manglande prioritering av område!

Framlegg til Regional plan for vindkraft i tredje versjon viser ein stor vilje til å legge til rette for vindkraft, og dette syner att i dokumentet ved at svært store område vert tilgjengelege for utbygging. Samstundes gjer dette at dokumentet nærmast vert meiningslaust. Utan dei avgrensingane og retningslinene det skulle innehalde, vert dette ei stor svakheit. Det er ikkje peikt ut område som er spesielt godt eigna for vindkraftutbygging eller område sett av til både vindkraftutbygging og anna type industri / næring. Arealkonfliktande er ikkje avklarte på regionalt nivå.

Vindkraftutbygging vil i ein del tilfelle komme i konflikt med andre naturbaserte næringsinteresser og dette er heller ikkje avklart på godt vis i planen. Reiseliv, geoturisme, hyttebygging, landbruk, naturbaserte opplevingsnæringer m.m. I tråd med retningsliner for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg frå MD og OED 2007 skal det klassifiserast som *svært stort konfliktpotensiale* om anlegget vert plassert i område med omfattande naturbasert turisme som er viktige for reiselivsnæringa i nasjonal samanheng. Anlegg plassert ved innseginga til Sognefjorden, eit av landets viktigaste turistmål, må etter vår vurdering komme inn under denne kategorien.

Internasjonale og nasjonale miljømål ligg ikkje til grunn for dei fylkeskommunale retningslinene!

Slik planen ligg føre no vert det opp til konsesjonsmyndighetene ved NVE og OED som klageinstans og plukke ut dei prosjekta som kan gjennomførast ut i frå nasjonale og internasjonale retningsliner for miljø- og forvaltningsmål. Politikarane har ikkje her vist nokon reell evne til å peike ut område som ikkje er eigna for vindkraftutbygging ut i frå

faglege grunngjevingar, føringar og forpliktingar frå nasjonale og internasjonale miljø- og forvaltningsmål. Dei har likeeins vist manglande evne til å peike ut område som er betre eigna for utbygging der arealkonfliktane er små. Planen fungerer ikkje som det planverktøy den bør vere! Den legg no opp til at nærest all avklaring av arealbruk og -konflikt må gjerast av NVE. Planen som ein regional plan vert då nærest verdilaus.

Irreversible kontra reversible inngrep!

Det vert ikkje peikt på område i planen der ein kan bygge opp vindkraftanlegg der inngrepa kan vere reversible. Dette er ein stor svakheit. Eit godt døme er Solund der alt terrenget er kupert i stor og liten skala, med devonsk konglomerat og lite lausmassar. Store deler av inngrepa i eit vindkraftanlegg er ikkje berre knytta til sjølve vindmøllene med fundament og oppstillingsplass for kran, men til infrastrukturen og vegane knytt til transport av elementa og internvegar, kabelgrøftar og transformatorer. Det må vera ein føremon å kunne vita kva for område som kan førast attende om dette vert aktuelt. Statleg vilje til å subsidiere vindkraftanlegg så sterkt kan endra seg. Ein kan i ein oppstartsfasen for vindkraftutbygging, starte med dei områda der utbygging kan skje mest mogleg reversibelt, og minst mogleg konfliktfylt, i tilfelle økonomien og forutsetnadene for lønnsomhet endrar seg. Vilkåra for økonomisk realiserbar utbygging er svært avhengig av store statlege subsidieringar og korleis utviklinga på energimarkedet endrar seg internasjonalt. Teknologien er i stadig utvikling og kan endra noverande føresetnader drastisk.

Sumeffekter!

Fleire mindre vindkraftanlegg kan utløyse større sumeffekter og det bør arbeidast med å finne metodar for målbere desse, spesielt med tanke på biologisk mangfold / kartlegging av fugletrekk, landskap / reiseliv, inngrepsfrie naturområde (INON) og andre næringsinteresser.

Ressursen forsvinn ikkje - ein har god tid til prioritering!

Vindkraftressursen er stabil og den fordrar såleis ikkje at den må byggast ut innan ein bestemt tidsperiode for å kunne nyttast, (men ulike aktørar vil nok gjerne raskt spele inn sine interesser for å kunne sikra seg områder for evt seinare utbygging. T.d. har Agder Energi inne fleire søknader no enn dei på nokon måte har ressursar til kunne bygge ut innan rimelig tid).

Det vil ta tid til å bygge ut potensialet på 1000 - 1500 MW!

Sogn og Fjordane har eit stort utbyggingspotensiale i område med lite konfliktpotensial! Utrekningar viser at det innanfor lite konfliktpotensial er plass til vindkraftparkar med ein samla storleik på ca. 300 km². Dette svarar til anlegg med ein samla installert effekt på ca. 3000 MW og ein årleg produksjon på ca. 7 TWh. Dette er såleis tilstrekkeleg til å starte opp ei ny satsing med lågast mogleg konfliktpotensiale! Det er høve til å gjere seg erfaringar og bygge opp kunnskap og næring knytt til vindkraftutbygging i desse områda først.

Fylkeskommunane har fått utvida sitt ansvarsområde etter at Forvalningsreforma vart innførd. Frå Fylkesmannen har fylkeskommunane no fått overført ansvar for forvaltning på mange viktige fagområde - vilt, fiske, vannregion, friluftsliv og allemannsretten. I praksis inneber dette at dei ansvarlege politikarane i fylket no skal sette i verk nasjonal miljøpolitikk gjennom forvaltning av naturen i Sogn og Fjordane. Dei regionale planane som er ute til høyring vil vise om Sogn og Fjordane fylkeskommune er i stand til å forvalte sitt nyvunne ansvar.

Fylkesutvalet si handtering av Regional plan for vindkraft så langt, syner liten respekt for fylkeskommunen, fylkesmannen og andre fagmiljø sine faglege utgreiingar, samt nasjonale retningsliner og internasjonale forpliktingar for å få fram ei berekraftig forvaltning gitt gjennom Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg frå MD og OED, 2007, Soria Moria-erklæringa side 53, St.meld.nr. 17 (1998-99), St.meld.nr. 26 (2006-2007), St.meld.nr. 39 (2000-2001), St.meld.nr. 42 (2000-2001), Naturmangfaldlova, FN-konvensjonen om biologisk mangfold 1993, Bernkonvensjonen (1979), St.prp.nr. 1 (2008-2009) frå MD (2008), Faro-konvensjonen (Europarådet 2005) m.fl.

Ein så sterk innblanding av politikk og påvirkning frå Windkraftforum som vart vist då Fylkesutvalet endra kriteria for dei faglege retningslinene og dermed kriteria for konflikt, frå politikarar med sentrale verv hjå aktuelle vindkraftutbyggarar, er lite tillitvekkande og svekker sterkt deira stilling som ansvarlege politikarar eller medvetne forvaltarar!

St.meld 26 (2006- 2007) seier om Regjeringas miljøpolitikk: *Norge har sluttet seg til det internasjonale målet om å stanse tapet av biologisk mangfold innen 2010.*

Nedbygging, bruk og bruksendring av arealer regnes som den største trusselen mot det biologiske mangfoldet i Norge, og står for 85 % av tapet av rødlisterarter i Norge (Gemini 2010).

Klimaendringane er venta å få ei enno større rolle. Ein global temperaturauke på to grader kan føre til at 30 prosent av artane på jorda dør ut, ifølge FNs klimapanel.

St.meld nr.34 (2006-2007) seier om Norsk klimapolitikk: *Regjeringen har gitt satsingen på en miljøvennlig energiforsyning et historisk løft. Et samlet mål på 30 Twh økt fornybar energiproduksjon og energieffektivisering i 2016 i forhold til 2001.*

Politiske mål kan bli motstriande - om ein gjer det feil. Vi må sameine utbygginga av fornybar, utsleppsfree energi med hensynet til biologisk mangfold og andre naturverdiar. Det er naudsynt å ha fleire tankar i hovudet samstundes -og huske på at klimavenleg ikkje nødvendigvis er miljøvenleg. (Direktoratet for Naturforvaltning - DN).

Alle former for produksjon av og overføring av energi har innvirkning på miljøet og kan gje grunnlag for konflikter med andre interesser. Fornybar energi er miljøvenleg berre når den ikkje går utover andre miljømål som biologisk mangfold og inngrepsfrei natur. Når CO₂-utsleppa for produksjon, transport, montering av vindmøller og ny infrastruktur knytt til anlegga vert teken rekna med, er ikkje lenger energien frå vindkraftanlegg så fornybar og rein som antatt (Miljøplan for Sparebanken Sogn og Fjordane - Klimabanken 2009).

Fortsatt fokus på meir tilføring av energi til samfunnet utsett fokus på ei naudsynt omstilling til eit lågenergisamfunn! Energieffektivisering er det tiltaket som kan gje dei raskeste og største reduksjonane av klimagassutslepp og samtidig er det ofte eit økonomisk lønsamt tiltak. Vindkraftanlegg er pr. i dag ikkje økonomisk lønsame utan store statlege subsidiar.

Bygningar står for 40 prosent av energibruken i Noreg. Med auka innsats på forsking på både bygningar og installasjonar, kan vi realisere kosnadseffektive "nullenergihus" innan 5-10 år (SINTEF).

Eventuelt behov for meir elektrisk kraft kan løysast billigare og med mindre øydelegging av naturområde. NVE opererer med eit potensial på 11 Twh i effektivisering av eksisterande produksjon. Forbetring av bustadmassen kan frigje eit potensial på 14 Twh (Civita).

GRUNNLAGET FOR BEREKRAFTIG UTVIKLING

Eit lands evne til å utvikla seg berekraftig avheng av innbyggjarane og institusjonane si evne til å forstå kompliserte miljø- og utviklingsspørsmål, slik at dei kan velge den rette utviklinga.

Folk har behov for kunnskap for å kunne forstå miljøets moglegheiter og begrensningar. Dei vil stå overfor vanskelege politiske val i forbindelse med håndteringen av kompliserte problem – som globale klimaendringar og vern av det biologiske mangfaldet. Det vil krevje vitenskapleg, teknologisk og organisatorisk kunnskap – i tillegg til andre ferdigheter.

(Agenda 21)

FNF konkluderer med at det ikkje er behov for å opna opp for utbygging i område med middels eller stort konfliktpotensial!

Ved å bygge ut i område med lite konfliktpotensial kan ein oppnå dei operative måla og samstundes ivareta dei overordna måla!

Regional plan for vindkraft må avklara og prioritere eigna område med lågt konfliktpotensial. Den må og utarbeidast i tråd med nasjonalt vedtekne forvaltningsmål og -politikk. Vindkraftanlegg må i første omgang leggast til område der inngrepa vert mest mogleg reversible.

FNF ber om at Fylkeskommunen arbeidar vidare med det opprinnelige framlegget til Regional plan for vindkraft!

Vi vil poengtera kor viktig denne planen er utifrå dei store areala som krevst til utbygging av vindkraftanlegg og dei store landskapsinngrepa som må til for intern infrastruktur og oppsetting av mellene. Ein kan ikkje utsetje ein stor fylkesdel for feilgrep tilsvarande Altautbygginga!

Leikanger 07.10.2010
For FNF Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
Elisabeth Dahle

BONUS 3.6 MW

Installation

Transportation

- Maximum vehicle length is approximately 45 m.
- Maximum vehicle weight is approximately 220 t.

Site access road

- Road width, regarding mobile crane, is min 5 m effective carriageway ($R = \text{min. } 42 \text{ m}$).
- Road width, regarding crawler crane, is min 5 m effective carriageway plus a 5 m broad levelled lane with a load capacity of 10 t/m^2 ($R = \text{min. } 42 \text{ m}$).
- Road widenings are requested at bends and where a secondary crane is required for assembly of the main crane.
- Design gradient lengthwise direction is $\pm 2.8\%$.
- On short, straight, firmly surfaced stretches a gradient of up to 1:10 (10%) is acceptable.
- Max. gradient, crosswise direction: 1:50 (2%)
- Curves with an $R = \text{less than } 100 \text{ m}$ must be horizontal.
- Axle loads on roads between turbines up to 30 t (one rigged crane). Approach roads outside the site max. 12 t.
- Curves: max. 90 degrees, external $R = \text{min. } 42 \text{ m}$ and internal $R = \text{min. } 35 \text{ m}$. (7m. wide) Sharper bends must be custom built.
- Cleared areas of min. 8 m on the inside and 6 m on the outside of each curve are required.
- Max. vertical curvature is $R = 510 \text{ m}$ app. corresponding to a 0.30 m difference of level over 35 m.
- Turnarounds of $5 \times 30 \text{ m}$ at all dead ends. Dead ends should be avoided.
- Min. height clearance: 5.7 m.
- Passing bays and parking spaces must be placed in accordance with the needs.

Crane area

- Min. $20 \times 40 \text{ m}$ (road not incl.).
- Axle loads on crane area: up to 30 t.
- Crane sites must be placed in the immediate vicinity of the road.
- Max. gradient in all directions: 1:100.
- Level compared to the top edge of the foundation: max. 3 m above or 1 m below.

The requirements for approach roads to the crane sites are identical with the requirements for access roads above.

Rotor assembly area

- Requires a cleared area of min. the rotor diameter (max. gradient 1:30).
 - In the centre: a platform for the hub of $9 \times 9 \text{ m}$ (max. gradient 1:100).
- The hub must be placed max. 25 m from the centre of the crane site.

Prerequisites:

Only standard cranes and transportation vehicles are used.

Aberrations from the above may result in a prolongation of the installation time and thereby in increased costs.

Information regarding site access roads, crane areas and rotor assembly areas should be forwarded to Bonus prior to construction.



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):

Dato:

2010/11276 ARE-ES-SST

04.10.2010

Arkivkode:

361.6/2

Uttale til regional plan for vindkraft - Sogn og Fjordane

Vi viser til brev av 8. juni 2010 om offentleg høyring av forslag til regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane.

Det er eit nasjonalt mål at vindkraftutbygging i Noreg skal skje etter samordna og langsiktige vurderingar slik at konfliktane til andre viktige omsyn vert minst mogleg. Olje- og energidepartementet har saman med Miljøverndepartementet laga retningslinjer for korleis ein skal planlegge for og lokalisere vindkraft i regionale planar. Direktoratet for naturforvaltning har i oppgåve å sikre at retningslinene for planlegging og lokalisering av vindkraft skal ivaretakast i dei regionale planane for vindkraft. Direktoratet kan etter lov om planlegging og byggesakshandsaming § 8-4 andre ledd kreje at regionale planar bringast inn for Miljøverndepartementet dersom direktoratet har vesentlege innvendingar mot planens mål eller retningsliner.

Direktoratet for naturforvaltning meiner det er positivet at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeid eit forslag til regional plan for vindkraft. Planen er avgrensa til kyst og kystnære område, og omfattar ni kommunar og i tillegg ytre delar av to kommunar.

Fylkesutvalet har vedteke som overorda mål for planen at Sogn og Fjordane skal bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft. Planen skal medverke til å minimalisere dei ueheldige konsekvensane av vindkraftutbygging på blant anna biologisk mangfald, friluftsliv og landskap.

Direktoratet for naturforvaltning sine merknader til planforslaget.

Generelt

Planen består av ein faktadel for ti ulike fagtema og ein faktadel for delområde der ein fastset konfliktpotensial for 105 analyseområde fordelt på sju delområde. Til sist er det ein politisk del med fylkeskommunale retningslinjer og innspel til statlege rammevilkår.

Direktoratet for naturforvaltning støttar fylkeskommunen si vurdering om at planen skal vere overordna og sjå dei ulike fagtema på eit regionalt nivå. Detaljvurderingane må skje blant anna i konsekvensutgreiingane for vindkraft. Vi har derimot innvendingar mot korleis fylkeskommunen har fastsett dei samla konfliktvurderingane og resultatet av desse. Saman med dei fylkeskommunale retningslinene medverkar ikkje planen til å minimalisere ueheldige konsekvensar av vindkraftutbygging

Besøksadresse:

Tungasletta 2

Postadresse:
Postboks 5672 Sluppen
N-7485 Trondheim
Telefon:

73 58 05 00

Telefaks:

73 58 05 01

Videokonf:

73 90 51 40

Internett:
www.dirnat.no
E-post:
Postmottak@dirnat.no
Saksbehandler:

Snorre Stener

Telefon:

73 58 06 31



for gitte miljøverdiar, eller til å oppfylle dei nasjonale retningslinjene for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg.

Naturmangfaldlova

Direktoratet for naturforvaltning viser til at prinsippa i naturmangfaldlova ikkje er omtala i planen. Naturmangfaldlova tredde i kraft 1. juli 2009 og føremålet med lova er blant anna å ta vare på naturen med biologisk mangfald og økologiske prosessar gjennom bærekraftig bruk og vern.

Prinsippa i naturmangfaldlova skal leggjast til grunn ved tiltak som påverkar natur. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Det skal gå fram i grunngjevinga korleis prinsippa om bærekraftig bruk er brukte som retningsliner. Planen si tyding for forvaltningsmåla om naturtypar, økosystem eller artar må komma fram i planen. Miljøkonsekvensane av planen må vurderast i eit langsiktig perspektiv der verknaden på økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er utsett for. Planen må vega tap eller reduksjon av naturmangfald over tid opp mot andre interesser som blir påverka. Fylkeskommunen må innarbeide prinsippa i naturmangfaldlova i den regionale planen for vindkraft.

Konfliktskala

Ved å innarbeide prinsippa i naturmangfaldlova vil fylkeskommunen måtte gjere ei ny vurdering av konfliktskalaen som er lagt til grunn for å opne område for vindkraftutbygging. I planforslaget er det vurdert konfliktpotensial for blant anna: landskap, kulturminne og kulturmiljø, inngrepssfrie naturområde, friluftsliv, biologisk mangfald og landbruk. Konfliktpotensialet for desse fagtemaa er lagt saman til ei samla vurdering av konfliktpotensialet i 105 område.

Direktoratet har innvendingar mot korleis fylkeskommunen har sett grenseverdien for om eit område har et lågt, middels eller stort konfliktpotensial i høve til vindkraftutbygging. I dei fylkeskommunale retningslinene vert det blant anna vist til at: *utbygging av vindkraft skal vurderast i område med lite eller middels konfliktpotensial*. Dette tyder at val av grenseverdiar for konfliktpotensialet har mykje å sei når det gjeld kva område som kan byggast ut. Etter direktoratet si vurdering må det vere ei strengare vurdering av grenseverdiane for vurdering av konfliktpotensialet for det einskilde området. Slik som planen no føreligg er det område som er opna for vindkraftutbygging som etter *Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg* vil framstå som svært konfliktfylte. Dei kjem blant anna i konflikt med raudlisteartar og INON-område.

Etter vår vurdering er dei grenseverdiane som faggruppa sett for konfliktpotensial i høyringsekastet av 9. mars 2010 meir i samsvar med dei nasjonale føringane for vurdering av konfliktpotensial. Sjølv faggruppa sitt forslag til grensesetting kan endre seg når prinsippa i naturmangfaldlova vert lagde til grunn.

Tal på områder opna for mogleg vindkraftutbygging

I planutkastet er 94 av 105 område opna for å vurdere utbygging av vindkraft. I tillegg kan fleire område vurderast dersom lokale styremakter har positiv tilråding.

Etter direktoratet si vurdering er planforslaget så ekspansivt og har så svake føringar at det i praksis ikkje er mogeleg å forhalde seg til planen når det kjem konkrete planar om utbygging. Det er eit stort behov for å avgrense talet på område for vindkraft. Ei sterkare prioritering av område vil vere med på å redusere dei negative miljøverknadene samstundes som det vil vere meir førutseiande for dei som



ønskjer å bygge ut vindkraft i regionen. Sjølv med ei klarare prioritering av område vil det vere mogleg å nå målet om 1000 MW vindkraft i regionen.

Konklusjon

I vår vurdering av planen har vi lagt vekt på at prinsippa i naturmangfaldlova ikkje er omtala i planen. Vi har og innvendingar mot korleis grenseverdiane for konfliktpotensialet er sette i dei ulike analyseområda og fylkeskommunen si vurdering av konfliktpotensial er ikkje i samsvar med statlege retningsliner.

Direktoratet for naturforvaltning ber fylkeskommunen om å innarbeide prinsippa i naturmangfaldlova i planen og endre grensesettinga for konfliktpotensial slik at det er i samsvar med statlege retningsliner. Det bør ikkje opnast for vesentleg større område enn at målet om 1000 MW kan nåast. Ei utbygging av vindkraft bør starte i dei minst konfliktfylte områda.

Dersom prinsippa i naturmangfaldlova ikkje blir innarbeide og konfliktpotensialet ikkje blir justert i samsvar med statlege retningsliner, vil direktoratet vurdere å krevje at planen bringast inn for departementet jf. plan- og bygningslova § 8-4 andre ledd.

Med helsing

Direktoratet for naturforvaltning

Elektronisk dokumentert godkjenning, uten underskrift

Reidar Dahl e.f.
seksjonssjef

Snorre Stener

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2 6863 Leikanger

Riksantikvaren

Postboks 8196 Dep 0034 Oslo

Miljøverndepartementet, Avd. for regional planlegging

Postboks 8013 Dep 0030 Oslo

Miljøverndepartementet, Avd. for naturforvaltning

Postboks 8013 Dep 0030 Oslo



GULEN KOMMUNE
Plan, landbruk og teknisk

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Referanse	Saksbehandlar	Direkte telefonnr.	Dato
10/776 - JP 10/4566	HTV	57 78 20 44	11.10.2010

Regional plan for vindkraft
Melding om vedtak

Vedlagt følger møtebok frå kommunestyre 01.10.2010.

Det følger i tillegg med to private innspel til saka frå NMVIG og Kåre Krakhella, men desse er uavhengige av Gulen kommune sitt høyringssvar.

Med helsing

Henrik tveit
Møtesekretær

Vedlegg:
Regional plan for vindkraft. Høyring.
Innspel til fylkesplan for vindkraft
Uttale til fylkesplan for vindkraft i Sogn og Fjordane
e-post - oversendingsskriv
Innspel

Adresse	Telefon	Telefax	Bankgiro	Org.nr.	E-post
Eivindvikvegen 1119 5966 Eivindvik	57 78 20 00	57 78 20 99	3817.07.01051	938497524	postmottak@gulen.kommune.no

Arkivsak: 10/776
Løpenummer: 10/3645
Arkivkode: FA-S82
Saksbehandlar: Håvard Tveit

Saksnummer	Utval	Møtedato
057/10	Hovudutval for plan og utvikling	10.09.2010
040/10	Kommunestyret	01.10.2010

Regional plan for vindkraft. Høyring

Kommunestyret har endelig avgjerdsmynne i saka.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

For å betre framlegget til Regional plan for vindkraft av 25.05.2010 som styringsverkty på regionalt nivå, ynskjer Gulen kommune slike retningslinjer:

1. Sogn og Fjordane skal legge til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (svavar til ca. 3 TWh i årsproduksjon), innan år 2025.
2. Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite eller middels konfliktpotensial.
3. Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale vert ikkje prioritert
4. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt.
5. Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.).
6. Kommunane bør utforme kommuneplanar som er i tråd med retningsline 4 og 5.
7. Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar si undersøkingsplikt, jfr §9 i Lov om kulturminne, heilt eller delvis blir gjennomført i samband med utarbeidning av konsekvensutgreiing, for å gje tiltakshavar naudsynt informasjon og vurderingsgrunnlag.
8. Retningslinene gjeld ikkje anlegg som allereie har fått konseksjon eller som fylkeskommunen allereie har gjeve endelig uttale til.

Samla konfliktpotensiale bør vurderast slik:

Lite: 6-10

Middels: 11-12

Stort: 13-30

Det må vere eit mål å betre kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for vurderingane i planen.

Behandling i Hovudutval for plan og utvikling 10.09.2010:

Nye framlegg:

I møtet gjorde KrF og Sp framlegg om slikt vedtak:

For å betre framlegget til Regional plan for vindkraft av 25.05.2010 som styringsverkty på regionalt nivå, ynskjer Gulen kommune slike retningsliner:

1. Sogn og Fjordane skal legge til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (svarar til ca. 3 TWh i årsproduksjon), innan år 2025.
2. Utbygging av vindkraftanlegg skal berre vurderast i område med lite konfliktpotensiale.
3. Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale vert ikkje prioritert
4. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt.
5. Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.).
6. Kommunane bør utforme kommuneplanar som er i tråd med retningsline 4 og 5.
7. Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar si undersøkingsplikt, jfr §9 i Lov om kulturminne, heilt eller delvis blir gjennomført i samband med utarbeiding av konsekvensutgreiing, for å gje tiltakshavar naudsynt informasjon og vurderingsgrunnlag.
8. Retningslinene gjeld ikkje anlegg som allereie har fått konsesjon eller som fylkeskommunen allereie har gjeve endeleg uttale til.

Samla konfliktpotensiale bør vurderast slik:

Lite: 6-10

Middels: 11-12

Stort: 13-30

Gulen kommune har i sin arealplan (frå 2010) sett av to områder for vindkraft. Desse områda er av lokale folk blitt fokusert, og konfliktpotensiale er kome fram. Areal som i kommuneplanen ikkje er aktuelle for vindkraft er naturligvis ikkje fokusert av lokale folk, og mykje av dette arealet er derfor truleg feilaktig registrert i fylkesplanen som areal med lite konfliktpotensiale. Det må vere eit mål å betre kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for vurderingane i planen.

Røysting:

Samrøystes.

HPU-057/10 Vedtak:

Felles framlegg frå Sp og KrF vart godkjent.

Behandling i Kommunestyret 01.10.2010:

Trude Brosvik, Dagfinn Midtun og Arve Osland sa seg ugilde i saka. Dette vart så diskutert og røysta over.

Arve Osland ugild: 9 mot 8, Rune Østerbø og Vivian Våge (V), Øyvind Lid, Arnhild Kjellevold, Kjartan Oppedal og Møyfrid Kvamme (SP), Jan Helge Kristensen og Anne Marit B. Oppedal (AP)

Trude Brosvik ugild: 13 mot 4, Anne Marit B. Oppedal og Jan Helge Kristensen (AP), Øyvind Lid og Møyfrid Kvamme (SP).

Dagfinn Midtun ugild: 13 mot 4, Anne Marit B. Oppedal og Jan Helge Kristensen (AP), Øyvind Lid og Møyfrid Kvamme (SP).

Nye framlegg:

Felles framlegg frå Ap, H og Krf v/Aanne Marit B. Oppedal:

For å betre framlegget til Regional plan for vindkraft av 25.05.2010 som styringsverkty på regionalt nivå, ynskjer Gulen kommune slike retningslinjer:

1. Sogn og Fjordane skal leggje til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (svasar til ca. 3 TWh i årsproduksjon), innan år 2025.
2. Utbygging av vindkraftanlegg skal berre vurderast i område med lite konfliktpotensiale.
3. Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale vert ikkje prioritert
4. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt.
5. Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.).
6. Kommunane bør utforme kommuneplanar som er i tråd med retningsline 4 og 5.
7. Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar si undersøkingsplikt, jfr. § 9 i Lov om kulturminne, heilt eller delvis blir gjennomført i samband med utarbeiding av konsekvensutgreiing, for å gje tiltakshavar naudsynt informasjon og vurderingsgrunnlag.
8. Retningslinene gjeld ikkje anlegg som allereie har fått konsesjon eller som fylkeskommunen allereie har gjeve endeleg uttale til.

Samla konfliktpotensiale bør vurderast slik:

Lite: 6-10

Middels: 11-12

Stort: 13-30

Gulen kommune har i sin arealplan (frå 2010) sett av to områder for vindkraft. Desse områda er av lokale folk blitt fokusert, og konfliktpotensiale er kome fram. Areal som i kommuneplanen ikkje er aktuelle for vindkraft er naturligvis ikkje fokusert av lokale folk, og mykje av dette arealet er derfor truleg feilaktig registrert i fylkesplanen som areal med lite konfliktpotensiale. Store delar av arealet som i fylkesplanen er vurdert som område med lite konfliktpotensiale, og dermed er aktuelt for vindkraftutbygging, ligg i Gulen kommune. Dette vil i seg sjølv auke konfliktpotensiale då område for friluftsliv og urørd natur står i fare for å forsvinne heilt. Det er verdiar av vesentleg betydning for mange som bur i kommunen eller ynskjer å flytte hit, og må takast omsyn til i vidare planarbeid. Av omsyn til tusenårsstaden, bør områda rundt denne markerast som stort konfliktpotensiale, sidan dette er eit svært viktig kulturminne. Det må vere eit mål å betre kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for vurderingane i planen.

Høgre v/Arve Mjømen:

Høgre fremma administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

Røysting:

16 mot 4 (H)

KOM-040/10 Vedtak:

Felles framlegg frå Ap, H og Krf v/Anne Marit B. Oppedal vert godkjent.

Utsende vedlegg:

Offentleg ettersyn - Regional plan for vindkraft
Regional plan for vindkraft

Ikkje utsende vedlegg:

Bakgrunn for saka:

Regional plan for vindkraft

Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt ut framlegg til Regional plan for vindkraft til offentleg ettersyn. Planprogrammet for planen har som overordna mål at:

Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft

Den regionale planen skal ligge til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgjevande for kommunal og statleg verksemd i fylket. Planen vil òg vere eit viktig grunnlag for NVE si handsaming av enkeltprosjekt.


Det har vore eit utgangspunkt for planarbeidet at utbygginga av vindkraft skal gje lågast mogeleg miljø-/samfunnskostnad per kWh. Dette tilseier at vindkraftutbygging bør konsentrerast til store anlegg der det er gode vindtilhøve, høveleg infrastruktur og akseptabelt konfliktnivå i forhold til andre samfunnomsyn. Planen omfattar difor berre kystkommunane i fylket. For å kunne vurdere konfliktnivå, er Gulen kommune delt inn i 20 område (sjå figur 1). For kvart av desse områda er konfliktpotensiale for 6 ulike tema vurderte. Desse er:

- Landskap: Basert på landskapskartlegging i 2009. Gulen har etter denne eit "vanleg førekommande landskap". Faktagrunnlaget for dette temaet vert rekna som godt.
- Biologisk mangfald: Basert på registrerte funn etter naturkartlegging dei siste 30 åra. Faktagrunnlaget er mangelfullt.
- Inngrepsfrie naturområde: Område med ein avstand på over 1 km til tyngre tekniske inngrep (t.d vegar, kraftlinjer, vassmagasin etc. Bygningar er ikkje eit slikt inngrep). Faktagrunnlaget er relativt godt.
- Kulturminne og –miljø: Basert på ulike rapportar om temaet. Faktagrunnlaget er bra i område med utbygging – dvs. langs sjøen. I fjellet er det gjennomført få kartleggingar.
- Friluftsliv: Kommunane rapporterte bruken av område til friluftsføremål på 80-talet. Faktagrunnlaget er ikkje

oppdatert. I planen er området Flolid-Eivindvik gjeve nasjonal verdi.

- Landbruk: Godt faktagrunnlag i t.d. gardskart.

Tema med lite konfliktpotensiale vert gjeve verdien 1, middels konfliktpotensiale 3 og stort konfliktpotensiale 5. Samla konfliktpotensiale for eit område finn ein ved å summere konfliktpotensiale for dei 6 tema. Lågt konfliktpotensiale tilseier ein sum mellom 6 og 10, middels 11-18 og stort 19-30. Figur 1 viser resultatet av samla konfliktpotensiale for område i Gulen. Det er ingen område med stort konfliktpotensiale.




Figur 1. Områdeinndeling og samla konfliktpotensiale for Gulen kommune

Fylkeskommunen har laga desse retningslinene for vindkraftarbeid i fylket:

9. Sogn og Fjordane skal legge til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (svarar til ca. 3 TWh i årsproduksjon), innan år 2025.
10. Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite og middels konfliktpotensial.
11. Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale vert i utgangspunktet ikkje prioritert, men kan likevel verte vurdert som utbyggingsaktuelle dersom avbøtande tiltak er tilfredstillande, og dersom lokale styresmakter har positiv tilråding.
12. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt.
13. Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.).
14. Kommunane bør utforme kommuneplanar som er i tråd med desse retningslinene.

15. Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar si undersøkingsplikt, jfr §9 i Lov om kulturminne, heilt eller delvis blir gjennomført i samband med utarbeiding av konsekvensutgreiing, for å gje tiltakshavar naudsynt informasjon og vurderingsgrunnlag.
16. Retningslinene gjeld ikkje anlegg som allereie har fått konsesjon eller som fylkeskommunen allereie har gjeve endeleg uttale til.

Gulen er den kommunen/den delen av planområdet som vil ha størst tilgjengeleg nettkapasitet dei neste 15 åra – sjå figur 2. Dette legg til grunn eit tilknytingspunkt ved Frøyset på den planlagde 300kV-lina frå Modalen til Mongstad.



I prosessen fram mot endeleg høyringsutkast har metoden for utrekning av konfliktpotensiale vorte endra. Endringa har medført at eit vesentleg større areal av planområdet har fått eit lite eller middels konfliktpotensiale.

Fylkeskommunen ynskjer tilbakemelding på planen sine retningsliner og innspel om eventuelle feil eller manglar ved omtalen av ulike arealinteresser.

Tidlegare vindkraftvedtak i Gulen kommune:

Gulen kommune gjorde i samband med høyring av søknad med konsekvensutgreiing av Setenesfjellet vindkraftverk og melding om Brosviksåta vindkraftverk (K-sak 76/08 11.12.2008) slikt yedtak:

Gulen kommune har slike merknader i samband med høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Setenesfjellet vindkraftverk og melding om tiltak for Brosviksåta vindkraftverk:

1. *Under føresetnad av at vindkraftkommunar får kompensasjonsordningar på linje med vasskraftkommunar, er Gulen kommune generelt positiv til utbygging av vindkraft i kommunen.*
2. *Uti frå føreliggjande konsekvensutgreiing er Gulen kommune negativ til utbygging av vindkraftverk på Setenesfjellet. Windkraftverket vil vere svært synleg frå Tusenårsstaden Gulatinget. Gulen kommune har eit nasjonalt ansvar for Gulatinget og den demokratiske arven som vart utmeisla i Gulen. Vi ønskjer å forvalte dette på ein best mogleg måte. Og meiner at det gjer vi best med å seie nei til vindkraftverk på Sætenesfjellet. Om vindkraftverket skal utgreia vidare har Gulen kommune ynskje om generell oppdatering av konsekvensutgreiinga i høve til nye prisar, ny kunnskap osb., og slike ynskje om tilleggsutgreiingar:
 - a. Betre visualisering av tiltaket, med fleire foto frå nærområdet (Brandanger), betre foto frå viktige kulturminne (Skjerjehamn m/kongestatue, Sellevåg treskofabrikk og Tusenårsstaden Gulatinget) og 2D- og 3D-animasjonar som gjev eit realistisk inntrykk av visuell verknad med dei ulike aktuelle turbintypane (125 m og 180 m).
 - b. Utgreiing av eit alternativ som inneber turbinfri sone i nedslagsfeltet til Brandangersund vassverk og på Veten/Storefjellet, og noko tilbaketrekking av dei turbinane som står nærest platåkanten.
 - c. Konkretisering av aktuelle transportvegar på eit detaljert nivå, og med sikte på å oppnå løysingar som lokalsamfunnet vil sjå på som eit godt bøtande tiltak.
 - d. Konkretisering av eventuelle kompenserande tiltak som kan vege opp for ulempene med Setenesfjellet vindkraftverk.*
3. *Gulen kommune har slike ynskje for konsekvensutgreiinga for Brosviksåta vindkraftverk, i tillegg til dei momenta som går fram av meldinga:
 - a. God visualisering av tiltaket med kvalitetsfotografi frå alle synlege kantar, og 2D- og 3D-animasjonar som gjev eit realistisk inntrykk av visuell verknad med aktuelle turbintypar.
 - b. Utgreiing av minst eitt alternativ som inneber mindre arealbehov enn det noverande planleggingsområdet.
 - c. Grundig omtale av tilhøve knytt til drikkevasskjelder i området (Dingevatnet, Brosvikvatnet, Nordgulvatnet og Svartevatnet).
 - d. Konkretisering av aktuelle transportvegar på eit detaljert nivå, og med sikte på å oppnå løysingar som lokalsamfunnet vil sjå på som eit godt bøtande tiltak.
 - e. Konkretisering av eventuelle kompenserande tiltak som kan vege opp for ulempene med Brosviksåta vindkraftverk.*

I kommuneplanen sin arealdel (2008-2020) er det i retningsline R1-1-C sagt at:

Vindkraftanlegg bør plasserast slik at dei er til minst mogeleg sjenanse for Tusenårsstaden. I plankartet er område ved Brosviksåta og Setenesfjellet merka som "Aktuelt for vindkraft"

Vurdering:

Regional plan for vindkraft tek mål av seg å bli eit styrande dokument i saker som omhandlar vindkraft. Slik planen no ligg føre, er det i praksis små avgrensingar for vindparkar i kommunen då alle områda i Gulen har eit lite eller middels samla konfliktpotensiale. Samla

for heile planområdet har 95 prosent av arealet lite eller middels samla konfliktpotensiale. I tillegg opnar retningslinene for at også område med stort konfliktpotensiale kan utbyggast dersom avbøtande tiltak er tilfredsstillande og tiltaket har lokal politisk støtte. Det vil i praksis seie at så godt som alt areal i planområdet kan utbyggast.

Grunnlaget for vurderingane av konfliktpotensiale er basert på eksisterande registreringar for dei 6 ulike temaområda. For Gulen er særleg registreringa av biologisk mangfald mangelfull. Områda som er interessante for vindkraftutbygging er i stor grad høgtliggende fjellområde, og i slike område er det mest ikkje gjort registreringar i det heile. Det same er tilfelle for registreringar av kulturminne og -miljø. I praksis er det difor alltid naudsynt med vesentleg kartleggingsarbeid i samband med ein eventuell søknad om vindkraft i Gulen.

Mangelfullt kunnskapsgrunnlag kan medføre at samla konfliktpotensiale for eit område vert lågt. Samstundes er det sett ei relativt høg grense for kva som vert rekna for middels samla konfliktpotensiale, og dette gjer i sum at planen har ein avgrensa funksjon som styringsverktøy på regionalt nivå.

Framlegget til Regional plan for vindkraft gjev retningsliner for korleis ein skal prioritere mellom vindkraftverkområde innan planområdet. Slik planen no ligg føre kan det sjå ut som om Gulen bør ta ein vesentleg del av det regionale ansvaret for vindkraftproduksjon på grunn av lågt konfliktpotensiale og nærliek til infrastruktur. Dette er i og for seg i tråd med kommunestyret sitt vedtak av 11.12.2008 der ein signaliserar ei positiv haldning til vindkraftverk – gjeve ein del føresetnader. På kommunenivå vil Gulen i dei fleste tilfelle ikkje kunne nytte retningslinene i den regionale planen i vesentleg grad. Grunnane til dette er:

- Søknadane om etablering av vindkraftparkar vil ikkje føreligge på same tid og ein kan då ikkje samanlikne mellom ulike område.
- Det vil vere mange potensielle vindkraftområde med om lag same avstand til tilknytingspunktet på Frøyset.
- Per i dag er vindtilhøva avgjerande for kvar utbyggjar ynskjer etablering av vindkraftparken. Gulen har for därlege vindtilhøve i Sløvåg (det einaste store industriområdet i kommunen) til at utbyggjarar vurderar dette området som aktuelt. Samlokalisering med industri er av den grunn vanskeleg å få til.

Administrasjonen er innforstått med at også Gulen skal ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi. Ein må samstundes ta på alvor at mange som bur i område med mykje natur, gjev tilgangen til naturen og opplevinga av landskapet ein svært høg verdi. I mange tilfelle er dette hovudgrunnen til at dei vel å busetje seg – og bli buande – i slike område. Etablering av vindkraftanlegg er eit konfliktfylt tema der grunneigarar/innbyggjarar kan ha totalt ulike synspunkt. Ein regional plan som kan medføre at eit område (kommune) får eit stort regionalt ansvar for produksjon av vindkraft, gjev lokalpolitiske utfordringar og kommunane må framleis ha høve til å vere ein viktig part i handsaming av vindkraftutbyggingar. Med dagens tilgjengelege informasjon og kunnskapsgrunnlag er det etter administrasjonen sitt syn vanskeleg å lage eit verkty som kan avgrense utbyggingane i Gulen i tilstrekkeleg grad.

Konklusjon:

For Gulen kommune kan det – med utgangspunkt i framlegget til Regional plan for vindkraft – sjå ut som om tilhøva ligg godt til rette for vindkraftverk. Vindmølleparkar er store inngrep i naturen og set store krav til konsekvensutgreiingar i samband med søknad om konsesjon. Framlegget til regional plan slik det no ligg føre, legg til grunn kjend kunnskapsgrunnlag ved samanlikning mellom område. Dette kan etter administrasjonen sitt syn gje ein peikepinn på kvar vindmølleparkar bør utbyggast, men då kartlegginga som ligg til grunn for dette

kunnskapsgrunnlaget i mange høve er svært mangefull, vil det vere konsekvensutgreiingar ved søknad om konsesjon som vert avgjerande for å få eit endelege bilet av verdien til eit mogeleg utbyggingsområde. Det bør difor (framleis) vere denne prosessen som får avgjerande betyding for kvar vindparkar vert plasserte. Det er på dette stadiet i søknadsprosessen at kunnskapsgrunnlaget er godt nok og verdivurderingane til innbyggjarane i kommunen vert godt nok opplyste til at det kan fattast eit endeleg vedtak.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	13.06.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Offentleg ettersyn - Regional plan for vindkraft
2	I	15.06.2010	Kåre Krakhella	Fylkesplan for vindmøller
4	U	03.09.2010	Kåre Krakhella	Fylkesplan for vindmøller
5	I	09.09.2010	Kåre Krakhella	Innspel til fylkesplan for vindkraft
6	I	30.09.2010	NMVIG v/Leiv Henriksbø	Innspel til fylkesplan - vindkraft
7	I	08.10.2010	Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane	Reginal plan for vindkraft. Innspel frå FNF Forum for natur og friluftsliv
8	U	11.10.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Regional plan for vindkraft

Fra: Kåre Krakhella
Sendt: 09.09.2010
Til: Tveit Håvard
Kopi:
Emne: Innspel til fylkesplan for vindkraft

Innspel til uttale om fylkesplan om vindkraft.

Legg ved nokre linkar som eg gjerne vil ha som vedlegg.

El tragisk feilsatsing

<http://www.smp.no/meninger/kronikk/article221018.ece>

Vindkraften koster for mye - Olje- og energiminister Terje Rils-Johansen er bekymret for vindkraften i Norge.

<http://www.tu.no/energi/article240524.ece>

Ei vurdering av vindkraftsatsinga i Danmark. Dette er tyngre stoff og eg forventar ikkje at dette blir tatt med i saka. Men på sikt bør alle politikarar og saksutgreiarar som skal ha meinинг om vindkraftutbygging i Norge gjennomgå denne då det er ein rein fagrappoart.

http://www.cepos.dk/fileadmin/user_upload/Arkiv/PDF/Wind_energy - the case of Denmark.pdf

Kåre Krakhella

Uttale til fylkesplan for vindkraft i Sogn og Fjordane

Det har no dei siste 10-20 åra våre allmenn semje i Norge om at perioden med del store kraftutbyggingane er over, og at det er eit mål å bevare det som er att av fri natur i landet. Så har det kome opp eit verre alternativ – å kle fjelltoppane med vindgeneratorar. Ikkje fordi Norge treng meir elektrisk kraft, det er kraftoverskot i Norden i eit normalår. Ikkje fordi det er økonomisk lønsamt. Det er tvert i mot eit subsidiesluk.

Og kvifor slik hastverk? Når det no er snakk om å permanent og irreversibelt endre landskapet i så og seie heile kommunen, må det vere eit minstekrav at ein held møte rundt i grendene og tek omsyn til kva folk meiner.

Verknadene for folk i kommunen

Det er i utgangspunktet ikkje mange område der Gulen kan skryte på seg å vere meir attraktiv enn andre og meir sentrale stader. Bygger vi eit hus i Gulen, har det etter eit viss tal år halve verdien og mindre i høve til eit hus i sentrale strok. Tilbodet på jobbmarknaden er lite variert og heller magert. Kulturtilbodet kan ikkje måle seg med sentrale strok. Kollektivtrafikken er lite å skryte av. Fram til no har det vore natur og friluftsliv som skulle kompansere for andre manglar. Skal det også forsvinne, er det ikkje mykje igjen.

Arbeidsplassar

Vindpark er og blir eit kraftverk. Det er så få arbeidsplassar knytt til parken at sett i høve til dei enorme subsidiene som må til, er det i praksis lik null. Kor varige desse er, er også eit stort spørsmål. Det er teknologi og økonomi som vil avgjere om ein vindkraftspark blir fullstendig fjernstyrd, eller ein vil ha driftspersonale.

Arbeidsplassar i utbyggingsperioden kan heller ikkje måle seg med tradisjonell vasskraftutbygging då ein mindre del av kostnadene vil gå til infrastruktur. Mesteparten vil gå til å kjøpe eit standard dansk industriprodukt. Industriarbeidsplassar har ein vel også ganske godt om i kommunen. Signalar frå Sløvåg er at utbygginga har nådd ei grense på grunn av mangel på arbeidskraft. Del 31% av ungdommen i Norge som begynte på høgare utdanning i år, får vel heller mindre enn større grunn til å söke seg til Gulen, og det er trass alt nesten 1/3 av all ungdommen i Norge.

Sognefjorden

I Gulen og resten av Sogn har vi det elnaste naturfenomenet i verdsklasse i Norge. Sognefjorden er i sin klasse på linje med Nilen og Mississippi. Verdas nest største fjord, nemnd i geografibøker og atlas over heile verda. Berre det i seg sjølv burde vere nok til å avvise vindgeneratorar. Å bevare fjellprofilen langs Sognefjorden burde vere ei nasjonal oppgåve som både kommune og fylke burde støtte opp under. Å kalle dette eit "vanleg førekommande landskap" er ei merkeleg formulering. Det er både synd og trist at nokre ser det som si fremste oppgåve å "gljere lite" det som verkeleg er stort her i landet.

Vindkraftfrie område

Det er mest utruleg at fylkespolitikarane vil bygge ned heile kysten på ein gong i staden for å bevare i alle fall eitt område av ein slik storleik at ein kan gå opp på eit fjell eller reise ut på sjøen utan å sjå vindturbinar i ein eller annan retning. Når ein har begynt utbygginga i Måløyområdet, er det naturleg å fortsetje der det alt er turbinar, samtidig som ein i lengste laget bevarer Ytre Sogn fritt for inngrep.

Behovet for kraft og samfunnsnytten

Vindkraftverk er enorme subsidisluk. Det er snakk om 30 til 50% subsidiar for å gjere det lønsamt med vindkraft. Økonomane meiner dette gjer at vindkraftutbygging er reint tap for samfunnet. Og når mesteparten av subsidiane går til dansk og ikkje norsk industri, er tapet dobbelt opp. Om ein hadde samla seg i fylket om å få dette over på flytande vindturbinar og maritim industri, hadde i det minste industrien i fylket kunne fått eit lyft.

Det skin vel ganske klart igjennom at målet med planen er eine og åleine at mest mogeleg statssubsidiar skal hamne i Sogn og Fjordane. Den har difor ein ganske lett vindt, for ikkje å seie fråverande, omtale av vindressursane andre stader enn på kysten. Det er heller ikkje omtalt at eventuelt behov for meir elektrisk kraft kan løysast billigare og med mindre øydelegging på anna måte. NVE opererer med eit potensiale på 25 TWh for småkraftverk og 11 Twh i fornying og effektivisering av eksisterande produksjon. Clivitas har på oppdrag frå Statens forureiningstilsyn rekna eit potensiale på 14 Twh i forbetrinng av bustadmassen. Når det i tillegg ser ut til å ta litt tid før ein klarer å erstatte olje med straum i transportsektoren, er det rikeleg med elektrisk kraft i Norge utan vindkraft. Dette sjølv om teoretiske utrekningar brukar å vere vel optimistiske. Når det i tillegg ser ut til at staten vil vri subsidiane over på meir effektive tiltak, kan det vere viktigare for næringslivet at ein fyljer opp satsinga på bioenergi.

Vindkraft samanlikna med anna utbygging

I Norge har vi hatt mange store kraftutbyggingar og ofra mykje natur for å få rikdom. Men vindkraftutbygging står i ein klasse for seg for her blir hundre prosent av områda nedbygde. I vasskraftområda blir kanskje 20-30% av områda råka, og anlegga, i all hovudsak reguleringsdammane ligg nede i dalane. Vindgeneratorane står i motsetning til dette på fjeltoppane så i tillegg til at heile fjellplatåa blir permanente anleggsområde, vil det skjemme utsikta i eit stort område rundt. Når planen opererer med 5 km. avstand for skjemmande sikt, så er det eit heilt ubrukeleg teoretisk tal. Det er ei kjend sak at det er mest synleg og skjemmande når anlegg viser i horisonten og her vil anlegga i høgste grad vise frå skipsleia og frå andre sida av fjorden. Ein har også eit ansvar for folk på nordsida av fjorden som skal sjå på roterande venger mot låg vintersol.

Kommunen må avvise vindgeneratorar i Gulen og arbeide for at Ytre Sogn/Innseglinga til Sognefjorden blir permanent fri for vindgeneratorar.

Breidvik 09.09.1010

Kåre Krakhella

Fra: Leiv Henriksbø, NMVIG
Sendt: 06.10.2010
Til: Gulen Postmottak
Kopi:
Emne: Innspel til fylkesplan

Hei!

Vedlagt er Nettverk mot vindmøller i Gulen sitt innspel til Fylkesplan for vindkraft i Sogn og Fjordane. Vennlegast distribuer til ordførar, rådmann og prosjektleiar for Tusenårsstaden.

Kan de vere så vennleg å sende meg kommunen sitt innspel, viss den ikkje alt er lagt ut på heimesida.

Mvh,
NMVIG <<http://www.motwindmoellerigulen.net>>
v/Leiv Henriksbø, leiar.

Nettverk mot vindmøller i Gulen (NMVIG)
v/Leiv Henriksbø, leiar
Henriksbø 89
5966 Eivindvik

den 30/9-10

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/prosjektleiar Roar Helgheim
Askedalen 2
6863 Leikanger


INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT I SOGN OG FJORDANE

Først vil vi gjerne gi prosjektgruppa honnør for eit svært godt arbeid ut ifrå det datagrunnlaget som er tilgjengeleg. Berre synd at Vindkraftforum fekk høve til å rote det heile til før planen vart sendt ut på høyring. For Solund kommune har planen, ut ifrå eit reiselivs- og friluftslivssynspunkt, diverre gått i frå å vere ei velsigning til å bli nærmast ei katastrofe. (Vi har også medlemmar i denne kommunen.)

For Gulen sin del synest vi, at vi kom vel därleg ut i det første forslaget til fylkesplan også. Det verka nesten som om vår vesle utkantkommune skulle ofrast for å få meir vern av resten av fylket.

Mogelege feil.

Fylkesplanen for vindkraft har gitt ein del merkelege utslag for Gulen kommune.



Bilete 1: Nordre Dingeneset med Sognesjøen og Solund med Ulvegreina i bakgrunnen.

Nordre Dingeneset er ein del av det området som blir kalla Riseheiane. Her går ein arm av vindkraftområdet, i fylge oversiktskartet, heilt ut i fjærsteinane. Har ikkje fylket respekt for vernesona langs med strandlinja når det gjeld vindkraft? Her vil vi gjerne oppmerksam på, at i tillegg til ei gravrøys ifrå vikingtida, er det bygt ut eit stort hyttefelt på dette neset.

Vi vil påpeike at heile strandområdet ifrå Sollibotn til Sygnefest er eit meir eller mindre samanhengande hytteområde. Her er det også eit stort potensiale for vidare utbygging.



Bilete 2: Dette er toppen av eitt av tre hyttefelt i Fallebø hyttegrend på vestsida av Riseheia.

Omtrent midt i mellom Dingja og Sygnefest er det tre hyttefelt med til saman om lag 50 hytter/fritidshus: Fallebø hyttegrend. Eit av desse hyttefelta på om lag 15 hytter går nesten opp til toppen av Riseheia. Bak fotografen er det to hytter som det dverre ikkje var råd å få med på biletet, i og med at dei står ytterst på ein bratt fjellskrent. Lengst i bakgrunnen kan ein skimte Brosviksåta med Gulensendaren.

Riseheiane vil i stor grad vere friluftsområde for hyttefolket i dette området, men det vil også gjelde for dei store vatna i området (Dinge- og Brosvikvatnet) og fjella i bakgrunnen (Brosviksåta og Kvitebergnova). Vi synest at det er svært upassande med vindmøller i dette området, både ut ifrå eit reiselivs- og friluftslivperspektiv. **Såleis ber vi om at dette området blir oppgradert til minst middels konflikt, men helst stor konflikt.**

Neste bilet er teke ifrå "amfiet" på Tusenårsstaden på Flolid i retning mot Dalsfjellet i søraust. Avstanden ifrå Tusenårsstaden til det nærmaste fjellet her er faktisk mindre enn til Setenesfjellet. Her vil vi gjerne gjøre oppmerksam på, at ein av dei viktigaste grunnane til at Gulen kommunestyre gjekk i mot vindkraft på Setenesfjellet, var at det ville vere svært uheldig for satsing på reiseliv i samband med Tusenårsstaden Gulatinget. Då må det vere endå meir uheldig med vindkraft på Dalsfjellet.



Bilete 3: Dalsfjellet sett ifrå "amfiet" på Tusenårsstaden Gulatinget på Flolid.

Viss det ikkje er kjent for prosjektgruppa, noko som det kan tyde på i planforslaget, så er Gulatinget og Tusenårsstaden to forskjellege "ting." Det er historisk vitneprov på at det gamle Gulatinget låg i sentrum av Eivindvik i om lag 4- til 5-hundre år. Om det så vart flytta til Flolid i ein femtiårsperiode er heilt uvisst. Det er dei som hevdar at det vart flytta til Kyrkjeøyna i Rutletangane. Der har det i fylgje folkeminne i alle fall stått ei kyrkje, noko som har vore eit krav til eit så stort ting. Det gjer at Tusenårsstaden Gulatinget såleis eigentleg er å rekne som ein minnepark for det eigentlege Gulatinget i Eivindvik. Difor meiner vi at tingstaden i Eivindvik må oppgraderast ifrå arkeologisk funnstad til også å vere eit kulturminne.

Av denne grunn meiner vi at desse to tingstadane må sjåast på som eit samla samanhengande historisk område. Dei som kom til Gulatinget i svært gamle dagar, hadde med seg mykje folk som slo seg ned på mindre plassar rundt om i området. Det var berre med ein liten hovudstyrke at stormennene reiste inn til sjølve tinget. Difor meiner vi at det meste av Gulafjordane må reknast med til dette historisk området, ifrå Stemnebø, via Nyhamar, Dingja, Nordgulen, Haveland, Oppdal og til Eidsbotn.

Det skal også nemnast, at det har vore fire veta som ein del av leidangen rundt det gamle Gulatinget. Det er på Svabergfjellet, Nevdalsfjellet, Stemnebøfjellet på Hisarøy og eit fjell rett ovanfor Midtun i Eivindvik. Når det gjeld den siste veten, vil den vestlegaste vindmølla til SAE-Energi bli plassert berre om lag 100 m lenger aust, viss det skulle gå så ille at det blir noko av dette prosjektet.

Det står i fylkesplanen at Tusenårsstaden er av nasjonal verdi. No har prosjektleiaren for Tusenårsstaden, Anne-Karin Misje, som også er vår talsperson på kulturbasert reiseliv, på

oppdrag ifrå både kommune og fylke i fleire år jobba med å få til eit samarbeid med dei andre norrøne tingstadane rundt det som tidlegare vart kalla vesterveg. Dette gjeld tingstadane på Færøyane, Island, Skottland, Shetland, Orknøyane, Isle of Man og Grønland. Sjå: [Nordatlantisk Tingstadnettverk](#) på heimesida til Tusenårsstaden Gulatinget.

Sjå også heimesida: Thingproject (www.thingproject.eu/). Dette er eit EU-prosjekt som er finansiert av EU. Det tek sikte på å få dei nemnde tingstadene i fellesskap inn på Unescos verdsarvliste. Då skal det helst ikkje vere synlege vindmøller i området.

Difor ber vi i NMVIG om at Tusenårsstaden Gulatinget i fylkesplanen blir oppdatert til å vere av internasjonal verdi, og at det må oppretta ei absolutt vernesone rundt denne med ein radius på 10 km fri for vindmøller.

Ville islendingane ha bygd vindkraftanlegg rundt Thingvellir?

Kulturminne og kulturmiljø.

Omtalt ovanfor.

Friluftsliv.

Dette området heng sterkt i saman med reiseliv, og er i vår kommune ein viktig føresetnad for ei vellykka reiselivssatsing.

Ser på kartet at området mellom Flolid, Folefoten og Nyhamar er avmerka som nasjonal verdi når det gjeld båtfarts-, bade-, fiske, og turområde. Dette kan like godt gjelde heile kystområdet og fjordane innafør. Grunnen til dette er, at vi har svært spreidd busetting i kommunen, og det er fritidshus nesten over alt. Pr i dag er det om lag like mange fritidshus i kommunen som det er bustadhús, - om lag eitt tusen av kvart.

Det som får folk til å flytte til Gulen er først og fremst den vakre og varierte naturen vår og mulighetene til friluftsliv. Det er ingen som flytter hit og slår seg ned her for å gå på kino, i teater eller konsertar. Den delvis urørde naturen vår er i så måte det største aktivitetet vi har når det gjeld både innflytting og reiseliv, og vi vil gjerne halde den fri for store prangande tekniske installasjonar, som industrielle vindkraftanlegg vil vere.

Dette gjeld også i stor grad Solund kommune, og truleg også resten av kysten i Sogn og Fjordane, i alle fall i området som er relativt tynt busett.

Difor ber vi om at det blir lagt langt meir vekt på konfliktpotensialet når det gjeld friluftsliv.

På 60-talet då det framleis var kalde og snørike vintrar, var det stor utfart til Kjellbjø og Wergelandshøgda for å gå på ski, spesielt i påsken. På Kjellbjø vart området på begge sider av dalen brukt til skiaktivitetar, både vest mot Dalsøyra og aust mot Transdalen. På Wergelandshøgda gjekk dei fleste austover på ski.

No har vi hatt relativt varme vintrar i ein 30- til 40-årsperiode. Men det er ting som tyder på at dette no er i ferd med å snu. IPCC og klimaalarmistane har enno ikkje klart å komme opp med det endelige vitneprovet på at det er ein samanheng mellom auke i CO₂-mengda i atmosfæren

og eit varmare klima. Derimot ser det ut til at det no er klimaskeptikarane som er på offensiven, og det ser også ut til at dei har ein del å fare med.

Klimaskeptikarane har dei siste åra fått støtte ifrå solforskarene, som har funne ut at det eigentleg er sola som styrer klimaet på jorda. Til mindre solflekkar, til kaldare klima. Her må den danske solforskaren Henrik Svensmark nemnast spesielt. Den norske seniorrådgivaren innan solforsking, Pål Brekke, er i stor grad samd med han. Vi kan få ei global nedkjøling over ein 30- til 60-årsperiode som i verste fall kan bli like ille som den vesle istida på siste halvdel av 1600-talet. Sjå: [Henrik Svensmark on Global Warming](#) på Youtube. Sjå også: [Klimarealistene.com](#). Faktisk kan det sjå ut til at denne globale nedkjølinga alt har begynt siste vinter med kaldare og meir snørik vinter.

Av den grunn ber vi om at Dalsfjellet og Flatfjellet vest for Transdalen og Kløvtveitvatnet blir oppgradert i konflikt for å bevare området for framtidige friluftsliv om vinteren. Det same gjeld også Bleikebrekkfjellet aust for vegen og Vardane. Rett nok har vi eit skisenter i Stordalen i Masfjorden, men det tek om lag halvannan time å køyre dit ifrå Eivindvik.

Det har vore hevdta, at vi må vere føre var når det gjeld global oppvarming, men då bør ein vel også vere føre var når det gjeld global nedkjøling.

Desse nye teoriene til solforskarene sår tvil om det eigentleg er nødvendig å øydeleggje så mykje urord natur på kysten med industrielle vindkraftanlegg for å berge verda ifrå ei global oppvarmingskatastrofe.

Reiseliv.

På dette området har både Gulen og Solund eit stort potensiale. Dette ikkje minst på grunn av Skjerjehamn med kongestatuuen, Tusenårsstaden og Utvær som marknadsmessige fyrtårn i denne samanhengen. I dag har vi om sommaren faste turar med ribbåt i skjergarden både i Gulen og Solund. Vidare har vi mulighet for cruise med havfiske. I framtida kan ein rekne med minicruise/dagsturar med turistar ifrå Bergen til f.eks Skjerjehamn, Tusenårsstaden og Utvær, der turistane om kvelden bordar sine respektive turistskip når dei er på veg inn Sognefjorden. Eigentleg er det berre fantasien som set grenser.

Fylgjande er ført i pennen av Ørjan Sandnes som driv Gulen Dykkesenter på Nyborg nær Dalsøyra i Gulen. Han er vår ekspert og talsmann på natur-, opplevings- og temabasert reiseliv:

Arbeidet med å få turistskipa til Gulen og Solund er allerede i gang, så dette er høgst aktuelt.

Temabasert reiseliv er satsingsområdet til Innovasjon Norge og Fjord Noreg regionen, og der Gulen er sterkt representert ved Gulen Dive Resort, som driver opplevings basert reiseliv med blant anna dykking som aktivitetsområde. Vi hadde alleine ca. 2500 turister med oss ut i øyene i perioden fra mai til september. (Vi er meir kjent utanfor Gulen enn i Gulen)

Fjord Norge er: Verdens vakreste reisemål!

Ekspertpanelet i National Geographic Traveler kårer Fjord Norge til verdens vakreste reisemål.

De sier blant annet:

I en omfattende undersøkelse gjennomført blant 437 eksperter av National Geographic Societies Center for Sustainable Destinations og National Geographic Traveler Magazine, har Fjord Norge-regionen fått topp karakter og øverste plassering som "verdens mest avholdte ikon-reisemål".

133 av verdens beste reisemål har vært med i undersøkelsen og alle har blitt evaluert opp mot evnen til å ivareta destinasjonen på en bærekraftig og autentisk måte, samt tilby ulike kvaliteter som sikrer regionens integritet som reisemål. Fjord Norge fikk 85 av 85 mulige poeng. I 2004 ble Fjord Norge vinner av samme kåring, men den gangen fikk regionen 82 poeng.

Spesielt evnen til å ta vare på den spektakulære og unike naturen, samt sikre et levende fjordlandskap med bosetning og ekte kultur blir fremhevet som viktige grunner for seieren.

Se også her: NCE Tourism Fjord Norway, [Reiselivsutvikling for fremtiden](#).

Den viktigste driveren for å velge Norge som reiselivsmål er å oppleve naturen generelt og fjordene spesielt. Fjord Norge er den regionen som leverer best på dette markedsbehovet, og National Geographic Traveler Magazine har kåret regionen til verdens beste uberørte reisemål.

Vi i NMVIG er sterkt bekymra for, at blir Fylkesdelplanen for vindkraft endeleg vedteken slik som den no ligg føre, vil vi miste denne gratisreklamen til fleire hundre millionar kroner i verdas beste reisemagasin. Den opphavlege planen var langt betre i denne samanhengen.

Av ovannemnde grunnar ber vi om at det i fylkesplanen blir lagt langt meir vekt på reiseliv.

Vi ber også om at prosjektgruppa innarbeider fylkeskommunen sin eigen plan for reiseliv på kysten i planen for vindkraft, nemleg [Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 til 2025](#), og [Fjordkysten](#). Sjå også: www.fjordkysten.no. Ser at prosjektgruppa gjerne vil vere i forkant når det gjeld vindkraft i fylket, men det er minst like viktig å vere i forkant når det gjeld reiselivet. Det er lite hjelpe i å oppdatere fylkesplanen for vindkraft med omsyn til verneinteressene kvart fjerde år viss gode friluftslivs- og reisemål i mellomtida har gått tapt til vindkraftbransjen. Det same gjeld for Reiselivsplanen.

Det er reiselivet, spesielt med bygging av fritidshus, som gir nye arbeidsplassar og folkeliv i bygdene. Det sysselset svært mange lokale entreprenørar og handverkarar. Vindkraft har i så måte lite å tilby etter at anleggsfasen er ferdig

Biologisk mangfold.

Her har vi eit par korrigeringar: I følgje lokalbefolkninga på Nese rett sør for Haveland, skal det vere eit hekkande havørnpar i den bratte fjellsida på nordsida av Dalsfjellet. Oppo på dette fjellet, nærmare bestemt i Skitnedalen, er det ei stor fjellmyr med ei lita kjønn i søre enden. Ber om at desse korrigeringane blir tekne med og at området blir oppdatert til meddels konflikt.

Vi vil også nemne at det går eit grågåstrekk over Ytre Gulen vest for Storsteinfjellet og sørover Eidsfjorden.

Avslutning/konklusjon.

- 1. Vi ber om at dei feila som er påvist i fylkesplanen for Gulen sitt vedkommande blir retta opp.**
- 2. Vidare ber vi om at både friluftsliv og reiseliv får generelt høgare konfliktsnivå. Dette gjeld spesielt i Gulen, i og med at vi kom litt dårleg ut også i det første utkastet til plan.**
- 3. Vi ber om at Tusenårsstaden Gulatinget på Flolid, som er fylket sin egen Tusenårsstad, blir oppgradert til å vere av internasjonal verdi, og at det blir lagt ei absolutt vernesone med 10 km radius rundt denne.**
- 4. Vi i protesterer mot at Sogn og Fjordane skal vere leiande når det gjeld vindkraft på land. Vi bør heller bli leiande på reiseliv, også på kysten. Derimot synest vi det er greitt med vindmøller til havs, og ein treng ikkje først øydeleggje ein masse urord natur på land for å skaffe seg erfaring til havs. Den beste måten å skaffe seg erfaring til havs, er å setje opp ei eller fleire test vindmølle til havs.**
- 5. Vi protesterer også mot at område med stor konflikt skal kunne byggjast ut dersom det lokale kommunestyret vil det, og det kan gjerast avbøtande tiltak. Praksis har vist, at det einaste avbøtande tiltaket som i realiteten verkar, er lett og slett å fjerne synlege vindmøller. På Setenesfjellet vart det føreslått mange avbøtande tiltak, men mange av desse var diverre innbyrdes i strid med kvarandre og såleis utan verdi. Forslag til avbøtande tiltak blir berre fint på papiret. Det bør vere absolutt freding av område med stor konflikt.**
- 6. Det er to svært positive tiltak i fylkesdelplanen for vindkraft som vi har lagt merke til. Det eine er freding i 5 km radius rundt større busetnader. Det andre er at det er føreslått freding av innløpet til Sognefjorden og Nordfjord i eit belte på 5 km på kvar side av leia. Vi synest denne fredinga bør gjerast permanent og slik at tilstøytande påtenkte vindkraftprosjekt ikkje kan overskride denne grensa. Dette bør visast på kartet.**
- 7. Derimot synest vi det er svært uheldig at Vindkraftforum i Sogn og Fjordane fekk påverke fylkesplanen med sine innvendingar før alle andre. Vi føreslår at prosjektgruppa går tilbake til den første planen og tek utgangspunkt i den. Den var langt betre. Så får heller innvendingane ifrå Vindkraftforum vurderast på lik linje med alle andre innspel.**
- 8. Vi synest også det er meiningslaust å ha ein inndelingsskala på heile 26 steg når datagrunnlaget er så tynt som det er både når det gjeld biologisk mangfold og kulturminne. Det bør greie seg med ein skala på seks steg, i alle fall ikkje meir enn ni.**
- 9. Vidare ber vi om at prosjektgruppa tek seg god tid med å behandle alle innvendingane mot Fylkesdelplanen for vindkraft i Sogn og Fjordane, slik at Fylkesutvalet ikkje kan få planen i hende før dei nye habilitetsreglane har vorte gyldige etter 1. november.**

10. I og med at fylkesplanen har vorte så politisert og omstridt som tilfelle er, hadde det vore best om den ikkje blir behandla i Fylkestinget før etter valet neste haust, og at den såleis kan bli eit tema i valkampen.

Med vennleg helsing
Nettverk mot vindmøller i Gulen (NMVIG)
v/ Leiv Henriksbø, leiar.

PS:

Nettverk mot vindmøller i Gulen har pr. dags dato 64 medlemmar, av desse er dei fleste reiselivsbedriftene i kommunen, 14 i alt.

Vi har som mål å drive opplysing om dei negative sidene ved vindkraft.

Vidare har vi som mål å prøve og verne den vestleg og nordleg delen av kommunen mot store tekniske inngrep som industriell vindkraft vil vere og bevare naturmiljøet mest intakt slik som det er i dag. Dette for å leggje tilhøva godt til rette for at det kan satsast maksimalt på ei reiselivsnæring som er både tema-, natur-, opplevings- og kulturbasert.

Innspelet vårt har vore ute på høyring hos medlemmane.

L.H.



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
07/375-11/K1-123, K2-S, K1-//AHE
10/6998

Dykkar ref.

Dato:
14.10.2010

Fylkesdelplan for vindkraft

Fjaler kommunestyre handsama i møte 11.10. fylkesdelplan for vindkraft.

Følgjande uttale vart vedteken med 13 mot 10 røyster:

Fjaler kommune ser at verda vil oppleve aukande behov for fornybar energi i åra som kjem. Kysten av Sogn og Fjordane har stort potensiale for dette gjennom stabilt med vind og rikeleg med tilgjengeleg areale.

Sogn og Fjordane stod igjen på perrongen då oljeleoget gjekk. Sjølv om store deler av ressursane ligg rett utanfor kysten av fylket vårt har vi fått lite av verdiskapinga og sysselsetjinga samanlikna med fylka nord og sør for oss.

Mange spår vindkraft som den nye store næringa i Norge no når olje- og gassressursane ser ut til å gå mot slutten. Med den satsinga på vindkraft som vi ser no både til lands og havs meiner vi det er svært viktig å vere med på denne utviklinga frå starten og ikkje bli akterutsegla også denne gongen.

Ei slik satsing krev at vi er villige til å legge til rette areal for utbygging av vindkraft. I så måte helsar vi velkommen at ein no lagar ein plan som seier noko om i kva område vi skal legge til rette for utbygging.

Det å ha areale –både på land og til havs- der det vert bygd ut vindkraft trur vi vil vere ein fordel når ein skal utvikle eit næringsliv som er konkurransedyktig som leverandør til vindindustrien.

Det er viktig at dei best eigna areala blir prioriterte. Det må takast omsyn til vindressurs, rasjonell utbygging, tilknyting til infrastruktur, og konfliktnivå.

Ein vindpark i seg sjølv gjer kanskje ikkje så mange direkte arbeidsplassar, men gjennom leverandørverksemd til denne industrien ligg det eit stort potensiale for fylket.


For kommunane vil det i tillegg vere store inntekter å hente gjennom eigedomsskatt. Berre den planlagde vindparken på Lutelandet vil gje Fjaler 5-7 millionar årleg i inntekter. Samstundes som ein ser mulighetene, skal ein også ha respekt for at satsing på vindkraft er kontroversielt. Ein blir møtt med motstand som er grunngjeve med t.d frykt for støy, visuelle forhold og forholdet til biologisk mangfald.

Vi meiner planen jamt over tek godt omsyn til desse forholda og veg dei opp mot dei mulighetene denne næringa representerer for fylket.
Lokalt har vi opplevd lite bekymringar for den planlagde vindparken på Lutelandet, men dei motforestillingane som er komne har for ein stor del gått på frykt for støy og det visuelle rundt etablering av ein vindpark.

Vi trur det er viktig med ryddige prosessar og at folk føler dei blir tekne på alvor og får gode svar på dei spørsmåla dei reiser.

Samla sett meiner vi fylkesdelplan for vindkraft gjer eit godt grunnlag for å utvikle vindkraft som ei ny stor næring i Sogn og Fjordane, og vi anbefalar fylkestinget å vedta planen.

Med helsing



Arve Helle
ordførar

Direkte tlf: 57 738052



SOLUND KOMMUNE

SOLUND SERVICEKONTOR

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Arkivsaknr.:
07/217

Journalnr.:
10/2840


Arkivkode:
KI-123 S82

Dato:
13.10.2010

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Oversender med dette Solund kommunestyre sin høyringsuttale til regional plan for vindkraft vedteken i møte 12. oktober 10 sak 035/10.

Med helsing


Sollaug Steinsund Osland
Konsulent

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	054/10	28.09.2010	TORHAU
KOMMUNESTYRE	035/10	12.10.2010	TORHAU

Avgjerd av: Solund kommunestyre	Arkiv: K1-123 S82	Arkivsaknr
	Objekt:	07/217

HØYRINGSUTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Viser til konklusjonen i saksutgreiinga. Det må vere eit mål å betre kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for vurderingane i planen.

28.09.2010 FORMANNSKAP

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ H V/SVEINUNG KRÅKÅS:

Global oppvarming er eit av dei største trugsmåla verden står foran. Regjeringa ynskjer å auke fornybar energiproduksjon og legg derfor opp til ein monaleg auke i vindkraftproduksjonen. Solund ynskjer å stå fram som ein "grøn" kommune og vil vere med ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi.

Solund kommune ser det svært positivt at det er utarbeidd ein regional plan for vindkraft.

Retningslinene i kap. 4 samsvarar i store trekk med Solund kommune sine tankar med omsyn til styringsreglar for utbygging av vindkraft i Sogn og Fjordane.

Når det gjeld arealinteresser er desse dokumentert gjennom ymse kjende registreringar. Generelt meinar ein at dei i stor grad gje eit bilde av situasjonen i Solund, men at verdiane er sett noko høgt.

Votering:

Det vart roysta alternativt mellom administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak og H sitt framlegg til vedtak. H sitt framlegg sitt vedtak vart vedteke med 3 røyster (H, FRP og DNA). Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak fekk 2 røyster (SP).

FOR-054/10 VEDTAK:

Global oppvarming er eit av dei største trugsmåla verden står foran. Regjeringa ynskjer å auke fornybar energiproduksjon og legg derfor opp til ein monaleg auke i vindkraftproduksjonen. Solund ynskjer å stå fram som ein "grøn" kommune og vil vere med ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi.

Solund kommune ser det svært positivt at det er utarbeidd ein regional plan for vindkraft.

Retningslinene i kap. 4 samsvarar i store trekk med Solund kommune sine tankar med omsyn til styringsreglar for utbygging av vindkraft i Sogn og Fjordane.

Når det gjeld arealinteresser er desse dokumentert gjennom ymse kjende registreringar. Generelt meinat ein at dei i stor grad gje eit bilde av situasjonen i Solund, men at verdiane er sett noko høgt.

12.10.2010 KOMMUNESTYRE

I lys av siste tida sine oppslag i media ber representanten Ole Gunnar Krakhellen om at kommunestyret vurderar hans habilitet etter forvaltningslova til å vere med å handsame saka.

Det same gjer representantane Birger Hjønnevåg, Camilla Trovåg, Linne Lending og Sveinung Kråkås.

Ordførar gjer framlegg om at representantane er gilde i å vere med å handsaming saka.

Kommunestyret finn samrøystes representantane gilde til å vere med å fatte vedtak i saka. (Representantane det gjeld var ikkje med i avråystinga om ugildskap).

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ SP V/ANNE MARIE GÅSVÆR FÆRØY:

Solund kommune meiner at vindkraft kan vere eit viktig bidrag til produksjon av fornybar energi.

Ei utbygging av fornybar energi må likevel vurderast opp mot andre kvalitetar som også er viktige for ei bærekraftig utvikling.

Ei god fagleg vurdering må difor leggjast stor vekt på ved ei endeleg avgjerd.

Vi er difor usamnd i dei politiske føringane som endrar konfliktgraden i områda, og meiner at planen må byggjast på faglege vurderingar.

Kartlegginga av kunnskapsgrunnlaget i denne planen er på fleire område noko mangefull.

Konsekvensutgreiingar ved søknad om konsesjon vil difor vere avgjerande for å danne det endelege biletet av verdien til eit mogeleg utbyggingsområde.

Ved slike konsekvensutgreiingar må også moment som m.a. identitetkjensle vurderast.

Dei områda som har fått status som regionale og nasjonale verdfulle område må også få den status dei fortunar, dersom dei vert vurderte som uaktuelle for utbygging.

Votering:

Det vart røysta alternativt mellom formannskapet sitt framlegg til vedtak og SP sitt framlegg til vedtak. Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 9 røyster (H, FRP, SV og 2 rep DNA). SP sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster (SP og 1 rep DNA).

KOM-035/10 VEDTAK:

Global oppvarming er eit av dei største trugsmåla verden står foran. Regjeringa ynskjer å auke fornybar energiproduksjon og legg derfor opp til ein monaleg auke i vindkraftproduksjonen. Solund ynskjer å stå fram som ein "grøn" kommune og vil vere med ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi.

Solund kommune ser det svært positivt at det er utarbeidd ein regional plan for vindkraft.

Retningslinene i kap. 4 samsvarar i store trekk med Solund kommune sine tankar med omsyn til styringsreglar for utbygging av vindkraft i Sogn og Fjordane.

Når det gjeld arealinteresser er desse dokumentert gjennom ymse kjende registreringar. Generelt meinar ein at dei i stor grad gje eit bilde av situasjonen i Solund, men at verdiane er sett noko høgt.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	24.04.2007	Sogn og Fjordane fylkeskommune	MELDING OM POLITISK VEDTAK I SAK 47/07 FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT
2	I	27.06.2007	Sogn og Fjordane fylkeskommune	OPPMODING OM DELTAKING I REFERANSEGRUPPER TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT OG TEMA KNYTT TIL SMÅKRAFTVERK FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT, FORESPØRSEL OM Å DELTA I REFERANSEGRUPPE FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT HØYRING AV PLANPROGRAM
3	U	17.07.2007	Sogn og Fjordane fylkeskommune	INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT
4	I	07.02.2008	Sogn og Fjordane fylkeskommune	INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT
5	I	24.03.2008	Nettverk mot vindmøller i Gulen	PLANPROGRAM FOR FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT
6	I	24.03.2008	Sogn og Fjordane Turlag	TEMADATA TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT
7	I	05.05.2008	Sogn og Fjordane fylkeskommune	REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT TIL OFFENTLEG ETTERSYN
8	I	27.05.2008	Sogn og Fjordane fylkeskommune	INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT
9	I	08.06.2010	Sogn og Fjordane fylkeskommune	INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT
11	I	21.09.2010	Anne Kristine Dyrdal	INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT
12	I	25.10.2010	Norsk Ornitologisk Forening	INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
9	I	08.06.2010	Sogn og Fjordane fylkeskommune	REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT TIL OFFENTLEG ETTERSYN
11	I	21.09.2010	Anne Kristine Dyrdal	INNSPEL TIL FYLKESDELPLAN FOR VINDKRAFT

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:**KVA SAKA GJELD:**

Uttale til høyring av regional plan for vindkraft.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn for saka:

Regional plan for vindkraft

Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt ut framlegg til Regional plan for vindkraft til offentleg ettersyn. Planprogrammet for planen har som overordna mål at:

Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft


Den regionale planen skal ligge til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgjevande for kommunal og statleg verksemd i fylket. Planen vil òg vere eit viktig grunnlag for NVE si handsaming av enkeltprosjekt.

Det har vore eit utgangspunkt for planarbeidet at utbygginga av vindkraft skal gje lågast mogeleg miljø-/samfunnskostnad per kWh. Dette tilseier at vindkraftutbygging bør konsentrerast til store anlegg der det er gode vindtilhøve, høveleg infrastruktur og akseptabelt konfliktnivå i forhold til andre samfunnomsyn. Planen omfattar difor berre kystkommunane i fylket. For å kunne vurdere konfliktnivå, er Solund kommune delt inn i 11 område (sjå fig.2).


For kvart av desse områda er konfliktpotensiale for 6 ulike tema vurderte. Desse er:

- **Landskap:** Basert på landskapskartlegging i 2009. Solund er inndelt i 69 landskapsområder som er verdivurdert - sjå figur 1. Solund samla sett har landskapssamanhangar av "stor regional verdi". Faktagrunnlaget for dette temaet vert rekna som godt.
- **Biologisk mangfold:** Basert på registrerte funn etter naturkartlegging dei siste 30 åra. Faktagrunnlaget er mangelfullt.
- **Inngrepstilfelle naturområde:** Område med ein avstand på over 1 km til tyngre tekniske inngrep (t.d vegar, kraftliner, vassmagasin etc. Bygningar er ikkje eit slikt inngrep). Faktagrunnlaget er relativt godt.
- **Kulturminne og –miljø:** Basert på ulike rapportar om temaet. Faktagrunnlaget er bra i område med utbygging – dvs. langs sjøen. I fjellet er det gjennomført få kartleggingar.
- **Friluftsliv:** Kommunane rapporterte bruken av område til friluftsføremål på 80-talet. Faktagrunnlaget er ikkje oppdatert.
- **Landbruk:** Godt faktagrunnlag i t.d. gardskart.

Figur 1 Verdivurdering landskapsområder i Solund



Tema med lite konfliktpotensiale vert gjeve verdien 1, middels konfliktpotensiale 3 og stort konfliktpotensiale 5. Samla konfliktpotensiale for eit område finn ein ved å summere konfliktpotensiale for dei 6 tema. Lågt konfliktpotensiale tilseier ein sum mellom 6 og 10, middels 11-18 og stort 19-30. Figur 2 viser resultatet av samla konfliktpotensiale for område i Solund-Lifjord. Det er 2 område med stort konfliktpotensiale, 9 områder med middels konfliktpotensial og ingen område med lite konfliktpotensial i Solund.




Figur 2. Områdeinndeling og samla konfliktpotensiale for Solund kommune og deler av Hyllestad kommune

Fylkeskommunen har laga desse retningslinene for vindkraftarbeid i fylket:

1. Sogn og Fjordane skal leggje til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (svarar til ca. 3 TWh i årsproduksjon), innan år 2025.
2. Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite og middels konfliktpotensial.
3. Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale vert i utgangspunktet ikkje prioritert, men kan likevel verte vurdert som utbyggingsaktuelle dersom avbøtande tiltak er tilfredstillande, og dersom lokale styresmakter har positiv tilråding.
4. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt.
5. Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.).
6. Kommunane bør utforme kommuneplanar som er i tråd med desse retningslinene.
7. Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar si undersøkingsplikt, jfr §9 i Lov om kulturminne, heilt eller delvis blir gjennomført i samband med utarbeiding av konsekvensutgreiing, for å gje tiltakshavar naudsynt informasjon og vurderingsgrunnlag.
8. Rettningsslinene gjeld ikkje anlegg som allereie har fått koncesjon eller som fylkeskommunen allereie har gjeve endeleg uttale til.

Solund er ved eventuell utbygging av store vindkraftanlegg avhengig av å knyte seg mot nett i Fjaler og/eller Gulen – sjå figur 3.



Figur 3. Nettkapasitet fram mot 2025

I vurderinga av konfliktpotensial knytt til etablering av vindkraftanlegg er ikkje konflikt i høve nye overføringslinjer vurdert.

I prosessen fram mot endelig høyringsutkast har metoden for utrekning av konfliktpotensiale vorte endra. Endringa har medført at eit vesentleg større areal av planområdet har fått eit lite eller middels konfliktpotensiale.

Fylkeskommunen ynskjer tilbakemelding på planen sine retningsliner og innspel om eventuelle feil eller manglar ved omtalen av ulike arealinteresser.

Tidlegare vindkraftvedtak i Solund kommune:

I kommuneplanen sin arealdel (2008-2020) er to større område, eit på Ytre Sula og eit aust for Ulvegreina, lagt inn som mogelege vindkraftområde. Melde kraftlinetrasear er og teikna inn i plankartet. Desse delane av planen er unntake rettsverknad.

I samband med endelig godkjenning av kommuneplan 20.04.10 vedtok kommunestyret følgjande tilleggspunkt:

For kommunestyret tek endelig stilling til vindkraftanlegg i dei innteikna mogelege områda, skal det avhaldast folkeavstemming etter at konsekvensutredninga blir framlagt.

VURDERING:

Regional plan for vindkraft tek mål av seg å bli eit styrande dokument i saker som omhandlar vindkraft. Slik planen no ligg føre, er det i praksis små avgrensingar for vindparkar i kommunen då 9 av 11 område i Solund har eit lite eller middels samla konfliktpotensiale. I tillegg opnar retningslinene for at også område med stort konfliktpotensiale kan utbyggast dersom avbøtande tiltak er tilfredsstillande og tiltaket har lokal politisk støtte. Det vil i praksis seie at så godt som alt areal i planområdet kan utbyggast.

Grunnlaget for vurderingane av konfliktpotensiale er basert på eksisterande registreringar for dei 6 ulike temaområda. Kunnskapen om dei ulike temaområda er varierande. For Solund er særleg registreringa av friluftsliv forelda og mangefull. Bruken av friluftsområda i kommunen er mykje endra sidan 80-talet då registreringane vart gjort. Kunnskap om biologisk mangfald er og mangefull. Områda som er interessante for vindkraftutbygging er i stor grad høgtliggende fjellområde, og i slike område er det mest ikkje gjort registreringar i det heile. Det same er tilfelle for registreringar av kulturminne og -miljø. I praksis er det difor alltid naudsynt med vesentleg kartleggingsarbeid i samband med ein eventuell søknad om vindkraft i Solund.

Mangefullt kunnskapsgrunnlag kan medføre at samla konfliktpotensiale for eit område vert lågt. Samstundes er det sett ei relativt høg grense for kva som vert rekna for middels samla konfliktpotensiale, og dette gjer i sum at planen har ein avgrensa funksjon som styringsverktøy på regionalt nivå. At ikkje konfliktpotensial knytt til aktuelle kraftlinetrasear er vurdert gjev planen redusert funksjon som styringsverktøy.

Framlegget til Regional plan for vindkraft gjev retningsliner for korleis ein skal prioritere mellom vindkraftområde innan planområdet. Slik planen no ligg føre vil den i prinsippet kunne opne for vindkraftutbygging i alle dei vurderte områdene i Solund, også område med stort konfliktpotensiale dersom avbøtande tiltak er tilfredstillande. Vurderer ein ulike områder opp i mot retningslinene i planen vil nokre område i Solund verte meir aktuelle som potensielle vindkraftområder enn andre, m.a. grunna ulik trøng for ny infrastruktur utanfor anlegga.

Administrasjonen er innforstått med at også Solund må vurdere å ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi. Ein må samstundes ta på alvor at mange som bur i område med mykje natur, gjev tilgangen til naturen og opplevelingen av landskapet ein svært høg verdi. I mange tilfelle er dette hovudgrunnen til at dei vel å busetje seg – og bli buande – i slike område. Etablering av vindkraftanlegg er eit konfliktfylt tema der grunneigarar/innbyggjarar kan ha totalt ulike synspunkt.

KONKLUSJON:

For Solund kommune kan det – med utgangspunkt i framlegget til Regional plan for vindkraft – sjå ut som om tilhøva ligg godt til rette for vindkraftverk. Vindmølleparkar er store inngrep i naturen og set store krav til konsekvensutgreiingar i samband med søknad om konsesjon. Framlegget til regional plan slik det no ligg føre, legg til grunn kjend kunnskapsgrunnlag ved samanlikning mellom område. Dette kan etter administrasjonen sitt syn gje ein peikepinn på kvar vindmølleparkar bør utbyggast, men då kartlegginga som ligg til grunn for dette kunnskapsgrunnlaget i mange høve er svært mangefull, vil det vere konsekvensutgreiingar ved søknad om konsesjon som vert avgjerande for å få eit endelege bilet av verdien til eit mogeleg utbyggingsområde. Det bør difor (framleis) vere denne prosessen som får avgjerande betydning for kvar vindparkar vert plasserte. Det er på dette stadiet i søknadsprosessen at kunnskapsgrunnlaget er godt nok og verdivurderingane til innbyggjarane i kommunen vert godt nok opplyste til at det kan fattast eit endeleg vedtak.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER


SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Hyllestad kommunestyre	29.09.2010	039/10	TRH

Saksansvarleg:
Trond Hansen

Arkiv
K1-123

Arkivsaknr.
07/334

Fylkesdelplan for vindkraft

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Den regionale planen for vindkraft i Sogn og Fjordane peikar på mange mogelege områder for å nytta potensialet i fylket. I Hyllestad kommune er det i planen nemnd 12 ulike områder for vindkraft.

Hyllestad kommune vil trekke fram fire områder som det må takast særskilde omsyn til i det vidare arbeidet med planen:

1. Bergsheia og Smilleheia ligg i og ved kvernsteinsbroa i Hyllestad kommune. Desse områda er kulturmiljø av stor verdi og representerar eit av dei største kulturminneområda i landet. Drifta kan sporast attende til 700-talet, og dette forhistoriske industriområdet er av nasjonal verdi. Desse områda må få status med høgt konfliktpotensiale.
2. Lifjell og Høgeheia (Lifjell- og Storakerområdet) er registrert som regionalt viktig friluftsområde. På grunn av dette er det tidlegare lagt restriksjonar på mellom anna vasskraftutbygging. Området må få status med høgt konfliktpotensiale.

29.09.2010 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

KOMM-039/10 VEDTAK:

Den regionale planen for vindkraft i Sogn og Fjordane peikar på mange mogelege områder for å nytta potensialet i fylket. I Hyllestad kommune er det i planen nemnd 12 ulike områder for vindkraft.

Hyllestad kommune vil trekke fram fire områder som det må takast særskilde omsyn til i det vidare arbeidet med planen:

1. Bergsheia og Smilleheia ligg i og ved kvernsteinsbroa i Hyllestad kommune. Desse områda er kulturmiljø av stor verdi og representerar eit av dei største kulturminneområda i landet. Drifta kan sporast attende til 700-talet, og dette

- forhistoriske industriområdet er av nasjonal verdi. Desse områda må få status med høgt konfliktpotensiale.
2. Lifjell og Høgeheia (Lifjell- og Storakerområdet) er registrert som regionalt viktig friluftsområde. På grunn av dette er det tidlegare lagt restriksjonar på mellom anna vasskraftutbygging. Området må få status med høgt konfliktpotensiale.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
6	I	08.06.2010	Fylkeskommunen	Offentleg ettersyn Regional plan for vindkraft

KVA SAKA GJELD:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt ut framlegg til Regional plan for vindkraft til offentleg ettersyn. Planprogrammet for planen har som overordna mål at:

Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft

SAKSUTGREIING:

Den regionale planen skal ligge til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgjevande for kommunal og statleg verksemd i fylket. Planen vil òg vere eit viktig grunnlag for NVE si handsaming av enkeltprosjekt.

Det har vore eit utgangspunkt for planarbeidet at utbygginga av vindkraft skal gje lågast mogeleg miljø-/samfunnskostnad per kWh. Dette tilseier at vindkraftutbygging bør konsentrerast til store anlegg der det er gode vindtilhøve, høveleg infrastruktur og akseptabelt konfliktnivå i forhold til andre samfunnomsyn. Planen omfattar difor berre kystkommunane i fylket. For å kunne vurdere konfliktnivå, er Hyllestad kommune delt inn i 12 område.

For kvart av desse områda er konfliktpotensialet for 6 ulike tema vurderte. Desse er:

- Landskap
- Biologisk mangfald
- Inngrepssfrie naturområde
- Kulturminne og –miljø
- Friluftsliv
- Landbruk

Tema med lite konfliktpotensiale vert gjeve verdien 1, middels konfliktpotensiale 3 og stort konfliktpotensiale 5. Samla konfliktpotensiale for eit område finn ein ved å summere konfliktpotensiale for dei 6 tema. Lågt konfliktpotensiale tilseier ein sum mellom 6 og 10, middels 11-18 og stort 19-30. Det er ingen områdar med stort konfliktpotensiale i Hyllestad kommune.

VURDERING:

Regional plan for vindkraft tek mål av seg å bli eit styrande dokument i saker som omhandlar vindkraft. Slik planen no ligg føre, er det i praksis små avgrensingar for vindparkar i kommunen då alle områda i Hyllestad har eit lite eller middels samla konfliktpotensiale. Retningslinene opnar for at også område med stort konfliktpotensiale kan utbyggast dersom avbøtande tiltak er tilfredsstillande og tiltaket har lokal politisk støtte.

Grunnlaget for vurderingane av konfliktpotensiale er basert på eksisterande registreringar for dei 6 ulike temaområda. Områda som er interessante for vindkraftutbygging er i stor grad høgtliggende fjellområde, og i slike område er det mest ikkje gjort registreringar i det heile. Det same er tilfelle for registreringar av kulturminne og –miljø. I praksis er det difor alltid naudsynt med vesentleg kartleggingsarbeid i samband med ein eventuell søknad om vindkraft i Hyllestad.

Mangefullt kunnskapsgrunnlag kan medføre at samla konfliktpotensiale for eit område vert lågt. Samstundes er det sett ei relativt høg grense for kva som vert rekna for middels samla konfliktpotensiale, og dette gjer i sum at planen har ein avgrensa funksjon som styringsverktøy på regionalt nivå.

Kvernsteinsbrota i Hyllestad er kulturmiljø av stor verdi og representerar eitt av dei største kulturminneområda her i landet. Det strekkjer seg over eit om lag 27 kvadratkilometer stort område, fordelt på til saman 17 gardar inst i Åfjorden. Her finn ein omfattande spor etter uttak av steinkrossar, handkverner og kvernsteinar. Drifta kan sporast attende til 700-talet og med eksport til både Nordsjøområdet og Baltikum. Dette forhistoriske industriområdet er av nasjonal verdi.

Lifjell-området har status som regionalt viktig friluftsområde. Lifjellet er dessutan eit spesielt attraktivt turområde der mellom anna det årlege og populære arrangementet "Lihestklyvet" trekkjer folk frå eit stort geografisk område. Lihesten er dessutan eit kjend landemerke som mange forbinder med Hyllestad

Administrasjonen er innforstått med at også Hyllestad skal ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi. Ein må samstundes ta på alvor at mange som bur i område med mykje natur, gjev tilgangen til naturen og opplevinga av landskapet ein svært høg verdi. I mange tilfelle er dette hovudgrunnen til at dei vel å busetje seg – og bli buande – i slike område. Etablering av vindkraftanlegg er eit konfliktfyllt tema der grunneigarar/innbyggjarar kan ha totalt ulike synspunkt. Ein regional plan som kan medføre at eit område (kommune) får eit stort regionalt ansvar for produksjon av vindkraft, gjev lokalpolitiske utfordringar og kommunane må framleis ha høve til å vere ein viktig part i handsaming av vindkraftutbyggingar. Med dagens tilgjengelege informasjon og kunnskapsgrunnlag er det etter administrasjonen sitt syn vanskeleg å lage eit verkty som kan avgrense utbyggingane i Hyllestad i tilstrekkeleg grad.

Konklusjon

For Hyllestad kommune kan det – med utgangspunkt i framlegget til Regional plan for vindkraft – sjå ut som om tilhøva ligg godt til rette for vindkraftverk. Vindmølleparkar er store inngrep i naturen og set store krav til konsekvensutgreiingar i samband med søknad om konsesjon.

Områder av nasjonal og regional verdi, slik som kvernsteinslandskapet i Hyllestad og friluftsområdet på Lifjellet, må skånest for utbygging.

Planen peikar etter administrasjonen sitt syn på mogelege områdar for kvar vindmølleparkar kan utbyggast. Kartlegginga som ligg til grunn er mangefull. Konsekvensutgreiingane ved

søknad om konsesjon vert difor viktig for å få eit endeleg bilet av verdien til eit mogeleg utbyggingsområde. Det bør difor (framleis) vere denne prosessen som får avgjerande betydning for kvar vindparkar vert plasserte. Det er på dette stadiet i søknadsprosessen viktig at faktagrunnlaget er godt nok til at det kan fattast eit endeleg vedtak av kommunestyret.



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
10/534-9

Dykker ref.

Arkiv
K1-123, K2-S82

Dato:
18.10.2010

UTTALE FRÅ ASKVOLL KOMMUNE TIL REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT I SOGN OG FJORDANE

Kommunestyret i Askvoll er orientert om og har drøfta saka. Formannskapet har fatta følgjande vedtak i saka:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet sender høyningsuttale til regional plan for vindkraft som framlagt i saka. Innspel og saksutgreiing vert lagt ved som bakgrunnsinformasjon.

14.10.2010 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet sender høyningsuttale til regional plan for vindkraft . .
Innspel og saksutgreiing vert lagt ved som bakgrunnsinformasjon.

FOR-090/10 VEDTAK:

Formannskapet sender følgjande høyningsuttale til regional plan for vindkraft :

1. Det ligg mange føringer i regional plan for vindkraft som ikkje kjem godt nok fram i utkastet.
Det er ei svakheit at kunnskapsgrunnlaget dels er gammalt og dels ufullstendig.
2. Planen tek for seg konfliktnivåa, men ikkje kor godt dei ulike områda er egna for vindkraftutbygging. Geografi er avgjerande for kostnader med infrastruktur og utbygging. Avstand til, kapasitet på og eventuell konflikt ved etablering av kraftlinjer vil vere like avgjerande spørsmål. Område med låg konfliktgrad i planen kan vere bortimot uaktuelle å bygge ut på grunn av andre faktorar. Planen vert difor ikkje noko godt grunnlag for prioritering av faktiske utbyggingsar.

3. Utbygging av vindkraft er arealkrevjande og kan redusere mange av dei kvalitetane som vi satsar på å framheve for innbyggjarar, tilflyttarar og turistar. Vi ønskjer at eventuell utbygging av vindkraft i vår kommune skal vere styrt av kommuneplanprosessar og sterk lokal forankring.
4. Når det gjeld temakarta som ligg i botnen for vurderingane er særleg temakart for friluftsliv og reiseliv for därlege i høve no-situasjonen i Askvoll. Desse er gjennomgåande for lågt verdsett i planen, og desse karta må sjåast på i heilskap. Dei andre temakarta må rettast opp jamfør merknadane i saksutgreiinga.

Vi ber om at verdiane i tabell 3.4.2 vert gjennomgått på nytt. Vedlagde tabell kan vere eit utgangspunkt for gjennomgangen.

Område	Land-skap		Kultur minne		INON		Frilufts liv		Biologisk mangfal		Land bruk		Totalt	
Eitrenipa	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Indrevågef	M	3	L	1	M	3	M	3	M	3	L	1	M	14
Toreheia	L	1	S	5	S	5	M	3	M	3	M	3	S	20
Portafj.	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Moldura	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Atløy	M	3	M	3	S	5	S	5	S	5	M	3	S	24
Gjelsvikf	L	1	L	1	L	1	M	3	L	1	L	1	L	8
Steinheia	L	1	L	1	M	3	M	3	M	3	L	1	M	12
Hekkelfj	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12

S – stort, M – middels, L – lite

5. Følgjande må innarbeidast i tekstdelen om Askvoll:

Kulturminne

- bygningsmiljøet i Værøyhamna nemnast.

Reiseliv:

- kommunen satsar på tilrettelegging for friluftsliv og naturbasert reiseliv. Informasjonssenter for sjøfuglvern er under etablering. Det er investert mykje i gjestehamnene dei siste åra. Hyttefelt er etablert ved Nervika, Flokeneset, Stafsnes og Herland. Fleire hyttefelt er regulerte og under planlegging. Pakketurar som øyhopping og fjordtur på Dalsfjorden er med på å auke besøkstala og marknadsføre området. Det er ei rekke lokale festivalar og arrangement i sommarmånadane som byggjer på natur og kulturopplevelingar. Utleigehytter i heile kommunen. Fleire galleri, bygdemuseum og pubar/serveringsstader som er opne i sommarhalvåret/sesongen.

Fleire produksjonsbedrifter som og fungerar som turistattraksjonar og besøkspunkt; Helle knivfabrikk, Landøy stein.

Spennande satsingar som Sunnfjord Geo Senter, Askvoll sjømat og delikatesse, Floren i Bulandet, og Butesail i Stongfjorden

Friluftsliv

- Alden bør med same grunngjeving som Utvær og Hoddevika ha nasjonal verdi.

Biologisk mangfold

-Askvoll har 15 sjøfuglreservat og 2 våtmarksreservat. Vi jobbar med etablering av informasjonssenter for sjøfuglvern på Værlandet.

Anna

-Kommunedelplanen for Balandet og Værlandet er i sluttfasen, og her vert det set av eit utviklingsområde aust på Værlandet der ein tenker seg framtid næring/utbyggingsaktivitet. Vindmøller har vore mellom dei alternativa til framtidig utnytting av arealet som har vore diskutert.

Innspel og saksutgreiing vert lagt ved som bakgrunnsinformasjon.

Vedtaket kan pålagast innan 3 veker.

Med helsing

Lene Gjelsvik
rådgjevar

Direkte tlf.: 57 73 07 05

Kopi til:

Arild Gjervik	6984	STONGFJORDEN
Forum for natur og friluftsliv		
Sogn og Fjordane	6984	STONGFJORDEN
Gustav Skaar	6984	STONGFJORDEN
Stongfjorden Vel	6984	STONGFJORDEN
Håvard Yndestad		



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	14.10.2010	090/10	LEG
Saksbeh Lene Gjelsvik	Arkivsaknr 10/534- 4	Arkiv K1-123, K2- S82	

UTTALE FRÅ ASKVOLL KOMMUNE TIL FRAMLEGG TIL REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet sender høyingsuttale til regional plan for vindkraft som framlagt i saka. Innspel og saksutgreiing vert lagt ved som bakgrunnsinformasjon.

14.10.2010 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet sender høyingsuttale til regional plan for vindkraft . .
Innspel og saksutgreiing vert lagt ved som bakgrunnsinformasjon.

FOR-090/10 VEDTAK:

Formannskapet sender følgjande høyingsuttale til regional plan for vindkraft :

1. Det ligg mange føringer i regional plan for vindkraft som ikkje kjem godt nok fram i utkastet.
Det er ei svakheit at kunnskapsgrunnlaget dels er gammalt og dels ufullstendig.
2. Planen tek for seg konfliktnivåa, men ikkje kor godt dei ulike områda er eagna for vindkraftutbygging. Geografi er avgjerande for kostnader med infrastruktur og utbygging. Avstand til, kapasitet på og eventuell konflikt ved etablering av kraftlinjer vil vere like avgjerande spørsmål. Område med låg konfliktgrad i planen kan vere bortimot uaktuelle å bygge ut på grunn av andre faktorar. Planen vert difor ikkje noko godt grunnlag for prioritering av faktiske utbyggingar.

3. Utbygging av vindkraft er arealkrevjande og kan redusere mange av dei kvalitetane som vi satsar på å framheve for innbyggjarar, tilflyttarar og turistar. Vi ønskjer at eventuell utbygging av vindkraft i vår kommune skal vere styrt av kommuneplanprosessar og sterkt lokal forankring.
4. Når det gjeld temakarta som ligg i botnen for vurderingane er særleg temakart for friluftsliv og reiseliv for därlege i høve no-situasjonen i Askvoll. Desse er gjennomgåande for lågt verdsett i planen, og desse karta må sjåast på i heilskap. Dei andre temakarta må rettast opp jamfør merknadane i saksutgreiinga.

Vi ber om at verdiane i tabell 3.4.2 vert gjennomgått på nytt. Vedlagde tabell kan vere eit utgangspunkt for gjennomgangen.

Område	Land-skap		Kultur minne		INON		Frilufts liv		Biologisk mangfal		Land bruk		Totalt	
Eitrenipa	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Indrevågef	M	3	L	1	M	3	M	3	M	3	L	1	M	14
Toreheia	L	1	S	5	S	5	M	3	M	3	M	3	S	20
Portafj.	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Moldura	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Atløy	M	3	M	3	S	5	S	5	S	5	M	3	S	24
Gjelsvikf	L	1	L	1	L	1	M	3	L	1	L	1	L	8
Steinheia	L	1	L	1	M	3	M	3	M	3	L	1	M	12
Hekkelfj	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12

S – stort, M – middels, L – lite

5. Følgjande må innarbeidast i tekstdelen om Askvoll:

Kulturminne

- bygningsmiljøet i Værøyhamna nemnast.

Reiseliv:

- kommunen satsar på tilrettelegging for friluftsliv og naturbasert reiseliv. Informasjonssenter for sjøfuglvern er under etablering. Det er investert mykje i gjestehamnene dei siste åra. Hyttefelt er etablert ved Nervika, Flokeneset, Stafsnes og Herland. Fleire hyttefelt er regulerte og under planlegging. Pakketurar som øyhopping og fjordtur på Dalsfjorden er med på å auke besøkstala og marknadsføre området. Det er ei rekke lokale festivalar og arrangement i sommarmånadane som byggjer på natur og kulturopplevingar. Utleigehytter i heile kommunen. Fleire galleri, bygdemuseum og pubar/serveringsstader som er opne i sommarhalvåret/sesongen.

Fleire produksjonsbedrifter som også fungerar som turistattraksjonar og besøkspunkt; Helle knivfabrikk, Landøy Stein.

Spennande satsingar som Sunnfjord Geo Center, Askvoll sjømat og delikatesse, Floren i Balandet, og Butesail i Stongfjorden

Friluftsliv

- Alden bør med same grunngjeving som Utvær og Hoddevika ha nasjonal verdi.

Biologisk mangfold

-Askvoll har 15 sjøfuglreservat og 2 våtmarksreservat. Vi jobbar med etablering av informasjonssenter for sjøfuglvern på Værlandet.

Anna

-Kommunedelplanen for Balandet og Værlandet er i sluttfasen, og her vert det set av eit utviklingsområde aust på Værlandet der ein tenker seg framtid næring/utbyggingsaktivitet. Vindmøller har vore mellom dei alternativa til framtidig utnytting av arealet som har vore diskutert.

Innspel og saksutgreiing vert lagt ved som bakgrunnsinformasjon.

SAKSDOCUMENT:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	08.06.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT - OFFENTLEG ETTERSYN
2	I	29.09.2010	Gustav Skaar	FRÅSEGN TIL REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT
6	I	01.10.2010	Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Joar Helgheim	REGIONAL PLAN VINDKRAFT - BAKGRUNNSTAL
3	I	03.10.2010	Arild Gjervik	INNSPEL TIL FYLKESPLAN FOR VINDKRAFT

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Høyring – Regional plan for vindkraft (Sogn og Fjordane)

Saksutgreiing:

Askvoll kommune har fått forlenga frist til 14. oktober med å komme med innspel. Saka har vore presentert i kommunestyret, og på heimesidene til kommunen. Dette i tillegg til fylkeskommunen si offentleggjering. Det har komme tre innspel til kommunen si handsaming.

For å kunne samanlikne tala i planen med lokale referansar har eg fått følgjande bakgrunnstal frå sakshandsamar i fylkeskommunen:

Døme på produksjon frå vindturbin:

- ca. 3 GWh/år pér MW installert effekt
- Ein vanleg vindturbin på 2 MW produserer altså ca. 6 GWh/år
- Lutelandet er planlagt med 60 MW installert effekt og ein årleg produksjon på ca. 190 GWh/år
- Småkraftverk i Rivedalselva har 3,4 MW installert effekt og ein estimert produksjon på ca. 16 GWh/år (dvs 4,7 GWh per MW installert)
- I planen har vi estimert eit produksjonspotensial på 540 MW installert effekt innafor dei analyseområda som ligg i Askvoll. Dette vil svare til ein produksjon på ca. 1600 GWh/år (1,6 TWh/år)
- Elles er det usikkert kva kapasitet som vert tilgjengeleg i nettet for Askvoll. Vi har antyda ein kapasitet både nord for Askvoll (Grov/Åakora: 500 MW som opnar for ein vindkraftproduksjon på ca 1500 GWh) og sør for Askvoll (Lutelandet: 150 MW ~ 450 GWh). Dersom det skal byggjast ut store vindkraftanlegg i Askvoll vil ein vere avhengig i å knyte seg til eit av desse (eller begge) områda.

Vurdering:

Det er ei rekke føresetnader i planen:

- Vindressurs: 7m/s årsmiddelvind
- Område minimum 500 meter frå busetnad
- Ikkje del av verneområde
- Minimum 10 km² samanhengande areal
- Linjeføring er ikkje vurdert.

I tillegg er det ein del føresetnader som ikkje kjem godt fram i planutkastet, men som ligg i førarbeidet og saksutgreiingane til fylkeskommunen. Dette går særleg på grenseverdiar, berekningar av produksjon/kapasitet, vurderingar av linjekapasitet, føresetnader om utbygging av vasskraftpotensiale før vindkraft og liknande.

Faktagrunnlaget

Askvoll kommune fekk førespurnad om å komme med innspel til temadata mai 2008 som det ikkje ser ut til at vi har gjeve tilbakemelding på. Dette kan vere noko av grunnen til at faktagrunnlaget dels er unøyaktig.

Når det gjeld fagtema så viser eg og særleg til innspel frå Gustav Skaar. Her er det ei oversikt over faktaopplysninga når det gjeld artsobservasjonar og friluftsliv som bør vise att i faktadelen.

Landskap:

Det er gjort ei omfattande landskapsanalyse. I Askvoll er Området Værlandet – Alden av landskapsverdi A, regional og nasjonal betydning. Vilnesfjorden registrert med B – Stor regional verdi og Ryggsteinhavet/Brufjorden samt Førdefjorden med verdi C.

Vi har ikkje hatt høve til å sette oss grundig inn i denne analysa. Eg stiller likevel spørsmål ved kvifor Atløy ikkje er vurdert som del av området Værlandet – Alden. Atløy har unike kvalitetar når det gjeld geologi. Stort ferskvatn som Herlandsvatnet er utypisk og sjeldan så langt ute ved kysten. Også på områda vegetasjonstype, biologisk mangfald, kulturlandskap har Atløy store verdiar. Ut i frå geografisk eining og regional planlegging burde området Værlandet – Alden – Atløy høyrte saman.

I tabell 3.4.2 bør verdien på Atløy i alle fall vere middels på analyseområde landskap.

Biologisk mangfald

Fagtema biologisk mangfald må sjåast opp mot registreringane i Askvoll kommune. I tillegg til dei områda som er avmerka på kartet så må vi vere merksame på:

- Kyllaren – viktig våtmarksområde for fugl
- Kystfuruskogen i Flokenesområdet
- Punktlokalitetar som er viktige: Lia/Liavikja, lokalitetar med edellauvskog i sørhellingar og liknande

I høve vindmøller så er det omsynet til fugl som vil vege tyngst i første omgang. Dei andre punkta vert meir aktuelle når det kjem til linjeføring og infrastruktur.

Askvoll har 15 sjøfuglreservat og 2 våtmarksreservat. Vi jobbar med etablering av sjøfuglsenter på Værlandet.

I høve temakartet bør alle naturreservata i Askvoll merkast som naturtype nasjonal verdi. Kystfuruskogen i Flokeneset bør merkast som naturtype regional verdi.

I Tabell 3.4.2 bør status på Indrevågefjell endrast frå lite til middels. Det bør gå tydelegare fram i planen at negative konsekvensar for trekkande fugl langs kysten kjem i tillegg til vurderingar av biologisk mangfald på kvart område.

INON

Har ingen direkte merknader til dette. Vi har i praksis ikkje områder som ligg meir enn 5 km frå inngrep. Alle vurderte lokalitetar for vindmøller er område som i dag har få inngrep og er relativt uberørte. Tabellverdiane for Askvoll er ok på dette temaet.

Friluftsliv

Inndeling i område er ikkje logisk i høve friluftslivet. Fastlandsaskvoll vert som oftest sett på som eit område i friluftslivsamanheng. Indre Sunnfjord Turlag si satsing på stinettet "Frå fjord til bre" understøttar dette. Det er difor ikkje naturleg at Moldura og Hekkfjell skal ha lågare verdi enn resten av området. Vi veit at ny infrastruktur som Dalsfjordbrua vil gje fjellområda i Askvoll endå sterkare betydning som regionalt utfartsområde.

Reiselivssatsinga generelt er basert på natur og friluftslivopplevelingar. Gjestehamnene profilerer seg på dette, og aktivitetar som padling og sykling aukar i popularitet. Gjennom Kystarvprosjektet vert det jobba for 20 nye turstiar i heile kommunen. Turkart og turbok kjem som ei oppfølging i 2011.

Dei siste åra er det ei satsing på fysisk aktivitet og turar i nærområdet i alle bygder. Vi har organiserte opplegg og faste turar gjennom helselag, barnas turlag, fjelltrim, turorientering m.m og høg aktivitet lokalt.

Då kommunen jobba med profilutforming for 5-6 år sidan var det gjennomgåande i folkemöte og spørjeundersøkingar at natur og friluftsliv og tilgangen til dette som var av dei viktigaste kvalitetane i kommunen. Dette er viktig for lokal identitet, bu-lyst og tilflytting.

Atløy har regulert ei rekke område til hytter dei seinare åra, og det er gjort ein stor innsats i tilrettelegging av stiar på øya. Gamle ferdelsvegar, geologiløypa og toppturar. Dei har Nordsjøløype og eit stinett av høg kvalitet. Med satsinga dei siste åra har øya blitt eit regionalt viktig område for friluftsliv. Det same med tilrettelegginga på Værlandet.

Temakartet for friluftsliv: Det er eit paradoks at naturreservata på dei ytste øyane i Askvoll kommune er merkt som regionalt viktige område for friluftsliv – ettersom det her er ilandstigningsforbod tre månader i året, og dei ikkje er spesielt tilgjengelege for "folk flest" resten av året. Fjellområda i Holmedalsfjella som er eit mykje nytta utfartsområde har ingen verdisetting, heller ikkje Steinheia som er viktig turområde for kommunenesenteret Askvoll og båtfolket. Loftheimsåsen er avmerka som regionalt viktig område for friluftsliv. I praksis er vel dette området av stor lokal interesse.

Alden bør med same grunngjeving som Utvær og Hoddevika ha nasjonal verdi.

Temakartet for friluftsliv bør teiknast på nytt for Askvoll kommune. Nye merka turstiar i alle delar av kommunen må med. Konfliktpotensiale for friluftsliv er generelt sett alt for lågt i kommunen. I tillegg er landskapet slik at dersom ein av lokalitetane vert utbygd med vindmøller så vil det vere synleg og ha ein visuell effekt i alle dei andre friluftslivområda.

Tabell 3.4.2. bør justerast slik at Toreheia, Moldura, Steinheia og Hekkelfjell får status middels og Atløy status stor på tema friluftsliv.

Kulturminne – kulturmiljø

På temakartet under utvalde kulturmiljø bør Vilnes Kyrkje på Atløy og Værøyhamna merkast av. I tekstdelen bør bygningsmiljøet i Værøyhamna nemnast. (Sjøhusmiljø fra 1800-talet) Vi kjenner ikkje til at det skal vere så stor kulturminnegang/kulturmiljøverdi knytt til området Steinheia. Dette må grunngjenvært eller så må verdien settast ned til liten

Reiseliv

Temakartet er ufullstendig. I tekstdelen bør det komme fram at kommunen satsar på tilrettelegging for friluftsliv og naturbasert reiseliv. Informasjonssenter for sjøfuglvern er under etablering. Det er investert mykje i gjestehamnene dei siste åra. Hyttefelt er etablert ved Nervika, Flokeneset, Stafsnes og Herland. Fleire hyttefelt er regulerte og under planlegging. Pakketurar som øyhopping og fjordtur på Dalsfjorden er med på å auke besøkstala og marknadsføre området. Det er ei rekke lokale festivalar og arrangement i sommarmånadane som byggjer på natur og kulturopplevingar. Utleigehytter i heile kommunen. Fleire galleri, bygdemuseum og pubar/serveringsstader som er opne i sommarhalvåret/sesongen. Fleire produksjonsbedrifter som og fungerar som turistattraksjonar og besøkspunkt; Helle knivfabrikk, Landøy Stein.

Spennande satsingar som Sunnfjord Geo Senter, Askvoll sjømat og delikatesse, Floren i Balandet, og Butesail i Stongfjorden

Manglar på temakartet:

- Hyttefelte i kommunen
- Småbåthamn i Kvammen, Gjestehamner Askvoll sentrum
- Fleire utleigehytter i Flokeneset
- Stongfjorden Geo-senter
- Hytteutleige Helle
- Ride- og aktivitetsgard Alfred Olset
- Hytteutleige Rivedal
- Overnatting – hotell
- Hytteutleige Balandet – fleire aktørar
- Aktivitetar i øyene – fleire
- Sunnivasenteret, Olset
- M.m

Vi lurer og på om gardane Lia og Liavikja kvalifiserar til aktivitetssymbol på temakartet reiseliv. Gardane er attraksjonar og eigar er positiv til turgåing og besøk, men dersom dette nok til aktivitetssymbol, så har vi svært mange aktivitetssymbol som må plasserast i kommunen.

Temakart reiseliv har store manglar for Askvoll kommune.

Generelle merknader til planen

Det er bra at ein får ein samla gjennomgang av fylket når det gjeld denne type utbyggingar. Om planen er god nok er eit anna spørsmål. Det er ei svakheit at kunnskapsgrunnlaget dels er gammalt og dels ufullstendig. Føresetnadane er litt for utslede i planen. Planen tek for seg konfliktnivå, men ikkje kor godt dei ulike områda er egna for vindkraftutbygging.

Geografi er avgjerande for kostnader med infrastruktur og utbygging. Avstand til, kapasitet på og eventuell konflikt ved etablering av kraftlinjer vil vere like avgjerande spørsmål. Område med låg konfliktgrad i planen kan vere bortimot uaktuell å bygge ut på grunn av andre faktorar. Planen vert difor ikkje noko godt beslutningsgrunnlag for prioritering av faktiske utbyggingar.

I vår kommune kjem ein fort opp i vurderingar av typen vindkraft vs vasskraft. I framtida må vi rekne med at fornybar energi vert endå viktigare. Som lokalsamfunn må vi ta ansvar for å sikre energiforsyninga, også utover eigne behov. At vi i framtida må gjere nokre naturinngrep for å auke energiproduksjonen er eg rimeleg sikker på. Men det er viktig at vi tek debatten om korleis dette skal gjerast, for å få mest mogleg energi ut av minst mogleg inngrep. At det no er eit stort fokus på vindkraft betyr ikkje at det er ei framtidsretta løysing for alle kystkommunane/fylke i Noreg å bygge ut vindkraftanlegg. Spådommane seier at neste generasjon vindkraftanlegg kjem til havs. Kanskje Sogn og Fjordane sine føresetnader for vindkraft er størst i neste runde?

Det er lite talgrunnlag, og lite vurderingar kring vindkraft i planen. Det vert sagt at Sogn og Fjordane ønskjer å vere eit pilotfylke innan vindkraft. Ønskjer vi det? Er det mogleg sett utifra dei vindkraftanlegga som allereie er etablert i Noreg? Kva betyr det å vere eit pilotfylke på vindkraft? Kanskje det er næringsutvikling knytt til teknologi og kunnskapsgrunnlag for vindkraftutbygging vi ønskjer å verte gode på – og ikkje sjølv anlegga.

Kor ”grøn” er vindkrafta? Vasskraftutbygging er meir effektivt, og krev mindre inngrep. Sjølve vindmøllene kan fjernast, men infrastrukturen i form av vegar, fundament og kaianlegg er varige naturinngrep. Kraftlinje kjem i tillegg til sjølve anlegga. Blada har ikkje så lang levetid – ca 20 år – det vil seie kortare enn konsesjonstida på anlegget.

Det er nokre paradoks i dette:

- for å bygge vindmøller så krev det ein vegstandard på anleggsvegen som er langt høgare enn nokon eksisterande veg i kommunen (bæreevne og kurvatur).
- Det er i utgangspunktet ikkje lov å bygge i strandsona i kommunen vår, i ei øde vik utan innsyn. Men storsamfunnet vurderar å etablere vindmølleanlegg på dei høgaste ryggane som vert synlege frå store delar av kommunen.
- I område som er vurdert for vindmølleutbygging får privatpersonar avslag på å sette opp mindre bygg på grunn av naturkvalitetar.

Askvoll kommune kan ikkje få i pose og sekk. Vi kan ikkje både selje urørt natur og friluftslivmøgleheter til potensielle tilflyttarar og turistar, OG bygge ut vindkraftpotensialet i kommunen.

Vi kan sjå for oss at mindre anlegg og få anlegg – utarbeidd i tett dialog med kommunen og lokalsamfunn i grundige prosessar kan vere aktuelt også i vår kommune. Regional plan for vindkraft er ikkje grundig nok til å vere beslutningsgrunnlag i utbyggingssaker. Det er viktig at eventuelle framtidige vindkraftanlegg vert forankra i kommuneplan/kommunedelplanar.

Kommunedelplanen for Balandet og Værlandet er i sluttfasen, og her vert det set av eit utviklingsområde aust på Værlandet der ein tenker seg framtid næring/utbyggingsaktivitet. Windmøller har vore mellom dei alternativa til framtidig utnytting av arealet som har vore diskutert.

Askvoll kommune står og 100% bak utvikling av industriområdet på Lutelandet med vindkraftutbygging der.

Saksutgreiinga og dei innspel som har komme til kommunen vert lagt ved høringsuttalen som bakgrunnsinformasjon.

Framlegg til høringsuttale frå Askvoll kommune til regional plan for vindkraft:

Det ligg mange føringar i regional plan for vindkraft som ikkje kjem godt nok fram i utkastet. Det er ei svakheit at kunnskapsgrunnlaget dels er gammalt og dels ufullstendig. Noko betre talgrunnlag på produksjon, utbyggings- og produksjonskostnader og vedlikehald av vindkraftanlegg hadde vore nyttig å legge inn i sjølve planen

Planen tek for seg konfliktnivå, men ikkje kor godt dei ulike områda er egna for vindkraftutbygging. Geografi er avgjerande for kostnader med infrastruktur og utbygging. Avstand til, kapasitet på og eventuell konflikt ved etablering av kraftlinjer vil vere like avgjerande spørsmål. Område med låg konfliktgrad i planen kan vere bortimot uaktuelle å bygge ut på grunn av andre faktorar. Planen vert difor ikkje noko godt grunnlag for prioritering av faktiske utbyggingar.

Askvoll kommune er generelt restriktive til utbygging av vindkraft. Det er arealkrevjande og reduserer mange av dei kvalitetane som vi satsar på å framheve til potensielle tilflyttarar og turistar. Vi ønskjer at eventuell utbygging av vindkraft skal vere styrt av kommuneplanprosessar og ha ei sterk lokal forankring.

Når det gjeld temakarta som ligg i botnen for vurderingane er særleg temakart for friluftsliv og reiseliv for dårlege i høve no-situasjonen i Askvoll. Desse er gjennomgåande for lågt verdsett i planen, og desse karta må sjåast på i heilskap. Dei andre temakarta må rettast opp jamfør merknadane i saksutgreiinga.

Vi krev at verdiane i tabell 3.4.2 vert endra til:

Område	Land-skap		Kultur minne		INON		Frilufts liv		Biologisk mangfal		Land bruk		Totalt	
Eitrenipa	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Indrevågef	M	3	L	1	M	3	M	3	M	3	L	1	M	14
Toreheia	L	1	S	5	S	5	M	3	M	3	M	3	S	20
Portafj.	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Moldura	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12
Atløy	M	3	M	3	S	5	S	5	S	5	M	3	S	24
Gjelsvikf	L	1	L	1	L	1	M	3	L	1	L	1	L	8
Steinheia	L	1	L	1	M	3	M	3	M	3	L	1	M	12
Hekkelfj	M	3	L	1	M	3	M	3	L	1	L	1	M	12

S – stort, M – middels, L – lite

Følgjande må innarbeidast i tekstdelen om Askvoll:

Kulturminne

- bygningsmiljøet i Værøyhamna nemnast.

Reiseliv:

- kommunen satsar på tilrettelegging for friluftsliv og naturbasert reiseliv.
Informasjonssenter for sjøfuglvern er under etablering. Det er investert mykje i gjestehammene dei siste åra. Hyttefelt er etablert ved Nervika, Flokeneset, Stafsnes og Herland. Fleire hyttefelt er regulerte og under planlegging. Pakketurar som øyhopping og fjordtur på Dalsfjorden er med på å auke besøkstala og marknadsføre området. Det er ei rekke lokale festivalar og arrangement i sommarmånadane som byggjer på natur og kulturopplevingar. Utleigehytter i heile kommunen. Fleire galleri, bygdemuseum og pubar/serveringsstader som er opne i sommarhalvåret/sesongen.
Fleire produksjonsbedrifter som og fungerar som turistattraksjonar og besøkspunkt; Helle knivfabrikk, Landøy stein.
Spennande satsingar som Sunnfjord Geo Senter, Askvoll sjømat og delikatesse, Floren i Bulandet, og Butesail i Stongfjorden

Friluftsliv

- Alden bør med same grunngjeving som Utvær og Hoddevika ha nasjonal verdi.

Biologisk mangfald

- Askvoll har 15 sjøfuglreservat og 2 våtmarksreservat. Vi jobbar med etablering av informasjonssenter for sjøfuglvern på Værlandet.

Anna

- Kommunedelplanen for Bulandet og Værlandet er i sluttfasen, og her vert det set av eit utviklingsområde aust på Værlandet der ein tenker seg framtid næring/utbyggingsaktivitet. Vindmøller har vore mellom dei alternativa til framtidig utnytting av arealet som har vore diskutert.

Fra: Arild Gjervik
Sendt: 03.10.2010
Til: Askvoll postmottak
Kopi:
Emne: Innspel til Fylkesplan for vindkraft

Hei

•sende innspel til Askvoll kommunen innan 5. oktober. Dette vert då med i vurderinga i forkant av den kommunale høyringsuttalen.

Stongfjorden har hatt saka til debatt på ORIGO og eg ber om at dette vert teke med som høyringsuttale.
http://stongfjorden.origo.no/-/bulletin/show/598741_fylkesplan-for-vindkraft

Mvh. Arild Gjervik
E-post gu-gjerv@online.no <<mailto:gu-gjerv@online.no>>
Tlf.97157462




Foto Ketil Løken



Aperitivum Bilder Kalender Tekster Bildeverket Avstemninger

Bildet er publisert med røptegn og har blitt hentet fram på Fjordsglimt (fredag 1. oktober). Les mer om bildet

Sek

Fylkesplan for vindkraft



Fylkeskommunen har sendt Fylkesdelen plan for vindkraft ut på høring med frist for innspel 01.10.10. Askvoll kommune har fått forlenget frist til 14.10.10.

Organisasjonar, næringsliv eller andre som har høring til planen kan gjere dette på to måtar:

- sende høyringsuttale direkte til fylkeskommunen innan 1. oktober. Send gjerne kopi til kommunen
- sende innspel til Askvoll kommunen innan 5. oktober. Dette vert då med i vurderinga i forkant av den kommunale høyringsuttalen
- Formannskapet vedtek høyringsuttale i mota 14.10.10

Dokumentasjon Innspel



Anita G
fredag 20. september kl. 22:00 - fra

Kommentarer

Banneret viser del som kan bli Stongfjordingane sitt nye utsyn. Fylkesutvalget har åpna for vindmøller på begge sider av Stongfjorden helt ut til Stevneset og Åføy. Vindmøller på desse stasjonene vil dominere utsynet saars mykje og fordi fjella ikkje er høge (Høgeheia ca. 400 moh) i forhold til vindmøllene, og vindmøllene vil vere dominante profil i kontrast mot himmel og hav. Windmøllene på bildet har realistisk høgde ca. 125 m, som er standard for dagens vindmøller.




Anita G
fredag 20. september kl. 22:00 - fra

Dette ser spøke ut. Usernekt hva med nokre vindmøller på fykkeshus i Leikanger og på diverse radius rundt forb? Eg fattar ikke al politikarane i vår fylke som er mecenat der mestproduserande av REIN vasskraft, skal vere så gira på å øyføregjenge kysten med eit subsideskjul. Windmøller er dårlig butikk



Aud E. G
fredag 20. september kl. 22:00 - fra

Jeg skulle tenke at møllene skulle plasseres ved sjøsiden av Hegeheia, ikke ved landssiden. Plassering ved landsiden skulle betyr at de står i ly av vinden, og da produserer de færre energi. Og hvis de står ved sjøsiden står de bak fjellet og mindre i synet for Stongfjorden



Kalender

Lerdag 16. oktober

15.00 - Basar, Stongfjorden Grandhotus

Helse kalendelen


Nye bilder




Første bildet

Nyeste kommentarer

Stongfjorden har vært på fokus i mange dager og månader.




Anita G
fredag 20. september kl. 22:00 - fra



Gustav S
fredag 20. september kl. 22:00 - fra

Fjordglimt har fått et nytt utvalg med en rekke nye medlemmer.



Finn A
fredag 20. september kl. 22:00 - fra

straummåler på fjellet i vegen, med ein brylar du lett kunne regulere forbruket til ei kvar tid. Men også dette tok mye.

Dagens forbrukarsamfunn stimulerer til sløsing i alle retningar. Det er feil. Og kvaen skal betale for energislosgang? Jau, det er naturen her ute i våre små bygdesamfunn ved kysten, der dei små fjellhusane ligg nært på oss og er ein del av heimen, både for auga og som vakre utrområde. Skal vi ikke få ha dette i fred lenger heller?

Skal det fortsatt stimulerast til sløsing, så bygg vindmøllene der sløsinga er størst, og det er nok i byar og tellbygd stræk.

Malmfjord Stang

 Malmfjord S
Sendt 3. oktober kl 14 08:17

En liten kommentar

Som de ser av vindkraftplanen har Alvey stort konfliktpotensiale til biologisk mangfold og INON. Og kjem ut med ein middelscore på 18. Truleg vil også eventuelle turbinar her komme i konflikt med busethad.

Konfliktnivået II Stavneset/Høgehøla er ikke vurdert i planen i det hele teke. Dette området er leike ut av prosjekta II Vestavind Kraft AS (uleg pga det høge konfliktnivået til alle elementa (landskap, kulturmilne, INON, biologisk mangfold, landbruk o.a.) i staden er Tørshovs vurder.

Efter mitt syn er difor ei utbygging på Alvey og Stavneset/Høgehøla usannsynleg.

Annetts stilfer det seg med nokre av dei andre 8 vurderer analyseområda (du finn dei i planen). Eg har difor sendt inn ei utførlig fråsøgn til fylkesmannen og Askvoll kommune som vedtjem desse områda.

Du kan lese meir om vindkraft på denne sona på Oingo.

 Gustav S
Sendt 14. oktober kl 14 08:17

Ynfr. efters kommentarar her på Fjalar-sona

 Gustav S
Sendt 14. oktober kl 14 08:17

Logg deg inn etter registrert deg for å bidra.

stongfjorden

Stongfjorden er et stort område med store landstrekninger og mye dyrge. Det er viktig å ta vare på natur og miljøet i området. Det er også viktig å ta vare på historiske og kulturelle verdier. Det er viktig å ta vare på miljøet i området og ikke skade det.



Saksgang:
Plan- og Miljøutvalet
Bystyret

Møtedato:
19.10.10

Saknr.:
023/10

Sakshandsamar:
Steinar Furnes

Arkiv: K2-S82
Objekt:

Arkivsaknr
10/539

UTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT. OFFENTLEG HØYRING.

Kva saka gjeld:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd eit framlegg til regional plan for vindkraft i fylket. Mandatet i saka har mellom anna vore å finne fram til område der vindkraftutbygging kan skje i minst mogleg konflikt med andre interesser, - altså område der ein av omsyn til landskapsverdiar, biologisk mangfald, reiseliv, friluftsinteresser og anna bør unngå utbygging. Planen har vore på offentleg høyring med frist for merknader 1.oktober. Flora kommune har i samråd med fylkeskommunen fått uttalefrist til 20. oktober etter handsaming av saka i plan- og miljøutvalet, og dessutan slik at endeleg uttale kan oversendast etter bystyrehandsaminga 9. november.

Fylkeskommunen ber i oversendingsbrevet om ei vurdering av planframlegget sitt innhald når det gjeld kap. 2 og 3 som omhandlar arealinteresser og konfliktsnivå for dei ulike areala og dessutan av den skisserte fylkeskommunale politikken for vindkraftutbygginga i kap. 4.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora bystyre viser til rådmannen si vurdering når det gjeld den regionale planen for vindkraft og har ikkje vesentlege merknader til denne vurderinga. Bystyret konkluderer såleis i hovudtrekk med at:

- Vurderingsgrunnlaget i planen slik det går fram av plangruppa sitt framlegg til fylkesututvalet i mai bør leggast til grunn i det vidare arbeidet med vindkraftplanen.
- Det bør vurderast om det i planperioden er behov for å legge til grunn eit arealpotensiale for utbygging på 5000 MW vindkraft, når det i retningslinene vert lagt opp til ei målsetting om utbygging av 1000 MW.
- Pkt. 4.1.3 i retningslinene bør vesentleg innskjerpast eller fjernast frå planen.

19.10.10 PLAN- OG MILJØUTVALET

Reysting:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PMUV-023/10 VEDTAK:

Flora bystyre viser til rådmannen si vurdering når det gjeld den regionale planen for vindkraft og har ikke vesentlege merknader til denne vurderinga. Bystyret konkluderer såleis i hovudtrekk med at:

- Vurderingsgrunnlaget i planen slik det går fram av plangruppa sitt framlegg til fylkesututvalet i mai bør leggast til grunn i det vidare arbeidet med vindkraftplanen.
- Det bør vurderast om det i planperioden er behov for å legge til grunn eit arealpotensiale for utbygging på 5000 MW vindkraft, når det i retningslinene vert lagt opp til ei målsetting om utbygging av 1000 MW.
- Pkt. 4.1.3 i retningslinene bør vesentleg innskjerpast eller fjernast frå planen.

Terje Heggheim
Rådmann

Steinar Furnes
Konst. Tenesteiar

Innleiing:

Ei faggruppe nedsett av Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei siste åra utarbeidd eit framlegg til regional plan for vindkraft i fylket. Vurderingane/-skaleringa som mellom anna gjeld konfliktsnivået knytt til dei ulike areala som inngår i vurderingsgrunnlaget er endra ved handsaminga i fylkesutvalet i høve til faggruppa sitt første planframlegg og slik det er skissert i kap. 2 og 3. Retningslinjer for vindkraftutbygging i Sogn og Fjordane er ein del av planen omhandla i kap. 4, og av desse retningslinene går det mellom anna fram at fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på 1000 MW innan år 2025.

Faggruppa bak planen delte ytre delar av fylket i 105 analyseområde, og kom ut frå faglege vurderingar fram til at 41 av desse områda har lite konfliktpotensial, 26 har middels og 38 har stort konfliktpotensial. Gruppa tilrådde i sitt framlegg til fylkesutvalet i mai i år at det i utgangspunktet ikkje skal opnast for vindkraftutbygging i område med stort konfliktpotensial. I område med lite og middels konfliktpotensial som framlagt av fagutvalet, vart det vurdert å vere rom for utbygging av 5000 MW vindkraft, og dermed god plass for dei 1000 MW som dei fylkeskommunale retningslinene legg opp til i kap.4.

Fylkesutvalet valde likevel å overprøve dei faglege vurderingane i planframlegget, og definerte om på kva som skulle vere "stort konfliktpotensial" før vindkraftplanen blei sendt på høyring. I høyringsutkastet er det difor berre 11 analyseområde med stort konfliktpotensial, mot dei 38 som faggruppa hadde kome fram til. Fylkesutvalet si endring av planframlegget betyr at det meste av kystområda i fylket blir føreslått opna for vindkraftutbygging. Eit anna moment er at endringa synest å vere heilt unødvendig fordi målet om 1000 MW vindkraft er realiserbart innanfor det framlegget som faggruppa hadde lagt fram.

Når det samstundes i dei politiske retningslinene pkt 4.1.3 vert opna for mogeleg utbygging også i område med stort konfliktpotensiale, vil det regionale planframlegget ikkje lenger kunne definerast som ein styrande plan for vindkraftutbygginga i fylket.

Som eksempel vert det vist til analysegrunnlag og vurdert konfliktpotensiale for Flora i pkt 3.3.2 der Hovden, Tverrdalsnipa og Håsteinen i faggruppa sitt første framlegg er definert som areal med stort konfliktpotensiale. Dette er omgjort etter handsaminga i fylkesutvalet slik at i planframlegget som er på høyring er berre Hovden avsett som areal med stort konfliktsnivå.

Vurdering:

Den regionale planen for vindkraft vil truleg bli eit sentralt plandokument for kystkommunane i fylket dei neste tiåra. Kysten har eit stort potensiale når det gjeld fornybar energi som vindkraft, sjøvarme og bølgjekraft, men samtidig har kystkommunane også truleg det største potensialet når det gjeld andre og framtidsretta verdiskapande næringer som til dømes reiseliv og matproduksjon. Sjølv om vindkraftanlegga i seg sjølv kan kallast irreversible inngrep, vil konsekvensane knytt til nødvendig infrastruktur ha vesentlege miljømessige konsekvensar. Ein plan som skal kunne vere eit brukbart styringsreiskap for framtidig vindkraftutbygging og kan sjåast opp mot anna viktig verdiskaping, bør difor i vesentleg grad vere meir avgrensande og forutsigbar i si form enn det er lagt opp til i dette plandokumentet.

Administrasjonen er noko skeptisk og undrande til at det i høyringsframlegget er gjort så omfattande politiske val at det opprinnelege faglege grunnlaget i planinnhald og arealvurderingar i stor grad er sett til side. Dersom det frå politisk hald er ønskjeleg å opne for utbygging i alle område inkludert dei svært konfliktfylte areala, burde det på alle måtar vore meir ryddig og tillitsvekkande at dette i hovudsakleg blir konkludert med berre i retningslinene, - som det for så vidt er gjort i pkt. 4.1.3, - og utan ei endring av vurderinga/skaleringa av konfliktsnivået for dei ulike areal. Ut frå lokal kjennskap til areal- og interessekonfliktar i eigen kommune meiner administrasjonen at dei faglege vurderingane i framlegget frå plangruppa framlagt for fylkesutvalet i mai gjev eit meir reelt bilde av konfliktpotensialet enn i planframlegget som er utsendt på høyring, og vil såleis rá til at det opprinnelege framlegget frå plangruppa i vesentleg sterkare grad vert vektlagt i endeleg plan.

I si noverande form kan administrasjonen ikkje sjå at planen vil føre til mindre konflikt mellom vindkraftutbygging, andre interessegrupper og viktige miljøverdiar, men vil truleg heller medføre eit auka konfliktnivå når utbyggingsinteressene får førelagt ein plan som nærast opnar for utbygging på dei fleste areal i kystkommunane. Føremålet med ein slik plan bør mellom anna vere å gjere det forutsigbart for lokalsamfunn, utbyggingsinteresser og andre interessegrupper kva for avgrensa områder som kan vere aktuelle områder for vindkraftutbygging. Dette planframlegget legg ikkje slike føringar, og det kan også på sikt vere negativt for andre typar næringsutvikling.

Ut frå ei samla vurdering konkluderer administrasjonen så langt med at vurderingsgrunnlaget slik det går fram av plangruppa sitt tidlegare planframlegg bør leggast til grunn i den regionale vindkraftplanen, og pkt. 4.1.3 i retningslinene bør vesentleg innskjerpast eller fjernast frå planen. Utover dette bør det vurderast om det er behov for i planperioden å legge til grunn eit arealpotensiale for utbygging på 5000 MW vindkraft, når det i retningslinene vert lagt opp til ei målsetting om utbygging av 1000 MW.

Framlegget til regional plan for vindkraft ligg ved i saka. Ytterlegare informasjon om prosessar og tidlegare planframlegg kan hentast på nettsidene til Sogn- og Fjordane Fylkeskommune, jmf. Link:

[http://www.sj.no/cmssff/cmspublish.nsf/\(\\$All\)/4EF5FA8E1BD2B7B4C125773C00483FB6?OpenDocument](http://www.sj.no/cmssff/cmspublish.nsf/($All)/4EF5FA8E1BD2B7B4C125773C00483FB6?OpenDocument)


Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	08.06.10	Sogn og Fjordane fylkeskommune - Plan- og samfunnsavdelinga	Offentleg ettersyn - Regional plan for vindkraft	

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune - Plan- og
samfunnsavdelinga

Askedalen 6863 LEIKANGER
2



SELJE KOMMUNE

Ordførar

Sakshandsamar:
Gunn R.V. Helgesen

Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Fylkesordførar Nils R. Sandal
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Dykkar ref.

Vår ref.
10/608-5/FA-S82, TI-
&13

Dato:
29.10.2010

Regional plan for vindkraft.

Viser til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt framlegg til Regional plan for vindkraft og til tidlegare innsendte høyringsuttale frå Selje kommune.
Selje kommune har følgjande innspel til den vidare handsaminga av saka.

For at Sogn og Fjordane skal nå målet om å vere eit pilotfylke og ein bidragsytar til ny fornybar energiproduksjon og næringsutvikling, meiner Selje kommune at det er viktig at kommunane sine høyringsinnspele vert tatt omsyn til den vidare handsaming av *Regional plan for vindkraft*.

Det er viktig at ein i tillegg til å finne områder med lågt konfliktpotensiale for vindkraftutbygging, også tek omsyn til at plassering av vindparkar vert i områder der ein har det største potensiale for lønsam produksjon.

Selje kommune meiner at kartgrunnlaget i *Regional plan for vindkraft* er for "grovmaska" og framstiller konfliktpotensialet misvisande. Det kan vere svært uheldig for planen og for dei ulike kommunene om det vert utarbeidd retningslinjer for vindkraftutbygging på dette grunnlaget.


Om ein tek saka vedkomande Okla vindpark i Selje kommune som eksempel, der konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing har vore handsama av kommunestyret, er det ikkje samsvar mellom det svært låge lokale konfliktnivået i saka og det som er framstilt i planen. Alle grunneigarane i vindparken ynskjer utbygging, og handsaming i kommunestyret var 16 for – 1 mot.

Ut frå erfaring, har Selje kommune merka seg at om utbyggjar tilpassar sine planer etter gjeldane planverk for området, etter kommunen og grunneigarane sine krav og innspel, har dette gitt gode resultat og bidrege til svært lavt konfliktnivå i planprosessen.

Skal Sogn og Fjordane nå sitt mål om å bli eit pilotfylke og ein bidragsytar til ny fornybar energiproduksjon og næringsutvikling, må innspela som kjem frå kommunane vege tungt.

Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane kan gå glipp av områder med stort potensiale for produksjon av fornybar energi dersom ein ikkje har ei god samhandling med kommunane i den pågående planprosessen.

Med helsing



Gunn R.V. Helgesen
Ordførar

Kopi til:

Kjartan Longva Leiar
for hovutval Plan og
Nærings

Askedalen 2

LEIKANGER



**Vågsøy kommune
Ordfører**

1 / 1

Vår sakshandsamar:	Dykkar ref.:	Dykkar dato:	Vår ref.:	Vår dato:
Roger Bernt Silden Tlf: 57 84 50 10	07/1802-110	08.06.2010	10/10457	01.11.2010

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Regional plan for vindkraft - Offentleg ettersyn

Ein viser til til høyringssak – Regional plan for vindkraft - med høyringsfrist sett til 01.10.2010.

Vågsøy kommune har tidlegare henvendt seg til fylkeskommunen for å få seinare dato for høyringsuttale frå Vågsøy då ein ikkje har klart å få fram uttale innan den sette frist.

Vågsøy formannskap har i møte 06.10.2010 sett ned ei gruppe på 3 personar til å kome med uttale på vegne av Vågsøy kommune. Med i denne gruppa er ordførar Roger B. Silden, medlem av formannskapet Frank Husevåg og vara til formannskapet Vivian Midtbø.

Gruppa har gått gjennom høyringsdokumentet og har kome fram til ein uttale frå Vågsøy.

Vågsøy har allereide i dag ein vindpark – Mehuken vindpark. I tillegg har planutvalet opna opp utbygging av vindpark på Nibbefjellet i Vågsvåg trass i eit det er eit konfliktområde. Der er foreløpig gjeve dispensasjon for løyve til oppsetting av målemast som skal stå på staden i 3 år, men denne dispensasjonen gjev ingen sjølvfølgje for vidare utbygging. Vidare planer for utbygging vert først lagde når resultat av målingar ligg føre.

Etter å ha gått gjennom høyringsdokumentet vil gruppa kome med slik uttale frå Vågsøy kommune:

1. Vågsøy kommune ser det svært positivt at det er utarbeidd ein regional plan for vindkraft.
2. Vågsøy kommune opprettheld opning for utbygging på Nibbefjellet i Vågsøy, men har elles ikkje merknader til planen.
3. Vågsøy kommune har ikkje merknader til faktagrunnlaget i planen.

Med hilsing

Roger Bernt Silden
ordfører



Førde, 01.11.2010

Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Høyringsfråsegn: Regional plan for vindkraft

Vi viser til planen med vedlegg som vi har lasta ned frå Fylkeskommunen sine nettsider. Vi viser også til FNF Sogn og Fjordane si fråsegn, som vi støttar fullt ut! Denne fråsegna kan langt på veg reknast som eit tillegg til FNF si fråsegn.

Kommentarar til: 1 Bakgrunn og innleiing:

Generelt: I planen står det: "Det er ikkje problemfritt å bygge ut vindkraftanlegg, sidan anlegga legg band på store areal." Dette kan vi i aller høgste grad stadfeste. Og det er ikkje kva som helst slags areal som vert brukt: Vindturbinane vert, for at dei skal få mest mogeleg vind, plasserte høgt i terrenget, oppe på fjellryggane, der dei vert maksimalt synlege i landskapet. Vindkraftverka vil kort og "godt" dominere heile landskapsbiletet både der dei står og i store område omkring.

Døme på kor store område som blir visuelt dominerte av eit vindkraftverk:

Viss ein tek utgangspunkt i eit vindkraftverk med det minimumsarealet Vindkraftplanen tek utgangspunkt i, 10 km², og reknar med at den visuelle dominansen går 5 km ut frå ytterkantane av dette vindkraftverket, **vil eit areal på omlag 145 km² verte dominert**. Frå dette talet går areal i område der terrenget (fjell/dalar) gjer at vindkraftverket ikkje vert synleg. Viss ein på tilsvarende måte tek utgangspunkt i eit vindkraftverk på 20 km², **vil eit areal på omlag 180 km² verte dominert!** Tilsvarende tal for 6 km blir omlag: 191 km² og 230 km².

Tilsvarende tal for 10 km avstand frå ytterkanten av vindkraftverket omlag: 440 km² og 500 km².

NB! På 10 km avstand vert vindkraftverket godt synleg, men ikkje så visuelt dominerande som på 5 og 6 km avstand. Vidare kan det for 10 km nokre stadar bli nokså betydelege område der terrenget hindrar innsyn til vindkraftverket.

Samanlikna med dei fleste vasskraftverk, er vindkraftverk mykje meir visuelt dominerande. Dette har samanheng med at inngrepa i samband med vasskraftverk er plasserte relativt lågt, samanlikna med terrenget rundt, medan inngrepa for vindkraftverk ligg høgt i terrenget. P.g.a. all vegbygginga og bygginga av kranoppstillingsplassar ved kvar turbin, vert også terrenginngrepa i samband med vindkraftverka mykje meir omfattande enn for dei fleste vasskraftverka. Vindkraftverka fører ofte i større grad enn for vasskraftverk, til kraftlinebygging i område der det ikkje er kraftliner frå før.

Vindkraftverk er også svært ulønsame: For å bygge 1.000 MW vindkraft i Sogn og Fjordane, vil det, basert på (det relativt låge) tilskotsnivået for Mehuken II, måtte gjevast tilskot på litt over 5,8 milliardar kr., eller tilsvarende knapt 6,5 landbruksoppgjer. Av dei aktuelle måtane å auke det norske kraftoverskotet på, er vindkraftutbygging den klårt mest ulønsame og det klårt minst miljøvenlege. Den klårt mest miljøvenlege måten å auke kraftoverskotet på, er gjennom energieffektivisering. På det området har mellom andre Fylkeskommunen eit stort potensiale!

Overordna mål: *"Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft."* er det overordna målet for planen. For vindkraft på land er dette eit heilt uoppnåeleg mål. Vindkraftutbygginga på land er



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
 E-post: sogturla@online.no
 Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
 Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
 Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14



spreidd over heile kysten frå og med Vest-Agder til og med Finnmark. Det finst ingen pilotfylke, og kan ikkje verte det heller. Dei som er komne lengst når det gjeld vindkraftbygging på land, er Sør-Trøndelag og Rogaland, men heller ikkje dei kan kallast pilotfylke. **For vindkraftutbygging på land må vi dessverre karakterisere det overordna målet som "tøvete", og utan rot i det som er dagens røyndom.** For vindkraftutbygging til havs, derimot, er det framleis teoretisk mogeleg at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke, sjølv om det i Rogaland alt i dag er ein testturbin i drift. **Vi gjer framlegg om at det overordna målet vert endra til å gjelde vindkraft til havs.** Det einaste området der det kanskje kan verte mogeleg for Sogn og Fjordane å bli eit pilotfylke for vindkraft på land, er for studium av konsekvensane av ei altfor omfattande og miljøøydeleggande utbygging. Men det er kanskje ikkje på det området Sogn og Fjordane ønskjer å bli eit pilotfylke?

Operative mål: Sitat 1: *"Vidare er målet å kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser."* Denne målsettinga meinar vi bestemt ikkje er oppfylt når det gjeld utfordringane for reiselivsnæringa. Utfordringane er omtala for reiselivet på lokalt nivå i utbyggingsområdet, men kan ikkje på nokon måte kallast kartlagde. Utfordringane for dei store nasjonale reiselivsinteressene, mellom anna knytt til verdsarvområdet i Sognefjorden, "Verda si vakraste sjøreise" og marknadsføringssamarbeidet mellom Sognefjorden, Den kinesiske muren og Pyramidane i Egypt, er knapt nok nemnde. **Dette er vesentlege manglar ved planen!**

Sitat 2: *"Dei retningslinene vi fastset skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfold, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar."* I vedtaket Fylkesutvalet gjorde 25.05.2010 vart talet på område med Stor konflikt reduserte til eit minimum, berre 5% av det samla produksjonspotensialet. Samstundes vedtok Fylkesutvalet å opne for utbygging også i dei resterande 5% med Stor konflikt, under føresetnad av positiv tilråding frå kommunen si side. I praksis betyr dette høgst sannsynleg at Fylkesutvalet ikkje på eige initiativ kjem til å gå mot ein einaste utbyggingssøknad! Derimot vil Fylkesutvalet respektere nei til utbygging frå kommunane si side – viss det gjeld eitt av dei få områda med Stor konflikt. I praksis betyr dette "fritt fram" for kvar einaste vindkraftutbyggar som greier å oppnå samtykke til utbygging frå kommunen si side. Men er dette retningsliner som *"skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging"????* Det er det sjølv sagt ikkje! **Fylkesutvalet sitt vedtak 25.05.2010 er klårt i strid med Fylkekommunen sine eigne Operative mål for vindkraftplanen!** I praksis vil Fylkekommunen sette til side alle miljøomsyn som kommunane ikkje ønskjer å ta! Med mogleg unntak for nokre "avbøtande tiltak". **Viss Fylkekommunen sin vindkraftplan vert vedteken slik den er no, vil den maksimere – ikkje minimalisere – uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging i fylket vårt!** Dette er svært alvorleg når "Regional plan for vindkraft vert å leggje til grunn for fylkeskommunal verksemd og er retningsgjevande både for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket. Planen vil vere eit viktig grunnlag for NVE si handsaming av enkeltprosjekt."

Vindkart: I Figur 1.2 på side 4 er vist eit vindkart for kysten av Sogn og Fjordane. I tilknyting til dette burde det også vore med kommentarar om at det er ikkje berre styrken på vinden som er viktig i samband med bygging av vindkraftverk. **Det ein kan kalle "kvaliteten på vinden" er også overmåte viktig!** Det er kjent at vindstyrken på norskekysten er betydeleg større enn vindstyrken i til dømes Tyskland. Men det er også kjent at vindkvaliteten i Noreg er mykje dårligare enn i Tyskland. (Med dårlig vindkvalitet meinar ein fleire ting. Døme: For sterk vind. Ujamn vindstyrke. Wind som raskt skifter retning. Wind med turbulens. Wind som bles på skrå oppover eller nedover, og som dermed ikkje kjem rett mot turbinblada.) Vindkvalitetsproblem fører til redusert produksjon og til auka eller sterkt auka slitasje på turbinane. På NVE sine nettsider har vi sett at produksjonen ved nokre av vindkraftverka i Noreg i praksis har vist seg å ikkje vere særlig større enn for tilsvarande vindkraftverk i Tyskland, trass i at dei teoretiske utrekningane basert på vindstyrken skulle tilseie mykje større produksjon i Noreg. Grunnane til dette kan vere fleire, men ein av dei er heilt opplagt dårligare





vindkvalitet i Noreg. Det er også kjent at den dårlige vindkvaliteten mange stadar i Noreg resulterer i betydeleg større slitasje på vindturbinane og klårt større sjanse for havari (døme: Rotorblad som ramlar av) i Noreg enn i Tyskland.

Vi kjenner ikkje til om vindkvaliteten på kysten av Sogn og Fjordane har vorte undersøkt på ein skikkeleg måte. Men med dei store høgdeskilnadan det er langs kysten vår, er det svært sannsynleg at vindkvaliteten er dårlig mange stadar. Men vi veit dessverre altfor lite om i kor stor grad dette er tilfelle. Dette er noko som burde vore undersøkt mykje betre. Absolutt ingen er tent med at vindkraftverk og/eller enkeltturbinar vert plasserte på stadar med dårlig vindkvalitet. Flate øyar som til dømes Smøla har høgst sannsynleg mykje betre vindkvalitet enn den sterkt kuperte kysten av Sogn og Fjordane. I vårt fylke er sannsynlegvis vindkvaliteten til havs mykje betre enn vindkvaliteten på land, men til havs har ein sjølvsagt andre utfordingar.

1.3.3 Leverandørindustri: I Sogn og Fjordane har vi eit ganske betydeleg potensiale for næringsutvikling i tilknyting til vindkraftindustrien. Kor stort potensialet er, er avhengig av dugleiken og kapasiteten til dei aktuelle verksemndene. Særleg industrien i Måløy har på ein imponerande måte markert seg på dette feltet, med høg kompetanse og stor kreativitet når det gjeld utvikling av nye produkt. Dette er aktivitet ein må støtte opp om!

Det ein kan merke seg, er at denne aktiviteten i Måløy er knytt til offshore vindkraft (døme: Måløy Verft og Brothers AS) og til generell produksjon av vindturbinar (døme: Easy Form), **den er ikkje knytt til vindkraftutbygging på land!** Dei kontraktane som verksemder i Sogn og Fjordane har fått i tilknyting til vindkraftverk på land, er etter det vi kjenner til i all hovudsak knytte til generelt anleggsarbeid som vegbygging, planering, betongarbeid og liknande. Den store framtidig marknaden, med kjempeutbyggingar som til dømes den som er planlagt på Doggerbank, er offshore. Det er der marknaden ligg, noko mellom andre Måløy Verft har forstått, og satsa på! **Vindkraft på land er ei midlertidig, naturøydeleggande blindgate som høgst sannsynleg vil bli fasa ut i løpet av nokre år.** Vi ser at i Danmark har denne prosessen alt starta, og den er i ferd med å kome ganske langt! Viss det i Sogn og Fjordane skal byggast opp ein spesialisert leverandørindustri for vindkraft, er det for offshore og for generell vindturbanproduksjon det må satsast, noko ein heilt rett gjer i Måløy!

Vår påstand er at vindkraftutbygging på land har minimalt å seie for utvikling av ein spesialisert vindkraftindustri i Sogn og Fjordane. Det er på offshoremarknaden dei suverent største sjansane for industriutvikling ligg. Derfor kan dei konsesjonssøkte testområda for offshore vindkraft i nærleiken av Måløy vise seg å bli overmåte viktige! Vindkraftutbygging på land er det ikkje!

1.3.5 Teknisk realiserbar utbygging: Vi har nokre kommentarar til det som står om kraftlinia Ørskog - Fardal: Statnett sine opplysningar om kapasiteten på lina, har endra seg heile tida. Det starta med 2.000 MW, så vart det 2.500 MW og så gjekk det ned att til 2.200 MW. Vidare vert det snakka om maksimal overføringskapasitet som kan utnyttast i korte periodar, til dømes eit minutt, og overføringskapasitet som kan utnyttast kontinuerleg i fleire timer. Når det gjeld den maksimale kapasiteten på 2.500 MW, så vart det frå Statnett si side klargjort at denne berre var for svært korte periodar. Kva slags kapasitet lina har for kontinuerleg overføring over lang tid, har ikkje vorte klargjort på same måte. Inntrykket vårt er at dette dreiar seg om **anslagvis 1.700 MW**, men vi presiserer at vi ikkje er sikre på om det stemmer. Men vi reknar det som svært sannsynleg at å operere med ein ledig kapasitet i nettet på 2.300 MW, er altfor høgt. Då må ein i så fall i tillegg til 420 kV-lina også ta med kapasiteten på ei rekke 132 kV-liner, og ha som føresetnad maksimal utnytting av absolutt heile nettet, noko som er ein svært lite sannsynleg føresetnad å bruke i praksis. **Konklusjon: Den ledige linekapasiteten som er sett opp for vindkraft, 1.750 MW, er for høg!** Vi veit ikkje kor mykje for høgt anslaget er, men reknar ein ledig kapasitet for vindkraft på **1.200 MW** som meir sannsynleg.





Vestavind Kraft AS har Meldt til NVE "Stadtwind Flytande vindkraftanlegg" med ein planlagd installert effekt på 1.080 MW. **Viss denne utbygginga blir realisert, er det sannsynleg at den, i motsetning til vindkraftutbygging på land, vil ha store positive effektar på næringsutviklinga i Sogn og Fjordane, fordi utbygginga er så stor, og fordi den skjer så nær kysten av fylket vårt.** Det er planlagt at krafta frå denne utbygginga skal førast inn på kraftlinja Ørskog – Fardal/Sogndal via ein sjøkabel til den planlagde trafostasjonen i Ålfoten. Problemet er at vindkraftplanen legg opp til så stor vindkraftutbygging på land at det ikkje blir linekapasitet nok til Stadtwind. **Viss det blir omfattande vindkraftutbygging på land i Sogn og Fjordane, risikerer ein at Stadtwind-planane enten må skrinleggast, eller reduserast kraftig!** Vi kan ikkje sjå at denne problemstillinga er drøfta i Vindkraftplanen! Det ser heller ikkje ut til at problemstillinga er vurdert politisk!

Elles kan vi nemne at når risikoene i samband med magnetfelt vart vurdert i konsesjonssøknaden for 420 kV-lina, då vart det teke utgangspunkt i ei gjennomsnittleg kapasitetsutnytting av lina på 500 MW! Ein vesentleg auke av kapasitetsutnyttinga, som ein kan få ved vindkraftutbygging, vil auke arealet som kjem innanfor den såkalla tiltaksgrensa, kraftig. Den sannsynlege, men usikre, helserisikoene for dei som bur i nærleiken av lina, vil dermed også auke kraftig!

Kommentarar til: 2 Faktadel – fagtema:

Generelt om naturverdiar i Sogn og Fjordane: På overordna nivå kan naturverdien og naturvariasjonen vurderast på fleire ulike måtar. Ein av dei er å sjå på "Vegetasjonsgeografiske regionar". Noreg har totalt 26 ulike slike regionar. Sogn og Fjordane aleine har 22 av desse, og er det fylket i landet som har flest! Til saman har Sverige 17 ulike slike regionar, Finland 10 og Danmark berre 2. Vesle Sogn og Fjordane har altså nær 30% fleire Vegetasjonsgeografiske regionar enn det mange, mange gonger større Sverige har til saman! Sogn og Fjordane har den største vegetasjonsgeografiske variasjonen i heile Norden! Til og med i heile verda er det få område (kanskje ingen) av tilsvarende storleik som kan måle seg med Sogn og Fjordane i vegetasjonsgeografisk variasjon. **Vi har, basert på fagleg-objektive verdivurderingar, heilt eineståande naturverdiar å forvalte i vårt fylke!**

Ser ein på meir subjektive vurderingsmåtar, så er Vestlandske fjordlandskap, som vi i høg grad er ein del av, kåra til verda fremste naturbaserte reisemål. Det bør og fortelje sitt om naturverdiane våre!

2.1 Landskap: På overordna nivå har vi få merknadar til landskapsvurderingane. Det ser ut som det er gjort ganske grundig arbeid. Vi har ein merknad: I verdivurderinga av landskapssamanhenger er heilt klårt **Gulesletten/Plogen på nasjonalt verdinivå!** Dette eineståande og heilt spesielle landskapet med sine fjell og trappetrinsformasjonar finst det så vidt vi veit ikkje maken til nokon annan stad i landet! Det einaste vi kan sjå som kan tale for å sette landskapet til "berre" Stor regional verdi, er at dei nasjonalt aller mest verdfulle delane er innanfor grensene til Ålfotbreen landskapsvernombude, og dermed ikkje vindkraftaktuelle. Men det er store landskapsverdiar også utanfor vernegrensene!

På overordna nivå er det likevel ein grov mangel som etter vårt syn må rettast opp: **Nasjonale og regionale fjordlandskap er ikkje omtala slik som i vasskraftplanen!** Verdien på fjordlandskapa kan, for det aktuelle planområdet, settast likt med dei verdiane dei har fått i Vasskraftplanen. Vindkraftutbygging vil ofte i enda større grad enn vasskraftutbyggingar kunne **dominere** fjordlandskapa:

- Planområdet dekker dei vestlegaste omlag 55 kilometerane av Sognefjorden som er inngangsporten til verdsarvområdet lenger inne. (Fjordmunningen er då sett til sør for Ytre Sula, og det er målt omlag midtfjords.) **Alt med dei vindkraftverka som er melde/konsesjons-søkte, vil landskapet i den vestlege delen av Sognefjorden bli fullstendig dominert av vindkraftverk!** (Er det undersøkt om det kan få konsekvensar for Verdsarvstatusen??)
- Frøysjøen og i noko mindre grad den vestlege delen av Nordfjorden vil bli dominert viss dei melde vindkraftverka vert bygde.





- Eit planlagt vindkraftverk i Vevringområdet på nordsida av Førdefjorden vil også prege fjordlandskapet der.
- Eit klårt fleirtal av delområda med Litens og Middels konflikt vil i større eller mindre grad kome i konflikt med fjordlandskap med regional eller nasjonal/internasjonal verdi.

På detaljnivå har vi nokre andre merknader i tillegg, men dei kjem vi attende til seinare i fråsegna.

2.1.7 Sumverknader: Viss vindkraftplanen vert vedteken slik den no ligg føre, vil den føre til formidable sumverknadar! Eit døme for å illustrere det: Turen med Hurtigruta er kåra til "Verda si vakraste sjøreise". Hurtigruta brukar anslagsvis 8 timer frå fylkesgranse til fylkesgrense når den passerer Sogn og Fjordane. Viss vindkraftverka som i dag er melde/konsesjonssøkte vert bygde, vil det vere berre 15 – 20 minuttar av desse 8 timane som ein ikkje vil sjå eitt eller fleire vindkraftverk. Dersom Okla vindkraftverk, som er i område med Stor konflikt, fell bort, vil perioden utan synlege vindkraftverk auke med den tida som går frå Mehukens vindkraftverk forsvinn bak Stadlandet til fylkesgrensa vert passert. Anslagsvis 10 – 15 minuttar.

2.2 Biologisk mangfold: Vi har ikkje fagkunnskap nok til å gå detaljert inn på dette temaet, men vi har nokre merknader:

- I punkt 2.2.2 vert det erkjent at kunnskapsgrunnlaget om Biologisk mangfold er mangelfullt. Dette betyr at verdi-/konfliktvurderingane i mange område kan vere sette altfor lågt.
- Det er definert ein radius på 5 km rundt eit havørnreir som leveområde. **Dette er heilt opplagt feil. Havørna sitt leveområdet er mykje, mykje større! Det er minst 10 km, men høgst sannsynleg meir enn det også, til dømes 20 km!** Grunnen til at vi kan påstå dette så sikkert, er at underskrivne sakshandsamar somrane 1997 og 1998 var sauengjetar i Aksvollfjella. Gjeteområdet langt på veg identisk med det delområdet som vert kalla Portafjellet. Særleg i 1997 observerte eg svært mykje ørn. Dei aller fleste av dei var havørn, trass i at det neppe fanst havørnreir innanfor 5 km frå dette området. (Men kongeørnreir fanst.) På det meste observerte eg 12 ørnar på ein gong. Dei fleste av desse (kanskje alle, det gjekk litt fort før dei forsvant) var havørnar. Dette var mellom Atlevatnet og Langevatnet, nokre hundre meter vestsørvest for der Nipebu no står. Det er sjølv sagt ikkje mogeleg å vite kvar alle desse ørnene hadde reirplassen sin, men eg finn det sannsynleg at ein må minst opptil 20 km vekk!
- Sitat frå side 55: "Med unntak av enkelområde lengst nord i fylket, har Solund dei tettaste førekommstane av hekkande, kollisjonsutsatte raudlistefuglar i Sogn og Fjordane." Trass i dette har 12 av 14 delområde i Solund-Lifjord fått Middels eller Litens konflikt. **Etter vårt syn er dette konfliktvurderingar som er grovt i strid med dei statlege retningslinene for utarbeiding av vindkraftplanar og med den nye Naturmangfaldlova!** Slike konfliktvurderingar er rett og slett ikkje akseptable!
- Også for delområde i andre delar av fylket meinar vi at det samla konfliktnivået som er sett, er i strid med dei statlege retningslinene. Vi har ikkje gått i detalj på dette.
- Vegetasjonstypen Kystlynghei og Terrengdekkande myr, er begge klassifisert som Sterkt trua. Trass i dette har ei rekkje delområde med ein av, eller begge, desse vegetasjonstypane fått ei samla konfliktvurdering som er Middels konflikt (kanskje også Litens konflikt, vi har ikkje gått i detalj på det). Dette er også konfliktvurderingar som vi meinar er i sterkt konflikt med dei statlege retningslinene og med Naturmangfaldlova. Ekstra ille blir dette når ein ser på sumverknadane!

2.3 Inngrepssfrie naturområde - INON: Øvst på side 23 i Vindkraftplanen står følgjande: "INON tek ikkje høgde for topografiske forhold. Det vil seie at område som vert oppfatta som urørte på grunn av at topografiens "skjuler" tekniske inngrep (som ligg nærmare enn 1 km) ikkje vert fanga opp





av INON." **Vår kommentar:** For vindkraftverk er dette eit nesten ubetydeleg "problem". Det problemet som kan gjere INON sterkt misvisande når det gjeld vindkraftverk, er at turbinane mange stadar er synlege på så lang avstand. Sjølv inne i Villmarksprega område kan ein kome til å oppleve ein total mangel på villmarkspreg fordi vindturbinane langt på veg vil dominere delar av utsikten! For å unngå mangefull informasjonen i Vindkraftplanen, ber vi om at også dette vert presisert!

Kommentar til Punkt 2.3.3 a) på side 24: Her er det vel ein skrivefeil, det skal vel stå **Stort konfliktpotensial**, elles kjem planen i strid med dei nasjonale retningslinene?

Sumverknadar av INON-bortfall er så vidt vi kan sjå ikkje omtala omtala i Vindkraftplanen. Det er ein mangel. Viss det skulle bli bygd 1.000 MW vindkraft i Sogn og Fjordane, vil dette + dei tilhøyrande kraftlinene, føre til eit svært omfattande INON-bortfall. Og dette kjem i tillegg til eit meir og meir omfattande INON-bortfall i samband med vasskraftutbygging med tilhøyrande kraftliner lenger aust i fylket. **Det er all grunn til å sjå på sumverknadane av INON-bortfallet i vårt fylke!**

2.4 Kulturminne og –miljø: Dette er eit tema vi reknar med at andre høyringsinstansar med meir kunnskap, ser på. Vi presiserer at også sett frå friluftslivssynspunkt er kulturminne og –miljø viktige!

2.5 Friluftsliv: Vi er sterkt misnøgde med delar av verdi- og konfliktvurderingane som står i rapporten. Her er det for enkelte område gjort for därleg arbeid, dessverre. Frå vår side burde vi også ha påpeika dette på eit tidlegare tidspunkt. Nokre moment vi vil påpeike:

- Det gir altfor lite spenn i konfliktvurderingane å berre operere med 2 konfliktnivå for friluftsliv: Liten konflikt, som er gitt til 66 delområde, og Middels konflikt, som er gitt til 39 av dei 105 delområda. Stor konflikt med friluftsliv eksisterer ikkje i Vindkraftplanen. **Men i røyndomen – "ute i felten" – eksisterer også Stor konflikt med friluftsliv i høg grad!**
- Eit område på Stadlandet har fått Nasjonal verdi for friluftsliv. Den verdsettinga er vi i høgste grad einige i! Men når konfliktnivået for delfelt Langedalen er sett til Liten konflikt, trass i at litt over 80% av delfeltet ligg inne i friluftsområdet med Nasjonal verdi, då finn vi grunn til å kome med kritikk. **Konfliktnivået skulle heilt opplagt vore sett til Stor konflikt!**
- Når konfliktnivået med friluftsliv for kvart einaste delområde i Stad-Vågsøy er sett til Liten konflikt, så synest vi det også er kritikkverdig. Fleire av delområda er viktige friluftsområde!
- Delfelt Svartevasseggja, som inkluderer Hornelen, kjend som Nord-Europas høgste sjøklippe, har også heilt fortent fått Nasjonal verdi som friluftsområde. Med konfliktnivået er berre sett til Middels. **Det skulle sjølvsagt vore Stor konflikt med friluftsliv!**
- Delfelta Såta, Nibba, Snønyken, Heida og Bukkenibba ligg alle heilt eller delvis inne i friluftsområde med Nasjonal verdi, og det er gode grunnar til det! **For alle desse områda burde konfliktnivået med friluftsliv vore sett til Stor konflikt, ikkje Middels konflikt!**
- Viktige nærurområde til tettstadane i fylket, har ofte svært omfattande bruk. **For slike nærurområde meinar vi at konfliktnivået bør settast til Stor konflikt! Jf helseverknaden!**
- Verdivurderingane for friluftsliv er til dels gamle, i nokre tilfelle forelda. I tida som har gått, har det i nokre område skjedd til dels betydelege endringar, mellom anna som følgje av Turlaga sin aktivitet, Nordsjøløypene, betre kommunikasjonar, med meir. Ein del av dette er heilt korrekt retta opp i arbeidet med Vindkraftplanen, men ein del står framleis att å korrigere. Dette gjeld mellom anna for store delar av Solund, men også for andre område. Vi kjem attende til dette i kommentarane til dei ulike delområda. Der kjem vi også attende med framlegg til endringar i konfliktvurderingane for friluftsliv.

2.5.3 Sumverknader for friluftsliv: Kystområda i Sogn og Fjordane har i dei seinare åra vorte viktigare og viktigare for friluftsliv. Dette gjeld både tradisjonelle aktivitetar som fotturar, men også





nyare aktivitetar som padling og bruk av Kystled. Turlaga har dei siste omlag 30 - 40 åra vore aktive pådrivarar for å auke bruken av kystnaturen. Derfor er vi også svært opptekne av sumverknadane av vindkraftutbygging. Område som er særleg viktige og særleg utsette er mellom andre:

- Guleslettene i Flora og Bremanger. Dette er sannsynlegvis det vestlegaste skifartsområdet i landet og har vorte mykje brukt etter at vegen til Svelgen betra tilgangen. Området vert også mykje brukt til fotturar og jakt om sommaren/hausten.
- Solund. Området er nokså "nyoppdaga" i Turlagsamanheng, men har fantastiske kvalitetar for eit variert friluftsliv som fjelltur, sykling, padling, bruk av robåt, fisking, bading m.m. Betre ferjeruter, meir reiselivssatsing lokalt, og turlagshytta på Råkeneset har betra tilgangen.
- Bremangerlandet. Svært mykje brukt lokalt, og ganske mykje brukt også regionalt. Glimrande for mellom anna fotturar, sykling, bading og fiske.
- Ei rekke andre område langs det meste av kysten, kunne også nemnast som regionalt og/eller lokalt viktige. Omfattande vindkraftutbygging kan gje store negative sumverknader!

2.6 Reiseliv. Generelt: Sogn og Fjordane er ikkje berre "eit relativt stort reiselivsfylke" som det står i Vindkraftplanen, **i forhold til folketalet er Sogn og Fjordane eitt av landets aller største reiselivsfylke!** 28,3 mill. overnattingar pr. år på landsplan tilsvavarar omlag 5,8 overnattingar pr. innbyggjar. **1,4 mill. overnattingar i Sogn og Fjordane tilsvavarar i overkant av 13 overnattingar pr. innbyggjar.** Til samanlikning har Hordaland omlag 5,2 overnattingar pr. innbyggjar, og Møre og Romsdal i overkant av 5,5. (Alt basert på SSB sine folketal pr. 1.07.2010 og Vindkraftplanen sine overnattingstal for 2007.) **I forhold til folketalet er altså reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane godt over dobbelt så viktig som den er både på landsplan og i nabofylka.** (Men det skulle ein ikkje tru når ein samanliknar kva politikarar og reiselivsfolk seier i Sogn og Fjordane og i Hardanger!!!)

Hovudgrunnen til at det kjem så mange turistar til Sogn og Fjordane er ønsket om å oppleve naturen. Kombinasjonen av den urørte naturen med fossar, fjordar, fjell og brear, og kulturlandskapet og andre kulturverdiar, (og regnet og snøen som gir denne kombinasjonen liv) har plassert naturen i Sogn og Fjordane (og i nabofylka) i den absolutte verdstoppen når det gjeld naturopplevelsingar! Vestnorske fjordlandskap er kåra til verda sitt finaste naturbaserte reisemål. Langs kysten vår og vidare nordover kan ein reise på "Verda si vakraste sjøreise". Vår einaste vesle stump med jernbane er i verdstoppen når det gjeld jernbanereiser. Og så har vi verdsarvområdet! Jens A. Riisnes omtala i Solund (under opninga av turlagshytta på Råkeneset,) kysten vår som verda sin vakraste kyst også! **Sogn og Fjordane har med andre ord naturverdiar i den aller ypparste verdstoppen!** Sjølv om det er ein uvanleg bruk av ordet, kan vi seie at naturverdiene er reiselivet i Sogn og Fjordane sin suverent viktigaste infrastruktur. Men all den andre infrastrukturen, i den meir tradisjonelle tydinga av ordet, som vegar, flyplassar, kaier, båtruter, bussruter, flyruter, jernbaneruter etc, er sjølv sagt også overmåte viktig som supplement til den aller viktigaste delen av infrastrukturen: Naturen!

Det finst vel knapt nokon andre næringar nokon stad i landet som står i fare for å bli utsette for ei så omfattande øydelegging av den viktigaste delen av infrastrukturen sin som det reiselivet i Sogn og Fjordane kan bli utsette for som følgje av Vindkraftplanen og Vasskraftplanen!

2.6.1 Reiseliv. Kunnskapsgrunnlag: I siste avsnitt står følgjande: *"Direkte kartlegging av turistar sin bruk av ulike område er det gjort lite av, sjølv om det vert samla inn besøkstal for ein del sentrale turistattraksjonar. Kunnskapen om turistar sin bruk av landskapet er såleis mangelfull. Dersom vi legg til grunn at turistane sin bruk av landskapet vert styrt av landskaps- og naturkvalitetar og tilgjenge, så vert deira interesser tekne i vare under andre tema i denne planen. I så måte treng det ikkje vere problematisk at vi manglar denne kunnskapen."* Vi er sterkt ueinige i det som står her. Særleg er vi ueinige i det som står i dei to siste setningane! Heile avsnittet synest prega av at reiseliv er ei svært lågt prioritert næring i Sogn og Fjordane, trass i fagre ord i Reiselivsplanane.





Når det gjeld vindkraft, går den suverent viktigaste og mest omfattende bruken av dei områda som vert påverka av vindkraftutbygging, for seg til sjøs. Det er ikkje vanskeleg å finne anslagsvise tal for turistane sin bruk av sjøen. Vi har ikkje gjort konkrete undersøkingar av tal reisande, men som eit døme har vi laga eit svært grovt anslag på kor mange reisande som passerer i nærleiken av dei planlagde vindkraftverka i den ytre delen av Sognefjorden:

1. Det går i storleiksorden 150 turistskip inn Sognefjorden årleg. Om lag 135 til Flåm og 15 (?) til Sogndal/Skjolden. Storleiken på desse varierer svært mykje, frå litt over 2.000 tonn til 115.000 tonn, slik at det er svært vanskeleg å anslå passasjertala. Vårt anslag er litt mindre enn 200.000 passasjerar årleg + mannskap.
2. Det går 2 hurtigbåtruter inn Sognefjorden, ei til Sogndal og ei turistrute til Flåm. I tillegg er det to ferjestrekningar som vert påverka: Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella og Lavik – Oppedal. Vårt (svært usikre) anslag er totalt 300.000 reisande på desse rutene, men her kan Fjord1 Fylkesbaatane skaffe sikre tal.
3. Det er ein svært omfattande båttrafikk som kryssar munningen av Sognefjorden: Ei hurtigbåtrute til Selje, Hurtigruta, turistskip som ikkje skal inn Sognefjorden, men lenger nordover, eit stort tal småbåtar etc. For hurtigbåtruta og Hurtigruta skulle det vere relativt enkelt å skaffe passasjertal, for anna båttrafikk vert det berre grove anslag. Vårt totalanslag er 400.000.
4. Viss tala i punkt 1 – 3 er så nokolunde fornuftige, vil det totalt vere i storleiksordenen **800.000 – 1.000.000 turistar/reisande som årleg passerer eventuelle vindkraftverk rundt den vestlege delen av Sognefjorden**. Kommentar: Fjord1 opplyser på sine nettsider at dei i 2009 transporterte totalt 27,4 millionar passasjerar til saman på alle sine båt-, ferje- og bussruter. Dette kan indikere at tala vi opererer med ovanfor er for låge, men vi er som nemnt usikre.

NB! Konfliktnivået med reiselivet vert etter vårt syn absolutt ikkje ivareteke under andre tema i Vindkraftplanen. Ein vesentleg del av grunnlaget for å vurdere konfliktnivået med reiselivet, er å sjå på tal besøkande, slik vi har forsøkt ovanfor. Høge besøkstal gir høgre konfliktnivå. Denne delen av konfliktvurderinga vert ikkje ivaretakten under andre tema! Etter vårt syn er konfliktnivået med reiselivet så stort i mange område, at dette må inn i vurderinga på linje med Landskap, INON, Kulturminne, Friluftsliv etc.

Vi synest det er kritikkverdig med dei mangelfulle opplysningane om reiselivsnæringa i planen, og ber om at Fylkeskommunen innhentar årlege passasjertal for dei aktuelle rutene, og at det vert laga betre anslag på tal reisande enn dei vi har laga, før Vindkraftplanen vert slutthandsama. Vi ber også om at det vert vurdert i kva grad målsettingane i den nyleg vedtekne Reiselivsplannen for Sogn og Fjordane kan/vil bli påverka av ei eventuell omfattande utbygging av vindkraft på kysten. Vi ser ikkje teikn til at det er gjort slike vurderingar.

Sitat frå MD og OED sine "Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg", omtalen av Reiseliv på side 21:

"Svært stort konfliktpotensial:

- i områder som er vesentlige for ivaretakelsen av det norske reiselivsproduktet, og nasjonalt viktige reiselivsdestinasjoner hvor landskapet eller naturen er en vesentlig del av attraksjonen"

Vår kommentar: Det finst ikkje tvil om at (dei store) fjordane i Sogn og Fjordane oppfyller krava til Svært stort konfliktpotensial. Det er heller ikkje tvil om at "Verda si vakraste sjøreise" er nasjonalt viktig. Derfor er det etter vårt syn heller ikkje tvil om at den mangelfulle vektlegginga av reiseliv i Vindkraftplanen er i strid med MD/OED sine Retningslinjer. Det held ikkje at ein "legg til grunn at konfliktpotensial mot reiselivsnæringa i stor grad samsvarar med konfliktpotensial for dei andre fagtema, som vert vurdert." Det er ei grov nedvurdering av kor nasjonalt viktig fjordane og kysten i Sogn og Fjordane er for reiselivstilbodet i Noreg!





2.6 Reiseliv, sluttkommentar: I Vindkraftplanen står det at: "Vi legg til grunn at det vert lagt til rette for at reiselivsnæringa skal kunne engasjere seg og kome med innspel når det vert planlagt vindkraftanlegg." **Vår erfaring er at dette absolutt ikkje kan leggast til grunn, dessverre!** Med enkelte heiderlege unntak er det vårt inntrykk at reiselivsnæringa langt på veg manglar både vilje og evne til å ivareta sine eigne interesser både i vindkraft-, vasskraft- og kraftlinesaker. Talet på, og kvaliteten på, høyringsfråsegner til Vindkraft- og Vassdragsplanane frå reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane vil vise om vi tek feil eller om vi har rett i dette! Vidare er det vårt inntrykk at fleirtalet av fylkespolitikarane og av politikarane i enkelte turistkommunar, (men absolutt ikkje alle!) heller ikkje tek nemneverdig omsyn til reiselivsinteressene i slike saker. **Fleirtalet av fylkespolitikarane legg, slik vi opplever det, heilt konsekvent mykje større vekt på kraftutbyggarinteressene enn på reiselivsinteressene i saker der det er interesseomsetnader.** Sannsynlegvis har reiselivsnæringa i fylket sjølv, gjennom at dei er så passive i slike saker, mykje av ansvaret for at det er slik!

Utdrag frå "Oppsummerende konklusjoner" i Vestlandsforsking sin rapport av 11.03.2009 "Vindkraft, reiseliv og miljø – en konfliktanalyse": "Vår undersøkelse har ikke dokumentert at det er mange eller store konflikter i dag mellom eksisterende vindkraftanlegg og eksisterende reiseliv i Norge. Snarere tyder undersøkelsen på at det er få slike konflikter, og at de er små. **Imidlertid tyder vår undersøkelse av turistenes holdninger på at det kan være et potensial for vesentlige konflikter gitt at det blir større og flere anlegg langs norskekysten, og at disse i større grad blir lokalisert til områder med stor potensiell verdi for reiselivet eller områder med stor reiselivsaktivitet i dag.**" (NB! Vår uthaving!)

Dette indikerer at **sumverknader** er svært viktige for konfliktnivået mellom reiseliv og vindkraft. Mange og store vindkraftverk er det mest konfliktfylte. Kysten av Sogn og Fjordane har alt i dag stor reiselivsaktivitet med hundretusenvis av reisande, og har stort potensiale for ytterlegare auke, slik at det er all grunn til å rekne med at **Sogn og Fjordane er eitt av dei fylka i landet der det er størst konfliktpotensiale mellom reiseliv og vindkraftutbygging!**

2.9 Støy: I punkt 2.9.1 bør det presiserast at dei offentlege tiltaks- og støygrensene er fastsette til eit nivå der 75% av alle personar ikkje vert sjenerete av støyen. **Men dette betyr også av 25% av alle personar vert sjenerete av støyen.** At støynivået er under dei offentleg fastsette grenseverdiane, er altså absolutt ikkje nokon garanti for at støyen vert opplevd som problemfri!

Kommentarar til: 3 Faktadel – delområde og konfliktpotensial:

3.1 Stad-Vågsøy: Bortsett frå når det gjeld Friluftsliv, synest vi vurderingane av konfliktpotensial i dette området er gode. Men når det står at kvart einaste eitt dei 11 delområda har liten konflikt med friluftsliv, då er det så gale at vi har vanskeleg for å ta det alvorleg. Her må det vel vere "ein glipp"?

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Friluftsliv:

- Langedalen: Stor konflikt. Grunngjeving: Nasjonalt viktig friluftsområde.
- Skorfjellet: Middels konflikt. Grunngjeving: Mykje bruk område med mange turruter, sjå Friluftskart Selje og Vågsøy kommunar.
- Nausane V: Stor konflikt. Grunngjeving: Tettstaden Selje sitt viktigaste turområde med ei heil rekkje turruter, sjå Friluftskartet.
- St. Synnevahornet: Middels eller Stor konflikt. Grunngjeving: Tettstaden Flatraket sitt suverent viktigaste friluftsområde og viktig for Måløy. Ei heil rekkje turruter, sjå Friluftskartet.
- Røyseheida: Middels konflikt. Grunngjeving: Nærturområde for Deknepollenområdet og eit viktig turområde for Måløy. Ei rekkje turruter, sjå Friluftskartet.
- Blåfjellet: Stor konflikt. Grunngjeving: Det suverent viktigaste (nær)turområdet for dei som bur i Måløy. Omfattande bruk heile året. Dei som bur i Måløy, kan starte fjellturen når dei går over dørstokken. Ei rekkje turruter, sjå Friluftskart Selje og Vågsøy kommunar.





3.2 Bremangerlandet-Ålfoten:

Vi har nokre merknader når det gjeld Landskap og Friluftsliv.

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Landskap:

- Svartevassegga med Hornelen: Eit opplagt Stor konflikt-område! Grunngjeving: Hornelen er kjent som Nord-Europa si høgst sjøklippe, og er eit imponerande syn der den ruvar over skipsleia. Ein av dei viktigaste landskapsattraksjonane langs kysten av Sogn og Fjordane!
- Vingeegga: Middels verdi. Grunngjeving: Eit variert landskap som kombinerer fin vassdrags-natur med fine fjell.
- Bukkenibba: Stor verdi. Grunngjeving: Saman med Gjegnen (Blånibba) er fjellet Bukkenibba eit landemerke ved Nordfjorden.

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Friluftsliv:

- Skatheia: Middels konflikt. Grunngjeving: Eit viktig turområde i Ytre Bremanger.
- Steinheia: Middels eller Stor konflikt. Grunngjeving: Nærturområdet til dei som bur i tett-staden på nordsida av Bremangerpollen. Mykje brukt! Veten lengst vest, er eit særleg viktig turmål, mellom anna med sitt eige motbakkeløp. Sjå: <http://www.vetenlopet.no/>.
- Langevasshorn: Middels konflikt. Grunngjeving: Eit viktig og mykje brukt turområde i Ytre Bremanger. (Enda viktigare enn Skateheia.)
- Svartevassegga: Stor konflikt. Grunngjeving: Nasjonalt viktig friluftsområde. Mykje brukt.
- Frøya: Middels eller Stor konflikt. Grunngjeving: Nærturområdet til tettstaden Kalvåg. Også nærturområde til brukarane av turistanlegga i Kalvåg. Mykje brukt.
- Marafjellet og Vingeegga: Middels konflikt. Stor konflikt for den austlegaste delen av Marafjellet. Grunngjeving: Turruta frå Sande og oppover i den austlege delen av Marafjellet er det viktigaste av nærturområda til tettstaden Svelgen. Ruta som går frå Sande og over mot helle-ristingsfeltet i Vingen, er dessutan regionalt viktig.
- Dombesteinseggene: Middels konflikt. Grunngjeving: Dette er eit viktig turområde for nesten heile Indre Bremanger, både for Svelgen, Ålfoten og Davik. Vert brukt til mange ulike aktivitetar gjennom størstedelen av året.
- Nibba, Heida, Snønyken, Såta og Bukkenibba: Stor konflikt. Grunngjeving: Vi meinar at vindkraftutbygging inne i nasjonalt viktige friluftsområde skal gje Stor konflikt. Dei lågast prioriterte for å kvalifisere til Stor konflikt er Såta og Heida.
- Rauddalskammen Ø: Middels konflikt. Grunngjeving: Dette er det viktigaste (nær)turområdet for tettstaden Davik, og er etter det vi kjenner til, mykje brukt.

3.3 Flora-Bremanger:

Også her har vi nokre merknader når det gjeld Landskap og Friluftsliv.

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Landskap:

- Dyrelifjellet: Stor konflikt. Grunngjeving: For Florø sentrum og nordvende delar av Brandsøylandet, er Dyrelifjellet med Terdalskeipen og Klauekeipen overmåte viktige landskapselement. Dei er identitetsskapande! Om lag tilsvarande slik som det Skålefjellet og Håsteinen er på sørsida av dei to øyane.
- Skålefjell: Middels konflikt. Grunngjeving: Skålefjellet er, saman med Håsteinen, dei viktigaste fjell-landskapselementa i heile området sett frå dei områda på Brandsøylandet og Florelandet der dei er synlege. Håsteinen er det viktigaste av dei to fjella, men Skålefjellet er også svært viktig, og kombinasjonen av begge er svært viktig. Dei to fjella er med på å gje bustad-områda på sørsida av Brandsøylandet og Florelandet identitet og sær preg. Ikkje nokon andre enkeltelement i landskapet er tilnærmelsesvis så særprega som desse fjella!
- Haukåbøra: Stor konflikt. Grunngjeving: Haukåbøra er eit svært karakteristisk landemerke som er synleg frå store område, både frå skipsleia, frå Florø by, og frå fjella rundt om heilt



aust til og med delar av Jostedalsbreen. Frå inne i Ålfotbreen landskapsvernområde er fjellet særleg godt synleg og lett gjenkjenneleg, mange stadar.

- **Håsteinen:** Stor konflikt! At konfliktpotensialet for dette delområdet er sett til lite, må skuldast ein feil! Grunngjeving: Håsteinen er eit fjell med ei heilt særprega og lett gjenkjenneleg form som etter vårt syn gjer det til eit opplagt Stor konflikt-område. Her er vi sterkt ueinige med dei faglege vurderingane, og trur det må ha skjedd "ein glipp"! Elles viser vi til det vi har skrive om Skålefjell, der Håsteinen også er omtala.

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Friluftsliv:

- Husfjellet: Middels eller Stor konflikt. Grunngjeving: Dette er det andre av dei to viktigaste nærturområda til Svelgen. (Det andre, er delar av Marafjellet og Vingeegga.) Moldahytta, som vert disponert av Keipen Turlag, ligg inne i dette området.
- Mullieggja, Dyrelifjellet og Slettevarden: Stor konflikt. Grunngjeving: Flora kommune har to viktige skiuftsområde, Guleslettene med start frå sørrenden av Magnhildskartunnelen og Ramsdalsheia med start frå Trollstova eller Humlestølen. Frå dei delane av kommunen med størst busetnad (Florelandet og Brandsøylandet) er det klårt kortast reiseveg til Guleslettene. Mullieggja, Dyrelifjellet og Slettevarden er dei mest brukte delane av dette svært viktige skiuftsområdet, som også vert mykje brukt av folk frå dei nærmeste delane av Bremanger kommune. Området vert også mykje brukt om sommaren/hausten til fotturar, jakt m.m., men som nærturområde til fots er Brandsøyåsen, Storåsen og Littleåsen sjølv sagt mykje viktigare. Vi meinar heilt klårt at Guleslettene er så viktige som friluftsområde, spesielt som skiuftsområde, at konfliktnivået må settast til Stort! Det kan også nemnast at ifølgje opplysningar frå NVE, ligg Guleslettene så høgt over havet at dei er inne i område som er mykje utsette for iskasting frå turbinblada. Slikt kan ikkje kombinerast med skigåing!
- Hovden: Middels konflikt. Grunngjeving: Hovden er mykje brukt til friluftsliv. Mellom anna er det den første øya på den tradisjonsrike turen "Øyane over" som går i slutten av mai kvart år. Det er også eit godt nettverk med Nordsjøløyper på øya som aukar verdien. Kvannhovden fyr vert brukt for overnattingar. Middels konflikt er absolutt minimum for Hovden!
- Skålefjell: Middels konflikt. Grunngjeving: Skålefjellet er det viktigaste nærturområdet for Stavang og er også viktig for Standal og Høydalsområdet. I tillegg er det ein flott utsiktstopp som er turmål for folk frå heile Flora kommune.
- Seljevollfjellet: Middels konflikt. Grunngjeving: Seljevollfjellet er eit viktig, truleg det viktigaste, nærturområde for området frå Vevring og vestover. Området er tilrettelagt for friluftsliv, og er mykje brukt. Sjå Turkart Vevring.
- Håsteinen: Stor konflikt (eventuelt Middels). Grunngjeving: Håsteinen er, reelt sett, eit regionalt viktig friluftsområde. Spesielt for fotturar, men og i noko mindre grad for jakt, er dette eit av dei verkeleg viktige turmåla i Flora. Med nesten 1.000 m høgde så langt vest, er dette ein fantastisk utsiktstopp, og bruken er stor! Både Flora Turlag og Indre Sunnfjord Turlag har faste turar årlege dit. Å sette liten konflikt med Friluftsliv for dette området er heilt feil!!!

3.4 Askvoll: Vi er einige i mykje, men har nokre konkrete merknader på fleire fagfelt.

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Landskap:

- Toreheia: Middels konflikt. Grunngjeving: Toreheia har ein uvanleg fin vassdragsnatur oppe på fjellet, og Staveneset er eit kjent landemerke. Vi meinar at konfliktnivået må aukast!
- Atløya: Middels konflikt. Grunngjeving: Både sett frå Askvoll og frå sjøen er Atløynipa eit landemerke, eit svært viktig landskapselement! Brurastakken vest på øya er eit heilt eineståande landskapselement som det neppe finst maken til. Landskapskvaliteten på Atløya er nok variabel, men delar av den er så eineståande at den ikkje er mindre enn Middels.





Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Friluftsliv:

- **Toreheia:** Middels konflikt. Grunngjeving: Toreheia og fjellområdet utover til Staveneset er eitt av nærturområda for Stongfjorden, men området blir brukt av folk frå heile kommunen. Dessutan har området også ein del regional bruk. Den fine vassdragsnaturen oppe på fjellplatået vest for toppen Toreheia, er med på å auke både opplevingsverdien og bruken.
- **Moldura og Hekkelfjellet:** Middels konflikt. Grunngjeving: Auka regional bruk, mellom anna som følgje av Indre Sunnfjord Turlag sine merka ruter til Nipebu, gjer at desse to delområda no må omklassifiserast til Regionalt viktige friluftsområde. I tillegg til den regionale bruken, er desse områda også nærturområde for Stongfjorden, Holmedal og Rivedal, og områda vert også mykje brukte av folk frå kommunenesenteret. Det er ingen tvil om at konfliktnivået må aukast for begge desse delområda!
- **Atløy:** Middels konflikt. Grunngjeving: Atløya har ei rekkje fine turmål på fleire delar av øya som vert besøkte både av folk lokalt og av tilreisande. Fantastisk utsikt frå mange av dei!
- **Steinheia:** Stor konflikt. Grunngjeving: Dette er det viktigaste nærturområdet for tettstaden Askvoll, der folk kan gå rett frå dørstokken og til fjells. Nærturområda er viktige!

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Landbruk:

- Vanlegvis kommenter ikkje vi konfliktnivået med landbruk, men her gjer vi eit unntak, fordi konfliktnivået er så til dei grader undervurdert for nokre av delområda. I delområde Portafjellet er det omfattande beiting. Spesielt mykje sau, men ganske mykje geit også. Vår skjønnsmessige vurdering er at her er det Stor konflikt! I delområda Moldura, Hekkelfjellet og Eitrenipa er det også ganske omfattande sauebeiting. Truleg er det også geit og storfe i nokre av områda. Konfliktnivået for Landbruk bør aukast til Middels konflikt for desse delområda.

3.5 Fjaler-Åfjord: Spesiell kommentar vedr. delområde Lutelandet: Dette området er sett opp som "Politisk avklara". Det stemmer for sjølve øya Lutelandet som er omlag 1/3 av delområdet, men det stemmer slett ikkje for dei resterande omlag 2/3 av delområdet. Der er nok konfliktnivået, i alle fall sett frå folk som bur i området sin synstad, truleg betydeleg større enn ute på sjølve øya!

Bortsett frå dette, har vi ingen spesielle kommentarar til konfliktvurderingane for dette området.

3.6 Solund-Lifjord: Når det gjeld Friluftsliv generelt, er verdsettinga av områda i Solund heilt klårt forelda. Mykje større delar av Solund har fått verdi som Regionalt viktige friluftsområde som følgje av endringar i dei seinare åra, mellom anna:

- Lettare tilgjenge gjennom betre ferjeruter og gratisferje til Ytre Sula.
- Sterkt aukande satsing på naturbasert reiseliv og anna reiseliv, både når det gjeld overnatting, kajakkpadling, fisking, sykling, fjellturar etc. Med tilhøyrande marknadsføring.
- Etableringa av turlagshytta på Råkeneset. Bruk av Solund som eit "kremområde" for kajakkpadling (i tillegg til Bulandet) med faste årlege turar. Etableringa av Barnas Turlag Solund.
- Sterkt auka regional og nasjonal marknadsføring av Solund som friluftsområde som følgje av dei 3 faktorane som er nemnde i førre punkt. Ettersom denne marknadsføringa nettopp har starta, er det all grunn til å tro at effekten av den vil vise seg meir og meir i åra framover!
- Aukande tilrettelegging for friluftsliv gjennom skilting, merking av stiar m.m. inklusive etablering av Nordsjøløyper.
- Arbeid med eit nytt turkart for Solund.

Områda vi no meinar har fått regional verdi som friluftsområde er:

- Fonnaheiaområdet. Dette har vorte mykje viktigare no. Nær turlagshytta på Råkeneset.
- Heile Indre Steinsund frå og med Hardbakke og nordover. Auke i friluftsliv på/ved sjøen.



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Helmeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14



- Ulvegreina og Vetefjellet. Viktige friluftsområde som no har vorte enda viktigare.
- Heile Ytre Sula inkl. området langs land. Attraktivt område for friluftsliv både på land og sjø!

Når det gjeld Kulturminne, gjer vi merksam på at den historisk (frå siste verdskrig) svært viktige Laksehytta, som ligg langt vest i delområde Sperrefjellet, ikkje er omtala. Info/link i Fylkesatlas.

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Landskap:

- Lifjell: Stor konflikt. Kommentar: Lifjell med Gyrekjeften og dei bratte fjellsidene har etter vårt syn så absolutt landskap av Stor verdi, slik at konfliktnivået blir Stort!
- Ytre Steinsund er mellom dei områda i Sogn og Fjordane (i tillegg til mellom anna Hornelen og Stad) som på turar med Hurtigruta blir spesielt framheva og marknadsførde for naturkvalitetane sine. Ettersom det i høgste grad er nasjonale og internasjonale reiselivsinteresser dette dreiar seg om, og konfliktnivået med reiseliv i Vindkraftplanen skal ivaretakast mellom anna gjennom konfliktnivået for landskap, er det heilt opplagt at konfliktnivået for landskapet rundt Ytre Steinsund, dei 4 delområda Sperrefjellet, Håfjellet, Vardefjellet og Horsnappen, må aukast til Stor konflikt. Delområdet Fonnaheia er også så nær Hurtigruteleia at det same bør gjelde for den.
- Sognefjorden, inklusive innseglinga til den er også i høgste grad prega av nasjonale og internasjonale reiselivsinteresser. Av same grunn som i førre punkt, må konflikt nivået for dei delområda som er mest eksponerte mot Sognefjorden: Håfjellet, Horsnappen, Lindefjellet, Ulvegreina, Vetefjellet, Meifjellet, Lifjell og Bråstadheia, aukast til Stor konflikt!

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Friluftsliv:

- Bråstadheia: Middels konflikt. Grunngjeving: Bråstadheia er nærturområde til tettstaden Leirvik. Nærturområde har så stor verdi at Middels konflikt er minimum, kanskje bør konfliktnivået for dette delområdet settast til Stort.
- Vetefjellet: Middels konflikt. Grunngjeving: Vetefjellet er det høgste fjellet i Solund og har fantastisk utsikt. Det er merka turroute dit. Bruken er truleg aukande.
- Ulvegreina: Middels konflikt. Grunngjeving: Fjellet Ulvegreina er ikkje så høgt som Vetefjellet, men utsikten derifrå er likevel fin. Lettare tilgang gjer at det truleg er enda fleire som går på Ulvegreina enn som går på Vetefjellet.
- Fonnaheia: Stor konflikt. Grunngjeving: Pollatinden som ligg i dette delområdet er den nest høgste toppen i Solund, og er av mange rekna som det flottaste fjellturmålet i Solund. Mellom andre har Dronning Sonja gått dit, noko som i seg sjølv er eit kvalitetsstempel. Pollatinden er det fjellet som ligg nærmast den nye turlagshytta på Råkeneset.
- Lindefjellet: Stor konflikt. Grunngjeving: Den vestlege delen av Lindefjellet er det viktige og mykje brukte nærturområdet til tettstaden Hardbakke. Slike nærturområde er viktige, og i alle fall den vestlege delen av delområdet bør ha Stor konflikt.
- Sperrefjellet: Middels konflikt. Grunngjeving: Sperrefjellet har låge og lettligjengelege, men likevel svært fine utsiktstoppar. Dessutan er der Nordsjøløype. Området både på austsida og ikkje minst på vestsida er svært attraktive for kajakkpadling når været er eigna til det. Spesielt må Storsundet med det nyleg rehabiliterete kulturminnet Laksehytta, nemnast!

3.7 Gulen: Vi har ein del synspunkt på konfliktnivået for Landskap og Friluftsliv. Når det gjeld Kulturminne og -miljø, finn vi det litt ”merkeleg” at Skjerjehamn så vidt vi kan sjå ikkje er nemnt i planen i det heile. Vi merkar oss også at i det delområdet der Skjerjehamn ligg kloss ved, Mjømnefjellet, der er konfliktnivået med Kulturminne sett til Lite. Er det rett?

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Landskap:





- Generelle synspunkt: Vi har merka oss at konfliktnivået for kvart einaste eitt av dei 20 delområda i Gulen er sett til Lite. Det synest vi er "oppsiktsvekkande". Frå ein lokal kontakt har vi fått opplyst at i alle fall Hiserøyna har eit veldig flott landskap som hadde fortent eit høgre konfliktnivå.
- Mange av delområda ligg langs Sognefjorden eller innseglinga til den. Nokre av dei vestlegaste delområda ligg også nær inntil skipsleiene nordover. Det reiser fleire hundre tusen turistar innover Sognefjorden årleg. Ettersom det i høgste grad er nasjonale og internasjonale reiselivsinteresser dette dreiar seg om, og konfliktnivået med reiseliv i Vindkraftplanen skal ivaretakast mellom anna gjennom konfliktnivået for landskap, er det heilt opplagt at konfliktnivået for landskapet i desse delområda må settast til Stor konflikt. Dei delområda i Gulen som kjem i størst konflikt med dei nasjonale og internasjonale reiselivsinteressene som dette gjeld, er dei følgjande frå vest: Durnappen. Mjømnefjellet. Hiserøyna. Kvitebergnova. Risheiane. Brosviksåta. Storsteinlifjellet. Stølsfjellet. Stølsnipa. Storenova.

Våre framlegg til endring av konfliktnivået for Friluftsliv:

- Flatefjellet: Middels konflikt. Grunngjeving: Området vert no mykje meir brukt enn tidlegare grunna lettare tilgang.
- Ormekletten og Kvitebergnova: Stor konflikt. Grunngjeving: Dette er dei viktige nærturområda til kommunesenteret Eivindvik, i tillegg er dei del av eit regionalt viktig friluftsområde. I sum gjer dette at konfliktnivået må aukast!
- Midtbøfjellet, Mjømnefjellet og Durnappen: Middels konflikt. Grunngjeving: Den nyopna bru over Brandangersundet gjer at desse øyane no er mykje lettare tilgjengelege enn før. Durnappen er nærturområdet til Byrknes. Auka reiselivsaktivitet, mellom anna i tilknyting til Skjerjehamn, fører til auka trafikk og auka friluftslivsaktivitet. Friluftsliv på sjøen er også svært aktuelt i dette området.

Kommentarar til: 4 Politisk del:

Vi viser til Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane si høyringsfråsegn til Vindkraftplanen, og støttar fullt ut innhaldet i den. Vi har også nokre tilleggsmerknadar som er generelle kommentarar til planen:

- Etter vårt syn legg Fylkeskommunen sin Vindkraftplan opp til så omfattande og konfliktfylt utbygging at det er svært klårt i strid med dei statlege retningslinjene for slike planar.
 - Vindkraftplanen er av tilsvarande grunn sterkt i strid med den nye Biomangfaldlova.
 - Sitat av "Operative mål", andre kulepunkt, i Planprogrammet som vart vedteke av Fylkesutvalet 21.04.2008: *"samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mulege utbyggingsområde, for deretter å fastsette retningsliner som sikrar at desse verdiane vert teke tilfredsstillande omsyn til, ved handsaming av konsesjonssøknader. Dei retningslinene vi fastset skal medverke til å minimalisere uhedige konsekvensar av vindkraftkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar".*
- Etter vårt syn er den planen som no er på høyring sterkt i strid med denne målsettinga. Planen legg heller opp til ei maksimering av konfliktnivået når det gjeld vindkraftutbygging. Dette vil gje store uhedige konsekvensar på dei nemnde områda. I prinsippet legg planen opp til at alt som ein utbygger ønskjer å bygge ut, kunne byggast ut. Den einaste avgrensinga ligg i linjekapasiteten og for enkelte område i eventuell motstand frå den aktuelle kommunen.
- Ein ny Reiselivsplan for Sogn og Fjordane fylke vart vedteken av Fylkestinget 08.06.2010. Sitat frå visjonen for utvikling av reiselivet fram mot 2025:

"Berekraftige naturopplevingar i verdsklasse

Sogn og Fjordane skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet i møte med engasjerte menneske og unik fjordnatur – fjord,



bre, fjell, fossar, kyst og hav – som skal styrke grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, trivsel og busettnad i heile fylket.”

Etter vårt syn bør det vere samsvar mellom ulike fylkeskommunale planar, ikkje motstrid. I Vindkraftplanen kan vi ikkje sjå ei einaste tilvising til den Reiselivsplanen. Slik vi ser det, er det svært sterkt motstrid mellom målsettingane i Reiselivsplanen og Vindkraftplanen. **I den endelege planen som skal vedtakast av Fylkestinget ber vi om at det vert teke inn eit avsnitt som viser i kva grad det er motstrid og i kva grad det er samsvar mellom Reiselivsplanen og Vindkraftplanen. Fylkeskommunen sitt planarbeid vert ikkje truverdig viss dette ikkje vert gjort!**

- *“I friluftsområde som i dag er prega av få eller ingen menneskelege inngrep, bør ein unngå inngrep.”* Sitat frå punkt 2.6.2 om friluftsliv. Sitatet er henta frå Fylkesdelplan for arealbruk. Vi kan ikkje på nokon måte sjå at Vindkraftplanen legg opp til dette, men konfliktnivået er sjølv sagt ulikt frå område til område.

Kommentarar til prosessen i samband med utarbeidninga av Vindkraftplanen:

- Første og einaste gong den breitt samansette referansegruppa for Vindkraftplanen vart innkalla til møte, var i første halvdel av oktober 2009, omlag 1½ år etter at gruppa vart etablert.
- Vindkraftforum Sogn og Fjordane vart innkalla til det siste, avslutande møtet i prosjektgruppa, 07.01.2010.
- Sitat frå prosjektgruppa sin rapport som vart lagd fram for Fylkesutvalet i møtet 09.03.2010: **”1.3 Positive verknader av vindkraftutbygging**
(NB! Avsnittet vil truleg verte omarbeidd; ventar innspel frå vindkraftforum)”
- Fylkesutvalet avviste i møtet 09.03.2010 Fylkesrådmannen sitt framlegg om å legge Vindkraftplanen ut på høyring. Saka vart i staden vedteken utsett. Det var Fylkesutvalet som var styringsgruppe for planarbeidet, slik at det var dei som hadde det overordna ansvaret for den planen som då vart utsett.
- Fylkesutvalet fekk i møtet 22.03.2010 framlagt ein ”nykonstruert skala” for konfliktvurderingar i Vindkraftplanen. Det går ikkje fram av Møteprotokollen at ein slik ”nykonstruert skala” har vorte framlagt/drøfta. Sitat frå Vindkraftforum sitt brev av 25.04.2010 til Fylkesutvalet: *”Vindkraftforum rår fylkesutvalet til å legge den ”nykonstruerte skalaen” til grunn i planutkastet som skal ut på høyring.”*
- I perioden mellom Fylkesutvalsmøta 09.03.2010 og 28.04.2010 var Vindkraftplanen på ei form for ”uoffisiell høyring” hos Vindkraftforum Sogn og Fjordane, før den skulle sendast ut på den offisielle høyringa. Denne ”uoffisielle høyringa” resulterte i eit brev av 25.04.2010 til Fylkesutvalet.
- Fylkesutvalet handsamar Vindkraftplanen i møte 28.04.2010. Den ”nykonstruert skalaen” vert vedteken innarbeidd i planen. ”Ny drøfting av dei fylkeskommunale retningslinjene i pkt 4.1 i lys av ny skala og Vindkraftforum sine innspel.” og ”Nytt kap. 1.3. (lagt fram for FU 28. april 2010) vert innarbeidd i planen.”, vert vedteke. Alt dette var i samsvar med Vindkraftforum Sogn og Fjordane sine ønskje.
- Fylkesutvalet handsamar Vindkraftplanen på nytt i møte 25.05.2010. Fylkesutvalet vedtek å overprøve sitt eige vedtak av 28.04.2010 og endrar den ”nykonstruert skalaen” for konfliktvurderingar som Vindkraftforum hadde tilrådd, ved at grensa mellom Middels og Stor konflikt vert flytta 2 trin, slik at mange fleire område får Middels konflikt. Vidare vert det vedteke at: ”Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale vert i utgangspunktet ikkje prioritert, men kan likevel verte vurdert som utbyggingsaktuelle dersom avbøtande tiltak er tilfredstillande, og dersom lokale styresmakter har positiv tilråding.” I praksis betyr dette at absolutt alt skal kunne byggast ut viss den aktuelle kommunen er positiv.
- Døme på konsekvensen av Fylkesutvalet si endring av konfliktkalaen: Begge delområda som er aktuelle for Ytre Sula vindkraftverk vert flytta frå Stor konflikt til Middels konflikt.





Sunnfjord Energi har ein stor direkte eigardel i Ytre Sula vindkraftverk. I tillegg har dei ein indirekte eigardel gjennom Vestavind Kraft AS som Sunnfjord Energi er medeigar i. Av dei 7 i Fylkesutvalet som røysta for endringa i konfliktskalaen, var 3 styremedlemmar i Sunnfjord Energi, ein var styremedlem i Windkraftforum Sogn og Fjordane og ein var første varamedlem i styret for Sogn og Fjordane Energi som også er ein av eigarane av Vestavind Kraft AS.

- Den samla konsekvensen av Fylkesutvalet si handsaming av Windkraftplanen er ifølgje Fylkeskommunen sine nettsider slik: "I det opphavlege framlegget frå prosjektgruppa var ca. 50 % av estimert produksjonspotensial (i planområdet) innanfor område med lite til middels konfliktpotensial. I det endelige høyringsframlegget er ca. 95 % av estimert produksjonspotensialet i område med lite til middels konfliktpotensial." Med andre ord er område med Stor konflikt endra frå 50% til 5%. Dessutan har Fylkesutvalet vedteke at også dei resterande 5% med Stor konflikt skal kunne byggast ut viss kommunane er positive.

Sluttord:

Vindkraftplanen legg opp til at store område av den aller mest verdfulle fjord- og kystnaturen vår skal "ofrast" til fordel for vindkraftutbygging. Ei spørsmål er då kva vi får igjen av inntekter. For vasskraftutbygging har det mange gonger vorte påpeika at det vi i Sogn og Fjordane sit att med, er store naturinngrep, medan størstedelen av inntektene endar opp hos Statkraft, Norsk Hydro, E-Co Vannkraft og BKK. Kva vil skje når det gjeld vindkrafta?

På eit møte i Førde tidlegare i år, vart det opplyst at 24% av eigardelane i dei aktuelle vindkraftverka i Sogn og Fjordane tilhører utbyggjarar med base i Sogn og Fjordane. Det er ikkje så mykje. Men så må ein ta omsyn til at Vestavind Kraft AS, som er disponerer det meste av desse eigardelane, dei er berre eigd med 3/7 av kraftselskap med base i Sogn og Fjordane. Då kjem prosenten ned i 10,3%. Men så må ein også ta omsyn til at desse 3 medeigarane i Vestavind Kraft AS, Sogn og Fjordane Energi, Sunnfjord Energi og Sognekraft alle har BKK som deleigar med gjennomsnittleg anslagsvis 40%. **Dette betyr at dei 10,3% vert reduserte til knapt 6,5%.** Legg vi opp til å "ofre" kystnaturen vår også for litt meir enn "knappar og glansbilete", medan det er andre utbyggjarar frå inn- og utland som sit att med dei suverent største verdiane???

Heilt til slutt: Forvaltninga av naturen i Sogn og Fjordane er ikkje berre ei lokal sak for oss i vårt fylke. Sogn og Fjordane har noko av det vakraste og mest verdfulle fjord- og kystlandskapet i heile verda. Dette vert stadfesta gjennom ulike kåringar, og det viser ikkje minst Verdsarvstatusen som delar av dette landskapet har fått. **Vi har eit internasjonalt ansvar for å forvalte dette på ein god måte!** Til glede både for noverande og komande generasjonar må vi kort og godt vise oss som gode og "verdige" forvaltarar av både Verdsarven og av naturverdiane i resten av fylket vårt! Skal vi bli det, **treng vi mellom anna betre fylkeskommunale retningsliner for vindkraftutbygging (og vasskraftutbygging) enn dei som no ligg føre!**

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
SGON OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)
leiari



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Hjemmeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14



Saksgang	Møtedato	Saknr
Plan- og Miljøutvalet	19.10.2010	023/10
Bystyret	09.11.2010	084/10

Sakshandsamar:	Arkiv: K2-S82	Arkivsaknr
Steinar Furnes	Objekt:	10/539

UTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR VINDKRAFT. OFFENTLEG HØYRING.

Kva saka gjevd:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd eit framlegg til regional plan for vindkraft i fylket. Mandatet i saka har mellom anna vore å finne fram til område der vindkraftutbygging kan skje i minst mogleg konflikt med andre interesser, - altså område der ein av omsyn til landskapsverdiar, biologisk mangfald, reiseliv, friluftsinteresser og anna bør unngå utbygging. Planen har vore på offentleg høyring med frist for merknader 1. oktober. Flora kommune har i samråd med fylkeskommunen fått uttalefrist til 20. oktober etter handsaming av saka i plan- og miljøutvalet, og dessutan slik at endeleg uttale kan oversendast etter bystyrehandsaminga 9. november. Fylkeskommunen ber i oversendingsbrevet om ei vurdering av planframlegget sitt innhald når det gjeld kap. 2 og 3 som omhandlar arealinteresser og konfliktnivå for dei ulike areala og dessutan av den skisserte fylkeskommunale politikken for vindkraftutbygginga i kap. 4.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora bystyre viser til rådmannen si vurdering når det gjeld den regionale planen for vindkraft og har ikkje vesentlege merknader til denne vurderinga. Bystyret konkluderer såleis i hovudtrekk med at:

- Vurderingsgrunnlaget i planen slik det går fram av plangruppa sitt framlegg til fylkesututvalet i mai bør leggast til grunn i det vidare arbeidet med vindkraftplanen.
- Det bør vurderast om det i planperioden er behov for å legge til grunn eit arealpotensiale for utbygging på 5000 MW vindkraft, når det i retningslinene vert lagt opp til ei målsetting om utbygging av 1000 MW.
- Pkt. 4.1.3 i retningslinene bør vesentleg innskjerpast eller fjernast frå planen.

19.10.10 PLAN- OG MILJØUTVALET

Reysting:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PMUV-023/10 VEDTAK:

Flora bystyre viser til rådmannen si vurdering når det gjeld den regionale planen for vindkraft og har ikkje vesentlege merknader til denne vurderinga. Bystyret konkluderer såleis i hovudtrekk med at:

- Vurderingsgrunnlaget i planen slik det går fram av plangruppa sitt framlegg til fylkesututvalet i mai bør leggast til grunn i det vidare arbeidet med vindkraftplanen.
- Det bør vurderast om det i planperioden er behov for å legge til grunn eit arealpotensiale for utbygging på 5000 MW vindkraft, når det i retningslinene vert lagt opp til ei målsetting om utbygging av 1000 MW.
- Pkt. 4.1.3 i retningslinene bør vesentleg innskjerpast eller fjernast frå planen.

09.11.2010 BYSTYRET

Repr. Ole Christian Rynning, SP bad bystyret ta stilling til om han burde gå frå som ugild i denne saka. Bystyret vedtok mot ei -1- røyst at Rynning ikkje er ugild i saka.

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Bjørg Jansen Mikalsen,V:

Endring i første kulepunkt: bør går ut og vert erstatta med skal.

Framlegg frå Repr.Johannes Bø,FRP:

Endring i siste kulepkt.: Pkt.4.1.3 i retningslinene skal fjernast frå planen.

Røysting:

Det vart røysta over tilrådinga mot tilrådinga med endringsframlegga frå Mikalsen og Bø, der tilrådinga med endringsframlegget frå Mikalsen og Bø vart vedteke med 33 mot 2 røyster.

BYST-084/10 VEDTAK:

Flora bystyre viser til rådmannen si vurdering når det gjeld den regionale planen for vindkraft og har ikkje vesentlege merknader til denne vurderinga. Bystyret konkluderer såleis i hovudtrekk med at:

- Vurderingsgrunnlaget i planen slik det går fram av plangruppa sitt framlegg til fylkesututvalet i mai skal leggast til grunn i det vidare arbeidet med vindkraftplanen.
- Det bør vurderast om det i planperioden er behov for å legge til grunn eit arealpotensiale for utbygging på 5000 MW vindkraft, når det i retningslinene vert lagt opp til ei målsetting om utbygging av 1000 MW.
- Pkt. 4.1.3 i retningslinene skal fjernast frå planen.

Terje Heggheim
Rådmann

Steinar Furnes
Konst. Tenesteleiar

Innleiing:

Ei faggruppe nedsett av Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei siste åra utarbeidd eit framlegg til regional plan for vindkraft i fylket. Vurderingane/-skaleringa som mellom anna gjeld konfliktsnivået knytt til dei ulike areala som inngår i vurderingsgrunnlaget er endra ved handsaminga i fylkesutvalet i høve til faggruppa sitt første planframlegg og slik det er skissert i kap. 2 og 3. Retningslinjer for vindkraftutbygging i Sogn og Fjordane er ein del av planen omhandla i kap. 4, og av desse retningslinene går det mellom anna fram at fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på 1000 MW innan år 2025.

Faggruppa bak planen delte ytre delar av fylket i 105 analyseområde, og kom ut frå faglege vurderingar fram til at 41 av desse områda har lite konfliktpotensial, 26 har middels og 38 har stort konfliktpotensial. Gruppa tilrådde i sitt framlegg til fylkesutvalet i mai i år at det i utgangspunktet ikkje skal opnast for vindkraftutbygging i område med stort konfliktpotensial. I område med lite og middels konfliktpotensial som framlagt av fagutvalet, vart det vurdert å vere rom for utbygging av 5000 MW vindkraft, og dermed god plass for dei 1000 MW som dei fylkeskommunale retningslinene legg opp til i kap.4.

Fylkesutvalet valde likevel å overprøve dei faglege vurderingane i planframlegget, og definerte om på kva som skulle vere ”stort konfliktpotensial” før vindkraftplanen blei sendt på høyring. I høyringsutkastet er det difor berre 11 analyseområde med stort konfliktpotensial, mot dei 38 som faggruppa hadde kome fram til. Fylkesutvalet si endring av planframlegget betyr at det meste av kystområda i fylket blir føreslått opna for vindkraftutbygging. Eit anna moment er at endringa synest å vere heilt unødvendig fordi målet om 1000 MW vindkraft er realiserbart innanfor det framlegget som faggruppa hadde lagt fram.

Når det samstundes i dei politiske retningslinene pkt 4.1.3 vert opna for mogeleg utbygging også i område med stort konfliktpotensiale, vil det regionale planframlegget ikkje lenger kunne definerast som ein styrande plan for vindkraftutbygginga i fylket.

Som eksempel vert det vist til analysegrunnlag og vurdert konfliktpotensiale for Flora i pkt 3.3.2 der Hovden, Tverrdalsnipa og Håsteinen i faggruppa sitt første framlegg er definert som areal med stort konfliktpotensiale. Dette er omgjort etter handsaminga i fylkesutvalet slik at i planframlegget som er på høyring er berre Hovden avsett som areal med stort konfliktsnivå.

Vurdering:

Den regionale planen for vindkraft vil truleg bli eit sentralt plandokument for kystkommunane i fylket dei neste tiåra. Kysten har eit stort potensiale når det gjeld fornøybar energi som vindkraft, sjøvarme og bølgjekraft, men samtidig har kystkommunane også truleg det største potensialet når det gjeld andre og framtidsretta verdiskapande næringar som til dømes reiseliv og matproduksjon. Sjølv om vindkraftanlegga i seg sjølv kan kallast irreversible inngrep, vil konsekvensane knytt til nødvendig infrastruktur ha vesentlege miljømessige konsekvensar. Ein plan som skal kunne vere eit brukbart styringsreiskap for framtidig vindkraftutbygging og kan sjåast opp mot anna viktig verdiskaping, bør difor i vesentleg grad vere meir avgrensande og forutsigbar i si form enn det er lagt opp til i dette plandokumentet.

Administrasjonen er noko skeptisk og undrande til at det i høyringsframlegget er gjort så omfattande politiske val at det opprinnelege faglege grunnlaget i planinnhald og arealvurderingar i stor grad er sett til side. Dersom det frå politisk hald er ønskjeleg å opne for utbygging i alle område inkludert dei svært konfliktfylte areala, burde det på alle måtar vore meir ryddig og tillitsvekkande at dette i hovudsakleg blir konkludert med berre i retningslinene, - som det for så vidt er gjort i pkt. 4.1.3, - og utan ei endring av vurderinga/skaleringa av konfliktsnivået for dei ulike areal. Ut frå lokal kjennskap til areal- og interessekonfliktar i eigen kommune meiner administrasjonen at dei faglege vurderingane i framlegget frå plangruppa framlagt for fylkesutvalet i mai gjev eit meir reelt bilde av konfliktpotensialet enn i planframlegget som er utsendt på høyring, og vil såleis rå til at det opprinnelege framlegget frå plangruppa i vesentleg sterkare grad vert vektlagt i endeleg plan.

I si noverande form kan administrasjonen ikkje sjå at planen vil føre til mindre konflikt mellom vindkraftutbygging, andre interessegrupper og viktige miljøverdiar, men vil truleg heller medføre eit auka konfliktnivå når utbyggingsinteressene får førelagt ein plan som næraast opnar for utbygging på dei fleste areal i kystkommunane. Føremålet med ein slik plan bør mellom anna vere å gjere det forutsigbart for lokalsamfunn, utbyggingsinteresser og andre interessegrupper kva for avgrensa områder som kan vere aktuelle områder for vindkraftutbygging. Dette planframlegget legg ikkje slike foringar, og det kan også på sikt vere negativt for andre typar næringsutvikling.

Ut frå ei samla vurdering konkluderer administrasjonen så langt med at vurderingsgrunnlaget slik det går fram av plangruppa sitt tidlegare planframlegg bør leggast til grunn i den regionale vindkraftplanen, og pkt. 4.1.3 i retningslinene bør vesentleg innskjerast eller fjernast frå planen. Ut over dette bør det vurderast om det er behov for i planperioden å legge til grunn eit arealpotensiale for utbygging på 5000 MW vindkraft, når det i retningslinene vert lagt opp til ei målsetting om utbygging av 1000 MW.

Framlegget til regional plan for vindkraft ligg ved i saka. Ytterlegare informasjon om prosessar og tidlegare planframlegg kan hentast på nettsidene til Sogn- og Fjordane Fylkeskommune, jmf. Link:

[http://www.sj.no/cmssff/cmspublish.nsf/\(\\$All\)/4EF5FA8E1BD2B7B4C125773C00483FB6?OpenDocument](http://www.sj.no/cmssff/cmspublish.nsf/($All)/4EF5FA8E1BD2B7B4C125773C00483FB6?OpenDocument)

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	08.06.2010	Sogn og Fjordane fylkeskommune - Plan- og samfunnsavdelinga	Offentleg ettersyn - Regional plan for vindkraft	
3	I	08.10.2010	FNF Sogn og Fjordane	Regional plan for vindkraft. Innspel frå FNF Forum for natur og friluftsliv	

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune - Plan- og
samfunnsavdelinga

Askedalen 6863 LEIKANGER
2